

Verneframlegg og konsekvensutgreiing
Breheimen nasjonalpark
med tilgrensande landskapsvernområde og naturreservat
(Verneplan Breheimen-Mørkridsdalen)



Høringsframlegg desember 2008 frå
Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

<p style="text-align: center;">Verneframlegg og konsekvensutgreiing Breheimen nasjonalpark med tilgrensande landskapsvernområde og naturreservat (verneplan for Breheimen-Mørkridsdalen)</p>	<p>Rapportnr.: 3/2008 (Rapportserie hos Fylkesmannen i Oppland) Dato: 05.12.2008</p>
<p>Forfatar(ar): Jørn Karlsen og Tom Dybwad</p>	<p>Faggruppe: Naturforvaltning</p>
<p>Prosjektansvarlege: Lars Eide og Nils Erling Yndesdal</p>	<p>Område: Oppland fylke: Skjåk, Lom Sogn og Fjordane fylke: Luster</p>
<p>Finansiering: Direktoratet for naturforvaltning, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Oppland</p>	<p>Tal sider: 133 s + vedlegg</p>
<p>Emneord: Naturvern, nasjonalpark, landskapsvernområde, naturreservat, landskap, geologi, vassdrag, biologisk mangfald, villrein, kulturminne, kulturlandskap, friluftsliv.</p>	<p>ISSN-nummer: 0801-8367</p>
<p>Samandrag:</p>	
<p>Dette dokumentet gjeld framlegg om vern etter naturvernlova av eit område i Breheimen – Mørkridsdalen og konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova. Det gjeld følgjande verneområde med tilhøyrande verneforskrifter:</p>	
<ul style="list-style-type: none"> • Breheimen nasjonalpark: ca. 1707 km² i kommunane Skjåk og Lom i Oppland, Luster i Sogn og Fjordane. • Strynefjellet landskapsvernområde: ca. 11,8 km² i Skjåk kommune i Oppland. • Mysubytta landskapsvernområde: ca. 5,58 km² i Skjåk kommune i Oppland. • Høydalen landskapsvernområde: ca. 11,1 km² i Lom kommune i Oppland. • Mørkridsdalen landskapsvernområde: ca. 14,3 km² i Luster kommune i Sogn og Fjordane. • Vigdalen landskapsvernområde: ca. 29,4 km² i Luster kommune i Sogn og Fjordane. • Røykjeskålsvatnet naturreservat: ca. 7,48 km² i Skjåk kommune i Oppland. • Høyrokampen naturreservat: ca. 9,92 km² i Lom kommune i Oppland. 	
<p>Verneframlegget omfattar totalt ca. 1800 km², og av dette er ca. 28% statleg grunn og 72% privat grunn.</p>	
<p>Bakgrunnen for vernet er dei store verneverdiane i området. Det gjeld landskap, urørde naturområde, geologi og kvartærgeologi, vassdrag, kulturlandskap, kulturminne, botanisk mangfald med villrein, friluftsliv. Fylkesmennene vil peike på det er viktig å ta vare på heilskapen i dette eineståande naturområdet.</p>	
<p>Det er laga ei rekkje fagrapportar og konsekvensutgreiingar i samband med verneplanen. Verneverdiane blir presenterte, og konsekvensane av vern for verneverdiar og brukarinteresser blir gjennomgått (landskap, naturmiljø, villrein, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, landbruk og tamreindrift, reiseliv, hytter og andre bygningar, kraftressursar, motorferdsel, samferdsel, kleberstein og lokalt tilhøyr og framtidig forvaltning).</p>	
<p>Verneplanen blir presentert med framlegg til verneformer, vernegrenser (kart) og verneforskrifter for kvart område. Ei skisse til forvaltningsplan er lagt ved. Formålet med denne er å utdjupe reglane i dei føreslåtte verneforskriftene.</p>	
<p>Referanse: Karlsen, J. og T. Dybwad. 2008. Verneframlegg og konsekvensutgreiing (Høyringsframlegg). Breheimen nasjonalpark med tilgrensande landskapsvernområde og naturreservat. Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. 133 s.</p>	

Foto framside:

Øvst: Utsikt over Sprangdalen mot Greinbreen. Foto: Morten Clemetsen

Venstre øvst: Utsikt over Mørkridsdalen. Foto: Tom Dybwad

Venstre nedst: Villrein i Breheimen. Foto: Morten Kielland

Høgre øvst: Seterhus på Mysubytta. Foto: Jørn Karlsen

Høgre nedst: Marisko i Høyrokampen. Foto: Odd Repp

Foto bakside:

Venstre øvst: Utsikt over Lundadalen frå Moldurhø. Foto: Bjørn Dalen

I midten venstre: Dulsete i Mørkridsdalen. Foto: Tom Dybwad

Venstre nedst: Tamrein på Lomseggen. Foto: Jan Stokstad

Høgre øvst: Holåtindane med Tverrådalskyrkja bak. Foto: Eivind Sønstegaard

I midten venstre: Røykjeskålvatnet og Røykjeskålslii. Foto: Jørn Karlsen

Venstre nedst: Vårskitur ved Moldskredhaugen sør for Liabrekulen. Foto: Tom Dybwad

Forord

Verneplanen for Breheimen – Mørkridsdalen omfattar delar av kommunane Skjåk og Lom i Oppland og Luster i Sogn og Fjordane.

Forslaget er på høyring frå 5. desember 2008 til 25. februar/10. mars 2009.

Verneplanen

Oppretting av verneområde i Breheimen – Mørkridsdalen er eit av framlegga i St. meld. Nr. 62 (1991-92), som fekk si tilslutning gjennom Stortinget si handsaming (Innst. S. nr. 124 (1992-93) Innstilling frå kommunal- og miljøvernkomiteen om ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge).

Verneplanen skal bidra til å sikre dei store natur- og landskapsverdiane i området. Avgrensinga er gjort etter ei avveging mellom verneverdiar, brukarinteresser og dei konsekvensane eit vern vil kunne ha. Forslaget til vern omfattar:

- Breheimen nasjonalpark (Skjåk, Lom og Luster).
- Strynefjellet landskapsvernområde (Skjåk), Mysubytta landskapsvernområde (Skjåk), Høydalen landskapsvernområde (Lom), Mørkridsdalen landskapsvernområde (Luster) og Vigdalen landskapsvernområde (Luster).
- Røykjeskålsvatnet naturreservat (Skjåk) og Høyrokampen naturreservat (Lom).

Det er lokal og sentral høyring samstundes.

Direktoratet for naturforvaltning har hatt ein fagleg gjennomgang av framlegget til verneplan og konsekvensutgreiing.

Medverknad

Fylkesmennene har samarbeidd med tre lokale referansegrupper/arbeidsgrupper (ei i kvar kommune) og eit felles overgripande kontaktutval i verneplanprosessen for Breheimen–Mørkridsdalen. Desse gruppene har bidrege med kunnskap om området og har hatt ein rådgivande funksjon. I kontaktutvalet har dei tre ordførarane vore med, og dei har hatt med seg to representantar kvar. I tillegg har dei tre ordførarane hatt eit eige kontaktforum for verneplanarbeidet. Fylkesmennene har og hatt dialog med andre i arbeidet ved mellom anna synfaringar og opne møte lokalt, særleg grunneigarane.

Kva skal du ta stilling til i høyringa?

Det er viktig at høyringsinstansane tek stilling til innhaldet i dei einskilde delane av høyringsdokumentet og samstundes heilskapen i forslaget. Høyringa omfattar:

1. Konsekvensutgreiing. Er utgreiingsprogrammet oppfylt? Vi ønskjer attendemelding på om det er svara på spørsmåla i utgreiingsprogrammet.
2. Verneplan. Kva meiner du om forslaget? I høyringa ønskjer vi attendemelding på føreslåtte verneformar, grenser, reglar (verneforskriftene inkl. gnr./bnr.), og namn, samt heilskapen i forslaget.

Høyringsdokumentet

Dokumentet har 4 hovuddelar:

Del A skildrar bakgrunnen for planarbeidet og korleis det har gått føre seg.

Del B inneheld oppsummering av konsekvensutgreiingane. Dei 13 delrapportane som inngår i konsekvensutgreiinga er lagt ut på Internett (www.fylkesmannen.no/breheimen).

Del C inneheld forslag til verneplan med verneforskrifter.

Del D inneheld kart, kjelder og vedlegg.

Ei skisse til forvaltningsplan er lagt ved høyringsdokumentet. Hovudføremålet med denne skissa er å utdjupe reglane i dei føreslåtte verneforskriftene som du finn i del C. Det vil bli utarbeidd eit framlegg til ein fullverdig forvaltningsplan etter eit evt. vedtak om vern, med påfølgjande eiga høyring for forvaltningsplanen. Sjølv om skissa til forvaltningsplan ikkje er på høyring no, tek fylkesmennene gjerne mot innspel til denne.

Attendemelding og frist

Alle som har interesser i eller har meiningar om planframlegget er velkomne til å uttale seg. I samband med høyringa skal det heldast informasjonsmøte i dei tre kommunane. Møta vil verte annonserte i lokalavisene og på Internett; www.fylkesmannen.no.

Lokale og regionale høyringsinstansar sender uttale til:

Fylkesmannen i Oppland

Serviceboks

2626 Lillehammer

eller til

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Sentrale høyringsinstansar sender uttale til Fylkesmannen i Oppland

Frist for å gi uttale er 25. februar 2009. For Skjåk kommune, Lom kommune , Luster kommune, Oppland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er fristen 10. mars 2009.

Verneplanen ventast å verte handsama av Regjeringa i statsråd i 2009.

Helsing

Kristin Hille Valla
fylkesmann i Oppland

Anne Karin Hamre
fung. fylkesmann i Sogn og Fjordane

Innhald

Forord.....	3
Samandrag.....	6
Del A Innleiing og bakgrunn.....	7
1 Framlegg.....	7
1.1 Heimelsgrunnlag.....	7
1.2 Verneverdiar.....	9
1.3 Trugsmål mot verneverdiane.....	19
1.4 Brukarinteresser.....	19
2 Sakshandsaming.....	31
2.1 Bakgrunn.....	31
2.2 Saksgang, organisering og medverknad.....	31
2.3 Administrative og demografiske tilhøve.....	31
2.4 Planstatusen til områda.....	33
2.5 Eigedomstilhøve.....	34
Del B Konsekvensutgreiing.....	37
3 Konsekvensutgreiingar.....	37
3.1 Konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova.....	37
3.2 Grunnlag for konsekvensutgreiinga.....	37
3.3 0-alternativet.....	38
3.4 Utgreiingsalternativa.....	40
3.5 Konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn.....	40
3.6 Annan stat.....	53
3.7 Samanstilling av konsekvensar.....	53
3.8 Framlegg til avbøtande tiltak i konsekvensutgreiingane.....	55
Del C Framlegg til verneplan.....	73
4 Framlegg til verneplan.....	73
4.1 Val av verneformer.....	73
4.2 Forslag til avgrensingar.....	73
4.3 Namn.....	76
4.4 Framlegg til forskrifter.....	77
4.5 Forvaltning av verneområda.....	112
4.6 Erstatning.....	114
4.7 Nærare undersøkingar.....	115
4.8 Framlegg til overvaking.....	115
4.9 Innspel og merknader i verneplanprosessen.....	115
5 Einskildområde.....	121
5.1 Breheimen nasjonalpark.....	121
5.2 Mørkridsdalen landskapsvernområde.....	122
5.3 Vigdalen landskapsvernområde.....	123
5.4 Høydalen landskapsvernområde.....	124
5.5 Mysubytta landskapsvernområde.....	125
5.6 Strynefjellet landskapsvernområde.....	126
5.7 Røykjeskålsvatnet naturreservat.....	127
5.8 Høyrokampen naturreservat.....	128
6 Økonomiske og administrative konsekvensar.....	129
Del D Kjelder, kart og vedlegg.....	131
Kjelder.....	131

Samandrag

Dette dokumentet gjeld framlegg om vern etter naturvernlova av eit område i Breheimen – Mørkridsdalen og konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova.

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane legg med dette fram forslag om vern etter naturvernlova av følgjande verneområde med tilhøyrande verneforskrifter:

- **Breheimen nasjonalpark:** ca. 1707 km² i kommunane Skjåk og Lom i Oppland og Luster i Sogn og Fjordane.
- **Strynefjellet landskapsvernområde:** ca. 11,8 km² i Skjåk kommune i Oppland.
- **Mysubytta landskapsvernområde:** ca. 5,58 km² i Skjåk kommune i Oppland.
- **Høydalen landskapsvernområde:** ca. 11,1 km² i Lom kommune i Oppland.
- **Mørkridsdalen landskapsvernområde:** ca. 14,3 km² i Luster kommune i Sogn og Fjordane.
- **Vigdalen landskapsvernområde:** ca. 29,4 km² i Luster kommune i Sogn og Fjordane.
- **Røykjeskålsvatnet naturreservat:** ca. 7,48 km² i Skjåk kommune i Oppland.
- **Høyrokampen naturreservat:** ca. 9,92 km² i Lom kommune i Oppland.

Verneframlegget omfattar totalt ca. 1800 km², og av dette er ca. 28% statleg grunn og 72% privat grunn. I den føreslåtte nasjonalparken er det om lag same fordeling mellom statleg og privat grunn.

Forslaget er på høyring frå 3. desember 2008 til 25. februar/10. mars (gjeld kommunane) 2009. Det er lokal og sentral høyring samstundes.

Heile Breheimen-Mørkridsdalen har uvanleg store variasjonar i landskap og vegetasjon knytt til store skilnader i høgde over havet og store skilnader i kor mykje nedbør som fell gjennom året. Vidare omfattar Mørkridsvassdraget alle vegetasjonssoner frå fjord til fjell. I Breheimen-Mørkridsdalen er det òg store samanhengjande areal med inngrepsfrie naturområde (85% av arealet), mellom anna 343 km² med villmarksprega område. Med inngrepsfrie område meinast område som ligg meir enn 1 km frå tyngre tekniske inngrep, medan villmarksprega områder ligg meir enn 5 km unna slike inngrep. I Breheimen er det store kvartærgeologiske verneverdiar knytt til bre- og breelvavsetningar, med stor variasjon frå spisse toppar til store vidder, som viser ulike måtar brear og breelvar formar landskapet. Heilt spesielt er at her er både avsetningar som viser innlandsisen sine rørsler og avsetningar i istida både mot aust og vest, og dessutan seinare brear sine avsetningar, m.a. frå den vesle istida. Her er mange verdfulle kulturminne. Mørkridsdalen, Mysubytta Vigdalen og Høydalen har svært verdfulle kulturlandskap med m.a. stølsvollar. Kring Høyrokampen og Mørkridsdalen er det eit uvanleg rikt og variert planteliv. I delar av planområdet er det eit spesielt dyreliv med mellom anna villrein og rovfugl. Området er også særleg rikt på vassdragsnatur. Heile verneframlegget i Breheimen-Mørkridsdalen utgjer eit heilskapleg naturområde, kontrastrikt med store opplevingsverdiar, og det er mykje brukt til friluftsliv.

Oppretting av verneområde i Breheimen – Mørkridsdalen er eit av framlegga i St. meld. Nr. 62 (1991-92), som fekk si tilslutning gjennom Stortinget si handsaming i 1993 (Innst. S. nr. 124 (1992-93)).

Det er laga ei rekkje fagrapportar og konsekvensutgreiingar i samband med verneplanen.

Verneverdiane blir presenterte, og konsekvensane av vern for verneverdiar og brukarinteresser blir gjennomgått (landskap, naturmiljø, villrein, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, landbruk og tamreindrift, reiseliv, hytter og andre bygningar, kraftressursar, motorferdsel, samferdsel, kleberstein og lokalt tilhøyr og framtidig forvaltning).

Verneplanen blir presenterte med framlegg til verneformer, vernegrenser (kart) og verneforskrifter for kvart område. Ei skisse til forvaltningsplan er lagt ved. Formålet med denne er å utdjupe reglane i dei føreslåtte verneforskriftene.

Del A Innleiing og bakgrunn

1 Framlegg

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane legg med dette fram forslag om oppretting av Breheimen nasjonalpark og landskapsvernområda Strynefjellet, Mysubytta, Høydalen, Mørkridsdalen og Vigdalen, samt naturreservata Røykjeskålsvatnet og Høyrokampen. Verneframlegget omfattar:

- **Breheimen nasjonalpark:** ca. 1707 km² i kommunane Skjåk og Lom i Oppland og Luster i Sogn og Fjordane.
- **Strynefjellet landskapsvernområde:** ca. 11,8 km² i Skjåk kommune i Oppland.
- **Mysubytta landskapsvernområde:** ca. 5,58 km² i Skjåk kommune i Oppland.
- **Høydalen landskapsvernområde:** ca. 11,1 km² i Lom kommune i Oppland.
- **Mørkridsdalen landskapsvernområde:** ca. 14,3 km² i Luster kommune i Sogn og Fjordane.
- **Vigdalen landskapsvernområde:** ca. 29,4 km² i Luster kommune i Sogn og Fjordane.
- **Røykjeskålsvatnet naturreservat:** ca. 7,48 km² i Skjåk kommune i Oppland.
- **Høyrokampen naturreservat:** ca. 9,92 km² i Lom kommune i Oppland.

Verneframlegget omfattar totalt ca. 1800 km², og av dette er ca. 28% statleg grunn og 72% privat grunn. I den føreslåtte nasjonalparken er det også ca. 28 % statleg grunn og ca. 72 % privat grunn.

Området ligg sør for Ottavassdraget, nord og vest for Sognefjellsvegen og Sognefjorden, og aust for Jostedalbreen nasjonalpark.

1.1 Heimelsgrunnlag

Generelt om vern etter naturvernlova

Naturvernlova skal sikre viktige naturverdiar. Ved vedtak om vern vil det bli fastsett forskrift for kvart einskild verneområde. Forskrifta gjeld for eit gjeve areal som vert avgrensa på kart. Forskrifta skal hindre aktivitet/tiltak som skadar eller kan skade verneverdiane. Aktivitet som ikkje kan påverke verdiane negativt, skal ikkje regulerast. Vernet tek ikkje eigedomsretten frå grunneigarane, men vil som regel avgrense råderetten gjennom forskrifta.

Heimlane for arealvern ligg i naturvernlova sitt kapittel II. Etter lova kan det opprettast nasjonalparker, landskapsvernområde, naturreservat og naturminne. Paragraf 18 i lova gjev sakshandsamingsreglane for etablering av verneområde. Ei skildring av gangen i denne saka er gjeve i kapittel 2.

Som det framgår ovanfor er det verneformene nasjonalpark, landskapsvernområde og naturreservat som er aktuelle i Breheimenområdet.

Generelt om dei aktuelle verneformene

Nasjonalparker

Pr 1.1.2008 er om lag 14,5 % av alt landareal i Noreg verna, og av dette er 8,3 % verna som nasjonalpark. § 3 i naturvernlova heimlar oppretting av nasjonalparker:

”For å bevare større urørte eller i det vesentlige urørte eller egenartede eller vakre naturområder kan arealer på statens grunn legges ut som nasjonalpark. Grunn av samme art som ikke er i statens eie, og som ligger i eller grenser inntil arealer som nevnt i første punktum, kan legges ut som nasjonalpark sammen med statens grunn. I nasjonalparken skal naturmiljøet vernes. Landskapet med planter, dyreliv og natur- og kulturminner skal vernes mot utbygging, anlegg, forurensninger og andre inngrep.”

Vern som nasjonalpark inneber eit relativt strengt områdevern. Forbod mot tekniske inngrep står sentralt og skal handhevast særst strengt ved eventuelle søknader om dispensasjon. Motorferdsle skal haldes på eit minimum. Sikring av område for friluftsliv og naturoppleving er eit viktig delmotiv for oppretting av store verneområde. Tradisjonell landbruksdrift vil som hovudregel kunne gå føre seg som før.

Landskapsvernområde

Landskapsvernområde omfattar eigenarta eller vakre natur- eller kulturlandskap. Verneforma vert ofte nytta for å ta vare på kulturlandskap i aktiv bruk.

Å ta vare på landskapsbiletet og landskapsopplevinga er ei sentral målsetting ved oppretting av landskapsvernområde. Restriksjonsnivået er gjennomgåande lågare enn for dei andre verneformene. Til skilnad frå dei andre verneformene kan landskapsvernområde ikkje opprettast i strid med reguleringsplan etter plan- og bygningsloven (naturvernlova §7).

Det er ikkje tillate å sette i verk tiltak som kan skade eller endre landskapet. Jord- og skogbruk kan normalt halde fram som tidlegare, men det vil ofte være reglar om å ta større omsyn til dei landskapsmessige konsekvensane av verksemda enn det ein gjer i andre område.

For å ta vare på verneverdiane kan det være nødvendig å regulere driftsformer og arealbruk i landbruket. Det kan også være ønskjeleg å oppretthalde driftsformer som har skapt ein spesiell og kulturpåverka vegetasjonssamansetting, t.d. beiting av bufe.

Naturreservat

Naturreservata omfattar i hovudsak urørt eller tilnærma urørt natur, eller utgjer ein spesiell naturtype. Dei har ein spesiell vitskapleg eller pedagogisk verdi. Eit naturreservat kan totalfredast eller fredast for bestemte formål. Restriksjonsnivået er både tilpassa verneformålet, og dei lokale forholda på staden. Verneforma er den strengaste forma for områdevern etter naturvernlova.

Vegetasjon og dyreliv er freda mot skade og øydelegging. Tiltak som kan endre naturmiljøet er ikkje tillate, t.d. oppføring av bygningar, graving av grøfter til drenering, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar og bygging av veier. Motorferdsel til lands og til vatns er forbode. Dette gjeld også start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 meter der det har innverknad på dyre- og fugleliv, t.d. på grunn av reirplassar og hiområde.

Landbruksdrift i same omfang og med dei driftsformer som føregjekk på vernetidspunktet, kan til vanleg halde fram. Vedlikehald av anlegg som eksisterar på vernetidspunktet kan utførast. Der verneformålet er å sikre verneverdiar knytt til natur - eller urskog, vil skogsdrift være forbode. Til vanleg er det også et generelt forbod mot hogst og fjerning av døde trær.

Jakt og fiske er i hovudsak regulert av dei generelle reglane etter viltlova og lakse- og innlandsfisklova. I sjøfugl- og våtmarksreservat er det ofte totalforbod mot jakt og fangst.

Der verneformålet er knytt til skog og myr er det normalt ingen restriksjonar på ferdsel til fots, på ski og med båt. I sjøfugl-, våtmarks- og myrreservat som er viktige for fuglelivet er det i mange tilfelle ferdselsforbod i hekketida. Eventuell tilrettelegging for friluftsliv skal ha som mål å kanalisere ferdsel slik at den ikkje kjem i konflikt med verneformålet. Større arrangement som idrettsarrangement, teltleirer og liknande er forbode dersom det ikkje er gjeve dispensasjon. Turverksemd i regi av ideelle lag og foreiningar, universitet, skuler eller andre institusjonar kan som hovudregel skje utan å søkje dispensasjon. Dersom utviklinga i verneområdet tilseier det, kan ferdsel i verneområdet regulerast eller få forbod.

Heimel for dei føreslåtte verneområda i Breheimen

Den føreslåtte nasjonalparken utgjer eit stort samanhengande naturområde, som i det vesentlege er fritt for tekniske inngrep. På denne bakgrunn gjer fylkesmennene framlegg om at dei sentrale fjellområda vert etablerte som nasjonalpark i medhald av naturvernlova § 3.

Strynefjellet, Mysubytta, Høydalen, Mørkridsdalen og Vigdalen er eigenarta og vakre naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskap og variasjon i naturen frå dal til fjell og med verdfullt kulturlandskap. På bakgrunn av dette gjer fylkesmennene framlegg om at områda vert verna som landskapsvernområde etter naturvernlova § 5.

Det føreslåtte Røykjeskålvatnet naturreservat er eit til dels urørt naturområde med særskilt verdi knytt til urskognær furuskog og førekomst av sjeldsynte og trua artar innan fleire artsgrupper. Det føreslåtte Høyrokampen naturreservat er eit spesielt naturområde, og har særskilde botaniske verdiar med unike førekomst av sjeldsynte og truga karplanter, lav, mosar og sopp, og er sær viktig som vitskapleg og pedagogisk referanseområde. På bakgrunn av dette gjer Fylkesmannen i Oppland framlegg om at områda vert verna som naturreservat etter naturvernlova § 8.

1.2 Verneverdiar

Det er i samband med utgreiinga om vern utarbeidd ei rekke fagrapportar om natur- og kulturgrunnlaget i området. Desse rapportane har i løpet av prosessen vorte sende ut til ei rekke personar, organisasjonar og etatar, og ligg dessutan tilgjengeleg på nettstaden www.fylkesmannen.no/breheimen. I underkapitla nedanfor er dei sentrale skildringane frå desse rapportane attgjeve. Utgreiarane baserte sitt arbeid på utgreiingsområdet for vern, jf. kapittel 4.2, men skildringane nedanfor er justerte slik at dei gjeld verneframlegget om det ikkje står noko anna.

1.2.1 Landskap

Opplevingsverdi

Breheimen-Mørkridsdalen har store landskapsmessige opplevingsverdiar. Området har stor variasjonsrikdom. Kontrastane mellom grønne dalar, og snaue fjell- og breområde kjenneteiknar området. Samspelet mellom flora og geologi gjer opplevingane rike, her er fleire område med kalkkrevjande fjellvegetasjon og ein rik frodigheit nede i dalane. Ein finn også kontrastar og variasjon både innanfor dalformasjonane og oppe i høgfjellet.

Området har både runde, U-forma, typisk breeroderte dalar og skarpare, smale V-forma dalar. Dei høgstliggjande dalane representerer ei tredje hovudform, vide dalar med låge, avrunda dalsider som gjev ei meir fjellprega oppleving av viddelandskap. Når det gjeld fjellformasjonane kan ein oppleve både massive, avrunda former og skarpe alpine ryggar og tinder på same turen. Kontrasten er slående mellom den paleiske flata (jamm erosjonsflate som vart utforma før kvartærtida) med open fjellvidde og det unge breeroderte landskapet med alpine formar nær breane. Breane har i seg sjølv og ei varierende utforming, med kontrastar mellom rolege, mektige brekapper og små botnbrear med stor inntrykk styrke i tindeområda. Brefall mot botnar og dalsider er ei ytterlegare forsterking av landskapsopplevinga.

Området er levande, med aktiv stølsdrift i fleire av dalane. Beitedyr skapar liv i landskapet. Ein kan og møte rein (både tam- og villrein) i området. Her er og ein stor variasjon i naturtypar og vegetasjon. Området er eigna både til fotturar, skiturar og klatre-/topptuar og brevandring. Området har såleis svært stor opplevingsverdi for allsidige naturopplevingar.

Landskap

Landskapskartlegginga i området Breheimen-Mørkridsdalen syner at området har høg nasjonal og regional verdi. Dei 8 landskapstypene som er skildra syner eit stort mangfald. I Breheimen er både fjell og dalar viktige for opplevinga, og både fjell og dalar kan delast inn i fleire typar landskap med kvar sin særeigne karakter. Her finst både dramatiske fjellmassiv og område med meir viddepreg. Dalane kan både vere djupe og skarpt utforma eller vide og med runde formar. Området er delt inn i til saman 37 landskapsområde. Den landskapsmessige verdien på delområda fordeler seg i eit tydeleg mønster. Verdiklasse A (høgaste verdi) finn ein sentralt i området, og det er heile 17 delområde i verdiklasse A i området.

Landskapskategori A1 er svært inntrykksterke landskap av høg nasjonal verdi. Dei representerer dei mest dramatiske av formene i brelandskapet Breheimen. Det er i alt 5 A1 område. Desse utgjer i all hovudsak dei mest alpine områda og består enten av tindar omkransa av fonner og botnbreiar eller av kappebreiar i område med stort relieff (terrengformer og høgdeforhold). Mørkridsdalen er òg kategorisert som A1, som einaste lågareliggende område i denne klassen. Landskapsområdet er dessutan også det einaste innanfor området som går ned i låglandet. Dalen peikar seg særskilt ut både i dramatik, variasjon og gjennom rik og variert vegetasjon. I A1 områda finn ein landskapstypene LT 08 Låglandsdalar (*T8-01 Mørkridsdalen*) og LT-07 Høgfjell med tindar og breiar (*T7-03 Sekkebrean*, *T7-04 Holåtindan - Hestdalshøgdi*, *T7-05 Hestbrepiggen* og *T7-07Tverrådalskyrkja*).

Landskapskategori A2 høyrer òg til dei landskapsområda som i stor grad er med på å setje særpreg på Breheimenområdet. Kategorien har heile 12 landskapsområde her. Dei fleste av desse representerar høgfjell i området, gjerne dei med litt mindre dramatik enn landskapsområda i A1. Typisk (2/3 av delområda) er kappebreiar (4 landskapsområde) og høgfjellsryggar (2 landskapsområde). Ein kan elles merke seg at heile 5 av dei 8 landskapstypene er representerte med A2 område. Ein finn desse landskapstypene: LT 01 Stølsdalar med innslag av skog (*T1-03 Mysubyttaldalen – Syrbyttaldalen*), LT-02 Lågfjellsdalar (*T2-04 Leirvatnet*), LT-04 Viddedalar i høgfjellet (*T4-01 Høytjønnene*), LT-05 Høgfjell med avrunda former (*T5-02 Tverreggje* og *T5-04 Lomseggi*), *T6-03 Dumaldalen (A2)* og LT-07 Høgfjellsmassiv med tindar og breiar (*T7-01 Raudeggje*, *T7-02 Skridulaupen*, *T7-06 Liabreen*, *T7-08 Harbardsbreen*, *T7-09 Spørteggbrean* og *T7-10 Rivenoskulen*).

Landskapskategori B1 er regionalt typiske landskap der landskapsverdiane er intakte. Det er denne kategorien som har flest landskapsområde, i alt 16 i Breheimen. Alle landskapstypene så nær som LT 07 Høgfjellsmassiv med tindar og breiar har landskapsområde i denne kategorien, det vil seie; LT 01 Stølsdalar med innslag av skog (*T1-01 Liavatnet-Sota*, *T1-02 Høydalen* og *T1-04 Åsetevatnet*), LT 02 Lågfjellsdalar (*T2-01 Gamle Stynefjellsvegen*, *T2-02 Tundradalen*, *T2-05 Lundadalen* og *T2-06 Vigdalen*), LT 03 Lågfjell med viddepreg (*T3-01 Sotaskarvet – Styggehø*, *T3-02 Netoseterfjellet – Storhøi* og *T3-03 Ofsarvatnet og Austratjørnane (delvis utanfor og delvis innanfor verneframlegget)*), LT-04 Viddedalar i Høgfjellet (*T4-03 Holmevatnet – Slirevotni*), LT-05 Høgfjell med avrunda former (*T5-01 Langvasseggi*, *T5-03 Tverrfjellet* og *T5-05 Sveidalsnosi*); *T5-06 Sognefjellet nord* og LT-06 Høgfjellsdalar med Uform (*T6-02 Rausdalen*).

Landskapskategori B2 kan vere B område med noko redusert mangfald eller med nokre uheldige inngrep. I Breheimen er det inngrep som er årsaka til plassering i kategori B2. Kategorien er representert ved tre landskapsområde. Dei har kvar sin landskapstype; LT 02 Lågfjellsdalar (*T2-03 Raudalsvatnet*); LT 04 Viddedalar i høgfjellet (*T4-02 Breidalen* og *T6-04 Breidsæterdalen (B2)*). Begge er representative for regionen i si landskapsutforming, men dei er klassifiserte ned grunna oppdemming av kraftmagasin. Dei største inngrepa i Rausdalen er bygningar og ein kraftig dam som ligg i inngangen til dalen, og dessutan ei stor reguleringszone. I Breiddalen er reguleringssonene på dei 4 magasinane inngrep som har påverka klassifiseringa. Utover dette er det ikkje inngrep som i vesentleg grad påverkar landskapsopplevinga negativt.

Landskapskategori C skal nyttast på område der inngrep spelar ei vesentleg rolle i landskapsopplevinga. Kategorien er berre representert ved eitt landskapsområde; Landskapstype LT 06 Høgfjellsdalar med U-form (*T6-01 Nørdestedalen*). Berre utkantar av landskapsområdet ligg innanfor vernegrensa men areala er så store at området likevel høyrer naturleg inn i landskapsanalysen. Landskapsområdet har store landskapsmessige verdiar, særleg i sin utprega U-form og det svært veldefinerte store landskapsrommet som vert danna der dalane i landskapsområdet møtast. Landskapsområdet er likevel klassifisert ned på grunn av omfattande vasskraftutbyggingstiltak med kraftverk, røyrgate, anleggsveg

Sjå også kartvedlegg i del D.

Inngrepsfri natur

Innafor verneframlegget er det meste av området, 85%, definert som inngrepsfri natur (INON-område), dvs. at det ligg minst 1 km unna tyngre tekniske inngrep. Innafor grensene i verneframlegget ligg i alt ca. 343 km² i villmarksprega område, dvs. meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep. I Breheimen ligg med dette nokre av dei største villmarksprega områda som er att i Sør-Noreg.

NIJOS-metoden for klassifisering av urørd natur viser at 12 av dei 34 landskapsområda er klassifiserte som "Landskapsområde med villmarkspreget". Desse er med berre eitt unntak samanfallande med landskapsområde i verdiklasse A. Villmarkspreget er med på å bygge opp under områda sin verdi.

Sjå også kartvedlegg i del D.

1.2.2 Naturmiljø

Biologisk mangfald

Generelt er det stor spennvidde i naturverdiane i undersøkingsområdet. Knappt noko anna etablert verneområde i Noreg kan vise til tilsvarende variasjonsbredde og kontrastar over til dels korte avstandar. Det er store verdiar knytte til både høgfjellsmiljø, rasmarker, gamal furuskog, kalkkrik bjørkeskog, rik og gamal edellauvskog, fosserøksone og breelvdelta.

Spennvidda kjem tydeleg fram gjennom fleire artsførekomstar, med eksempel på både sterkt vestlege artar (fossegrimemose), markert austlege artar (skogsøtgras), sørlege artar (stammesigd), nordlege artar (rosekarse), alpine artar (tinderublom), kontinentale artar (*Toninia taurica*), samt artar med tyngdepunkt i Midt-Noreg (tindved) og artar med svært oppsplitta internasjonal utbreiing (svepemose). Samstundes gjer denne variasjonen det vanskeleg å peike på spesielle trekk ved naturverdiane som sameiner heile området, eller markerer seg som spesielt karakteristisk. Nokre delar, som vestlege og nordvestlege fjellområde, ser ut til å ha avgrensa med naturverdiane, medan andre, som Høyrokampen og Mørkridsdalen, har klare nasjonale og dels internasjonale verdiar knytte til seg. Rundt Høyrokampen er det verdiar knytte til fjell og rasmarker, med både karplanteflora, mosar, lav og fugl, som er kjende. I Mørkridsdalen er det særleg store verdiar knytte til ulike skogsamfunn, inkludert varmekjær edellauvskog, og dels fuktige vassdragsmiljø, og då med interessante artar av karplanter, mosar, lav og sopp. Av andre verdifulle naturtypar er det grunn til å trekkje fram deltaområda knytte til breane i Skjåk som spesielt er viktige for våtmarksfugl, samt fjellområda på vestsida av Bøverdalen med rik fjellplanteflora og fleire kravfulle artar av fjellfugl. I tillegg er det også påvist fleire verdifulle rike fjellparti i Luster og Skjåk, med planter av plantegeografisk interesse, gamal furuskog i Skjåk med m.a. raudlista vedbuande sopp og lav, og gamle beitemarker i Bråtådalen (Skjåk) og Bøverdalen (Lom) med kravfulle og dels raudlista (sjeldsynte/truga) beitemarkssopp og karplanter.

Eit tjuetals raudlista karplanter er kjende frå området. Sju av desse er knytte til naturbeitemark, medan dei andre fordeler seg på rikare skog- og fjell- lokalitetar. Av om lag 20 raudlista lavartar finst ei

rekke skorpelav. Disse veks på kalkrike bergveggar og i rasmarker med kalkrikt finmateriale og har tyngdepunkt i Noreg i kontinentale delar av Nord-Gudbrandsdalen.

Mosar er ikkje så godt kjende frå området og berre i Mørkridsdalen og delar av Høyrokampen er det gjort relativt grundige undersøkingar. Både stader er det derimot gjort funn av raudlisteartar, også førekomstar av svært sjeldne og plantegeografisk interessante artar. I eit mindre område i Mørkridsdalen er det funne 27 raudlistartar, av desse er det 12 soppartar.

Av sopp er det naturleg å framheve dei kalkkrevjande beitemarkssoppene i øvre deler av Bøverdalen kring Høyrokampen der det nyleg vart gjort ei rekke interessante funn, saman med funn av soppens ferskenpote (4. funn i Noreg) i Mørkridsdalen.

Totalt er det kartlagt 65 naturtypelokalitetar innanfor dei føreslåtte verneområda, I tillegg er det registrert 21 reine viltlokalitetar. Av dei 65 naturtypelokalitetane er 19 vurderte som svært viktige (verdi A), 21 som viktige (verdi B) og 25 som lokalt viktig (verdi C). Naturtypelokalitetane med høgast verdiklasse fordeler seg på følgjande naturtypar (tal i parentes): Rik edellauvskog (4), kalkrike område i fjellet (5), urskog/gamalskog (2), kalkskog (1), sørvendt berg og rasmark (2), rikare sumpskog (1), fossesprøytsoner (1), evjer, bukter og viker (1), naturbeitemark (1) og hagemark (1). For vilt er det verdiar knytte til både bergveggar (klippehekkande rovfugl som jaktfalk), fjellvidder (fjellerke) og våtmarksmiljø (vadefugl) av stor verdi.

Høgtliggjande område har eit sparsamt dyreliv (men sjå kap. 1.2.3 *Villrein*). I dalføra der ein finn rikare biotopar, er det registrert fleire truga og sjeldne fugleartar som t.d. kvitryggspett. Her er også gode hjortebestandar. Fleire av dei store rovdyra, særleg jerv, og rovfuglar (t.d. kongeørn, jaktfalk og fjellvåk) er registrerte i området.

Lågare fauna er dårleg undersøkt. Vern av eit stort område med så store og ekstreme variasjonar i lokalklima og vegetasjon som i Breheimen vil truleg vere av stor verdi for å sikre biologisk og genetisk mangfald og verdiar som ein i dag manglar oversyn over. Ein har t.d. funne to artar fjørmygg (den eine av ei eiga slekt) som ikkje er funne andre stader i verda, i Vivavatnet i Sprongdalen i Jostedalen (utanfor vernegrensa). Funna indikerer at det kan vere unike genetiske verdiar innan lågare fauna knytte til brepåverka vassdrag og i spesielle miljø i tilknytning til brear.

1.2.3 Villrein

Ottadalen villreinområde er det tredje største leveområde for villrein i Noreg. Desse fjellområda var for om lag 150 år sidan del av eit sørnorsk system der reinen i liten grad var hemma i sine rørsler av inngrep frå menneske. Dyra kunne fritt ferdast i fjella mellom Sognefjorden, Nord-Gudbrandsdalen og Romsdalen. Sørøver kunne dei nå Hardangervidda, og austover Jotunheimen og fjella i Valdres. Både eldre og nyare granskingar har stadfesta at området har vore nytta av veidefolk i sær lang tid ettersom det huser ei mengd kulturminne knytt til den gamle villreinfangsten. Dette ber ein bodskap om reinen som sentral ressurs for menneske opp gjennom tidene. Ottadalen villreinområde er i praksis delt i to – Ottadalen Nord og Ottadalen Sør. Breheimen utgjer søre del av Ottadalen villreinområde.

Villrein er ein art Noreg har eit spesielt ansvar for, og Ottadalsområdet er peika ut som eit av dei nasjonale villreinområda. Tydinga av å sikre egne leveområde for villreinen er difor svært stor. Det føreslåtte verneområdet representerar eit av dei aller siste europeiske villreinområda med tilnærma intakt gradientmangfald. Det vil si at ein gjennom ein vest/aust-gradient finner alle vitale funksjonskvalitetar - i eit omfang som reinen sitt levesett krev, med store areal med kvalifisert villmark med liten grad av inngrep. Ottadalen villreinområde er det villreinområdet i Noreg med prosentvis størst urøyd areal (48%).

Registreringar av villreinen sin arealbruk gjennom året går fram av eit eige kart i fagrapporten om villrein i Ottadalen som var utarbeidd i samband med verneplanen.

Skjåk

Så godt som alt kalvingslandet i Ottadalen sør villreinområde ligg innafør Skjåk kommune sine grenser. Det er registrert kalvingsområde ved Hestdalsløgdi, sør for Tundradalen, mellom Tverrådalskyrkja og Sota, mellom Sota og Sekkebreen, Mårådalen, Skridulaupen (to område) og nord for gamle Strynefjellsvegen. Reinen kalvar av og til i området Mårådalen, Langvatnet i enden av Breiddalen. Mårådalen ligg nær hytteområdet på Grotli, og der utgreiar har påpeika at det ut i frå eit villreinperspektiv ikkje er ønskjeleg med auka ferdsel rundt kalvingsperioden (sjå del C). Hhovudtidspunkt for kalvinga er i midten av mai. Her kan nemnast at fostringsflokkane i Skjåk ofte trekkjer nordover til kalvingsplassar i indre Hamsedalen i Skjåk/Stranda/Norddal, som ligg utanfor Breheimenområdet. På dette trekket kryssar dei Rv. 15 i Breiddalen i Skjåk (like nord for verneframlegget), noko som ofte er ei farefull ferd, fleire dyr blir kvart år køyrde i hel på denne strekninga. Vegvesenet brukar sjøsalt i tunnelmunningane (Uppljostunellen), og dette vert reinen tiltrekt av. Saltinga gjer at dyra oppheld seg unødig lenge i dette området, ofte i sjølve vegbana.

Sommarbeita strekkjer seg lenger mot sør og ned i Luster kommune. Alt areal i Skjåk kan reknast som sommarbeite. Om sommaren spreier reinen seg meir utover og beitar i mindre flokkar. Bukkane beitar som oftast skild frå simle- og kalveflokkane (fostringsflokkane). Mot Lomseggen er det ofte bukkeflokkar om sommaren og i jakta. Reinen kjem på trekk om våren og går ved Lomseggen heile sommaren, i området der tamreinlaget beitar om vinteren.

Skjåk kommune opplyser at det er noko beitekonflikt mellom tamreinlaget i Lom og Skjåk allmenning i området ved grensa mot Lom. Tamreinen frå Lom går av og til over i villreinområdet på seinvinteren/våren, men det var større konflikhtar om dette tidlegare. Det er oppretta ei avtale mellom Lom tamreinlag og Skjåk Allmenning som regulerar forholdet.

Vinterbeite er primært i dei nordlege delane av kommunen sine areal innanfor dei føreslåtte vernegrensene i Ottadalen sør. Spesielt tangeområda, mellom dei sør- vestgåande dalane nord i kommunen viktige område vinterstid. Reinen trekkjer også nordover og inn i Reinheimen. Dei nordlege områda i kommunen fungerer også som heilårsområde. Frå kommunen si side ønskjer ein å halde Tundradalen og Mårådalen som ein "stille dal" med lite trafikk, slik at villreinen blir mest mogleg uforstyrra. Mårådalen, Skridulaupområdet og Tundradalen er spesielt sårbare område. Dersom det aukar på med ferdsel mellom Sota-Nørstedalseter, kan det bli negativt for reinen. Uppljostunnelen er også eit sårbart område, spesielt mot Breiddalen- Langvasseggji. Langvatnet-Oppljosdalen og Breiddalen er også eit sårbart område. Denne sårbarheita gjeld i forhold til vårskiløping.

Luster

Sommarbeita i Ottadalen sør strekkjer seg sørover og ned i Luster mot Mørkridsdalen og over mot Jostedalen. Områda som strekkjer seg ned mot Mørkridsdalen er ikkje avteikna som sommarbeite. Norsk institutt for naturforskning (NINA) understrekar at områda, sjølv om dei er lite brukte i dag, er like viktige område, som *potensielle* beiteområde, dersom det vert ei reetablering av ei villreinstamme i sørområda. Dette gjeld spesielt områda frå Nørstedalen/Fortunsdalen til Mørkridsdalen og vidare til Dalsdalen/ Jostedalen er framleis opna for jakt på villrein i Luster. Det er eit dilemma her, då ein bør vere restriktiv med jakt i sørområda, spesielt etter simler og kalvar, om ein ønskjer å etablere villrein i området.

Områda lengst nord i Luster, mot grensa til Oppland, er dei mest brukte områda av villreinen i dag. Til tross for mindre bruk i dag, enn tidlegare, er det eit potensielt veldig viktig område med svært gode beiter. Dersom ei ser framover i tid, og trekkjer inn klimaendringar (verdien av brear osv.) så kan dette området bli meir brukt og har (potensielt) stor verdi i følgje NINA.

For villreinen er det viktig å halde Ottadalen villreinområde utan vidare oppdeling. Luster sitt areal blei tidlegare mykje brukt som sommarbeiteområde. Den delen av stamma som nytta dei sørvestlege delane av Breheimen-Mørkridsdalen vart skote ned på 1970-talet. Denne hendinga gjorde at ein mista dei individa som trekte ned til den sørvestlege delen av utgreiingsområdet, og bruken av området

gjekk ned som ein følgje av dette. Eit ikkje usannsynlig scenario i forhold til prognosane for klimaet i framtida, vil vere at områda blir meir og meir eigna for villrein. Luster sine areal har i dag lite gras og mykje stein. Dei sør-vestlege delane av Ottadalen villreinområde, dvs. Luster sin del av Breheimen er ein ressurs og såleis verdfulle for villreinen, og blir truleg viktigare for villreinen i framtida, sjølv om villreinen i liten grad nyttar desse områda i dag. Det er stor interesse lokalt i Luster for å byggje oppatt villreinstamma lengst sør og vest i Ottadalsområdet. Det blei m.a. gjort freistnad på å setje ut rein i Luster med det for auge. Å få villreinen tilbake i eit område er ei vanskeleg oppgåve i følgje NINA. På førehand må det difor gjerast grundige granskingar.

Reinen oppheld seg ved Styggevatnet og inst i Jostedalen i dag. Tidlegare blei områda rundt Nørstedalen mykje brukt, men kommunen meiner at turaktiviteten i området har øydelagt dette mønsteret. Stien mellom Sota-Illvatnet og Lundadalen-Trulsbu blei merkt av DNT. Trulsbu- Illvatnet er ulovleg merkt ved at merkinga ikkje er godkjend av fjellstyret. Stien mellom Sprongdalshytta – Sota sæter blei lagt om av omsyn til villreinen.

Lom

Heile Lom kommune sitt areal i verneframlegget er vinterbeite for Lom tamreinlag (jf reindriftskart). Området rundt Lomseggi, mellom Lundadalen i Skjåk og Bøverdalen i Lom, utgjer dette vinterbeiteområdet. Lom kommune opplyser at Lom sin del av området vert lite nytta av villrein. Andre informantar opplyser at rundt Lomseggi er det ofte bukkeflokkar om sommaren og i jakta. I bytjinga av april (eller litt tidlegare på våren) kryssar ein del villreinbukkar (50-70 stk) Lundadalen på trekk sørover, mot Lomseggområdet og ofte vidare mot Netoseter-området. Liene her er sørvendte og gjev tidleg vår- /forsommarbeite for bukkane. Nokre bukkar trekkjer vestover i Lundadalregionen og inn i Luster. Bukkane held seg på sørsida av Lundadalen til slutten av august, før dei startar hausttrekket nordover mot simleflokkane i Tundradalsregionen.

I følgje kommunen er det ingen konflikhtar mellom eksisterande interesser i forholdet villrein/tamrein, sjølv om villreinen i praksis fritt kan vandre inn i dette området. Tamrein frå Lom tamreinlag brukar området frå ca 1. februar til ca 5. april kvart år. Tamreinlaget har beiterett berre på Lom sitt areal, men tamreinflokkane trekkjer ofte mot grensa – og inn på Skjåksida i følgje rapporten frå NINA. Spesielt når det er dårleg ver har gjetarane problem med å halde flokkane på riktig side av grensa (grensa går her på ca 2000 m.o.h).

På grunn av Noreg sin internasjonale plikt til å ta vare på villreinen, og at areala innan utgreiingsområdet for vern er ein viktig del av Ottadalen villreinområde, som er eit av dei nasjonale villreinområda, vert verdien av områda for villrein sett til svært stor verdi. Dette gjeld både på ein lokal, regional og nasjonal skala.

1.2.4 Geologi

Generell karakteristikk

Området har svært variert geologi med kontrastar i berggrunn, ulike landformer og brear. Avstanden frå Lustrafjorden og Ottadalen til det sentrale vasskiljet i Breheimen er om lag den same. Men høgdeskilnaden er over 2000 m i den sørvestre delen og ca 1400 m i den nordaustre. Dette gir mange kontrastar. Storparten av Breheimen er høg fjell, men berre ¼ når opp i glasiasjonsgrensa (høgdegrens for danning av isbre). Difor har ein inga samanhengande brekappe i dag, men til gjengjeld ein serie enkeltbrear med platåbrear og botnbrear som hovudtypane. Dette gir ein særegen variasjon. Medan Spørteggreen som er nær eksistensgrensa, virkar passiv i dag, er dei høgareliggande breane i Hestbre - og Holåområdet meir aktive. Dei har hatt store framrykk i ”Den vesle istida”, og danna store moreneformer som har samheng med større tilgang på lausmassar i den sentrale og nordlege delen av Breheimen. Tilgang på lausmassar har også gitt breelv vifter og sandurar som særleg er fint utforma i Lundadalen.

Verditypar innafor verneframlegget

- Strukturlandskap (grunnfjell og kambro-silur)
- Gamle viddelandskap frå tertiær med mønster av gamle elvegreiner frå Øvre Otta.
- Breeroderte landskap (botnformer og glasiale dalar)
- Små erosjonsformer (skuringsstriper og rundsva etter tidlegare brear)
- Canyonar eller bratte og djupe elvegjel i fast fjell
- Avsetningsformer, lausmassar (ende – og sidemorener, breelv – og elvevifter, sandursletter)
- Forvitningsformer (karst med grotter, holer og oppløysingsrenner)
- Skred (raviner, skredvifter og ur)

Viktige kvalitetar og område

Breheimen har eit vidt spekter av fin og verdfull geologi, og det følgjande er ei framheving av viktige førekomstar og område:

- Breheimen er eit viktig referanseområde for gamle bredekke i istidene. Spora som truleg er frå den siste, viser ein høgste breakul om lag der vasskiljet er i dag. Eit unntak er at Jotunheimbreen på slutten har sendt greiner mot sørvest, i Høydalen og Dumdalen, mot elvane si dreneringsretning.
- Spørteggbreen er ein platåbre med dokumentasjon av historia frå slutten av siste istid til i dag. Hardbardbreen og Sekkebreen har og stor landskapsmessig verdi, og potensiale for framtidige studiar.
- Av botnbrear er det både dei på sørsida, og særleg nordsida av Hestbrepiggane som merkar seg ut med fin utforming og dei loddrette bakveggane. Breane på nordsida har eit komplett system med morener, breelvvifte og sandur i dalbotnen nedafor. Her kjem samanhengane i prosessane særleg godt fram.
- Dei preboreale randmorenene ved Vigdalstølen i Jostedalen, ved Fast, Soleiebotnen og Granfastadalen er store og fint utforma. Dei utgjer viktig dokumentasjon for avsmeltingshistoria i Lustrafjordområdet.
- Preboreale morenar i Høydalen, Dumdalen og Breidsæterdalen er dokumentasjon for sørvestlege brearmar som bre frå Jotunheimen har sendt inn i Breheimen.
- Preboreal morene etter botnbre ved Krossbu. Denne ligg sentralt og er i lag med fleire ulike moreneryggar i dette området dokumentasjon for avsmeltingshistoria.
- Grottene i Dumdalen er dei er de største som er kjende i landsdelen. Dei utgjer både forholdsvis store elvegrotter og store, tørrlagde trykkleidningar som inneheld erosjonsformer og sedimentavsetningar frå siste eller tidlegare istider. Det finst få kalksteinsgrotter i Sør-Noreg, og Dumdalsgrottene er eit døme på istidsgrotter som vi elles berre finn i Nord-Noreg. Dei er mykje nytta og av stor verdi for ekskursjonar og grotteforskning. Det er også grotter/karstførekomstar nærare Hestbrepiggane, og desse er dei høgastliggande i Skandinavia.
- Skredformer og ravinar i Fortunsdalen merkar seg ut. Nørdestedalen har eit kvartærgeologisk og geomorfologisk mangfald, med vanlege og meir sjeldne former og avsetningar frå isavsmeltingstida og dei siste hundreåra.
- Skredvoll i Breidsæterdalen.

1.2.5 Vassdragsnatur

Vassdraga med frittrennande elvar og fossar i dalar, dalsider og frå breane er avgjerande for å forstå samanhengen i naturen i området, og representerar svært verdfull vassdragsnatur. Dei største vatna innafor framlegget til vernegrenser er Lundadalsvatnet og Glittervatnet (båe i Skjåk) og Åsetevatnet (i Luster).

Nedslagsfeltet til varig verna vassdrag utgjer nærare 70% av arealet i verneframlegget..

Vassdragsvernet er i utgangspunktet avgrensa til eit vern mot kraftutbygging. I samband med vernevedtaka har likevel Stortinget kome med ei generell oppmoding om at ein bør unngå tiltak i verna vassdrag som reduserer verneverdien i vassdraga.

Dei verna vassdraga som er heilt eller delvis innafor verneframlegget er:

<i>Vassdrag</i>	<i>Verneplan/år</i>
Mørkridsdalselvi	Verneplan III (1986)
Strynevassdraget	Verneplan IV (1993)
Skjøli	Verneplan IV (1993)
Ostri m/Tundra	Verneplan IV (1993)
Bøvri	Verneplan IV (1993)
Åfåtgrovi	Supplering av Verneplan (2005)
Glitra	Supplering av Verneplan (2005)
Måråi	Supplering av Verneplan (2005)

1.2.6 Kulturminne og kulturhistorie

Det er store kulturminneverdiar i dei føreslåtte verneområda i Breheimen. Asplan Viak definerer 5 overordna kulturmiljø i Breheimen. Med overordna kulturmiljø meinast område der kulturminna inngår i ein større samanheng. Det er gjort følgjande samla verdivurdering av desse kulturmiljøa:

- Kulturmiljø i Mørkridsdalen i Luster er av stor verdi.
- Kulturmiljø i Vigdalen i Luster er av stor verdi.
- Kulturmiljø ved Høydalsvatnet med Krosshøe og Sognefjellsvegen i Lom er av stor verdi.
- Kulturmiljø i fjelldalane i Skjåk er av middels til stor verdi.
- Kulturmiljø i Breheimenmassivet i Luster, Skjåk og Lom er av stor verdi.

Reinen er viktig for å forstå kulturminnehistoria i Breheimen. På grunnlag av buplassfunn på Hardangervidda og i Lærdalsfjella kan vi rekne med at delar av Breheimen innan år 7000 f.Kr. var leveleg område for menneska som baserte seg på reinsjakt. Spor etter villreinfangsten finn vi både som lausfunn og som permanente jakt- og fangstinnretningar. Det er fyrst og fremst dyregravene som skil seg ut. Skinntelt eller enkle torvgammar har truleg vore vanlegaste husly i eldre steinalder, i tillegg til hellarar og holer.

Det er spor frå ulike tidsepokar i Breheimen. Perioden **ynge steinalder (4000-1800 år f.Kr.)** og **bronsealder (ca. 1800- 500 f.Kr.)** er ei brytningstid mellom fangst og jordbruk. Med jordbruket vart menneska meir bufaste. Mykje tydar på at det tidlege jordbruket var ei tilleggsnæring til jakt og fangst. På Høgdegarden Ormelid (like utanfor verneframlegget) i Fortunsdalen i Luster er det ein klår samanheng mellom garden og bruken av fjellområda. Spor etter helleristningslokalitetar (bergkunst) i form av skålgroper eller offergroper, truleg frå bronsealderen, er registrerte m.a. på stølen Åsete. Det er grunn til å tru at fangst av elg har gått føre seg like lenge som villreinfangsten. Gravfangst av elg har vore omfattande i Skjåk, og den store konsentrasjonen av anlegg omkring Tundramoen i Skjåk er eineståande. Desse ligg like utanfor verneframlegget. Dyregravene som fangstinnretning var basert på trekkvegane til reinen. Fangstfolka brukte leiegjerder som kunne strekke seg fleire kilometer frå fangstanlegget for å auke moglegheita for fangst. Funn av pilspissar tyder på at jakt med pil og boge i store system av bogestelle kan vere ei like gammal jaktform som bruk av dyregraver. Plassering av buplassar hadde nært samband til fangstanlegg og gode beiteområde, og vart bygd av steinmurar (tørrmurar) i kopling med naturlege terrengformasjonar. Kring Styggevatnet/ Austevatnet er det registrert i alt ni hellarar (dei fleste av desse ligg utanfor verneframlegget). I fire av desse er det klåre spor etter busetnad i steinalderen.

Utviklinga av jordbruket ekspanderte ut over i **jernalderen (500 år f.Kr – 1030 e.Kr.)**, og omfatta to driftsformer; åkerbruk og husdyrhald. Innafor åkerbruket utvikla det seg to typar knytt til jordbruket og anna ressursutnytting i utmarka, som t.d. jakt, fangst, jernvinne, tjøreproduksjon og steinbrot. I Breheimen er det klåre spor etter alle desse typane åkerbruk. I Jostedalen (like vest for verneframlegget) finst spor etter audestølar, med tufter som er datert til yngre jernalder og fram til og med 1300-talet. Hellarar er også i bruk i denne perioden. Det er i Jostedalen, Dalsdalen og

Fortunsdalen gjort funn som tydar på ei fastare busetnad attende til bronsealder. Funn innafør verneframlegget tydar også på fastare busetnad i fjelldalane opp mot Breheimen.

Mykje tyder på at graver ved Styggevatn (ved vernegrensa) ikkje kan vere eldre enn eldre jernalder, og arkeologiske undersøkingar viser at det har vore sesongmessig busetnad i hellarane. Dette tyder på at dyregravene berre vart nytta ein kort periode på seinsommaren og tidleg på hausten. Ei meir intensiv utnytting, truleg med fast busetting, er det ikkje prov for før ved slutten av vikingtid/ tidleg mellomalder. Undersøkingar viser at bruken kan ha strekt seg fram til tamreindrifta ved Geisdalsvatnet på 1800-talet.

I mellomalder (1030-1536/37 e.Kr) førte Svartedaudens herjingar, saman med dårlege klimatiske vilkår, til at mange av stølane vart liggjande aude, nokre av desse vart seinare vart tekne opp att som stølsområde. Før Svartedauden var det ei omfattande og intensiv bruk av utmarka og fjellområde, både med omsyn på husdyrhaldet og i samband med jakt og fangst. Dei mange funna av kulturminne knytt til både husdyrhald og fangst syner dette. Fangstanlegga for villrein i høgfjellet og fangstanlegga for elg nede i fjelldalane er saman med tufter dei vanlegaste kulturminnetypane i Breheimenområdet. Vegetasjonshistoriske undersøkingar i Breheimen syner også til ei kraftig intensivering i bruken av utmarka og fjellområda i høve til husdyrhaldet. Etter Svartedauden ser tradisjonen med store fangstanlegg ikkje ut til å ta seg opp att.

I etterreformatorisk tid (1536/37 e.Kr – vår tid) var jordbruk og skogbruk av dei viktigaste elementa i den økonomiske tilpassinga. Åkerbruket dekkja først og fremst eige forbruk, noko som kunne vere sårbart i forhold til frost og uår. Husdyrhaldet utvikla seg difor til å bli den viktigaste næringsvegen. Jordsmonnet gav grunnlag for gode høyavlingar og utmarka i fjellet gav gode beitetilhøve. Samtidig var jakt og fangst fortsett ei viktig tilleggsnærings.

Jordbruk og husdyrhald har vore det viktigaste næringsgrunnlaget i Skjåk, Lom og Luster gjennom tidene. Fjellområda gav godt vinterfôr og beite, men vart og brukt til jakt og fangst. I eldre tider hadde kvar gard sine reinsgraver. Kunstig vatning har lange tradisjonar i Lom, Skjåk og nokre stader i Luster. Ein veit ikkje kor gamal den kunstige vatninga i Ottadalen er. I Skjåk har vi skriftlege kjelder frå 1598, men kunstig vatning har truleg vore brukt mykje lengre attende i tid.

Det er ingen som med full vissa veit kor lenge det har vore stølsdrift innafør verneframlegget, men truleg er dette ei driftsform som går mange hundre år attende i tida. Kvar gard kunne ha fleire setrar, og det var tre hovudtypar; heimestøl (vårstøl), midtsstøl (tidleg sommar og haust) og fjellstøl (sommarstøl). På Ormelid i Luster er denne driftsforma, med tredeling av stølsdrifta, dokumentert attende til mellomalderen. Stølane hadde ei stordomstid gjennom hundre år frå midten av 1800-talet til ut på 1950-talet. Då vart stølane nytta til å skaffa ekstra fôr, og til mjølkeproduksjon med foredling av mjølka til ost og smør. Etter 1950 har stølane stort sett vore nytta som utgangspunkt for tilsyn med dyr på beite og til fritidsføremål.

Det er knytt mange ulike segn og tradisjonar til spesielt jakt og støling i området.

Ferdselsveggar

Det har eksistert ferdselsårer så lenge det har vore menneske i Noreg. Ferdsel gjekk mellom bustadar, jaktområde, fiskeplassar o.a. Ferdsel over fjellovergangane mellom aust og vest var stor. Det finst fleire viktige ferdsleveggar i Skjåk i samband med verneframlegget, m.a. frå Bråtådalen gjennom Rauddalen til Sunndalen i Stryn. Ein annan veg gjekk om Sota og Mysubytta til Stryn og Jostedalen. Vegen til Sogn gjekk gjennom Tundradalen til Fortunsdalen. Jostedalen hadde ferdsel over breen til Nordfjord og over Handspikje til Skjåk om Syrtbyttaldalen og Sota. Om folk frå Jostedalen skulle til fjorden var det i vanlegast å gå via Vigdalen og Dalsdalen til Luster (Bispevegen). Det gjekk også ei drifterute mellom Fåberg i Jostedalen, nord om Spørtseggbreen gjennom Martadalen mot Arentzbu (Rausdalsete) og Mørkridsdalen mot Skjolden i Luster. Ferdsel over fjellet tok i hovudsak slutt på 1920-talet. Dei gamle stølsvegane minner om den tunge transporten over lange avstandar i eit vanskeleg terreng.

I og like utanfor verneframlegget finst det to vegstrekningar - Gamle Strynefjellsveg og Sognefjellsvegen - som er verna gjennom Nasjonal verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne.

Kulturminne i Breheimen - Mørkridsdalen

Førhistoriske Kulturminne	Tal	Fangst	Husdyrhald/ jordbruk	Anna utmarksbruk
Dyregraver (rein)	278	x		
Bogestille	239	x		
Dyregrav/fangstgrav (elg)	45	x		
Ledegjerde/mur	8	x		
Kjøttlager	1	x	x	x
Falkefangarbu	4	x	x	x
Bjønnagilder	5	x	x	x
Tuft/steinbu	110	x	x	x
Hellar/buplass	60	x	x	x
Stølsanlegg	28	x	x	x
Kokegrop/kolgrop	135	x	x	x
Lausfunn	51	x	x	
Kleberbrot	3	x	x	
Jernvinne	2	x	x	
Tradisjon	4	x	x	
Skålgropførekomstar	28			
Dyrkingsflate	3			
Grav/gravfelt	11			
Kullflak/kullhorisont	8			
Varderekke	14			

Samla tal kulturminne 1040

Tabellen syner automatisk freda kulturminne fordelt på type kulturminne og funksjon i og like ved dei føreslåtte verneområda.

Som ein ser av tabellen er det eit stort tal kjende automatisk freda kulturminne i og like utanfor verneframlegget. Dette er kulturminne av nasjonal verdi. I fjellet er hovudvekta av kulturminna knytt til jakt og fangst på rein, medan det nede i dei austlege fjelldalane også er innslag av fangstgraver for elg. Ei anna hovudgruppe kulturminne i Breheimen er knytt til husdyrhaldet, som til dømes stølsvollar med tufter, innhegningar, helleristningslokalitetar (skålgroper) og kokegroper. Samla sett viser oversynet over kulturminna i Breheimen til ei variert utnytting av utmarksressursane. Dei registrerte kulturminna strekkjer seg over ein lang tidsperiode, frå eldre steinalder og fram i nyare tid.

Talet på enkeltkulturminne i Breheimen er mykje høgare enn det tabellen syner. På mange av dei kjende lokalitetane er det berre oppgjeve om det er eitt eller fleire kulturminne på lokaliteten. Til dømes kan lokalitetar registrert som stølsanlegg innehalde fleire kulturminne; slik som tufter, kokegroper og skålgroper. Det er difor ikkje nøyaktige tal på kulturminna innanfor området. Dette gjeld særleg dyregraver, bogestille og kokegroper/kolgroper. Når det gjeld ledegjerde og murar syner tabellen berre lokalitetar der desse er skildra nærare. Det er eit stort tal ledegjerde knytt til fangstanlegga og dyregravene utan at dette kjem fram i registreringane. I tillegg er det eit stort potensiale for å finna fleire kulturminne i heile Breheimenområdet.

1.2.7 Kulturlandskap

Det er fleire svært verdfulle kulturlandskap innafor grensene for verneplanen i Breheimen – Mørkridsdalen.

Bøverdalen i Lom kommune er med i det nasjonale oversynet over verdfulle kulturlandskap i Noreg. Delar av området ligg innafor, som Høydalssetrene i det føreslåtte Høydalen landskapsvernområde. I delar av det framlagte Høyrokampen naturreservat er det ei rekkje raudlista artar som er beitekrevjande. I Skjåk er det særleg stølsmiljøet i Mysubytta som har stor verdi. I Luster er delar av Mørkridsdalen med Åsetevatnet (og i nokon grad Bolstaddalen ved Hødnevollen) med som prioritert område i registreringa av verdfulle kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane. Dei to stølsområda forklarar saman den omfattande ressursutnyttinga som stølsaktiviteten representerer i Indre Sogn. Rapporten ”Stølar i Mørkridsdalen – far etter folk” synleggjer dei store verdiane som kulturlandskapet og kulturhistoria i tilknytning til stølsmiljøa i Mørkridsdalen har. Også stølsmiljøet i Vigdalen med fjellstølen, Breistølen og Drivande har stor verdi.

1.3 Trugsmål mot verneverdiane

Inngrep og aktivitet som kan fragmentere og gripe inn i det heilskaplege villmarksprega området, vil vere trugsmål mot verneverdiane, m.a. villreinen. Bygging av fritidsbustader, bygging av vegar, auka motorisert og ikkje-motorisert ferdsle, kraftutbygging og bygging av ulike anlegg/innretningar er døme på tiltak og aktivitetar som på sikt kan utgjere ein trussel mot verneverdiane.

1.4 Brukarinteresser

Det er i samband med utgreiinga av vern utarbeidd ei rekke fagrapportar om brukarinteressene i området. Desse rapportane har i løpet av prosessen vore sendt ut til ein rekke personar, organisasjonar og etatar, og ligg dessutan tilgjengeleg på nettstaden www.fylkesmannen.no/breheimen. I underkapitla nedanfor er dei sentrale skildringane frå desse rapportane gjengjeve. Utgreiarane baserte sitt arbeid på utgreiingsområdet for vern, jf. kapittel 4.2, men skildringane nedanfor er justert slik at dei gjeld verneframlegget om det ikkje står noko anna.

1.4.1 Landbruk

Jordbruket i dei tre aktuelle kommunane er av stor verdi for busettinga. Kommunane ligg over snittet for sine fylke og for landet i landbruksproduksjon. Det er husdyrhald som er hovudproduksjonen i tillegg til kornproduksjon i Lom og Skjåk og frukt- og bærproduksjon i Luster. Sjølv om ingen gardar ligg innanfor dei føreslåtte verneområda, har fleire bruk beiteområde, og nokre få har seterdrift innanfor verneframlegget. Området er av svært stor verdi for husdyrproduksjonen i kommunane. Skjåk og Lom er blant dei mest nedbørfattige områda i landet, og har difor lange tradisjonar med kunstig vatning, noko som er dokumentert skriftleg fleire hundre år attende, men har truleg også føregått før dette. Vatningsanlegga transporterer vatn frå fjellet ned til dyrka mark på gardane nede i dalen og til setrene. På grunn av det nedbørfattige klimaet og høg temperatur er tørke på landbruksareala ei stor utfordring. Vatningsvegane er delvis vedlikehaldne og bygt ut gjennom fleire hundre år, og mange er framleis i bruk. Vatningsvegane vert vurderte til å ha svært stor verdi for jordbruksproduksjonen på mange av gardane i kommunane.

Grensene ligg i hovudsak over skoggrensa, bortsett frå ved Sota-Mysubytta, ved Tundradalsmunningen og i Mørkridsdalen, saman med nokre mindre skogareal. Skogressursane i utgreiingsområdet Skjåk og Lom vert karakterisert som marginale. Skogbruksinteressene innan området er todelt - ved til eksisterande bygningar i området (hytter) og uttak av tømmer i skogbruksdrift. Verdien av ved til eksisterande bygningar vert vurdert å ha liten verdi i skogbruks-samanheng, men verdien av å kunne ta ut ved til bygningane innafor dei føreslåtte verneområda har stor verdi for bruken av dei. Skogreising og treslagsskifte vert ikkje vurdert som

økonomisk lønsamt i dag, og det er difor lite sannsynleg med ytterlegare skogreising i området skjer. Det er noko bjørkeskog innanfor verneframlegget i Høydalen i Lom. Denne skogen vert nytta til uttak av ved til setrene i området. Denne skogen er ikkje produktiv og har liten verdi.

Luster

Det er 25 dekar innmarksbeite på Knivabakkgjerdet innanfor verneframlegget. Dette vert beita i dag, men blei tidlegare slått. Arealet er ikkje klassifisert som innmark. Det er ikkje veg inn til dette området, slik at det kan ikkje fraktast ut fôr. Verdien av beiting på innmarksbeitet i Mørkridsdalen vert vurdert å ha middels verdi i landbrukssamanheng. Det er ikkje innmarksareal innafør framlegget til vernegrensene i Vigdalen. Det vert beita med husdyr på utmarksbeite innafør vernegrensene. Mørkridsdalen vert i dag nytta både til sommarbeite for sau og lam og til haustbeite for vaksne sauer. På grunn av aukande tap av sau til store rovdyr er det sett i gang tidleg nedsanking av sau. Lamma vert tekne frå sauene og vert sette på innmarksbeite rundt gardane, medan vaksne sauer beiter utmark og stølsvollae i Mørkridsdalen. Beiteområda innanfor området vert vurderte til å ha svært stor verdi. Det er ingen stølar i drift innanfor verneframlegget i Luster. Det vert heller ikkje slått på stølane lenger, men det vert beita med husdyr på dei gamle stølsvollane og i området rundt desse. Verdien av beiteområda rundt stølane vert vurdert til å ha middels stor verdi.

I Luster beita i 2006 5 826 sau/lam, 253 geiter, 332 storfe og 9 hestar i tilknytning til utgreiingsområdet for vern.

Skjåk

Grensa for dei føreslåtte verneområda går i hovudsak over skoggrensa på vestsida langs hovuddalføret i Skjåk. Store delar av beiteområda og delvis stølsoområda på vestsida av dalen er innanfor verneframlegget. Det er ca 200 bruk i kommunen som har beiterett i tilknytning til Breheimen, men ikkje alle desse nyttar denne i dag. Verdien av beiteretten vert vurdert å vere svært stor for å kunne ha høve til å drive husdyrproduksjon i kommunen.

Det er 11,3 da fulldyrka jord på Mysubytta innanfor det føreslåtte Mysubytta landskapsvernområde, 5,2 da overflatdyrka jord og 56,2 dekar innmarksbeite. Dette utgjer til saman 72,7 dekar. Innmarka blei fram til 2005 slått maskinelt. Dette slåttearealet ligg langt frå der fôret skal brukast, og transporten er lang og kostnadene pr foreining er større enn ved areal nærare garden. Verdien av å kunne bruke innmarka på stølane til slått vert vurdert som middels stor. Desse areala vert beita pr i dag. I beitesamanheng utgjer innmarksareala ein del av beitetilgangen. Utmarksressursane er større enn utnyttingsgraden. Verdien av å bruke innmarksareala til tilleggsbeite til utmarksareala vert difor vurdert til å ha middels stor verdi i landbrukssamanheng. Omfanget av beiting innanfor dei føreslåtte verneområda er omfattande. Beitebruken er organisert gjennom Skjåk beite- og sankelag. Om lag halvparten av sauene i kommunen beitar i og i tilknytning til området. I 2005 beita knapt 2167 sau/lam, 357 geit og 894 storfe i eller i tilknytning til området. Verdien av å kunne nytte utmarksareala vert vurderte til å vere av svært stor verdi. Innanfor verneframlegget ligg følgjande setergrender:

- Mysubytta der ni bruk har seter, derav eitt bruk setra fram til 2007.
- Røykjeskålslid, med eit bruk med geitestøl som er i bruk. For tida er det ikkje mjølkeproduksjon på setra, men dette kan igjen bli aktuelt avhengig av meieriet sitt behov for geitemjølkk gjennom året .
- Lundadalsseter Ytste der fem bruk har seter, men ingen har aktiv setring pr i dag.

Det er ei rekkje setergrender like utanfor verneframlegget. Fleire av desse har beiteområde innanfor dei føreslåtte verneområda. Dei fleste setrene har ikkje aktiv setring i dag, men beitebruken vert oppretthalden på mange av setrene ved at beitedyra oppheld seg i utmarka rundt setrene og samstundes beitar setervollane. Verdien av beiteområda rundt setrene vert vurdert å ha middels stor verdi for beitebruken. Utgreiar viser til at dagens landbrukspolitikkk legg opp til stimulering av setring og gjenopptak av setring. Dette har samanheng med fokus på attgroing av kulturlandskapet også i fjellet. Det finst økonomiske verkemidlar som støttar opp under setring. I tillegg vil også lokale SMIL-midlar kunne nyttast til slik støtte. Dagens trend med tilleggsnæring på gardane i form av reiseliv og småskala

matproduksjon gjev auka høve til større aktivitet på setrene. Verdien av å kunne bruke setrene eller ta opp att setringa vert vurdert til å ha svært stor verdi for dei aktuelle bruka.

Lom

I Lom ligg dei føreslåtte verneområda på nordvestsida av Bøverdalen, i all hovudsak ovanfor skoggrensa. Det er ca 50 gardsbruk i drift i influensområdet, som er definert som Bøverdalen og oppover hovuddalføret til kommunegrensa til Skjåk. Innanfor området er det setergrønder i Høydalen. Nordre Høydalen har aktiv setring med geit. Her er det 10,3 da innmarksbeite. Søre Høydalen har ikkje lenger aktiv setring. Her er det 40,4 da fulldyrka mark og 13,9 da overflatedyrka mark, kor innmarksareala ligg innanfor området for vern. Innmarksareala vert slått. Verdien av å kunne bruke setrene vert vurdert til å ha svært stor verdi for aktuelle bruk.

Verdien av å kunne hente del av fôrgrunnlaget på setrene vert vurdert å ha middels stor verdi for dei bruka som gjer dette. Det er organisert systematisk tilsyn i beiteområda. Innanfor dei føreslåtte verneområda som ligg i Lom beitar det dyr frå både Lom og Skjåk.

I Lom sin del av området beita det 2171 sau og lam, 73 kyr, 97 andre storfe og 191 geit/kje i 2006.

1.4.2 Tamreindrift

Tamreindriften i området vert organisert av Lom tamreinlag. Lom tamreinlag blei stifta i 1926 og er organisert som eit andelslag. Det er 1.068 andelar fordelt på ca 220 andelseigarar der Lom kommune er største eigar med 60 andelar. I følgje den kommunale beitebruksplanen gjev tamreindriften god utnytting av beiteressursane, arbeidsplassar og inntekt til andelseigarane. Det er beiteavtale med ulike rettshavarar både i Lom, Vågå og Vang. Lom fjellstyre er den absolutt største.

Lom tamreinlag nyttar høg fjellsområda i Jotunheimen og Breheimen i Lom kommune til beite. Tamreinlaget disponerer eit areal på 1.265 km². Av dette er 1.145 km² statsallmenning, medan 120 km² er privateigd. Beiteområda blir leigd av Lom Fjellstyre og private grunneigarar, og i følgje kontrakten kan dei ha inntil 3.000 dyr på beite. Tamreinlaget har ein vinterflokk på ca 2.400 dyr. I følgje opplysningar frå Lom tamreinlag blir areala innanfor verneframlegget berre nytta til vinterbeite frå slutten av desember til byrjinga av april (sjå kartvedlegg). Resten av året beitar tamreinen i områda aust og søraust for dei føreslåtte verneområda. Tamreinlaget har ingen konkrete planar om å endre beitemønsteret ein har i dag. Tamreinlaget brukar faste ruter for å drive reinflokkene inn og ut av området. Snøskuter blir nytta dagleg for å halde tilsyn med flokken når den er på vinterbeite. Det vert ikkje praktisert barmarkskøyning med motoriserte køyretøy innanfor verneframlegget. I følgje tamreinlaget blir vinterbeita som ligg innanfor området berre nytta når det er snø i området. På vårparten blir reinen flytta ut av området og søraustover. Lom tamreinlag har ingen tekniske installasjonar innanfor dei føreslåtte verneområda.

1.4.3 Friluftsliv

Innleiing

Breheimen eignar seg godt til enkelt friluftsliv og er eit område som er verdfullt for utøvinga av friluftsliv. DNT har eit godt utbygd stinett i området og fleire hytter. Ingen av DNT sine hytter innanfor verneframlegget er betjente, og dei fleste er sjølvbetjente. Om vinteren er det eit meir krevjande terreng å ferdist i.

Sjølv om bruken av ein del område i første rekkje er meir lokal og kommunebasert, vert Breheimen-Mørkridsdalen brukt også i regional og nasjonal samanheng, ikkje minst som følgje av nettverket av stiar og løyper og overnattingstader i DNT sin regi. At Breheimenområdet er knytt saman med omliggjande område som har stor verdi som friluftslivsområde (som Jostedalbreen, Jotunheimen og Reinheimen) er med å gje Breheimen stor verdi i regional og nasjonal samanheng.

På ein skala frå A til D, har området på bakgrunn av den verdi det har både nasjonalt, regionalt og lokalt fått verdien A (svært stor verdi) i utgreinga.

Området sin verdi for friluftsliv og naturoppleving kan vise til ulike dimensjonar. I tillegg til meir tradisjonelle turgåing/skigåing og jakt/fiske i fjellandskapet, er delar av området også prega av kulturlandskap, m.a. i form av bygningar med/for seterdrift eller jakt og fiske. I Breheimen - Mørkridsdalen ligg det til rette for m.a. topp- og Breturar, elvesport, klatring, og grotting.

Det er nokre motsetningar mellom villreinen og friluftsliv i området, som er skildra i kapitla om konsekvensutgreingar, m.a. i tilknytning til DNT sitt stinett.

Det er ingen statleg sikra friluftsområde innanfor verneframlegget. I Luster er det likevel eit slikt område i Vigdalen utanfor framlegget til vernegrenser. Vigdalen er ein viktig innfallsport til Breheimen og DNT sitt stinett.

Uorganisert friluftsliv

På det lokale nivået dominerer det enkle friluftslivet. Jakt og fiske er aktivitetar som blir sett på som viktig. Området blir i første rekkje nytta til turrekreasjon både sommar og vinter. Ein del ferdsel er knytt til bær- og soppstaking og til ettersyn med buskap. Noko friluftsliv er relatert til overnatting i private hytter, samstundes som det også er ein del opne buer. På det nasjonale nivået er Breheimen-Mørkridsdalen som tidlegare nemnt knytt saman med omliggjande fjellområde. Regional og nasjonalt ser det ut til at turgåing (sommar og vinter) er den viktigaste forma for friluftsliv. I randsonene er det ein del private hytter som er utgangspunkt for friluftsliv som gjeld dei føreslåtte verneområda. Det finst spesielt høve til å gå turar langs vassvegar i området. Stiar, løyper, bruer, skilt, merking og klopper blir vedlikehaldne.

Tilrettelagt og organisert friluftsliv

Når det gjeld organisert friluftsliv blir det arrangert ein del toppturar i området, m.a. til Hestbrepiggane, Lomseggi og Storhøe. DNT arrangerer i 2008 vintertopptur til Tverråldalskyrkja, med utgangspunkt i Sota sæter. Om lag 500 deltar på guida Breturar i løpet av ein sommar. Til dømes er det breføring over Fortundalsbreen kvar dag i ein månad om sommaren. I tillegg vert det arrangert nokre vinterkurs og vinterturar i området vest for Spørteggbreen. Det er laga ein klatresti opp mot Lomseggen ("Via Ferrata" frå Nissegarden). I Dumdalen er det organisert grotteføring. Kajakk og elvesport er også ein del av aktivitetstilbodet like utanfor verneframlegget, mellom anna i Mørkridsdalen (Skjolden rafting). Luster Turlag arrangerer "Topptrimmen" som inkluderer 10 utvalde fjelltoppar over ein periode på 3 år. Fleire av toppane ligg innanfor området. Skjåk Turlag arrangerer "Fjellgeita" kvart år. Fleire av de utlagde postane ligg i området. Breheimen safaries tilbyr guiding i samband med jakt og fiske.

Innfallsportar, stiar og skiløyper

Følgjande innfallsportar til området er særleg viktige sommarstid: Sota sæter, Grotli og Lundadalen i Skjåk, Sognefjellsvegen ved Bøverton og Dumdalen, Høydalen, sti frå Fossbergom til Lomseggen, Krossbu og Sognefjellshytta i Lom, samt Mørkridsdalen, Vigdalen, Turtagrø, Nørdestedalseter, Viva/Sprongdalshytta, Vatndalen, Fagredalen, Styggevassdammen og Dalsdalen i Luster. Frå Sundalen i Stryn går det sti over Kamperhamrane til Skridulaupbu (som også er ein gamal ferdselsveg mellom aust og vest).

DNT har eit rutenett av ca 15 merkte fotturruter. Til saman utgjer dette mellom 250 og 300 km T-merkte stiar innanfor framlegget til vernegrenser. Om lag 10 % er innanfor Lom kommune sine grenser, medan Luster og Skjåk har ca 45 % av stinettet kvar.

Det er også nokre merkte vinterløyper, i alt litt over 100 km (Krossbu-Nørdestedalseter, Nørdestedalseter-Sognefjellshytta, Sota-Nørdestedalseter over Fortundalsbreen, Trulsbu-Nørdestedalseter og Trulsbu-Sota).

Nokre skiløyper vert køyrd opp frå Sota og frå Grotli.

Overnatting

DNT har 13 hytter i Breheimen-området. Sju av desse ligg innanfor verneframlegget; Arentzbu, Fast, Slæom, Sprongdalshytta, Vigdastøl, Trulsbu og Medalsbu. To av dei tretten hyttene, Sota sæter og Nørdestedalseter, som ligg like utanfor dei føreslåtte vernegrensene, er betjente. Medalsbu er ubetjent, dei andre sjølvbetjente. Mange av overnattingsgjestane går dagsturar i nærområdet. Dei siste åtte åra har det vore generell auke i overnattingar på dei to betjente hyttene. Totalt var det 7100 overnattingar på DNT-hyttene tilknytte Breheimen i 2007, derav 4200 på Sota sæter (sjå oversikt nedanfor). I randsona ligg det også nokre betjente hytter som er privateigde, men som samarbeider med DNT. I første rekkje gjeld dette Sognefjellshytta, Krossbu, Jostedal hotell (Gjerde), Turtagrø og Grotli høvfjellshotel.

Overnattingsstatistikk på DNT-hytter i verneframlegget og tilgrensande område:

BREHEIMEN	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Nørdestedalseter	121	133	211	881	931	948	1 002	1 064	1 159
Sota sæter	613	626	570	3 338	2 619	3 624	3 951	3 245	4 194
Arentzbu	16	21	15	392	495	457	408	516	472
Fast	5	9	40	199	186	128	204	195	168
Medalsbu								?	?
Navarsete	12	16	57	82	75	76	94	91	133
Skridulaupbu	3	13	15	23	29	25	26	42	40
Slæom	39	50	42	141	75	173	180	125	215
Sprongdalshytta	25	45	31	270	317	277	295	362	308
Stølsdalen	0	0	0	62	135	85	62	135	85
Trulsbu	39	64	125	33	124	89	72	188	214
Vigdastøl	24	10	41	147	88	97	171	98	138
Nørdestedalseter	4	19	22	-	-	-	4	19	22
Sum	901	1 006	1 169	5 568	5 074	5 979	6 469	6 080	7 148

Det finst ein del private buer og hytter spreidde rundt i området som er i bruk sommar og vinter, men mest om sommaren. Skjåk allmenning og Luster Austre allmenning har nokre hytter med enkel standard som kan brukast av alle innbyggjarane i kommunen. Buene til Skjåk almenning vert også nytta av tilreisande reinsjegerar. I tillegg er det fleire hyttefelt i randsona i Bøverdalen, Grotli, Osen, Åsete, Fast, Nysætra, Sota og i Vigdalen er det ein del setrer og enkelte hytter, rundt Bøvertjønnin er det ca 45 hytter inn mot framlegget til vernegrenser, langs riksveg 15 mellom Grotli og Billingen er det ca 200 hytter, og ved Polfoss er det ca 90 hytter (regulert for 35 til). Det er seterbygningar i Mørkridsdalen og eit hyttefelt med ca 30 hytter ved Åsetevatnet like utanfor verneframlegget (Osen). Også i Vigdalen (Luster) og Ostradalen (Skjåk) i randsona ligg det hyttefelt som truleg medfører ein del bruk av området til friluftsliv. Innanfor influensområdet er det til saman ca 300.000 gjestedøgn i året på hotell, campingplassar og utleigde hytter. Det finst ingen klare tal på kor mykje av overnattinga i randsonene som kjem av bruken av naturen innafør verneframlegget.

Jakt og fiske

Det føregår ein del jakt både på storvilt og småvilt i området. For ein stor del er dette lokalt basert, men det vert seld jaktløyve og guiding til ein del tilreisande. Det siste gjeld særleg jakt på villrein (særleg i Skjåk), elg og hjort, men også småvilt. Villrein er ein sær viktig jaktressurs. I 2008 vart det felt 611 dyr i Ottadalen villreinområde (ein fellingsprosent på 69). Av desse vart 132 felt i sørområdet. Mange fisker i området, og det vert drive fiskekultivering og fiskeutsetjing i fleire av vatna i området frå dalbotnen og opp til ca 1500 moh.

I tillegg til jakt og fiske, er det også ein god del bærplukking og soppstaking i området. Det vert drive fiskekultivering og fiskeutsetjing i fleire av vatna i området. På Lundadalsvatnet og Glittervatnet i Skjåk vert det drive noko fiske med motorbåt.

Bruk og verdivurdering

I ei spørjeundersøking i samband med verneplanarbeidet om m.a. friluftsliv svara 44 % av dei som bur i Skjåk at dei i hovudsak brukar området som ligg innanfor utgreiingsområdet. Dei tilsvarande tala for Lom og Luster er høvesvis 18% og 15%. Innbyggjarane i alle dei tre kommunane brukar i første rekkje dei areala som ligg i eigne kommunar. Det kan også sjå ut til at innbyggjarane i Skjåk brukar utgreiingsområdet hyppigare enn i dei andre kommunane. I Skjåk svarte om lag 25 % at dei brukte Breheimen meir enn en gang i uka i sommarhalvåret, medan prosenttala for Lom og Luster var høvesvis ca 12 % og 8 %. I vinterhalvåret var fordelinga høvesvis 20 % (Skjåk), 5 % (Lom) og 3 % (Luster). På den andre sida er det dobbelt så mange i Luster (30 %) samanlikna med Skjåk (16 %) som seier dei går dagsturar til fots innanfor utgreiingsområdet. Slike dagsturar er den vanlegaste måten å bruke området på i alle dei tre kommunane.

I samband med utgreiinga av vern har NINA føreteke ei kartlegging og verdivurdering av friluftslivsområde i området. Dei har identifisering 18 område som har fått verdien *svært viktige friluftslivsområde* (verdi A) eller *viktige friluftslivsområde* (verdi B) ut frå m.a. bruken av områda:

Kategori A - svært viktige friluftslivsområde:

Fivlenosi-Vigdalen
Mørkridsdalen
Spørteggbreen m/omegn
Dumhøe
Høyrokampen
Eggjapiken
Skriduhaugan-Åndfjellet
Lundadalen
Sota-Slæom/Surtbutta/Tverrådalskyrkja
Botn-Glittervatn
Heillstuguvatnet-Skridulaupen

Kategori B - viktige friluftslivsområde:

Gjerseggnosi/Bolstadnosi
Sprongdalen
Fagredalen-Vatndalen
Høydalseter
Netoseterfjellet-Storhøi
Randsverk-Rundhaugen
Langvatn-Oppljøsvatnet

Med T-merkte stiar i tre himmelretningar og mykje bruk, også som innfallspor, er og Nørdstedalen/Fortundalen eit viktig friluftslivsområde.

Sjå også kartvedlegg i del D.

1.4.4 Reiseliv/turisme

NINA (konsekvensutgreiar for temaet) si vurdering er at området sin verdi i reiselivssamanheng er av stor verdi. Vestlandsforskning (fagrapport) konkluderte med at reiselivsnæringa i området er av avgrensa kommersielt omfang samanlikna med nærliggjande Jotunheimen nasjonalpark og Jostedalbreen nasjonalpark. NINA meiner at sjølv om omfanget av kommersielle aktivitetar er mindre enn i nærliggjande område, er det viktig å sjå området si rolle som ein sentral del av attraksjonane som dei to fjellovergangane Strynefjellsvegen og Sognefjellsvegen utgjer. Slik sett fyller området sentrale funksjonar i reiselivet som grip inn både i Fjord-Noreg og Fjell-Noreg som reisemål. Verneframlegget med tilgrensande randsoner har ulike funksjonar i reiselivssamanheng, der det finnes ulike attraksjonar, varierte bedrifter og kjerneområde for ulike aktivitetar som bygdeturisme, fjellsport og skiløping. Særleg Lom, men også Grotli og Skjolden er viktige stoppestader og knutepunkt for ulike grupper turistar. I tillegg meinte utgreiar at det er realistisk med vekst i reiselivet framover.

Det er eit relativt stort tal bedrifter og verksemder som tilbyr overnatting i randsona til området. . Dei største overnattingsbedriftene er lokalisert i Lom og langs Rv 15 og Rv 55. I all hovudsak ligg desse utanfor det føreslåtte verneområdet. Vestlandsforskning si kartlegging identifiserer Grotli høvfjellshotel, Sota sæter, Skjåk sæter, Fossheim turisthotell, Fossberg hotell, Elveseter hotell, Jotunheimen fjellstue, Krossbu turiststasjon, Sognefjellshytta og Turtagrø som viktige overnattingsstader i randsona. I tillegg eksisterer det fleire mindre overnattingsstader, utleiehytter saman med eit relativt stort tall campingplassar i området.

Vågå, Lom og Skjåk (Vågå og Skjåk er slått saman i statistikken) kommune hadde samla 311 866 registrerte gjestedøgn i 2007. I perioden 2003-2007 vaks talet på overnattingar med heile 17 %. Nordmenn sto for 68 % av overnattingane. 163 820 av overnattingane var på campingplassar og hytter i 2007 i desse tre kommunane. Lom er den av dei tre kommunane med flest gjestedøgn; 152 414 i 2007. I 2007 var det 95 914 registrerte overnattingar i Luster kommune. Det var ein auke i talet på overnattingar på 8 % i perioden 2003 – 2007. 65 % av dei besøkjande var utanlandske i 2007. Dei to viktigaste overnattingsformene er hytter (41 %) og hotell (34 %).

NINA deler turismen inn i og rundt Breheimen i fire hovudtypar - *Vegbasert rundreiseturisme*, *Overnattingsverksemd*, *Gards- og seterturisme* og *Aktivitetsturisme*. Desse formene for reiseliv har ulike føresetnader, tradisjonar og marknader, sjølv om dei også overlappar i varierende grad. På ein skala frå nasjonal – regional – lokal verdi vert reiselivsinteresse vurdert til å vere av både nasjonal, regional og lokal tyding.

Tabell over verddivurdering av utgreiingsområdet for ulike former for reiseliv:

	Geografisk betydning	Verdi
Rundreiseturisme	Nasjonal	Stor
Overnattingsturisme	Regional	Middels
Gardsturisme	Lokal	Liten-Middels
Aktivitetsturisme	Regional	Liten-Middels
Samla vurdering	Nasjonal, regional og lokal	Stor

1.4.5 Hytter og andre bygningar

Lokalisering og talet på hytter og andre bygningar

Det er registrert om lag 160 hytter og andre bygningar innanfor framlegget til vern i Breheimen. Kart over området med bygningar fordelt på bygningskategoriar er vist i vedlegg.

I Luster har ein oversikt over ca. 90 bygningar innafor verneframlegget der stølane i Mørkridsdalen utgjer den største bygningsmassen (Osen med hyttefelt er trekt ut av verneframlegget). I Skjåk kommune er det om lag 60 bygningar innanfor verneframlegget. I tillegg til ein del setrer er det også relativt mange buer, og ein del av desse står opne for ålmenta. Mysubytta, Lundadalvatnet og Ytste Lundadalseter er områda med flest bygningar, med til saman 16 setrer, 5 hytter og 8 naust. I Lom kommune er det om lag 15 hytter innafor verneframlegget. Heile hyttefeltet ved Bøvertjønnin er trekt ut av verneframlegget. I Nordre og Søre Høydalen i det føreslåtte Høydalen landskapsvernområde er det ei turisthytte, 7 setrer og 2 hytter.

Det er om lag mellom 15 og tilsyns-/beite-/gjeterbuer innafor framlegget til vernegrensar, litt etter korleis desse vert definert. Det er nemleg ei rekkje byggverk som fell inn under kategorien buer som er av enklare karakter, mange er gamle og fell inn under kulturminnelova.

Mange av bygningane på stølane har høg alder og er i god stand, m.a. bygningar på Mysubytta. I Luster er det 14 stølsområde med ein eller fleire bygningar bygd før 1900. På Fast er det sel frå

1600-tallet. Ingen av hyttene og setrene innafør verneframlegget har elektrisk straum, men kan ha solcellepanel.

DNT-hyttene er skildra i kapittel 1.4.3 *Friluftsliv*. I tillegg er det fleire opne buer og hytter innafør framlegget til vernegrenser. Dei fleste i Skjåk, men det er og ei i Jostedalen statsallmenning (ved Holmavatnet (Luster) og 3 frittliggjande buer i Lom. Dei fleste buene er av nyare dato, med enkel standard, utan elektrisk straum. Buene i Skjåk er låste utanom under villreinjakta. Buene vert imidlertid leigt ut til jegerar, fiskarar og andre fjellvandrarar også resten av året. Bruken av opne hytter og buer er vanleg lokalt.

Tal for utleigedøgn for Skåk Almenning sine buer innafør framlegget til vernegrenser (overnattningar under reinsjakta inngår ikkje i statistikken):

Hytter	2005	2006	2007
Grønnstorbue	28	17	9
Sottjønnbue	20	13	1
Glitterbue	32	18	17

Bruken av private hytter og setrer (stølar)

Bruken av fritidsbustader vil variere med tilgjenge. Både om hytta eller setra ligg ved bilveg og reiseavstand heimafrå vil påverke bruken.

NINA vurderer verdien av hytter og bygningar slik (m.a. ut får talet på bygningar i det einsskilde område):

Delområdenr	Delområdenavn	Dagens verdi
1	Mørkridsdalen	Svært stor
2	Osen/Åsetvatnet/ Ofsarvatnet	Svært stor (utanfor framlegg til grenser)
3	Vigdalen	Middels
4	Bøvertjønnin/ Bøvertvatnet	Stor (utanfor framlegget til grenser)
5	Høydalen	Stor
6	Lundadalen	Middels
7	Mysubytta/Surtbyttaldalen	Stor
8	Glittervatnet	Middels
9	Langvatn/ Vassvendtj./Heilstugguvt	Middels
10	Alle andre område i omr.	Ubetydeleg

Dei mange DNT-hyttene og allmenningshytter/buer som er opne for ålmenta, fører til mykje bruk av området både av nasjonale, regionale og lokale brukarar. På bakgrunn av dette vurderer NINA området sin samla verdi for hytter/hyttebruk til middels.

1.4.5 Forsvaret

Framlegget til vern omfattar område som Forsvaret nyttar noko til lågtflyging. Breheimenområdet er viktig på linje med andre område som ikkje har spesielle restriksjonar på lågtflyging. Alliert treningssenter sør nyttar Breheimenområdet sporadisk til lågtflyging med helikopter i og omkring dal- og fjellformasjonar. Det går ikkje føre seg militær øvingsaktivitet innanfor dei føreslåtte verneområda pr. i dag. Forsvaret Møre og Fjordane Heimevernsdistrikt 11 har gjeve melding om at verneplanen ikkje vil få tyding for deira planar og bruk av aktuelt terreng.

1.4.6 Energiforsyning

I kraftproduksjonssamanheng representerer verneframlegget frå naturen si side store potensielle verdiar i Luster kommune, langt mindre verdiar i Lom og Skjåk. Nedbør kombinert med landskapet sitt relieff, gjev likevel ei sterk forenkling av biletet. Eit arealmessig omfattande vassdragsvern (ca. 70% av området), lite infrastruktur, relativt høg utnyttingsgrad allereie utanfor verna vassdrag, og

sterke politiske signal mot store vasskraftprosjekt, er hinder som allereie i utgangspunktet reduserer området sin samla verdi for nye store vasskraftprosjekt. Viss ein derimot ser på effektiviseringstiltak i form av opprusting og utviding av eksisterande anlegg, så representerer verneframlegget noko større potensiell verdi. Dette er tiltak som har politisk aksept, men der det relativt omfattande vassdragsvernet likevel avgrensar eventuelle utvidingar ved overføring i følgje Miljøfaglig Utredning.

Verneframlegget har potensiell verdi som arena for småkraftverk <10 MW innstallert effekt. Mikro- og minikraftverk (<1 MW) kan unntaksvis også etablerast i verna vassdrag så framt inngrepa ikkje "svekker" verneverdiane i vassdraget. Småkraftverk vil ofte vere av stor lokal verdi og representere ein vesentlig inntekt for den enkelte private fallrettshavar. Det føreligg konkrete planar om småkraftverk som berører verneframlegget. I Skjåk kommune er det planlagt eit småkraftverk med inntaksdammen plassert litt innanfor den føreslåtte nasjonalparken.

Viss ein ser bort frå dei konkrete planane, så er det største potensialet, bortsett frå Mørkridsvassdraget som er varig verna, knytt til fallet mot Jostedalen og Fortundalen i Luster kommune.

Det er ei aukande nasjonal interesse for mikro-, mini- og småkraftverk. Miljøfaglig utredning viser til at dei politiske signala på området har likevel vore noko uklare i den siste tida, med framlegg om ei hardare skattlegging av produserande anlegg ved senking av innslagspunktet for grunnrenteskatten og i beste fall en utsetting av ordninga med "Grøne sertifikat". I dette biletet inngår samstundes NVE si strenge handtering av vassdragsvernet i konsesjonshandsaminga av mikro- og minikraftverk. Det er dessutan registrert lita interesse i dag for småkraftutbygging innanfor dei delane av området som ligg i Lom og Skjåk kommunar. Luster kommune har fått utarbeidd ein eigen kommuneplan for småkraftutbygging, og Luster kommune har truleg i følgje NVE det største potensialet for småkraftutbygging av kommunane i landet. Det er ingen kjente prosjekt i denne planen som ligg innanfor området. Utgreiingsområdet potensiale for bygging av småkraftverk representerer liten til middels verdi i følgje Miljøfaglig utredning. Det er ikkje registrert planar eller uttrykte behov for ny linjeframføring innanfor området.

Det er ingen kraftlinjer innafor verneframlegget. Statnett si 300 kV linje og AS Eidefoss sin 20 kV linje ligg like utanfor framlegget til grenser. Dei låg delvis innanfor utgreiingsområdet, og utgreiingsområdet vart difor vurdert til å representere middels verdi for kraftforsyning i konsekvensutgreiingane.

Kraftselskapa si drift av nokre anlegg inntil og dels innanfor verneframlegget i form av snømåling og ettersyn, krev motorferdsel. Det vert brukt snøskuter og helikopter. Området representerer middels verdi for denne aktiviteten.

Samla for temaet Kraftressursar representerte utgreiingsområdet liten/middels verdi.

1.4.7 Samferdsle

Vegar

Det er fleire vegar som går inn til området. Det er tre vegar som går vidare innover i føreslåtte landskapsvernområde:

- Gamle Strynefjellsveg (Strynefjellet landskapsvernområde)
- Veg til Mysubytta (Mysubytta landskapsvernområde)
- Veg til Nordre Høydalsseter og vidare til Bukkabotnen (Høydalen landskapsvernområde)

Vegane til Mysubytta og inn til Nordre Høydalsseter og Gamle Strynefjellsveg er vurderte til å ha stor verdi av utgreiar, anleggsvegen til Bukkabotnen liten verdi (kan ikkje køyrast med vanleg personbil).

I Skjåk kommune går delar av gamle Strynefjellsveg gjennom det føreslåtte Strynefjellet landskapsvernområde i nord, mellom Grotli og Tystigen. Vegen har grusdekke og stabbesteinar. I vinterhalvåret er vegen stengt. Strynefjellsvegen er frå 1894 og er ein av fire offisielle nasjonale turistvegar i landet. Nasjonale turistvegar skal vere strekningar der det gode samspelet mellom vegen og det unike landskapet fører til at køyreturen blir variert og rik på opplevingar. Drift og vedlikehald av nasjonale turistvegar skal gjerast med minst moglig inngrep i eksisterande veg. Tiltak og utbetring av vegane blir fastlagt ut i frå ei vurdering av framkomst, trafikktryggleik og miljø, kor omsynet til landskapskvalitetane skal vega tungt. Vegen er nasjonal turistveg, og er med i Statens vegvesen sin nasjonale verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne av juli 2002.

Frå Sota sæter og inn til Mysubytta i Skjåk er det ein grusveg på om lag 7 km. Det er vegavgift for å køyre på vegen. På årsbasis er trafikken på denne vegen ca. 500 betalande køyrety. I tillegg kjem dei med bruksrett som er fritatt for avgift. Fram til Sota er vegen open for alminneleg ferdsel og er avgiftsfri. Mysubytta og Sota er populære utgangspunkt for turar i fjellheimen. Vegen er viktig for drifta av Mysubytta i samband med landbruksnæring.

I Lom er det ein 6 km lang grusveg med vegavgift på nordsida av Høydalsvatnet frå Vassenden og inn til Nordre Høydalsseter. Vegen inn til Nordre Høydalsseter blir brukt for å kome til setrene. Vegen er viktig for landsbruksnæringa. Vidare frå Nordre Høydalsseter går det ein kjerreveg 5 km inn til Bukkabotnen. Vegen var brukt som anleggsveg i samband med kraftutbygginga. Den er no delvis attgrodd, og det er ikkje mogeleg å køyre på denne med vanleg personbil. Kraftverkselskapet har transportmiddel som kjem fram på vegen om det er nødvendig.

På strekninga mellom Krossbu og vestsida av Bøvertovatnet går dei føreslåtte vernegrensene like inntil rv.55, men vegen med grøfter er utanfor området som er føreslått verna. På nordsida av rv.55 ved Bøvertovatnet har Statens vegvesen bygd to rassikringsvollar. Rassikringsvollane er vurdert til å ha stor verdi av utgreiar.

I samband med verneplanarbeidet vart det vurdert 5 lokalitetar for uttak av masse; fire i område ved Liavatnet – Sota – Mysubytta (for vegen frå Sota sæter inn til Mysubytta) og eit ved Høydalsvatnet (for vegen inn til Nordre Høydalsseter). Førekostane som er eigna til slitelagsgrus er skildra ut i frå kvalitet og mengder. Konklusjonane i rapporten frå vurderingane er at det er mest aktuelt å bruke fjellførekomsten i Kleivberget og masseførekomsten ved Baksidabrennsætra, som begge ligg utanfor dei føreslåtte verneområda. Rapporten konkluderer med at førekostane som ligg innanfor dei føreslåtte verneområda, ikkje bør utnyttast. Årsaka er varierende kvalitet på massane, små mengder og at uttak vil føre til store sår i landskapet.

I Luster kommune er det fleire vegar som går inn mot grensa for verneframlegget, men ingen vegar går vidare inn i området. Vegane inn til området blir brukt av grunneigarar i samband med utnytting av områda til dyrking, for beitedyr og utnytting av utmarka. I tillegg blir vegane mykje brukt av turistar som vil inn i fjellområdet.

Bilvegane inn mot og i området blir brukt av grunneigarar i samband med utnytting av områdene til dyrking, for beitedyr og utnytting av utmarka. I tillegg blir vegane mykje brukt av turistar som vil inn i fjellområdet.

Telekommunikasjon

I Skjåk kommune er det ei mast for kommunikasjon av data frå øvre Otta sitt magasin ved Rauddalsvatnet (utanfor verneframlegget) og ei mobiltelefonmast ved Grotli hyttefelt ved Vassvendegge (like utanfor den føreslåtte grensa for nasjonalparken, ikkje innafør slik det står i skissa til forvaltningsplan). På vestsida av Liavatnet er det ei mobiltelefonmast som ligg like utanfor verneframlegget. I Luster kommune det ein telereflektor på vestsida av Fortunsdalen innafør verneframlegget. I Lom kommune er det ein reflektor for radiosignal på Blåhø ved Høydalsvatnet, innafør framlegget, og ei mobilmast ved Krossbu like utanfor verneframlegget. Erfaringsmessig er det

lite behov for vedlikehald av denne typen telekommunikasjonsutstyr. Telekommunikasjonane er vurdert til å ha stor verdi av utgreiar.

1.4.8 Motorferdsle

Vegane i området er skildra i kapittel 1.4.7 *Samferdsle*.

Motorferdsel i utmark er generelt strengt regulert gjennom lov og forskrifter, og det har vore ei relativt streng praktisering av lovverket lokalt. Aktiviteten er relativt liten i dag innanfor framlegget til grenser. Det er få dispensasjonssøknadar i alle dei tre kommunane, og det er ikkje påvist vesentleg auke i talet på sakar dei seinare åra. Ein viktig årsak er terrengtilhøva som gjer bruk av motorkøyretøy lite attraktiv. Ei anna årsak kan vere at kommunane har innført leigekøytingsordning, noko som fjernar litt av motivet for å kjøpe eigen skuter.

I samband med jordbruksdrift og beiting vert salt og materialar til gjerde transporterte med snøskuter. Det skjer også motorferdsle til bygningane i området, både for frakt av utstyr, ved og proviant, og til bygningen i seg sjølv, til dømes i samband med vedlikehald. Det vert nytta snøskuter og mindre gravemaskiner i samband med vedlikehald av vatningsanlegg. Det vert elles nytta noko motoriserte køyretøy for transport av felt storvilt (elgtrekk) og i samband med fiskekultiveringstiltak i områda. I samband med vedlikehald av bruer og klopper vert det også nytta snøskuter.

Bruk av snøskuter er elles viktig i samband med dagleg tilsyn av tamrein. Dette er gjeld innafor dei føreslåtte grensene i Lom kommune om vinteren.

Rovviltforvaltninga har stor nytte av motorferdsle i arbeidet med bestandsregistrering av jerv innanfor verneforslaget.

Lokalt fjelloppsyn utfører nødvendig vedlikehaldsarbeid på eigne hytter samt nokre skjøtselsoppgåver om vinteren med bruk av snøskuter. Turisthytter og allmenningsbuer innafor verneforslaget vert som oftast forsynte ved hjelp av snøskutertransport, men nokre også med helikopter. Kvisting av skiløyper er også viktig for bruken totalt sett, og nødvendig motorferdsle kjem skigåarar til nytte.

Forsvaret har ingen aktivitet på bakken innanfor området. Det skjer likevel av og til lågtflyging over Breheimen, først og fremst jagarfly, men også helikopter har hatt øvingstokt i områda.

Røde Kors hjelpekorps har liten aktivitet innanfor området. Røde Kors oppfatar lokalkjennskap som ein viktig del av beredskapen, og må øve der det forventast å kunne oppstå behov for assistanse. Dei tre aktuelle lokale hjelpekorpsa har kvar for seg ei øving årleg eller anna kvart år i området. Øvingsaktiviteten er avgrensa til redningsoppdrag.

Kraftverkseigarar nyttar snøskuter til snømåling og tilsyn med anlegg. Snømåling går føre seg i området Rauddalen-Grotli, medan tilsyn med anlegg går føre seg tett inntil, og nokre stader så vidt innafor framlegget til vernegrenser. Det er få konkrete planar som vil føre til auka motorferdselsaktivitet i området.

Etter at Jostedalsbreen vart verna som nasjonalpark i 1991, er Spørteggbreen nytta mykje meir enn før til filmopptak pga avgrensingane på motorferdsel på og ved Jostedalsbreen.

Samla sett er det nokså lite motorferdselsspørsmål på det føreslåtte verneområdet.

Samla verdi for motorferdsle i utgreiingsområdet vart vurdert som middels av utgreiar.

1.4.9 Anna

Kleberstein

Førekomsten av kleberstein ved Hovdestulfjellet er i NGU-rapporter frå 1966 og 1983 vurdert til å vere av ingen eller marginal økonomisk verdi. Det er ikkje registrert nyare vurderingar av førekomstane og det ligg pr. i dag ikkje føre kjende planar om kommersiell utvinning av kleberstein i området. Det er i alt kartfesta 5 historiske klebersteinsbrot innanfor et areal på ca 1 km². Berre ein av desse brotstadene viser i dag tydelege teikn til historisk utvinning. Det er i tillegg munnlege opplysningar om enno eit brot, ca 3 km frå desse.

2 Sakshandsaming

2.1 Bakgrunn

Bakgrunnen for arbeidet med etablering av Breheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat er NOU 1986:13 *Ny landsplan for nasjonalparker*, St.meld.nr. 62 (1991-92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge* og Innst. S. nr. 124 (1992-93) med same namn.

2.2 Saksgang, organisering og medverknad

Fylkesmennene i Oppland og Sogn og Fjordane fekk i 2005 oppdrag frå Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning å utgreie vern i Breheimen – Mørkridsdalen, og starta då opp arbeidet. Før oppstart av planarbeidet hadde Fylkesmennene kontakt med mellom anna dei aktuelle kommunane og fylkeskommunane og grunneigarrepresentantar for innleiande drøftingar og for å diskutere måtar å organisere arbeidet på.

Melding om oppstart av arbeidet med føreliggjande verneplan for Breheimen-Mørkridsdalen vart sendt ut i november 2005. Utarbeidinga av framlegget har skjedd i tett kontakt med kommunane og dei mest aktuelle etatane, organisasjonane og grunneigarane. Til støtte for dette arbeidet har fylkesmennene samarbeidd med tre lokale referansegrupper/arbeidsgrupper (ei i kvar kommune) og eit felles interkommunalt kontaktutval, oppretta i samband med verneplanprosessen. Desse gruppene har bidrege med kunnskap om området og har hatt ein rådgivande funksjon. I kontaktutvalet har dei tre ordførarane vore med, og at dei har hatt med seg to representantar kvar. I tillegg har dei tre ordførarane hatt eit eige kontaktforum for verneplanarbeidet. Fylkesmennene har og hatt dialog med andre i arbeidet ved mellom anna synfaringar og ved at det har vore arrangert opne informasjonsmøte og opne kontordagar lokalt under planleggingsfasen.

Fylkesmennene vil og arrangere opne informasjonsmøte lokalt i høyringsperioden og ha møte med referansegruppene og kontaktutvalet før fylkesmennene sender si endelege tilråding om vern til Direktoratet for naturforvaltning etter høyringa.

På grunnlag av dei samla høyringsuttalane vurderer DN om konsekvensutgreiinga skal godkjennast. Saman med godkjenninga av konsekvensutgreiinga gir DN si tilråding om vern til Miljøverndepartementet (MD). På grunnlag av tilrådingane frå fylkesmennene og DN gjer MD ei endeleg vurdering av verneframlegget. Forslaget vert så sendt på forelegging til andre departement, før saka vert vedteken i Kongeleg resolusjon (Statsråd).

2.3 Administrative og demografiske tilhøve

Oppland fylke

Oppland fylke har et areal på 25 192 km² og ein befolkning på 183 637 personar pr. 01.01.2008. Lillehammer er administrasjonssenteret. Dei siste tjue åra har folketalet vore nokså stabilt på litt i overkant av 180 000 innbyggjarar.

Tradisjonelt har primærnæringane vore viktige i Oppland, med sine breie bygder, store skogområde og aktiv seterdrift. Fylket har også lenge både vore stort og nyskapande innanfor industri. Reiseliv og turisme er ein viktig ressurs for fylket, kanskje spesielt grunna store fjellområde og nasjonalparker, særigne bymiljø (Lillehammer) og auka fokus på gardsturisme. Rekna i tal gjestedøgn er Oppland landets viktigaste turistfylke etter Oslo.

Fylket er uvanleg fjellrikt, og av arealet på vel 25 000 km² ligg berre 5109 km² under 600 moh.

Av arealet i Oppland er 5 365 kvadratkilometer verna, som er 21 prosent av det totale arealet i fylket (pr 01.01.2007).

Skjåk kommune

Skjåk kommune har eit areal på 2 076 km². Pr 01.01.2008 var det 2 331 innbyggjarar i Skjåk. Det er ein tettstad i kommunen, kommunesenteret Bismo, med 500 innbyggjarar. Bygda ligg langs ein av dei viktigaste ferdselsårene mellom Stryn og Nordfjord, Geiranger og Sunnmøre og dei andre Ottadalskommunane i aust, Vågå og Lom. Landbruksbygda med mange gardar ligg i eit breitt dalføre med høge fjell på båe sider, furumoar og bratte lier og i dalbotnen elva Otta.

Om lag 17% av innbyggjarane er tilknytte primærnæringane, 25% til sekundærnæringane og 57% i tertiærnæringane. Tradisjonsrike produkt er Skjåkmjøl, Skjåkpølse, Skjåkskinke, Skjåkmøbler, Skjåkpanel, laft, treskurd og rosemaling.

Av arealet i Skjåk er 567 kvadratkilometer verna, som er 27 prosent av det totale arealet i kommunen (pr 01.01.2007).

Lom kommune

Lom kommune har eit areal på 1969 km². Pr 01.01.2008 var det 2407 innbyggjarar i kommunen. Fossbergom er kommunesenteret i Lom. Andre busetjingssentra i kommunen er Garmo og Bøverdalen. Riksveg 15 går gjennom kommunen, og riksvegen over Sognefjellet startar i Fossbergom. Dei høgaste fjelltoppane i Noreg finn ein i Lom, mellom anna Galdhøpiggen og Glittertind.

Kommunen er den største arbeidsgjevaren, medan jord- og skogbruk er den største enkeltnæringa i Lom. Like eins er turisme og reiselivsnæringa ei viktig økonomisk berebjelke som gjev arbeid til mange. Om lag 15% er tilknytt primærnæringane, 21% til sekundærnæringane og 63% i tertiærnæringane.

Av arealet i Lom er 896 kvadratkilometer verna, som er 46 prosent av det totale arealet i kommunen (pr 01.01.2007).

Sogn og Fjordane fylke

Sogn og Fjordane fylke har eit areal på ca 18634 km² og hadde ein befolkning på 106 194 pr. 1.1.2007. Leikanger og delvis Førde er administrasjonssenter. Dei siste tjue åra har folketalet vore nokså stabilt, utan å auke. Tradisjonelt har primærnæringane med jordbruk, fiske og oppdrettsnæring vore viktige i fylket. Her er også ein del industri, t.d. metallindustri og skipsbygging. Reiseliv og turisme er ein viktig ressurs for fylket, spesielt p.g.a. store fjell- og breområde, fjordar. Her er landskjende nasjonalparkar og område med verdsarvstatus. Her er også rike kulturminne med m.a. stavkyrkjer og helleristingar. Fylket er usedvanlig fjellrikt, og av arealet på vel 18600 km² ligg 7304 km² under 600 moh. Av arealet i Sogn og Fjordane er 2894 km² verna, dvs. ca. 16% prosent av det totale arealet i fylket (pr 01.01.2007).

Luster kommune

Der den lengste fjorden i Europa, Sognefjorden, strekkjer seg innover i landet i møte med Jostedalsbreen og Jotunheimen, ligg Luster kommune. Luster er med ei utstrekning på 2702 km² og 4870 innbyggjarar (pr.1.1.2008) mellom dei største kommunane i Sør-Noreg. Her ligg også store delar av Breheimen, Jostedalsbreen, Jotunheimen og indre del av Sognefjorden: Lustrafjorden. Kommunesenteret ligg i Gaupne.

Av arealet i Luster er ca. 823 km² verna etter naturvernlova, dvs. ca. 30,4% av landarealet i kommunen (pr. 1.01.2007).

Jordbruk har tradisjonelt vore den viktigaste næringa i kommunen med mykje kjøt og mjølkeproduksjon. I dag er Luster den største sauekommunen i Sogn og Fjordane. Fruktdyrkinga har minka, men til gjengjeld har jordbær og bringebærproduksjonen auka sterkt. Luster er også ein av dei største vasskraftkommunane i Noreg. Her er også noko industri.

For natur- og kulturinteresserte er Luster eit eldorado. Reiselivet er difor vorte ei viktig næring, med godt utbygde hotell, gjesteheimar, pensjonat, campinganlegg og hytteutleige.

2.4 Planstatusen til områda

2.4.1 Kommuneplanar

Skjåk

Skjåk kommune har godkjend kommuneplan med arealdel for perioden 2006-2016. I arealdelen ligg dei føreslåtte verneområda innanfor LNF-område (landbruk, natur, friluft). Avgrensinga av utgreiingsområdet for vern er markert på arealdelen. Innanfor LNF-området er det 9 spreidde delområde der naturvernomsyn skal være dominerande – 7 kalvingsområde for villrein, eit reintrekkområde og eit biologisk mangfald-område. Det er markert eit delområde (vest for Glittervatnet) der omsynet til friluftsliv skal vere dominerande. Mange av vatna innanfor dei føreslåtte verneområda er markert som LNF-område i sjø og vassdrag eller Natur- og friluftsområde i sjø og vassdrag.

Lom

I kommuneplanen for Lom sin arealdel for 2003-2013 ligg heile verneframlegget innanfor område avmerka som "LNF1 - uten bestemmelser", bortsett frå ein reguleringsplan for eit mindre område ved Bøvertjønnin. Ved Bøvertjønnin ligg er det eit hyttefelt. Hyttene ligg utanfor den føreslåtte vernegrensa, men eit delområde som er under regulering for 6-8 nye hyttetomter ligg innanfor grensa til det føreslåtte naturreservatet. Av kommuneplanen går det fram at det innanfor LNF-områda er forbod mot bygging som ikkje er knytt til primærnæring, i hovudsak landbruk. Kommuneplanen legg opp til ein restriktiv politikk når det gjeld hyttebygging. Lom er blant dei kommunane i landet som har vore med i forsøket med ny forvaltningsordning for motorferdsel i utmark. Kommunen har ein eige kommunedelplan for motorferdsel. Reglane for motorferdsle er innordna i kommuneplanen og på plankartet. Reglane gir rom for nyttetransport etter retningslinjer med ei streng haldning til motorferdsel innanfor sårbare høgfjellsområde. Det meste av dei føreslåtte verneområda er innanfor område som er avmerka som slike "sårbare område for motorferdsel". Samfunnsdel av kommuneplanen for Lom 2008-2020, kor natur og kultur er sentrale element, vart vedteken av Lom kommunestyre i 2007.

Luster

Kommuneplanen sin generelle del, for perioden 2007 - 2018, vart vedteke av kommunestyret i 2007. Arealdelen er frå 1991, vedteke vidareført i 1998, med unnatak av arealdel for kommunesenteret Gaupne, som vart vedteke av kommunestyret i 1999. Dei føreslåtte verneområda er i gjeldande arealdel innanfor LNF-område.

Planar under utarbeiding

I praksis er heile utgreiingsområdet for vern bandlagt inntil arealbruken vert avklara i vernesaka. Det er sannsynleg å anta at område som eventuelt ikkje vert verna, vert LNF-område igjen.

Kommunedelplan for Fossbergom frå 2003 er under rullering no, men avgrensinga av denne kjem ikkje inn i den føreslåtte nasjonalparken.

Luster kommune er i gang med arbeidet med revisjon av arealdelen. Den reviderte arealdelen blir truleg ferdig vinteren 2009.

2.4.2 Fylkeskommunale planar

Det er ingen fylkeskommunale planar i strid med framlegg om vern i desse områda.

2.4.3 Eksisterande verneområde

Det er ingen eksisterande verneområde innanfor dei områda som vert føreslått som verneområde. Delar av den føreslåtte nasjonalparken grensar inn til Jostedalsbreen nasjonalpark og Honnsrøve naturreservat.

2.4.4 Verna vassdrag

Mørkrisdalselvi vart verna i Verneplan III for vassdrag. Bøvri, Ostri m/Tundra, Skjøli og Strynevassdraget vart verna gjennom verneplan IV, medan Måråi, Åfåtgrovi og Glitra vart verna i suppleringa av Verneplan for vassdrag.

2.4.5 Kraftutbygging

Det er ingen godkjende planar om kraftutbygging innafor dei føreslåtte vernegrensene.

Prosjekt som kan vere aktuelle og som kan kome i konflikt er omtalt i kap. 3.5.6 *Kraftressursar* og 4.9 *Innspel og merknadar undervegs i verneplanprosessen*

2.5 Eigedomstilhøve

Verneframlegget (jf. kapittel 4) omfattar totalt ca. 1796 km². Verneframlegget omfattar deler av kommunane Skjåk (54 % av arealet i verneframlegget) og Lom (15 %) i Oppland og Luster (31 %) i Sogn og Fjordane (sjå tabell under). Alt er landareal. 72 % er privat grunn og 28 % er statleg grunn. Den statlege grunnen er i dei vestre delane av Lom og dei nordlige og austlige delane av Luster. I Skjåk er alt areal innanfor utgreiingsområdet privat grunn, med Skjåk bygdeallmenning som største grunneigar (948 km² av arealet i verneframlegget).

Fordeling av statleg og privat grunn i verneframlegget:

	Areal totalt	Areal statsallmenning
Strynefjellet landskapsvernområde	11,79 km ²	0
Mysubytta landskapsvernområde	5,580 km ²	0
Røykjeskålvatnet naturreservat	7,483 km ²	0
Høydalen landskapsvernområde	11,08 km ²	11,08 km ²
Høyrokampen naturreservat	9,924 km ²	9,924 km ²
Breheimen nasjonalpark Oppland	1192,64 km ²	151,11 km ²
Breheimen nasjonalpark Sogn & Fj	513,89 km ²	324,67 km ²
Breheimen nasjonalpark totalt	1706,54 km ²	475,79 km ²
Mørkridsdalen landskapsvernområde	14,27 km ²	0
Vigdalen landskapsvernområde	29,37 km ²	1,202 km ²

Skjåk kommune:

Kommunen sitt totale areal:	2074,05 km ²
Verna areal i Breheimen totalt:	968,46 km ² (46,7 % av kommunen)
nasjonalpark:	943,61 km ²
landskapsvernområde:	17,37 km ²
naturreservat:	7,48 km ²

Lom kommune:

Kommunen sitt totale areal:	1967,05 km ²
Verna areal i Breheimen totalt:	270,04 km ² (13,7 % av kommunen)
nasjonalpark:	249,03 km ²
landskapsvernområde:	11,08 km ²
naturreservat:	9,92 km ²

Luster kommune:

Kommunen sitt totale areal:	2804,33 km ²
Verna areal i Breheimen totalt:	557,54 km ² (19,9 % av kommunen)
nasjonalpark:	513,89 km ²
landskapsvernområde:	43,64 km ²

Del B Konsekvensutgreiing

3 Konsekvensutgreiingar

Vurderingane i dette kapitlet gjeld om heile utgreiingsområdet vert verna, med dei reglane og utgreiingsalternativa som vert nytta under konsekvensvurderingane. Dette er gjort for å få fram heile spekteret av moglege utfall. Det endeleg forslaget frå fylkesmennene til mellom anna grenser og forskrifter er skildra i kapittel 4 *Framlegg til verneplan*. Konsekvensvurderingane i dette kapitlet (kapittel 3) passar difor ikkje fullt ut med framlegget til vern, då forslaget frå fylkesmennene inneheld justeringar av verneformer, grenser og forskrifter etter innspel frå kommunane, grunneigarar, brukarar og andre interesserte gjennom møte og synfaringar, og etter å ha følgd opp forslag til avbøtande tiltak i konsekvensutgreiingane. For nærare detaljar om utgreiingsområdet; sjå kartvedlegg og kap. 4.2.

3.1 Konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova

Krav om konsekvensutgreiing er heimla i kapittel VII-a i plan- og bygningslova. Verneframlegget omfattast av krav til konsekvensutgreiingar etter § 33 i plan- og bygningslova, jf. forskrift av 1. april 2005 om konsekvensutredningar. Der går det fram at etablering av verneområde over 500 km² automatisk utløyser krav om konsekvensutgreiing. Utgreiingsområdet for vern i Breheimen-Mørkridsdalen var på om lag 1800 km², og det har difor vore utarbeida konsekvensutgreiing i denne saka. Det kan ikkje fattast vedtak om vern eller planvedtak knytte til vernet før utgreiingsplikta er oppfylt. Som ansvarleg styresmakt, er det Direktoratet for naturforvaltning som avgjer om plikta er oppfylt. Fylkesmannen som tiltakshavar kan få pålegg om nærare undersøkingar før, under eller etter vernevedtaket. Dette for å motverke eller klarleggje eventuelle negative verknader av vernet.

Formålet med konsekvensutgreiingar er å klargjere verknader av tiltak som kan ha vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal sikre at desse verknadene blir teke med under planlegginga av tiltaket og når det skal takast stilling til om, og eventuelt på kva for vilkår tiltaket skal gjennomførast.

3.2 Grunnlag for konsekvensutgreiinga

Det er Direktoratet for naturforvaltning som gjennom eit utgreiingsprogram fastsett kva for tema som skal konsekvensutgreiast i vernesaker. I samsvar med utgreiingsprogrammet vart det bestemt at følgjande 13 tema skulle utgreiast i Breheimenområdet:

- Naturmiljø
- Villrein
- Landskap
- Kulturminne og kulturmiljø
- Landbruk og tamrein
- Kraftressursar
- Råstoffutvinning av kleberstein ved Hovdestulfjellet
- Friluftsliv og naturoppleving
- Reiseliv
- Hytter og andre bygningar
- Samferdsle
- Motorferdsle
- Lokalt tilhøyr og framtidig forvaltning

Utgreiingane i kap 3.5 skal få fram konsekvensane for miljø, naturressursar og samfunn av 0-alternativet (ikkje vern), og alternativa med vern; 1A, 1B og 2 (sjå kapittel 3.4). Eksterne konsulentar

har gjennomført alle konsekvensutgreiingar på oppdrag frå fylkesmennene. Kapittel 3.5 gjev ei samanfating av konsekvensane av dei ulike utgreiingsalternativa. Alle utgreiingane er tilgjengelege på nettstaden www.fylkesmannen.no/breheimen.

3.3 0-alternativet

0-alternativet er situasjonen i dag utan vern. Det vil seie at dagens aktivitets-, plan- og vernestatus skal leggjast til grunn. Konsekvensutgreiinga skal skildre pårekeleg utvikling ut frå faglege utgreiingar, konkrete planar, retningsliner og verkemiddel som er aktuelle. Dersom ein kjenner til at aktuelle rammer eller verkemiddel vil bli endra i nær framtid, skal utgreiinga ta omsyn til det. I den grad innspel er i samsvar med lovverket i dag, er dette og trekt inn. Tidsperspektivet skal minst vere fram til eit eventuelt vern skal bli vedteke.

Som nemnd innleiingsvis i kapittel 3 er ikkje fylkesmennene sitt framlegg til mellom anna grenser heilt samanfallande med utgreiingsområdet.

0-alternativet som var ein del av grunnlagsmaterialet for konsekvensutgreiingane, er skildra utførleg i eit eige dokument på nettstaden til prosjektet: www.fylkesmannen.no/breheimen. I korte trekk var følgjande med i 0-alternativet ved konsekvensutgreiingane i Breheimen-Mørkridsdalen:

Planstatus, eigedomstilhøve og busetting

Heile utgreiingsområdet er innanfor LNF-område (landbruk, natur og friluft) i dei tre kommuneplanane, bortsett frå eit mindre område ved Bøvertjønnin i Lom, som er under regulering for 6-8 nye hytter. Det er lagt til grunn at utgreiingsområdet i praksis er bandlagt inntil arealbruken er avklart i vernesaka. Det er sannsynleg at område som ikkje vert verna, vert LNF-område igjen.

I utgreiingsområdet er 73 % privat grunn og 27 % er statleg grunn. Den statlege grunnen er i dei vestre delane av Lom og dei nordlege og austlege delane av Luster. I Skjåk er alt areal innanfor utgreiingsområdet for vern privat grunn, med Skjåk bygdeallmenning som største grunneigar.

Det er ikkje fast busetting innanfor utgreiingsområdet.

Landbruk og tamreindrift

Det er ingen gardsbruk innanfor utgreiingsområdet. Landbruksinteressene i området er tradisjonelt knytte til beiting og seterdrift, med noko fôrproduksjon. Det er lite produksjonsskog innanfor utgreiingsområdet, og aktiviteten i skogen er knytt til uttak av ved og røter til tjærebrenning. Unntaket er området frå Sota til Mysubytta som har lauvskog med middels bonitet og barskog med låg bonitet. Det ligg noko innmarksareal innanfor utgreiingsområdet i Mørkridsdalen i Luster, ved Mysubytta i Skjåk og i Søre og Nørdre Høydalen i Lom. I Luster er det mange nedlagde setre innanfor utgreiingsområdet spesielt i Mørkridsdalen. I Skjåk og Lom er det nokon få setrer innanfor utgreiingsområdet, med aktiv drift på Mysubytta i Skjåk og Nørdre Høydalen i Lom. Bruken av området er knytt til beiting, tekniske anlegg (buer, naust, gamle veger, bruer, vassvegar, gjerde, saltkasser, garnkasser), ferdslar knytt til tilsyn med dyr på beite og vedlikehald av bygg og anlegg.

Lom tamreinlag har om lag 2400 dyr i vinterflokk. Tamreinlaget nyttar høgfjellsområda i Jotunheimen og Breheimen i Lom kommune til beite. Delar av utgreiingsområdet i Lom vert nytta til vinterbeite frå slutten av desember til byrjinga av april. Tamreinlaget nyttar faste ruter for å drive flokken inn og ut av området. Når reinen er på vinterbeite, nyttar tamreinlaget snøskuter dagleg i tilsynet av flokken. Dei køyrer ikkje på barmark i beiteområdet, og helikopter vert ikkje nytta innanfor utgreiingsområdet.

Kraftutbygging

Det er ingen regulerte vatn eller vasstrengar som er påverka av kraftutbygging innanfor utgreiingsområdet, med unntak 3 øvst i Vigdalen og 1 bekkeinntak i Sprongdalen i Luster. Det er

ingen mini- eller mikrokraftverk innanfor utgreiingsområdet. Åtte vassdrag i området er verna gjennom verneplan for vassdrag. Nedbørsfelt til desse dekker om lag 70% av utgreiingsområdet.

Deler av øvre Otta inngår i Samla plan. Det er der angitt ein mogleg vasskraftplan knytt til det regulerte Rauddalsvatnet i Skjåk. Rauddalsvatnet er utanfor utgreiingsområdet. Ei eventuell tilleggsregulering her med heving av vasstand, som var blant alternativa i Samla planrapport for Øvre Otta i 1984, vil gi ein ny øvre vasstand som går inn i utgreiingsområdet.

Det er to kraftliner som delvis går innanfor utgreiingsområdet; ei i Luster og ei i Lom. Ved Bukkabotnen i Lom er det eit tunnelinnslag og ein massetipp. NVE har og ein anleggsveg frå Høydalen og inn til tunnelinnslaget.

Luster kommune har utarbeidd kommunedelplan for små kraftverk. For Luster er det fire elvar som er vurderte med utbyggingspotensial, og som kan komme i konflikt med utgreiingsområdet. Dei aktuelle elvene ligg i Jostedalen og Dalsdalen. Fordi austsida av Jostedalen (Jostedalsutbygginga) har ført til mange bekkeinntak ca. 1150 moh, vil truleg eit verneområde ikkje komme i konflikt med planane i kommunedelplanen.

Grunneigar har idear om eit mikro/minikraftverk nedst i Drivandefossen (sideelv i Mørkridsvassdraget, inngår i det verna vassdraget), som er med i utgreiingsområdet. Grunneigarlag i Mørkridsdalen ønskjer at det skal vere mogleg med forsiktig kraftutbygging i Mørkridselva.

Hydro har idé (men ikkje søkt konsesjon) om mogleg kraftverk inne i Fortundalen ved Øyadn, med eit aggregat på 30 MW. Tanken er då å ta inn vatn frå Spita-fossen-området. Hydro har opplyst munnleg at andre prosjekt også kan bli aktuelle i Fortundalen, og at dei vil ta stilling til kva dei ønskjer å gå vidare med, i løpet av 2007. Merknad: Hydro presenterte i 2008 skisser for eit prosjekt med takrenner under Fortundalsbreen og Harbardsbreen med Illvatnet (som i dag er senkingsmagasin) som magasin.

Lausmassar og steinmateriale

Det er lagt til grunn at det ikkje er drift korkje på lausmassar eller steinmateriale i utgreiingsområdet i dag. Det er førekomst av kleber nordvest for Prestsetra i Lom. Førekomsten har ikkje vore vurdert for kommersiell drift til nå

Reiseliv, hytter og friluftsliv

Alle dei tre kommunane nyttar natur og kultur i sin profilering. Kommunane har til saman om lag 300 000 gjestedøgn i året på hotell, campingplassar og hyttegrender. Det er ei rekke ulike typar overnattingsverksemdar kring utgreiingsområdet; hotell, pensjonat, hytteutleige, campingplassar og vandreheim. Det er lite aktivitetsbasert turisme i Breheimen–Mørkridsdalen.

Det er ein del setrer, buer og hytter i utredningsområdet, om lag 230 bygningar til saman. Generelt fører dei tre kommunane ein restriktiv hyttepolitikk, og gjev sjeldan dispensasjon frå vedtekne planer. Det er ikkje noko spesielt stort utbyggingspress når det gjelder fritidsbustader i utgreiingsområdet.

Utgreiingsområdet er verdfullt for friluftslivet, og då spesielt det enkle friluftslivet. Jakt og fiske er aktivitetar som lokalt er viktig i området. I tillegg til jakt og fiske vert området og til ein viss grad nytta til turrekreasjon både sumar og vinter. DNT har rutenett, både merkte fotturruter, og enkelte merkte vinterløyper, og hytter i utgreiingsområdet.

Det har kome ein del innspel under arbeidet om tilrettelegging og anna som er lagt til grunn i konsekvensutgreiingane, mellom anna ei ideskisse om gondol opp mot Eggjapiken (Lomseggen-området).

Samferdsle

Det er fire bilveggar innanfor utgreiingsområdet for vern. Nord i utgreiingsområdet, mellom Grotli og Tystigen, går delar av Gamle Strynefjellsvegen. Det er ein grusveg frå Sota sæter inn til Mysubytta i Skjåk. I Lom går det ein grusveg innanfor utgreiingsområdet frå Vassenden og inn til Høydalsseter. Vidare derifrå går det ein kjerreveg/anleggsveg (NVE) på inn til Bukkabotnen som er delvis grodd att. Inn til hyttefeltet ved Bøvertjønnin er det ein kort grusveg innanfor utgreiingsområdet.

Eit av delmåla under næringsutviklingsdelen i kommuneplanen for Luster er å få etablert sommaropen turistveg over Handspiki mot Skjåk, mellom Styggevatnet og Sota. Det er i dag ingen godkjend plan for dette.

Motorferdsle

Lom kommune deltek i forsøket med ny forvaltningsordning for motorferdsle i utmark,

Det vert nytta snøskuter til frakt av ved, saltstein båtar m.v.. Elles vert det nytta snøskuter i utgreiingsområdet i samband med m.a. redningsøvingar og både snøskuter og helikopter i samband med tamreindrifta i Lom. Forsvaret nyttar luftfartøy i samband med lågtflygingsøvingar.

Lokalt tilhøyr og framtidig forvaltning

0-alternativet viste til to rapportar som vart laga om dette temaet i samband med utgreiing av vern i Reinheimen.

3.4 Utgreiingsalternativa

Tre ulike alternativ med vern har vore utgreidd, i tillegg til 0-alternativet. Desse tre alternativa er: Alternativ 1A: Nasjonalpark som hovudverneform innanfor utgreiingsområdet, men med landskapsvernområde i følgjande område: Mysubytta i Skjåk, gamle Strynefjellsveg i Skjåk (berre sjølve vegen), Høydalen i Lom, Mørkridsdalen i Luster, Vigdalen i Luster, og naturreservat i følgjande område: Røykjeskålsvatnet i Skjåk, Høyrokampen i Lom og Mørkrid i Luster.

Alternativ 1B: Nasjonalpark som hovudverneform innanfor utgreiingsområdet, men med landskapsvernområde i følgjande område: Mysubytta i Skjåk, gamle Strynefjellsveg (berre sjølve vegen) i Skjåk, Høydalen i Lom og Vigdalen i Luster.

Alternativ 2: Landskapsvernområde i heile utgreiingsområdet.

I områda som er utgreia som nasjonalpark og landskapsvernområde er det nytta justerte standard forskriftsmalar for nasjonalpark og landskapsvernområde. I områder som er utgreidde som naturreservat er det nytta standard forskriftsmal for naturreservat. Forskriftene som er nytta under konsekvensutgreiinga og kart over dei ulike utgreiingsalternativa er tilgjengeleg på nettstaden www.fylkesmannen.no/breheimen. Dei forskriftene som er nytta under konsekvensutgreiinga er ikkje fylkesmennene sine endelege framlegg til forskrifter. Konsekvensane som vert presenterte i kapittel 3.5 er ein del av grunnlaget for fylkesmennene sine forslag til forskrifter som kjem i kapittel 5 og som vedlegg.

3.5 Konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn

Konsekvensane i dette kapitlet er henta frå dei ulike utgreiingane.

3.5.1 Biologisk mangfald/naturmiljø

Konsekvensar av 0-alternativet

Konsekvensane av dei tiltaka som er diskutert spenner frå ingen konsekvens til middels negativ konsekvens. Det er i første rekkje tiltak innanfor kraftressursar, hytter og

samferdsle/telekommunikasjon som vil gi størst negative konsekvensar for biologisk mangfald/naturmiljø.

For naturmiljøet vil takrenneprosjekta verke inn på fleire bekker i eit område som til dels har ein rik berggrunn. Sjølv om det ikkje er registrert verdfulle lokalitetar i området i dag, er det stort potensiale for slike. I tillegg vil spesielt takrenneprosjektet til Illvatnet i Luster virke inn på dei fysiske prosesser kring breane i området, som er vurdert som verdfulle i den geologiske registreringsrapporten. I det planlagde småkraftverket i Nordre Juva i Skjåk er det og potensiale for fuktrevjande artar.

Når det gjeld hytter og andre bygningar, er det knytt størst konflikt til utviding av hyttefeltet ved Bøvertjønnin i Lom. Det kan påverke førekomsten av den raudlista arten aursundløvetann (EN) og redusere areal av rikmyr.

Ved bygging av veg over Handspiki vil eit større naturområde bli delt opp og økt ferdsel kan være negativt for spesielt dyrelivet i området. Bygging av mast i knytt til eksisterande 20kV leidning på Krossbu vil truleg ikkje påverke verdfulle naturtypar. Det er registrert kvartærgeologiske verdjar til morenar i området, men tiltaket vil ha liten verknad på desse.

Når det gjeld motorferdsle så vil det føre til meir støy og uroing. Spesielt vil sårbare fuglearter vere utsette i periodar på året, som rovfugl om våren.

Konsekvensane av 0-alternativet ut over dette er vurdert til å vere ingen til ubetydelege for naturmiljøet.

For naturmiljø/biologisk mangfald vil dei samla konsekvensane av 0-alternativet vere liten negativ til middels negativ.

Konsekvensar av alternativ 1A

Samanlikna med 0-alternativet vil vernet i alternativ 1A ha størst verknad innanfor tema kraftressursar, samferdsle og hytter og andre bygningar. Vernet vil i praksis forby planlagte tiltak som kraftutbygging, ny veg over Handspiki og utvidingar av hytteområde. Vernet vil og forby bruk av motorbåt på vatna.

For naturmiljø/biologisk mangfald vil dei samla konsekvensane av alternativ 1A vere liten positiv til middels positiv.

Konsekvensar av alternativ 1B

For tema naturmiljø vil skilnadene mellom alternativ 1A og 1B vere marginale, mellom anna vil myndighetene i sterkare grad kunne styre landbruket i Mørkridsdalen om området vert verna som nasjonalpark. Under motorferdsle vert det opna for motorisert gjeting av rein i Høyrokampen. Dette vil i praksis ha lite å seie for naturmiljøet så lenge området ikkje vert nytta til reindrift i sumarsesongen.

For naturmiljø/biologisk mangfald vil dei samla konsekvensane av alternativ 1B vere liten positiv til middels positiv.

Konsekvensar av alternativ 2

Verneforskriftene er mildare enn ved nasjonalparkvern, og ein del tiltak kan utførast utan løyve/godkjenning, men gjerne i samsvar med forvaltningsplan. Dette gjeld spesielt i samband med drift og vedlikehald innanfor jordbruket. Skogsdrift kan skje i medhald av godkjent plan. Verneforskriftene vil hindre nybygging av kraftanlegg, bortsett frå småkraftverket i nordre Juva som det opnast for, og nye hytter (unntatt i landbruksverksemd). For motorferdsle vil Forsvaret si lågtflyging fortsett vere tillate, og det gjeld og bruk av motorbåt.

For naturmiljø/biologisk mangfald vil dei samla konsekvensane av alternativ 2 vere liten positiv.

3.5.2 Villrein

Konsekvensar av 0-alternativet

Dei viktigaste utgreiingstema for villreinen er hytter, kraftressursar, ferdsle (med utgangspunkt i friluftsliv og reiseliv) og motorferdsle.

Ei fortetting av eksisterande hyttefelt ved Grotli vil kunne vere akseptabelt, men dette vil igjen føre med seg en høgare grad av bruk og økt ferdsle som er negativt for villrein. Auka/fleire infrastrukturinngrep/uroing som veg over Handspiki, auka trafikk på eksisterande vegar, gondol opp mot Lomseggen, alpinanlegg, opprusting/utviding av kraftverk vil vere negativt for villrein.

For villrein vil dei samla konsekvensane av 0-alternativet vere liten negativ til middels negativ.

Konsekvensar av alternativ 1A

Ut frå kunnskap om villreinen sin bruk av området og ein gjennomgang av vernereglane, vert det konkludert med at vern etter naturvernlova vil gi positive konsekvensar for villrein. I verneforskrifta for nasjonalpark vert følgjande reglar framheva som positive; at villrein er ein del av verneføremålet, vern mot inngrep som kan gi negative konsekvensar for villrein, hindring av unødige forstyrringar av dyrelivet, at ferdsel kan regulerast i delar av området, at stiar kan omleggjast, restriksjonar på motorferdsle, og at forvaltningsplan skal utarbeidast. Generelt er reglane ved landskapsvernområde noko mildare enn ved nasjonalparkvern. Naturreservat er ei strengare verneform, men desse områda har ikkje stor tyding for villreinen sin bruk av området.

For villrein vil dei samla konsekvensane av alternativ 1A vere store positive.

Konsekvensar av alternativ 1B

Alternativ 1B har ingen naturreservat og færre landskapsvernområde enn alternativ 1A. For villrein vil det vere mest gunstig med mest mogleg areal verna som nasjonalpark i forhold til landskapsvernområde, sidan landskapsvern opnar for fleire mogleikar for bruk og disponeringar av areal enn nasjonalparkvern. Alternativa 1A og 1B vert vurdert som svært like, men 1B så vidt framfor.

For villrein vil dei samla konsekvensane av alternativ 1B vere meget store positive.

Konsekvensar av alternativ 2

Landskapsvern har ikkje like strengt arealvern som nasjonalparkvern (sjå kommentarar til alternativ 1A og 1B).

For villrein vil dei samla konsekvensane av alternativ 1B vere middels positive.

3.5.3 Landskap

Konsekvensar av 0-alternativet

Konsekvensane av dei tiltaka som er diskuterte spenner frå små positive til store negative konsekvensar for landskapet, og frå ingen til middels store negative konsekvensar for kor urørt området vert. Det er i første rekkje tiltak innanfor kraftressursar (særleg takrenneprosjekt knytt til Illvatnet), gondol mot Lomseggen og veg over Handspiki som vil gi størst negative konsekvensar for både landskap og kor urørt områda er. Nye hytter, motorferdsle i landbruket, hytter og mast for breibandstelefonti vil og gi negative konsekvensar for temaet. Vedlikehald av bygg i utmark og kulturlandskap knytt til landbruk vil gi små positive konsekvensar for landskap, og det same gjeld eventuell etablering av eit kulturlandskapsenter i Mørkridsdalen.

For landskap vil dei samla konsekvensane av 0-alternativet vere små negative til middels store negative.

Konsekvensar av alternativ 1A

Samanlikna med 0-alternativet vil vernet i alternativ 1A ha størst verknad innanfor tema kraftressursar, reiseliv (gondol) og samferdsle (veg over Handspiki). Konsekvensane av alternativ 1A, der slike tiltak i praksis er forbode, vil gi middels store til store positive konsekvensar store landskapet. Alternativ 1A vil og gi positive konsekvensar for landskap når det gjeld restriksjonar på bygging av hytter, motorferdsle og friluftsliv. Alternativet vil gi ingen til små negative konsekvensar for landskap når det gjeld verknadar av landbruk.

For landskap vil dei samla konsekvensane av alternativ 1A vere middels store positive.

Konsekvensar av alternativ 1B

Konsekvensane for landskap er svært like i alternativ 1A og 1B. Forskriftsmal for landskapsvernområde legg stor sett til rette for ein vidareføring av tradisjonell landbruksdrift. Mørkridsdalen med setermiljøa der er ein del av nasjonalparken, og ikkje landskapsvernområde, i alternativ 1B. Dette vil svekke landskapskvalitetane.

For landskap vil dei samla konsekvensane av alternativ 1B vere middels store positive.

Konsekvensar av alternativ 2

Konsekvensane for landskap ved alternativ 2 vil gi mange av dei same positive konsekvensane som ved alternativ 1A og 1B. Forskriftsmalen for landskapsvernområde tillet nokre tiltak som kan svekke landskapskvalitetane; Forsvaret si lågtflyging, nybygg i utmark (til landbruk), enkle opprustingar av kraftanlegg, og bruk av motorbåt i heile utgreiingsområdet.

For landskap vil dei samla konsekvensane av alternativ 2 vere små positive til middels store positive.

3.5.4 Kulturminne og kulturmiljø

Konsekvensar av 0-alternativet

Vurderinga av 0-alternativet er gjort med utgangspunkt i gjeldande kommuneplan for kvar av dei tre kommunane. Ut over kommuneplanane finst det nokre planer for ny aktivitet og utviding av eksisterande verksemdar i utgreiingsområdet; m.a. motorisert ferdsel, seterdrift, reiseliv og friluftsliv, masseuttak av grus samt utnytting av kraftressursar som vil gi negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø.

Strengt føresegner i kommuneplanane vil i stor grad kunne sikre kulturminne og kulturmiljø mot uheldige inngrep og tiltak i utgreiingsområdet. Nye føreslåtte tiltak som skissert vil måtte vert vurdert i høve til kommuneplanane. Kulturminna vil då vere relativt godt beskytta.

Alle dei førreformatoriske kulturminna er i prinsippet juridisk beskytta gjennom kulturminnelova, som er ein særlov som kan overstyre plan- og bygningslova. Plan- og bygningslova gjev vern til kulturminna gjennom juridiske planar som kommune- og reguleringsplanar, men kommunane har høve til å gje dispensasjonar til nye tiltak i regulerte område. Det fins og mange tiltak knytt til landbruket som ikkje krev løyve i høve til lovverket. Det siste utgjer kanskje det største trugsmålet for kulturminna i området. Eigar er sjølv ansvarleg for å sjekke om nye tiltak kjem i konflikt med freda kulturminne. Erfaring tilseier at dette er noko dei fleste ikkje gjer. Ein gjennomgang av dei registrerte kulturminna i området syner vidare at svært mange av dei manglar tilstrekkeleg stadfesting, og ein veit at det er eit stort potensiale for å finne fleire kulturminne i området. Ut i frå dette konkluderar utgreiar med at 0-alternativet ikkje gjev god nok sikring av kulturminna i utgreiingsområdet.

For kulturminne og kulturmiljø vil dei samla konsekvensane av 0-alternativet vere små negative.

Konsekvensar av alternativ 1A

Eit vern etter alternativ 1A vil gi betre sikring av kulturminne og kulturmiljø enn ved 0-alternativet, jf trugsmål skildra under 0-alternativet. Vern vil gi positive verknad for spora etter veidemannskulturen, for spora etter setrene og vassvegane, samt for kulturminna som er knytt til ferdsle.

For kulturminne og kulturmiljø vil dei samla konsekvensane av alternativ 1A vere store positive.

Konsekvensar av alternativ 1B

Alternativ 1B vil i all hovudsak gi dei same positive konsekvensane for kulturminne og kulturmiljø som alternativ 1A og 2.

For kulturminne og kulturmiljø vil dei samla konsekvensane av alternativ 1B vere store positive.

Konsekvensar av alternativ 2

Alternativ 2 vil i all hovudsak gi dei same positive konsekvensane for kulturminne og kulturmiljø som alternativ 1A og 1B.

For kulturminne og kulturmiljø vil dei samla konsekvensane av alternativ 2 vere store positive.

3.5.5 Landbruk og tamrein

Konsekvensar av 0-alternativet

Det er ikkje venta at 0-alternativet vil gi nokon konsekvensar for landbruket når det gjeld slått av innmarksareal, seterdrift ved Røykjeskålsli i Skjåk, beiting, vedlikehald av buer, stiar, bruer og gjerde, vassvegar og skogbruk. Fleire stader er kulturlandskapet på vikande front som følgje av gjengroing av setervollene og stigane. Dette vil auke som følgje av at beitedyra ikkje har tilgang til alle setervollene og at beitetrykket nokre stader er for lågt til å halde landskapet ope. 0-alternativet er negativt for kulturlandskapet slike stader.

For landbruk vil dei samla konsekvensane av 0-alternativet vere ingen/ubetydelege.

Lom tamreinlag vil kunne vidareføre dagens drift i same omfang og driftsteknisk som i dag ved 0-alternativet. Motorisert ferdsle vil kunne nyttast i samband med sanking og gjeting. Areal vil gjennom planverket i utgangspunktet vere sikra mot ei nedbygging, men i praksis kan ein risikere ein "bit for bit"-nedbygging av areala. Mellom anna vert det planlagd bygging av hytter ved Bøvertjønnin i Lom kommune innanfor utgreiingsområdet. I følgje Lom tamreinlag er reinen vand med turisttrafikken og vert i liten grad uroa av denne.

Bygging av hytter og andre bygningar og etablering av gondol (Lomseggen) vil båe delar gi middels negative konsekvensar for tamrein.

For tamrein vil dei samla konsekvensane av 0-alternativet vere små negative. Ved meir liberal dispensasjonspraksis når det gjeld søknadar om bygging av hytter og etablering av gondol vil 0-alternativet samla sett gi middels negative konsekvensar for tamrein.

Konsekvensar av alternativ 1A

Beiting kan gå føre seg ved alle former for vern. Difor vil ikkje vern gi nokon konsekvens for beiting. Seterdrift og slått på innmarksbeite skjer i område som er føreslege som landskapsvernområde. Sidan dette er tillate innanfor landskapsvernområde, vil ikkje alternativ 1A ha nokon konsekvensar for slått eller setring i desse områda. Skjøtsel av kulturlandskap ved beiting kan halde fram som før.

Vedlikehald av bygningar, stigar, bruer og gjerde vil kunne utførast ved alle dei tre verneformene. Alternativ 1A vil difor ikkje ha nokon konsekvens for vedlikehaldet innanfor utgreiingsområdet.

Dei fleste negative konsekvensane er knytt til reglane for naturreservat som er nytta i konsekvensutgreinga, ved at det i slike område i utgreinga ikkje vil vere mogleg å etablere nye stiar, bruer og gjerde, ikkje er opna for køyre ut saltstein, materialar til vedlikehald eller transport av sjuke dyr, og at det er usikkert om slått på Kvålssetre vil vere tillate. Det er og negative konsekvensar ved at det ikkje vil vere mogleg å etablere setring på Myrasete, og ved at det ikkje er opna for å føre opp nye bygningar for landbruket i nasjonalpark.

For landbruket vil dei samla konsekvensane av alternativ 1A vere ubetydelege.

Når det gjeld tamreindrifta, vil eit forbod i naturreservat (Høyrokampen) mot bruk av snøskuter gi store negative konsekvensar for gjetinga. Vern mot bygging av gondolbane og mot hyttebygging vil gi små positive konsekvensar for tamreindrifta.

For tamrein vil dei samla konsekvensane av alternativ 1A vere middels negative (om forslag til avbøtande tiltak vert fylgt, blir dei små positive).

Konsekvensar av alternativ 1B

Dei negative konsekvensane ved alternativ 1B er knytte til at det ikkje vil vere mogleg å etablere setring på Myrasete, og at reglane for nasjonalpark som er nytta i utgreinga ikkje opnar for å tillate nye bygningar for landbruket. Transport av saltstein kan tillatast i nasjonalpark, men usikkerheit om det vert gjeve løyve, gjev liten negativ konsekvens.

For landbruk vil dei samla konsekvensane av alternativ 1B vere ingen/ubetydeleg.

I alternativ 1B vil vernereglane sikre viktige beiteområde for tamrein, jf hyttebygging og gondol. I dette alternativet er det ikkje dei same restriksjonane på motorferdsle i drifta som i 1A.

For tamrein vil dei samla konsekvensane av alternativ 1B vere små positive.

Konsekvensar av alternativ 2

Det vil ikkje vere negative konsekvensar for landbruk for nokon av dei tema som er diskuterte ved alternativ 2.

For landbruk vil dei samla konsekvensane av alternativ 2 vere ingen/ubetydelege.

For tamrein er vurderingane for alternativ 2 lik vurderingane ved alternativ 1B.

For tamrein vil dei samla konsekvensane av alternativ 2 vere små positive.

3.5.6 Kraftressursar

Konsekvensar av 0-alternativet

Om det ikkje vert vern, vil offentlige styresmakter truleg opne for utbyggingstiltak innanfor utgreiingsområdet i noko større grad enn i dag. Ei slik endring vil kunne vere utslagsgivande for tiltak som har politisk støtte, som til dømes prosjekt for effektivisering knytt til eksisterande kraftanlegg, bygging av småkraftverk og opprusting/utviding av kraftforsyningsnettet. Det er viktige forhold som likevel kompliserer eit slikt bilete. Store delar av utgreiingsområdet (omlag 70% av arealet) ligg innanfor nedbørfeltet til vassdrag som er varig verna mot kraftutbygging. Vassdragsvernet blokkerer i praksis for konsesjonspliktig utbygging av vasskraft, med unntak av mikro- og minikraftverk som ikkje svekker vernekvalitetane i det aktuelle vassdraget. Moglegheita til å søke om konsesjon for utbyggingstiltak innanfor verna vassdrag er ei relativt ny moglegheit, men har så langt ikkje enda i mange konsesjonar. Det er difor vurdert at vedtaket av St.prp. nr. 75 (2003-2004) i liten grad påverkar 0-alternativet på dette området. 0-alternativet fører til at moglegheita til å byggje nye linjer

opprethaldast som i dag og at reglene frå Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag med forskrifter framleis er gjeldande saman med den kommunale dispensasjonspraksisen på området.

For kraftressursar vil dei samla konsekvensane av 0-alternativet vere ubetydelege til små positive.

Konsekvensar av alternativ 1A

Generelt kan det hevdast at eit eventuelt vern etter naturvernlova og alternativ 1A vil vere eit hinder for effektiv/motorisert drift/vedlikehald av eksisterande anlegg innanfor heile utgreiingsområdet, saman med eventuell bygging av nye anlegg innanfor 30% av utredningsområdet (utanfor verna vassdrag). Innanfor heile utgreiingsområdet vil eit eventuelt vern etter naturvernlova (alternativ 1A) vere det avgjerande hinderet for ei eventuell bygging av nye kraftlinjer og kraftanlegg som ikkje treng konsesjon.

For kraftressursar vil dei samla konsekvensane av alternativ 1A bli små til middels negative.

Konsekvensar av alternativ 1B

Verknaden ved alternativ 1B vil i store trekk bli dei same som ved alternativ 1A, med unnatak av at reservata introduserer noko strengare vernereglar knytt til både tiltak og aktivitet. Naturreservata er på den andre sida små, og når det gjeld fysiske anlegg og motorisert ferdsle er restriksjonsnivået på dei to verneformene så og si like. Konsekvensane av alternativ 1B vil difor vere lik alternativ 1A.

For kraftressursar vil dei samla konsekvensane av alternativ 1B bli små til middels negative.

Konsekvensar av alternativ 2

Generelt kan det hevdast at eit eventuelt vern etter naturvernlova og alternativ 2 vil vere eit uvesentleg hinder for effektiv/motorisert drift/vedlikehald av eksisterande anlegg innanfor heile utgreiingsområdet. Alternativet gjer det derimot vanskelegare med eventuell bygging av nye anlegg innanfor 30% av utgreiingsområdet (utanfor verna vassdrag). Innanfor heile utgreiingsområdet vil eit eventuelt vern etter naturvernlova (alternativ 2) vere det avgjerande hinderet for ei eventuell bygging av nye kraftlinjer og kraftanlegg som ikkje krev konsesjon.

For kraftressursar vil dei samla konsekvensane av alternativ 2 bli små negative.

3.5.7 Råstoffutvinning av kleberstein ved Hovdestulfjellet

Konsekvensar av 0-alternativet

Førekomsten av kleberstein ved Hovdestulfjellet er vurdert til ikkje å være drivverdig, og det føreligg ikkje planar om uttak.

For råstoffutvinning av kleberstein vil dei samla konsekvensane av 0-alternativet bli ingen.

Konsekvensar av alternativ 1A

0-alternativet, ein forventa utvikling om det ikkje vert vern, er vurdert til å være lik situasjonen i dag, dvs inga kommersiell utvinning. Eit vern med restriksjonar på uttak vil difor ikkje gi konsekvensar for råstoffutvinning av kleberstein ved Hovdestulfjellet.

For råstoffutvinning av kleberstein vil dei samla konsekvensane av alternativet 1A bli ingen.

Konsekvensar av alternativ 1B

Vurderinga av alternativ 1B er den same som for 1A og 2.

For råstoffutvinning av kleberstein vil dei samla konsekvensane av alternativ 1B bli ingen.

Konsekvensar av alternativ 2

Vurdering av alternativ 2 er den same som for 1A og 1B.

For råstoffutvinning av kleberstein vil dei samla konsekvensane av alternativ 2 bli ingen.

3.5.8 Friluftsliv og naturoppleving

Konsekvensar av 0-alternativet

Ved 0-alternativet forventar ein at utgreiingsområdet i hovudsak vil halde fram å vere LNF-område, med noko varierende grad av skydd. Det er grunn til å tru at bruken av området ikkje vil endre seg i betydeleg grad med det første ved 0-alternativet. Om likevel turisme og meir moderne former for friluftsliv skulle auke på sikt, kan det bli førekomst av inngrep i form av auka ferdsle generelt og faste installasjonar som kan føre til ei forringing av kvalitetane for naturopplevingar i delar av utgreiingsområdet. Ein veg over Handspiki vil gi negative konsekvensar for friluftsliv. Ei eventuell utbygging eller oppgradering av eksisterande kraftverk vil i første rekkje kunne gi negative konsekvensar for området med høg verdi for friluftsliv, som Fivelnosi-Vigdalen og området ved Spørteggreen. På den eine sida kan 0-alternativet ha nokre positive verknader for delar av friluftslivet eller for friluftsliv i delar av utgreiingsområdet. Mellom anna vil ein stå friare til å halde kulturlandskap i hevd ved hjelp av motorisert transport og oppretting av nye eller utviding av gamle bygningar. Ein del av friluftslivet er og knytt til ulike former for organisert eller tilrettelagt ferdsle som, alt etter val av verneform, vil få mindre spelerom. På den andre sida vil dei inngrepa som 0-alternativet kan opne for kunne føre til så vidt store negative verknader for tilhøva for naturoppleving, ikkje minst i fleire av delområda som har fått høg verdi, at konsekvensane av 0-alternativet alt i alt må vurderast som negative. Sidan framtidig utvikling både med omsyn til inngrep og økt ferdsle er usikker, vert konsekvensen sett til liten negativ.

For friluftsliv vil dei samla konsekvensane av 0-alternativet bli små negative.

Konsekvensar av alternativ 1A

Vernereglane kan generelt gi tre effektar for friluftsliv; eventuelle restriksjonar på ferdsel og aktivitet i området, sikring av mogleikane for naturoppleving og ressursgrunnlaget i området og eventuell auka attraktivitet som følge av vernestatus.

Den viktigaste skilnaden mellom dei tre alternativa av vern er først og fremst knytt til graden av kor strengt vernet er. Det er ikkje særlege skilnader mellom dei ulike verneformene med tanke på konsekvensar for friluftsliv. Likevel vil landskapsvern gi større mogleikar for bruk og utvikling av hytter og for tilrettelegging av ferdsle. Områder som i 1A er foreslått som naturreservat gir større mogleikar for restriksjonar, både for fysiske inngrep og ferdsle. Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i alle dei aktuelle typene verneområde. Hovudskilnaden er at det i forskriftsmalen for naturreservat ikkje er gjort lokale tilpassingar om motorisert ferdsel som forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til, medan det i dei aktuelle forskriftene for landskapsvern- og nasjonalpark er rom for det. I forskriftsmalen for naturreservat. I forskriftsmalen for naturreservat er dessutan all bruk av sykkel, hest og kjerre, og ridning er forbode, medan t.d. bruk av hest og sykkel vil vere tillate på vegar, trasear eller i område som er godkjende for slik bruk i forvaltningsplanen. Bruk av hest til kløvjing og gjeting er og tillate i nasjonalparken og i landskapsvernområdet. Vidare er det i utgangspunktet heller ikkje tillate med større arrangement i naturreservatet, medan dei to andre forskriftsmalane ikkje legg restriksjonar på dette så lenge det ikkje kan skade naturmiljøet.

Ved alternativ 1A vil verknaden på jakt og fiske bli liten positiv, på turgåing vil den bli middels positiv, på moderne friluftslivformer (som elvesport og kiting) vil den bli liten negativ, og på friluftsliv knytt til turisme vil bli liten negativ.

For friluftsliv vil dei samla konsekvensane av alternativ 1A bli middels positive.

Konsekvensar av alternativ 1B

Ved alternativ 1B vil verknaden på jakt og fiske bli liten positiv, på turgåing vil den bli liten positiv, på moderne friluftformer vil den bli liten negativ, og på friluftsliv knytt til turisme vil bli liten negativ.

For friluftsliv vil dei samla konsekvensane av alternativ 1B bli små positive.

Konsekvensar av alternativ 2

Ved alternativ 2 vil verknaden på jakt og fiske bli ingen, på turgåing vil den bli ingen, på moderne friluftformer vil den bli liten negativ, og på friluftsliv knytt til turisme vil bli ingen.

For friluftsliv vil dei samla konsekvensane av alternativ 2 bli små positive.

3.5.9 Reiseliv

Konsekvensar av 0-alternativet

Reiseliv generelt og naturbasert reiseliv meir spesielt, har stor vekst både i Noreg og internasjonalt. Reiselivsplanar som vedkjem utgreiingsområdet påpeikar og satsar på å utvikle næringa ved å satse på regionens naturbaserte fortrinn, og den gjenklang dette har i ulike marknader. Kommunane og næringsaktørane legg opp ulike planar for ei utvikling i området som i all hovudsak er i liten konflikt med eit vern.

Ved 0-alternativet forventas det at utgreiingsområdet i hovudsak vil halde fram å vere LNF-område, med noko varierende grad av skydd. Vesentlege areal er viktige villreinområde og inngrepsfrie naturområde, som uavhengig av vern truleg vil forvaltas vidare utan løyve til vesentlege inngrep.

Om dei generelle reiselivstrendene vil føre til ein merkbar vekst i reiselivet i utgreiingsområdet står att å sjå. Det som talar for dette er veksten dei siste åra og vidare forventa vekst i regionen, saman med dei opplevings- og aktivitetsmoglegheitene som finst i området, og at hovudstraumane i reiselivet går nær dette området. Det som talar mot, er at det er store område av liknande karakter i nærleiken som får langt større merksemd, og som ligg lettare tilgjengeleg i høve til vegar og annan infrastruktur. Dette fordi både nasjonale og lokale styresmakter synest å leggje opp til å vidareutvikle reiselivet i Jotunheimen og Jostedalsbreen, framfor å leggje opp til auka bruk av Breheimen.

Utgreiar tolkar at det ved 0-alternativet ikkje kan reknast med vesentlege endringar i bruk og utbygging av reiselivsnett i og nær opp til utgreiingsalternativa utan ei klarare og meir samla satsing, men ei gradvis utvikling av dagens reiselivsmønster i området.

Verknaden av 0-alternativet vert vurdert som svakt positiv for både rundreiseturismen, overnattingsturismen, gards- og seterturismen og aktivitetsturismen

For reiseliv vil dei samla konsekvensane av 0-alternativet å bli små positive.

Konsekvensar av alternativ 1A

Oppretting av ein nasjonalpark kan generelt gi tre effektar for reiseliv; restriksjonar som vert lagt på utbygging og verksemd inne i verneområdet, sikring av tilhøva for naturoppleving og ressursgrunnlaget i området, og eventuell økt attraktivitet som følgje av vernestatus (trekkplastereffekt). Den viktigaste skilnaden mellom dei tre alternativa er først og fremst knytt til kor strengt vernet er. Utgreiar legg til grunn at det i areal som vert verna som landskapsvernområde, truleg vil vere større høve til å vedlikehalde, restaurere og utvikle bygningar og annan infrastruktur for natur- og kulturbasert reiselivsverksemd og enklare å drive organiserte aktivitetar. På den andre sida vil det vere vanskelegare å oppnå ein "trekkplastereffekt" om heile området vert verna som landskapsvernområde (alternativ 2).

Område som i 1A er føreslege som naturreservat må rekne med større restriksjonar både for fysiske inngrep og ferdsle, men det avheng av korleis vernet i desse områda konkret vert utforma. Dei fleste områda som er føreslåtte som naturreservat i alternativ 1A har liten verknad på reiselivet. Visse konflikhtar vil kunne oppstå knytt til naturreservat i Høyrokampen, der det er eksisterande interesse knytt til hytteliv og grotter, og eit visst framtidig potensial knytt til mellom anna botanikk. Det er positivt at alternativ 1A har viktige område for framtidig bygdeturisme og aktivitetsturisme som landskapsvernområde - dette gjeld særleg Mørkridsdalen, Mysubytta, Gamle Strynefjellsveg og Høydalen.

Verknaden av alternativet 1A vert vurdert som svakt positiv for rundreiseturismen, ingen for overnattingsturismen, ingen til svakt negativ for gards- og seterturismen og ingen til svakt negativ for aktivitetsturismen

For reiseliv vil dei samla konsekvensane av alternativ 1A bli ingen til små positive.

Konsekvensar av alternativ 1B

Verknaden av alternativet 1B vert vurdert som svakt positiv for rundreiseturismen, ingen for overnattingsturismen, svakt negativ for gards- og seterturismen (grunna at Mørkridsdalen er innanfor nasjonalpark i alternativ 1B, og ikkje i landskapsvernområde), og ingen for aktivitetsturismen..

For reiseliv vil dei samla konsekvensane av alternativet 1B bli ingen til små positive.

Konsekvensar av alternativ 2

Verknaden av alternativet 2 vert vurdert som ingen for rundreiseturismen, ingen for overnattingsturismen, ingen for gards- og seterturismen og ingen for aktivitetsturismen.

For reiseliv vil dei samla konsekvensane av alternativ 2 bli ingen/ubetydelege.

3.5.10 Hytter og andre bygningar

Konsekvensar av 0-alternativet

I tillegg til ei vurdering av hyttene/bygningane og bruken av dei i seg sjølv, er og verknadene av landbruk og tamrein, kraftressursar, samferdsle, reiseliv og motorferdsle vurdert for temaet hytter og andre bygningar.

Høvet til å setje opp ny hytte/bygning vil i 0-alternativet gi ubetydeleg i nokre område til middels stor positiv konsekvens i andre område. Høvet til å utvide hytte/seter/bu (mindre utvidingar) vil gi små positive konsekvensar ved 0-alternativet. Konsekvensane av å kunne føre opp att bygningar som har gått tapt ved brann/naturskade vil bli ingen/ubetydeleg, og det same gjeld for riving av gamle bygningar og oppføring av nye med same storleik og bruk. Konsekvensane av veg over Handspiki vil bli middels negative til store negative. Ut over dette vil konsekvensar for hytter/bygningar av tiltak vurdert i andre utgreiingar bli ingen/ubetydelege.

For hytter og andre bygningar vil dei samla konsekvensane av 0-alternativet bli ingen til små positive.

Konsekvensar av alternativ 1A

Det er særleg forskriftsmalen for naturreservat som er nytta i utgreiingane, som vil gi negative konsekvensar i alternativ 1A. Reglane som vedkjem hytter/seter og buer vert delt inn i tre tema; byggeaktivitet, vedhogst og rydding og motorferdsel.

Eit forbod mot oppføring av bygningar etter naturvernlova vil gi frå ingen/ubetydeleg konsekvens i det meste av området til stor negativ konsekvens nokre stader. I nokre område vil alternativet gi små negative konsekvensar for høvet til å vedlikehalde bygningar, medan konsekvensane av restriksjonane

på ombygging og mindre utvidingar vil bli stor negativ i Osen og ubetydeleg elles. Ved Bøvertjønnin og Røykjeskålsvatnet vil det ikkje vere mogleg å føre opp at bygningar etter brann/naturskade, med stor negativ konsekvens.

I desse to områda er det i alternativet ikkje opna for plukkhogst av ved til hytte/seter og ikkje opna for å rydde kratt/skog rundt hyttene, som vil gi middels negative konsekvensar her.

Konsekvensane av restriksjonane på høvet til å frakte ut varer og utstyr til hytter/setre/buer samt utkøyring av båt, vil bli små negative i heile området bortsett frå ved Bøvertjønnin og Røykjeskålsvatnet der konsekvensane blir store negative. Det same gjeld motorisert frakt av materiale til vedlikehald/bygging i dette området. Konsekvensane av restriksjonar på dagens frakt av folk med helikopter ved Osen blir svært store negative. I alternativet er det ikkje opna for motorferdsle på eksisterande bilveg inn til hyttefelt ved Bøvertjønnin, og konsekvensane av dette vil vere ubetydeleg til liten negativ.

Ut over dette vert konsekvensane av alternativet ingen/ubetydelege for dei tema som er diskutert.

For hytter og andre bygningar vil dei samla konsekvensane av alternativ 1A bli små negative.

Konsekvensar av alternativ 1B

Forbod mot å føre opp nye bygningar vil gi stor negativ konsekvens i området Osen/Åsetvatnet/Ofsarvatnet. Restriksjonane på ombygging og mindre utvidingar i alternativet vil gi svært stor negativ konsekvens i Mørkridsdalen og liten negativ konsekvens elles i utgreiingsområdet.

Konsekvensane for mogleikane til å frakte ut varer og utstyr til hytter/setre/buer samt utkøyring av båt, vil bli små negative i heile området. Konsekvensane av restriksjonar på dagens frakt av folk med helikopter ved Osen vert svært store negative. I alternativet er det ikkje opna for motorferdsle på eksisterande bilveg inn til hyttefelt ved Bøvertjønnin, og konsekvensane av dette vil vere ubetydeleg til liten negativ.

Ut over dette vert konsekvensane av alternativet ingen/ubetydelege for dei tema som er diskutert.

For hytter og andre bygningar vil dei samla konsekvensane av alternativ 1B bli små negative.

Konsekvensar av alternativ 2

Forbod mot å føre opp nye bygningar vil gi middels til store negative konsekvensar ved Bøvertjønnin, Mørkridsdalen og Osen/Åsetvatnet/Ofsarvatnet og ingen/ubetydeleg elles i området. Hindra høve for ombygging og mindre utvidingar i alternativet vil gi svært stor negativ konsekvens i Mørkridsdalen og ved Osen/Åsetvatnet/Ofsarvatnet, og ingen/ubetydeleg til liten negativ konsekvens elles i utgreiingsområdet.

Konsekvensane for mogleikane til å frakte ut varer og utstyr til hytter/setre/buer samt utkøyring av båt, vil bli små negative i heile området, bortsett frå Osen-området. Konsekvensane av restriksjonar på dagens frakt av folk med helikopter ved Osen blir svært store negative.

Ut over dette vert konsekvensane av alternativet ingen/ubetydelege for dei tema som er diskuterte.

For hytter og andre bygningar vil dei samla konsekvensane av alternativ 2 bli små negative.

3.5.11 Samferdsle

Konsekvensar av 0-alternativet

Infrastrukturen som er diskutert i utgreiinga er Gamle Strynefjellsveg, veg frå Sota til Mysubytta, veg til Høydalsseter, anleggsveg frå Høydalsseter til Bukkabotnen, veg til hyttefelt ved Bøvertjønnin,

vedlikehald av rassikringsvollar, eventuell veg over Handspiki, førekomstar av grus til vedlikehald av vegar, vedlikehald av telekommunikasjonar og nye telekommunikasjonar.

Det føreligg ingen konkrete planar om bygging av offentlege vegar i området. Det er ynskje om veg over Handspiki. Ut i frå omsynet til villreinen og at vegen vil føre til bortfall av område som i dag er der definert som inngrepsfrie naturområde i Noreg (INON-område) som ligg meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep, så vil det vere lite sannsynleg at det vert bygd veg over Handspiki. Eventuell veg over Handspiki er teken med for å kartleggje kva verknadar utgreiingsalternativa kan ha for ei framtidig realisering av ein ny veg. Blir det ikkje vern så vil det vere mogleg å gjennomføre vedlikehald og drift av dei eksisterande vegane som i dag.

Situasjonen for vegar og telekommunikasjonsutstyr vil bli uendra ved 0-alternativet samanlikna med dagens situasjon.

For samferdsle vil dei samla konsekvensane av 0-alternativet bli ingen/ubetydeleg.

Konsekvensar av alternativ 1A

Dei tre alternativane med vern har same verknad og konsekvens for fleire av elementa som vert utgreidd. Alle alternativane opnar for bruk av motorkøyrety på alle bilvegane i planområdet, med unntak for vegen inn til hyttefeltet ved Bøvertjønnin. I alternativ 1A ligg vegen i naturreservat, i alternativ 1B ligg vegen i nasjonalpark, og i alternativ 2 ligg vegen i landskapsvernområde. Dei andre vegane ligg i landskapsvernområde i alle alternativ. Eventuell veg over Handspiki ligg i nasjonalpark i alle utgreiingsalternativa med vern. I alternativ 1A ligg rassikeringsvollane ved Bøvertjønnin i naturreservat, i alternativ 1B ligg rassikringsvollane i nasjonalpark og i alternativ 2 ligg rassikringsvollane i landskapsvernområde. Når det gjeld kommunikasjonsmaster ligg eksisterande master i nasjonalpark i alternativ 1A og 1B, og i landskapsvernområde i alternativ 2.

Konsekvensane av alternativ 1A vil bli små negative for anleggsvegen frå Høydalsseter til Bukkabotnen, vegen til hyttefeltet ved Bøvertjønnin, vedlikehald av rassikringsvollar, eventuell veg over Handspiki og middels negative for vedlikehald av telekommunikasjonar og nye telekommunikasjonar.

For samferdsle vil dei samla konsekvensane av alternativ 1A bli middels negative.

Konsekvensar av alternativ 1B

Konsekvensane av alternativ 1B vil bli dei same som i alternativ 1A.

For samferdsle vil dei samla konsekvensane av alternativ 1B bli middels negative.

Konsekvensar av alternativ 2

Konsekvensane av alternativ 2 vil bli dei same som i alternativ 1A og 1B, bortsett frå at konsekvensane for vegen inn til hyttefeltet ved Bøvertjønnin vil bli ingen/ubetydeleg i alternativ 2.

For samferdsle vil dei samla konsekvensane av alternativ 2 bli middels negative.

3.5.12 Motorferdsle

Konsekvensar av 0-alternativet

Motorferdsel i utmark er regulert gjennom lov og forskrifter. Om planane for vern av Breheimen - Mørkridsdalen ikkje vert realisert, vil det fyrst og fremst vere motorferdslelova og tilhøyrande forskrifter som regulerar utøvinga av motorferdsle i utgreiingsområdet. 0-alternativet sine verknader vil såleis bli direkte påverka av eventuelle endringar i lovverk og forskrifter, praktiseringa av gjeldande lovverk og eventuelle endringar i behovet for motorferdsle samanlikna med status i dag.

Den generelt strenge lokale forvaltninga av motorferdslelova inngår og i 0-alternativet og utgjer ein del av grunnlaget for vurderingane.

Dei aktørane/tiltaka som er vurderte for temaet er Statens naturoppsyn (SNO), forskning, lokalt fjelloppsyn, leigekøyning, landbruk/vassvegar, tamreindrift, Røde Kors, Forsvaret (lågflyging og øvingar på bakken), kraftanlegg/snømålingar, turisthytter, private hytter (oppsett/vedlikehald), dispensasjonsløyve, filmproduksjon, storviltjakt, fiske, kvisting og løypekøyning og andre planar (gondol).

Konsekvensane for forsvaret si lågtflyging vil bli små negative ved 0-alternativet, medan konsekvensane for filmproduksjon (Spørteggbreen) og andre planar (gondol) vil bli middels positive. For dei andre tema som er diskuterte vil konsekvensane bli ingen/ubetydelege.

For motorferdsle vil dei samla konsekvensane av 0-alternativet bli ubetydelege til svakt positive.

Konsekvensar av alternativ 1A

Konsekvensane for Røde Kors hjelpekorps, kraftanlegg/småmåling og dispensasjonsløyve vil bli små negative ved alternativ 1A. For leigekøyning, forsvaret si lågtflyging, filmproduksjon og fiske vil konsekvensane bli middels negative, medan dei vil bli store negative for tamreindrift, private hytter, kvisting/løypekøyning og gondol. For dei andre tema som er diskuterte vil konsekvensane bli ingen/ubetydelege.

For motorferdsle vil dei samla konsekvensane av alternativ 1A bli middels negative.

Konsekvensar av alternativ 1B

Konsekvensane ved alternativ 1B vil dei same som ved alternativ 1A, bortsett frå at konsekvensane for leigekøyning og tamreindrift vil bli ingen/ubetydelege ved alternativ 1B og middels negative for private hytter.

For motorferdsle vil dei samla konsekvensane av alternativ 1B bli små til middels negative.

Konsekvensar av alternativ 2

Konsekvensane for Røde Kors hjelpekorps, kraftanlegg/snømåling og dispensasjonsløyve vil bli små negative ved alternativ 2. For private hytter og filmproduksjon vil konsekvensane bli middels negative, medan dei vil bli store negative for kvisting/løypekøyning og gondol. For dei andre tema som er diskutert vil konsekvensane bli ingen/ubetydelege.

For motorferdsle vil dei samla konsekvensane av alternativ 2 bli små negative.

3.5.13 Lokalt tilhøyr og framtidig forvaltning

Konsekvensvurderingane av temaet lokalt tilhøyr og framtidig forvaltning er basert mellom anna på ei spørjeundersøking frå området i samband med sjølve utgreiinga. Strukturen på konsekvensutgreiinga er ikkje heilt lik dei 12 andre tema som har vore vurderte, grunna temaet si form.

Konsekvensar av 0-alternativet

0-alternativet inneber at området ikkje blir verna og dagens aktivitets-, plan- og vernestatus gjeld, og kor plan- og bygningslova framleis blir det sentrale verkemidlet knytt til arealutviklinga. Tidlegare undersøking har vist at plan- og bygningslova gir eit svakare vern av verneverdige område som er utsett for press om utbygging samanlikna med vern som landskapsvernområde. Sjølv om det studiet det vert vist til hadde fokus på område som i større grad er utsette for press om utbygging enn i Breheimen, er det truleg at 0-alternativet ikkje vil hindre utbyggingar og tiltak i utgreiingsområdet over tid på same måte som vern etter naturvernlova. Sjølv om det i følge gjeldande kommuneplanar ikkje vert lagt opp til mange nye hyttefelt og andre tiltak, vil området være meir sårbar for utbygging

enn med vern. Kommuneplanar skal bli vurderte på nytt og rullerte med jamne mellomrom, og inneber difor ikkje noko varig vern av området.

Konsekvensar av alternativ 1A, 1 B og 2

Spørjeskjemaundersøkinga tyder på at eit vern av "Breheimen-Mørkridsdalen" får marginal tyding for lokalbefolkninga sin bruk av området. Eit eventuelt vern ser ut til å få større tyding for området sin opplevde verdi, noko som kan tyde på at vernestatusen har ei symbolsk tyding i anten negativ eller positiv retning. Medan 21,7 % svarte at eit vern truleg vil redusere området sin verdi, meinte 22,1 % at eit vern ville gi området større verdi. Undersøkinga visar vidare at ein stor del av lokalbefolkninga fryktar at eit vern samla sett vil kunne ha negative konsekvensar for landbruksnæringa. Ikkje overraskande er %-delen særlig stor blant dei med tilknytning til landbruk. Når det gjelder turisme er derimot meiningane meir delte, og mange trur eit vern også kan gi positive konsekvensar. Ein tidlegare studie utført av Norsk institutt for by- og regionforskning synte at landskapsvern etter naturvernlova ikkje gav vesentlege restriksjonar for tradisjonelt landbruk og småskala naturbasert næringsutvikling. Slike aktivitetar vert kombinerte med verneformålet. På den andre sida avgrensa landskapsvernet einskilde nye næringar meir enn kommunal arealplanlegging etter plan- og bygningslova. Forskriftsmalen for nasjonalpark som er nytta i utgreiinga i Breheimen-Mørkridsdalen, inneber meir restriksjonar for landbruk enn forskriftsmalen for landskapsvern. For område som i dag har aktiv setring er det berre alternativet landskapsvern (og ikkje vern) som vert utgreidd. På den andre sida blir det gjerne framheva at nasjonalparkar trekkjer til seg utanbygds folk, noko som kommunane kan utnytte positivt til turisme og anna næringsverksemd. Spørjeundersøkinga tyder på at mange ikkje ser skilnadane mellom dei tre ulike verneformene, med ulike kombinasjonar av nasjonalpark, landskapsvernområde og naturreservat. Dette er i og for seg ikkje så overraskande, då det ofte ikkje er eintydige skilnader på dei ulike verneformene når det gjeld grad av restriksjonar, og vil avhenge av den konkrete verneforskrifta. Det kan sjå ut til at spørsmålet om kven som avgjer betyr meir for folk enn val av verneform.

3.6 Annan stat

Fylkesmennene viser til det fastsette utgreiingsprogrammet og til arbeidet generelt. Det er ikkje kome fram forhold ved området som tilseier at etablering av vern i Breheimen-Mørkridsdalen har nokon konsekvensar for andre land.

3.7 Samanstilling av konsekvensar

I tabellen under er konsekvensane for dei einskilde deltema som er utgreidde i konsekvensutgreiinga sett saman. For å få ei samla konsekvens for dei einskilde tema er det gjort ei forenkling. For fleire av tema vil justering av forskrift eller justeringar av avgrensing kunne redusere dei negative konsekvensane. Dette er teke opp i 3.8 *Framlegg til avbøtande tiltak i konsekvensutgreiingane*. I kapittel 4 *Framlegg til verneplan* og kapittel 5 *Einskildområde* kjem det fram kva slags justeringar fylkesmennene meiner ein kan gjere for avgrensing og forskrifter.

Bortsett frå reguleringsplanen for nye hytter ved Bøvertjønning i Lom ser ikkje fylkesmennene at alternativa 1A, 1B eller 2 er i strid med gjeldande arealplanar.

Tabellen under gir ei oppsummering av konsekvensane av ikkje vern (0-alternativet) og vern ved tre ulike alternativ (alternativ 1A, 1B og 2) for dei ulike tema som er utgreia. Konsekvensane varierar frå middels negative (-) til svært store positive (++++).

	0-alt.	Alt. 1A	Alt. 1B	Alt. 2	Merknad
Naturmiljø	-(-)	+(+)	+(+)	+	
Villrein	-(-)	+++	++++	++	
Landskap	-(-)	++	++	+(+)	
Kulturminne og -miljø	-	+++	+++	+++	
Landbruk /	0	0(-)	0	0	
Tamreindrift	-(-)	-- *	+	+	* + ved avbøtande tiltak
Kraftressursar	0(+)	-(-)	-(-)	-	
Råstoffutvinning av kleber	0	0	0	0	
Friluftsliv	-	++	+	+	
Reiseliv	+	0(+)	0(+)	0	
Hytter og andre bygningar	0(+)	-	-	-	
Samferdsle	0	--	--	--	
Motorferdsle	0(+)	--	-(-)	-	
Lokalt tilhøyr og framtidig forvaltning					Tema er ikkje egna for oppsummering på denne forma. Sjå kap 3.5.13.
++++	Svært store positive konsekvensar	----	Svært store negative konsekvensar		
+++	Store positive konsekvensar	---	Store negative konsekvensar		
++	Middels store positive konsekvensar	--	Middels store negative konsekvensar		
+	Små positive konsekvensar	-	Små negative konsekvensar		
0	Ubetydelege/ingen konsekvensar				

Formålet med eit vern er å sikre miljøverdiane. Gjennom konsekvensutgreiingane kjem det fram at eit vern vil tene dette formålet, jf konsekvensane for naturmiljø, villrein, landskap og kulturminne og – miljø. Konsekvensane for friluftsliv vil og bli positivt. For verdiane som skal bli sikra gjennom eit vern er alternativ 1A og 1B å føretrekke framfor alternativ 2.

For alle næringsinteressene, bortsett frå tamreindrift, gjev 0-alternativet minst negative konsekvensar. For reiselivet vil konsekvensane av eit vern kunne bli ubetydeleg til små positive. For hytter og andre bygningar gjev vern generelt små negative konsekvensar. Konsekvensane for samferdsle, motorferdsle og kraftressursar vil bli små negative til middels negative ved utgreiingsalternativa 1A, 1B og 2.

3.7.1 Attendemeldingar på konsekvensutgreiinga

Fylkesmennene har ikkje fått nokon skriftlege attendemeldingar på konsekvensutgreiingane.

3.7.2 *Oppfylging av utgreiingsplikta*

Fylkesmennene meiner at utgreiingsplikta er oppfylt etter utgreiingsprogrammet, og ser ikkje behov for ytterlegare utgreiingsarbeid.

3.8 Framlegg til avbøtande tiltak i konsekvensutgreiingane

Avbøtande tiltak vert normalt gjennomført for å unngå eller redusere negative konsekvensar, men tiltak kan og bli sett i verk for å forsterke moglege positive konsekvensar.

Under følgjer ein oversikt dei ulike avbøtande tiltaka som utgreiarane har føreslege, særleg justeringar av forskrifter og avgrensingar. Dette er framlegg som berre er sett i høve til kvart einskild tema som er utgreidd. Det er ikkje gjort noka form for vurdering av heilskapen i denne delen. Kapittel 4 *Framlegg til verneplan* inneheld det endelege høyringsframlegget frå fylkesmennene, basert på konsekvensutgreiingane med tilhøyrande forslag til avbøtande tiltak og innspel/møte/synfaringar undervegs i arbeidet.

3.8.1 *Naturmiljø*

Justering av grenser

I Mørkridsdalen kjem delar av fleire viktige naturtypar (lokalitetane 36, 37, 34, 49, 56 og 58) utanfor utgreiingsområdet. Avgrensinga bør her følgje grensa for naturtypane for å sikre lik forvaltning for heile området. Dette gjeld både framlegga om nasjonalpark, landskapsvernområde og naturreservat.

Justering av forskrifter

I utgreiingsområdet er det fleire område med biologisk viktige kulturlandskap. I desse områda bør det innførast reglar med forbod mot bruk av kunstgjødsel. I tillegg bør ein vurdere restriksjonar på bruk av plantevernmidde. Når det gjeld hogst/uttak av ved, så bør det innførast eit generelt vern av edellauvtr i større dimensjonar, til dømes 30 cm diameter på stammen i brysthøgde. Det bør og vere forbod mot fjerning av daud ved i større dimensjonar. Dette gjeld og furulæger og gadd som kan ha stor verdi for biologisk mangfald. I naturreservat med kulturlandskapsverdiar i verneformål må forskriftene opne for skjøtsel. Dette gjeld Mørkrid, men kan og vere relevant for Høyrokampen).

Moment til forvaltningsplan/andre tiltak

Ein forvaltningsplan for området bør ha reglar om motorferdsel for alle aktørar som nyttar området. Forvaltningsplanen bør ha reglar kring kjøretrasear, kor ofte det vert køyrt, tidspunkt på året og om nokre område bør skånast heilt for motorisert ferdsle. Forvaltningsplanen bør og innehalde reglar om at naturtypar i skog reserverast for biologisk mangfald.

Det er tendensar til forsøpling, tagging og slitasje i grottene i Dumdalen i Lom. Det bør setjast i verk tiltak som skilting om reglar for opphald i grottene, utvida oppsyn, informasjonsbrosjyrar m m.

Hekkelokalitetar for rovfugl i Luster kommune bør kartleggast for å kunne ta omsyn til desse ved forvaltning av områda. Ikkje minst er dette viktig ved handsaming av dispensasjonar om motorferdsel.

3.8.2 *Villrein*

Justering av grenser

Villreinen har ein nomadisk livsstil og kan trekkje over svært store område. Arealbruken til villreinen kan og variere betydeleg over tid, dette fenomenet er kjent som beiterotasjon. Kor viktig eit område er, kan såleis variere over tid, om ein ser på arealbruken i eit perspektiv på 100 år. Areala innanfor utgreiingsområdet for Breheimen-Mørkridsdalen er ein del av eit mykje større system, Ottadalen

villreinområde, som også omfattar Reinheimen nasjonalpark og Vest-Jotunheimen, samt areala i vest, i Stryn og Jostedalbreen nasjonalpark, i sør mot Jotunheimen nasjonalpark og i nord mot Stranda og Norddal kommunar. Dei tilgrensande areala er i dag - eller kan bli - viktige område for villreinen. Spesielt gjeld dette areala nord for Jostedalbreen og vest for utgreiingsområdet for vern, i Stryn kommune.

Justering av forskrifter

Nasjonalpark

Ombygging og mindre utviding av bygningar: Ut frå kunnskap om hytter og bruken av dei, bør forskriftene definerer kva ei "mindre utviding" er, og at ein betydeleg heving av standarden på ei hytte/fritidsbustad, eller utviding av denne type bygningar skal verte vurdert strengt. Heving av standard og utvidingar fører ofte til auka bruk. Dette kan på sikt påverke villreinen negativt. Regulering av ferdsle: Det bør her presiserast at bruk av "kite" (ikkje skisegl) kan eller bør vere forbode i særskild sårbare område eller periodar. Dette er knytt til aktivitet nær villreinen sine kalvingsområde. Dette gjelder spesielt i Grotliområdet, Breiddalen, Mårådalsbenkene og Langvasseggi (alle i Skjåk).

Generelle dispensasjonsregler: Det bør det presiserast at det skal vere ein svært streng praksis med å gje løyve frå reglane om bandtvang når det gjeld jaktprøver med ståande fuglehundar i nærleiken av kalvingsområda til villreinen. Dette gjeld spesielt i Grotliområdet, Breiddalen, Mårådalsbenkene og Langvasseggi.

Landskapsvernområde

Ombygging og mindre utviding av bygningar: Sjå avsnittet om nasjonalpark ovanfor. Utgreiar tilrår at ein presiserer at betydeleg heving av standarden av hytte/fritidsbustad, eller utviding av denne type bygningar skal verte vurdert strengt.

Regulering av ferdsle: Sjå avsnittet om nasjonalpark ovanfor. Dei sentrale landskapsvernområda i utgreiingsalternativa i høve til dette er langs gamle Strynefjellsvegen og Mysubytta (alternativ 1A). Generelle dispensasjonsreglar: Sjå avsnittet om nasjonalpark ovanfor.

Naturreservat

Utgreiar har ingen framlegg til endringar av naturreservatreglar i høve til villrein.

Moment til forvaltningsplan/andre tiltak

Omsynet til villreinen må kome svært tydeleg fram i arbeidet med ein forvaltningsplan. Om forvaltningsstyresmaktene ønskjer å signalisere at omsynet til villreinen og å sikre gode, sentrale leveområde for villreinen i Ottadalsen veg tungt, bør stiar som ligg i konflikt med sårbare villreinområde flyttast. Fleire stiar er i direkte konflikt med kalvingsområde eller ligg svært nære disse, til dømes frå Grotli og ved Illvatnet (Sota-Nørdstedalsseter). Ein generell trend i fjellområde med villrein dei siste hundre åra, er at tidlegare korridorar for ferdsle vert avskore eller smalare grunna etablering av vegar, jernbane osv. Det bør sikrast ein korridor mellom villreinstammene i Ottadalsområdet og Vest-Jotunheimen. Dette bør vere ein fordel for baa villreinområda, og kan sikre eit viktig aust/vest-fjellområde med tilnærma intakt mangfald av gradientar, som framtidig utvikling av klima kan gjere enno meir verdfull. DNA-prøver frå villrein skote under jakta bør analyserast for å undersøkje i kva for grad det i dag skjer utveksling mellom stammene. Dette arbeidet bør inngå i eit overvaksingsprogram om villreinen sin bruk av områda i denne regionen. Ottadalsområdet bør få plass i det nasjonale overvaksingsprogrammet for villrein. Det verkar fornuftig at organiseringa av tilsyn, registreringar og oppsyn i høve til villrein i Breheimen vert samordna med det etablerte systemet i Reinheimen.

Det er spesielt to prinsipp om styring av arealbruk som er viktige i samband med å ta vere på villrein i arbeidet med ein forvaltningsplan; romleg styring og temporær styring. Romleg styring er knytt til utbygging. Ein må unngå vegar, utstyr og konstruksjonar ved lokalitetar eller område som er sårbare for reinen, til dømes kalvingsområde. Dette inneber at ein bør avgrense vidare hytteutbygging vest for og langs vegen ved Breiddalsvatnet på Grotli. Det same gjeld områda ved Sota. Temporær styring inneber å avgrense aktivitetar til tider som ikkje er kritiske for reinen. På spesielt sårbare strekningar,

til dømes strekninga Breiddalsvatnet - Uppljostunellen, bør det innførast parkeringsforbod om våren. Sårbare område som ligg nær hytteområde, til dømes Mårådalen, bør ikkje tilretteleggast for ferdsle i perioden rett før kalvinga, eller at ein innfører forbod mot ferdsle i ein avgrensa tidsperiode. Skiløyper som går gjennom sårbare område bør leggjast om eller ikkje kvistast.

Det verkar uheldig at det er delvis overlappende område mellom tamreinen i Lom og villreinen i Ottadalen, sjølv om dei i prinsippet er sesongmessig skilt. Problematikken mellom tamrein og villrein bør inn i regelverket for forvaltninga av Breheimen. Dette kan skje gjennom betre/sterkare romleg styring av tamreinen. Komande verneforskrifter for Breheimen bør omfatte eit regleverk som klart uttrykker at tamrein ikkje skal inn i villreinområdet. Statens naturoppsyn (SNO) bør få oppgåver med overvaking og oppfølging av brot på reglar/forskrifter i høve til dette.

Området ved Grotli, som er det einaste området innanfor utgreiingsområdet som er godt eigna for jaktprøver med ståande fuglehundar, ligg så tett innpå kjente kalvingsområde at det ikkje bør gjevast løyve slike arrangement etter 1. april. Dette bør gå fram klart i verneforskriftene.

Villreinutvalet i Ottadalen er i dialog med vegvesenet for å få ned bruken av salt på riksveg 15 i Breiddalen. Lukkast dei med dette, vil kanskje ikkje sjølve vegen bli så attraktiv for reinsdyra. Med auka trafikk, spesielt av tungtrafikk, vil kanskje trekket nordover reduserast – eller opphøyre. Ved ei eventuell endring i trekkmønster, grunna auka trafikk, kan kalvingsområda på Mårådalsbenkene og Langvasseggi vil bli meir nytta og såleis få større tyding i framtida.

3.8.3 Landskap

Justering av grenser

Det kan være føremålstenleg å nytte avgrensingane av landskapsområde som rettesnor for ei avgrensing av yttergrensene for verneområde. Landskapsområda er delvis ei avgrensing av einheitlege/heilskapelege typeområde og delvis ei avgrensing ut frå visuelle forhold der avgrensing av rom og visuell influens er sentralt. Om landskap og oppleving av landskap skal vere sentrale i verneformål, bør grensdragninga støtte seg på dette.

Ved alternativ 1A bør setermiljøet omkring Ytste Lundadalsseter inngå i eit landskapsvern på linje med dei andre setermiljøa. Dette i fall dei skulle ønskje å ta opp att drifta, som kan gje positive konsekvensar for landskapet. Innmarka innanfor Høyrokampen naturreservat bør trekkjast ut av reservatet og eventuelt få eit vern som landskapsvernområde. Dei same to momenta gjeld ved alternativ 1B. I tillegg bør Mørkridsdalen vere omfatta av landskapsvern ut frå same grunngeving som for Ytste Lundadalsseter.

Justering av forskrifter

Alternativ 1A og 1B: Eit vern tek vare på dei aller fleste omsyn til landskapet og utviklinga av landskapet. Det er på den andre sida viktig å både ha eit fokus på grad kor urørt landskapet er som ein kvalitet, og opparbeidde identitetsverdiar knytt til bruken av landskapet. Eit vern bør av omsyn til verdiane i landskapet gje opning for å føre vidare den tradisjonelle bruken. Slikt sett bør ikkje eit vern leggje ned absolutte forbod mot tiltak som kan vere del av ein sannsynleg utvikling innanfor dei næringane som er representerte. Eit vern ved utgreiingsalternativa gjev t.d. ikkje opning for å setje opp nye gjetarbuer utanfor dei føreslåtte landskapsvernområda eller nye bygningar på Ytste Lundadalsseter. Noko av det same gjeld fritidsbruken av utgreiingsområdet. Det er og av tyding for landskapsutviklinga at den bruken som løypekvisting og turisthytter tilrettelegg for i dag, vil kunne bli ført vidare etter eit vern. Vernereglane bør opne for kvisting med naturleg trevirke av løypenettet i samsvar med ein forvaltningsplan for verneområdet som samstundes sikrar ei god forvaltning av villreinstamma.

Alternativ 2 er gjennomgåande mindre restriktivt mot nye inngrep og vidareføring av dagens bruk innanfor utgreiingsområdet enn alternativ 1A og alternativ 1B. På tross av at alternativ 2 i større grad

opnar for ei vidareføring av tradisjonell landbruksdrift, så er vernereglane samtidig for lite restriktive til å ta vare på kvalitetane ved landskapet fullt ut. Det bør innførast forbod mot lågtflyging i vernereglane av omsyn til villreininteressene og indirekte og av omsyn til landskapet.

Moment til forvaltningsplan/andre tiltak

Ein forvaltningsplan bør avklare geografiske soner og tidsperiodar der motorferdsle vert avgrensa til eit absolutt minimum. Planen bør og avklare trasear for kvisting av skiløyper, der det samstundes vert opna for bruk av snøskuter etter løyve.

3.8.4 Kulturminne og kulturmiljø

Justering av grenser

I områda ved Geisdalen, Fåberg, Vigdalen, Breidsete og Dalsdalen (alle i Luster) bør ein flytte vernegrensene slik at desse viktige kulturmiljøa kjem innanfor vernegrensene. Dette gjeld likeins for stølsområda til Ormelid (Øvstestølen og Øvste Stølsdalen) i Fortundalen i Luster. Her bør og vernegrensene justerast slik at fjellgarden Øvre Ormelid, slik at det heilt særleine bygningsmiljøet og tradisjonelle kulturlandskapet vert liggande innanfor verneområdet.

Dei store elfgangstanlegga i Skjåk og Lom ligg utanfor utgreiingsområdet. Det hadde vore ein kvalitet for vernet av Breheimen - Mørkridsdalen at nokre av dei store elfgangstanlegga vart liggande innanfor vernegrensa, særleg med omsyn på formidling og reiseliv.

Moment til forvaltningsplan/andre tiltak

Som ein del av forvaltningsplanen bør det lagast ein skjøtselsplan for dei mange kulturminna knytt til fangstkulturen og til stølsdrift.

Det vert tilrådd å skilte valde kulturminne/ kulturmiljø. Dette vil fungere preventivt i høve til slitasje og skader. Skilting må skje i samråd med kulturminnestyresmaktene.

For å ivareta den lokale byggeskikken i seterdalane vert det rådd til å få utarbeidd ein eigen rettleiar for byggeskikk, både med omsyn på restaurering av eksisterande bygg og nybygging. Rettleiaren må utarbeidast i samråd med kulturminnestyresmaktene.

Dei stiane med størst ferdsel bør verte vurderte med tanke på slitasje og skade på kjende og ikkje kjende kulturminne og kulturmiljø.

Særleg viktige setre og fangstanlegg bør leggjast inn på eit konfliktkart for å vise dei områda der det må visast særskild aktsemd ved nye tiltak.

Det bør utarbeidas ein handlingsplan for vidare undersøkingar:

Dei registrerte kulturminna som er nytta som grunnlag for denne utgreiinga, gjev ikkje eit komplett bilete av førekomsten av kulturminne i Breheimen – Mørkridsdalen, og det er trong for ei meir nøyaktig og fullstendig oppmåling av kulturminna. Potensialet for funn av hittil uregistrerte kulturminne er stort i alle delar av Breheimen. Det største trugsmålet for kulturminna i Breheimen er mest truleg den dårlege kartfestinga. Dette kan skape uheldige situasjonar der kulturminne går tapt i samband med nye tiltak i Breheimenområdet, som til dømes hyttebygging, kraftutbygging, vegbygging, men også tiltak knytt til landbruket. Det bør difor lagast ein eigen handlingsplan for å samle og registrere alle kulturminna som finst i dette området, og sikre desse uansett vern eller ikkje. Det bør utførast eit omfattande feltarbeid der alle kjende kulturminne i Breheimen vert kartfesta med bruk av GPS, fotodokumentert, og der ein gjer ei vurdering av tilstanden for kulturminna, for så å leggje dette samla inn i Askeladden. Gjennom dette feltarbeid vil ein også kunne avdekkje og registrere nye funn i området. I samband med ei eventuell slik synfaring bør og tilstanden på kulturminna verte vurderte. Ved ei vurdering av tilstanden vil ein fanga opp om det er område eller kulturspor som er i ferd med å bli borte eller er truga må annan måte. Tilstandsvurderinga bør ende

opp i ein skjøtselsplan for kulturminna i området. Særleg viktige setre og fangstanlegg bør leggjast inn på eit konfliktkart for å vise dei områda der det må visast særskild aktsemd ved nye tiltak. Utgangspunktet for konfliktkartet kan til dømes vere dei lokale kulturmiljøa som er med i denne konsekvensutgreinga, då desse fangar opp dei viktigaste lokalitetane.

3.8.5 Landbruk og tamreindrift

Justering av grenser og forskrifter

Landbruk

Om det vert vern som naturreservat for Kvålssetre ved Høyrokampen i Lom, må det gjevast særskild løyve til å hauste innmarka der. For å sikre vidareføring av slått av dette arealet kan det gjevast eit slikt løyve i samband med ein skjøtselsplan. For å sikre kulturlandskapet i verneområdet bør det utarbeidast skjøtselsplan som tek omsyn til kulturlandskapet. Dei ulike lokalitetane vil truleg ha trong for ulik form for skjøtsel for å ta vare på kulturlandskap og biologisk mangfald. Slått, beiting og manuell rydding av skog og kratt er aktuelle former for skjøtsel. Skjøtselstiltaka bør ha løyve gjennom forankring i ein skjøtselsplan. Alternativt kan område som har kulturavhengige verdiar vernast som område dei aktuelle tiltaka er tillate, eller grensene kan justerast.

Oppføring av nye bygningar, bruer og gjerde vert vanskeleg ved standard forskriftmalar for nasjonalpark og naturreservat. Dette vil gjere det vanskeleg å halde fram med aktivitet i form av nybygg på setrene i desse områda. For at det skal kunne gjevast løyve til oppføring av nye bygningar på dei eksisterande setrene i nasjonalpark, må det gjerast gjennom endring i forskrift. Alternativt kan vern som landskapsvernområde ved setrene i utgreiingsområdet vere ei moglegheit.

For å sikre dei kulturbetinga naturverdiane innanfor utgreiingsområdet, kan det stimulerast til sikring av desse gjennom kanalisering av SMIL-midlar evt. RMP-midlar til dei viktigaste områda. Dette gjeld både for å styre beiting, slått og eventuell mekanisk skjøtsel av vegetasjon. Dette omfattar og behov for tilrettelegging for beiting gjennom gjerde, ferister, bruer med meir.

Tamreindrift

Dei negative konsekvensane for tamreindriften ved utgreiingsalternativet 1A er at reindriften ikkje kan nytte snøskuter til tilsyn, flytting og gjeting av rein innanfor grensene til eit naturreservat ved standard forskriftsmal for naturreservat. Dette kan avbøtast ved at forskrifta opnar for at tamreindriften kan nytte snøskuter til tilsyn, gjeting og flytting av rein i perioden desember – april, så langt bakken er snødekt. Eventuelt kan ein velje ei anna verneform enn naturreservat i området.

Moment til forvaltningsplan/andre tiltak

Sjå kommentarane om skjøtselsplan for landbruk under delkapitlet *Justering av grenser og forskrifter* ovanfor.

3.8.6 Kraftressursar

Justering av grenser

Grensepunkta bør justerast slik at inntakspunktet for den omsøkte småkraftutbygginga i Nordre Juva i Skjåk kommune vert liggande utanfor verneområdet. Grensepunkta bør justerast slik at ei mogleg heving av HRV i Rauddalsvatnet i Skjåk kommune ikkje kjem i konflikt med verneområdet. Grensepunkta bør justerast slik at Norsk Hydro sine takrenne-prosjekt i Luster kommune ikkje kjem i konflikt med verneområdet.

Justering av forskrifter

Alternativ 1A og 1B: Vernereglane bør endrast slik at dei gir eit generelt løyve til bruk av snøscooter/helikopter til drift og vedlikehald av eksisterande kraftanlegg innanfor verneområdet. Eit slikt generelt løyve bør og gjelde ved akutt utfall på linjenettet. Vernereglane bør endrast slik at den kan gis løyve til å etablere mikro-, mini- og småkraftverk. Det siste gjeld og ved utgreiingsalternativ 2.

Moment til forvaltningsplan/andre tiltak

Ein forvaltningsplan bør innehalde ei skildring og ein illustrasjon som presiserer kor (trasear for snøskuter og flyging) og når kraftselskapa bør prioritere si naudsynte motorferdsle innanfor verneområdet. Ei slik presisering bør bli utarbeidd i samarbeid med kraftselskapa.

3.8.7 Råstoffutvinning av kleberstein ved Hovdestulfjellet

Det ligg ikkje føre planar om uttak av førekomsten av kleberstein ved Hovdestulfjellet i Lom, og den er vurdert til ikkje å kunne drivast. Det er difor ikkje aktuelt med avbøtande tiltak for dette temaet.

3.8.8 Friluftsliv

Justering av grenser/val av verneform

Ut frå dei spesielle friluftslivsverdiane som er knytt til kulturlandskapet i Mørkridsdalen, med bygningar som sentrale element, bør det vere landskapsvernområde her, som i dei andre seterlandskapa.

Justering av forskrifter

Ein sentral del av friluftslivet i området er knytt til skigåing, og det bør difor verte vurdert å opne for bruk av snøskuter til kvisting og preparering av løyper i forskriftene.

I forskrift for naturreservat bør det gå tydelegare fram kva slags type ferdsle, spesielt organisert ferdsle, som er tillate og ikkje tillate. I tillegg bør forvaltningsstyresmaktene utarbeide konkrete retningslinjer for dette. Det same gjeld for fleire meir moderne friluftslivsaktivitetar som kiting, elvesport, klatring osv. Dette gjeld også for forskriftene for nasjonalpark og landskapsvernområde.

Moment til forvaltningsplan/andre tiltak

For å lukkast med eit omfattande friluftsliv i ein nasjonalpark er nøkkelen å finne ei utforming av ein god forvaltningsplan og nok ressursar til å følgje opp planen i praktisk forvaltning og oppsyn. Det kanskje viktigaste tiltaket er ei aktiv forvaltning i ein god dialog med dei ulike interessene innan utøving av friluftsliv. Dette er viktig, ikkje berre for å avbøte, men og for å fremje positive høve for friluftsliv utan at det går ut over verneverdiar.

Det bør vurderast om kanalisering og sonering av bestemte type ferdsle eller aktivitetar kan gi positive effektar. Finst det til dømes eigna område for kiting der denne aktiviteten ikkje verker forstyrrende for villrein? Eit anna døme gjeld Høyrokampen. Kan det vere ein fordel å etablere ein sti for å kanalisere ferdsla for å skåne dei botaniske verdiane mot turgåing?

Det bør leggjast vekt på Den norske turistforening (DNT) sine ønskje om å vidareutvikle tilrettelegging, ved val av vernealternativ og i forvaltningsplanen. Dette gjeld ikkje minst der DNT ønskjer å tilpasse tilrettelegginga for ulike behov som eksisterer blant dei som nyttar nettet av stiar for turgåing.

3.8.9 Reiseliv

Justering av grenser/val av verneform

Ein bør etablere landskapsvernområde i Mørkridsdalen, og ikkje nasjonalpark. Ein bør og vurdere grensa mellom landskapsvernområde og nasjonalpark i nokre område, slik at ein sikrar at område der det er sannsynleg og kanskje og ønskjeleg med ein viss aktivitet som seterturisme, vert verna som landskapsvernområde og ikkje som nasjonalpark.

Ein bør justere vernegrensene i Lom slik at bygging av eventuell gondolbane mot Lomseggi kan gjennomførast utan konflikt med verneområdet, så framtid gondol-prosjektet elles er vel fundert arealplanmessig, teknisk og økonomisk.

Justering av forskrifter

Det er viktig at verneforskriftene vert baserte på lokale føresetnader og moglegheiter, og at forskriftene er tydelege på kva slags former for reiselivsaktivitet som det vert opna for generelt og etter løyve. Eit kjernepunkt i verneforskriftene er tilhøva for anna organisert (kommersiell) verksemd enn ferdsle til fots. Slik forskriftsmalane er utforma, tolkar utgreiar det slik at anna ferdsel i området enn den som går føre seg til fots, ikkje vil vere tillate utan dispensasjon. Om forskriftene er noko meir fleksible på dette punktet, når det gjeld anna umotorisert ferdsel enn den som går føre seg til fots, vil dei negative konsekvensane bli mindre. Eit anna uklart punkt gjeld høve til å ruste opp eksisterande bygningsmasse til reiselivsføremål. Det er viktig at dette vert betre avklart slik at reiselivet og er ein legitim interessent på linje med landbruk, særleg fordi det vert planlagt ein del verksemd i skjeringpunktet mellom reiseliv og landbruk.

Ved eventuelt vern av Dumdalen/Høyrokampen i Lom som naturreservat, bør forskrifta opne for ei viss reiselivsverksemd knytt til grottene og dei botaniske interessene i området.

Det bør opnast for opprusting og eventuell nybygging av bygningar for bruk i aktivitets- og seterturisme så lenge desse får ei utforming og ein bruk som er i tråd med andre bygningar inne i verneområdet, og at dei får ein bruk som ikkje gjev negative verknader på verneverdiane.

Moment til forvaltningsplan/andre tiltak

For å lukkast med reiseliv og meir omfattande friluftsliv i ein nasjonalpark er nøkkelen å finne i utforming av hensiktsmessige og stadstilpassa forskrifter, ein god forvaltningsplan og nok ressursar til å følgje opp planen i praktisk forvaltning og oppsyn. Det kanskje viktigaste tiltaket er ei aktiv forvaltning i god dialog med reiselivsaktørane i området. Dette er viktig, ikkje berre for å avbøte, men og for å fremje positive høve til næringsutvikling ved etablering av ein nasjonalpark, utan at det går ut over verneverdiar. Det er difor viktig at det vert lagt vekt på ein operativ forvaltningsplan som eksplisitt adresserer næringsinteresser og rekreasjonsinteresser, med aktiv inkludering av næringsinteresser som reiseliv i forvaltningsplanprosessen.

Det er viktig med utforming av godt informasjons-, rettleiings- og oppsynsapparat for å minimalisere konflikhtar med reiselivet og optimalisere tilhøva for reiseliv kring verneområdet og inne i verneområdet. Etablering av eit besøks/informasjonscenter i Skjolden med informasjon om verneområda i regionen generelt, og Breheimen–Mørkridsdalen spesielt, vil vere positivt og bør støttast. Det er viktig å sikre informasjon og tilrettelegging langs turistvegane, og ved behov også innanfor grensene for eit verneområde.

3.8.10 Hytter og andre bygningar

Justering av grenser

Osen hyttefelt og frittliggjande setre i fjellet ovanfor Mørkridsdalen (Fjellsli, Nobbi, Rådane – i Luster) bør omfattast av landskapsvern og ikkje nasjonalparkvern.

Bygningane på Gurosete (Mørkrid/Skjolden), Smole, Nysethaugen og Klepp (Fortundalen), all ei Luster, vart utgreidde innanfor nasjonalpark i alternativ 1A og 1B. Desse bygningane bør komme utanfor vernegrensa, eventuelt så bør forskrifta for nasjonalpark justerast slik at denne blir meir lik reglane for bygningar i forskrift for landskapsvernområde.

Hyttene ved Bøvertjønnin i Lom bør kome utanfor verneområdet, jf forslag til avbøtande tiltak i rapporten om botaniske registreringar og vurderingar i Høyrokampen-området (Berg m fl 2007).

Ein bør vurdere om det er naudsynt og ønskjeleg med omfattande bruk av helikopter for transport av varer, utstyr og folk til Osen. Eventuelt vurdere å flytte grensa slik at hyttefeltet og setrene ved Osen kjem utanfor vernegrensa, om ein meiner det er naudsynt og ønskjeleg at noverande spesielle praksis med helikoptertransport av både personar og varer kvar veke til Osen vert oppretthalde.

Justering av forskrifter

Forskrift for nasjonalpark/landskapsvern bør justerast, slik at:

- Det er mogleg å rydde ungskog/kratt for å holde det ope kring hytter og buer i nasjonalparken
- Det i forskrifta for landskapsvernområde vert presisert at rydding av kratt og ungskog er tillate (uavhengig av setervoller)
- Vernereglene ikkje er til hinder for, eller at forvaltningsmyndigheita kan tillate bruk av snøskuter (evt og helikopter) for tilsyn med opne DNT –hytter, allmenningsbuer og fjellstyrehytter.
- Styresmaktene kan tillate motorferdsel på veggen til Bøvertjønnin for vedlikehald av hytter.

Forskrift for naturreservat bør justerast, slik at:

- køyring inn til hyttefeltet på eksisterande bilveg ved Bøvertjønnin blir tillate.
- det er mogleg å kunne gi løyve til plukkhogst av ved i samsvar med forvaltningsplan.
- det er mogleg å gi løyve for motorisert transport i samband med vedlikehald av bygningar
- det er mogleg å tillate transport med snøskuter vinterstid til hytter og setrer for transport av varer, utstyr og liknande.

3.8.11 Samferdsle

Justering av grenser og forskrifter

Forskrifta bør endrast slik at det er mogleg å nytte motorkøyrety ved vedlikehald av eksisterande rassikringsvollar ved Bøvertvatnet i Lom. Det kan vere et alternativ å justere grensa for området slik at rassikringsvollane blir liggande utanfor verneområdet.

Forskrifta bør endrast slik at det blir tillate å bruke motorkøyrety ved oppsetting av nytt kommunikasjonsutstyr og vedlikehald av kommunikasjonsutstyr.

Forskrifta bør utformast slik at vernet ikkje vil vere til hinder for eventuell bygging av veg over Handspiki i framtida.

Utgreiar har og peika på at forskriftene ikkje opnar for oppsetting av nye telekommunikasjonar.

Moment til forvaltningsplan/andre tiltak

Forvaltningsplanen bør omfatte retningslinjer for vedlikehald av rassikringsvollane ved Bøvertvatnet og vedlikehald av telekommunikasjonsutstyr.

3.8.12 Motorferdsle

Justering av grenser

Grensa for nasjonalpark ved Lomseggen bør justerast slik at kan byggjast gondolbane opp til området utan at baneanlegg eller drift av dette kjem innanfor nasjonalparkgrensene. Ein bør vurdere å justere grensene ved Osen slik at helikopterlandingsplassen og hytteområdet der kjem utanfor verneområdet.

Justering av forskrifter

Forslag til justering av nasjonalparkforskrift:

- Forskrifta bør gi ein direkte heimel for motorisert ferdslе for inspeksjon av eksisterande reguleringsanlegg og for snømålingar.
- Forskrifta bør opne for at helikopterlandingsplassen ved Osen kan oppretthaldast i høve til motorisert ferdslе.

- Forskrifta bør opne for å kunne tillate landing med helikopter på eller i nærleiken av Spørteggbreen i Luster i samband med filmproduksjon.
 - Forskrifta bør opne for at det kan gis løyve til bruk av snøskuter for å kvistmerke dei skitraseane som i dag blir merkte av DNT innanfor området, samt oppkøyring av skiløyper med snøskuter der dette har gått føre seg i fleire år.
 - Forskrifta bør gi ein direkte heimel til å nytte motorfartøy på Lundadalsvatnet og Glittervatnet i Skjåk i samband med fiske.
- Dei fire første momenta gjeld og for utgreiingsalternativ 2; landskapsvern i heile området.

Forslag til justering av forskrift for Høyrokampen naturreservat:

- Forskrifta bør opne for at det kan gjevast løyve til køyring av materiale med snøskuter til veglause hytter ved naudsynt vedlikehald.
- Forskrifta bør tillate motorisert ferdsle for tamreindrifta som før.

Forslag til justering av forskrift for Røykjeskålvatnet naturreservat:

- Forskrifta bør opne for å tillate preparering av skiløyper som før.

Forslag til justering av forskrift for Vigdalen landskapsvernområde:

- Forskrifta bør gi ein direkte heimel for motorisert ferdsle for inspeksjon av eksisterande reguleringsanlegg for kraftproduksjon.

Moment til forvaltningsplan/andre tiltak

I forvaltningsplanen bør ein skildre og vise snøskutertrasear for køyring til hytter, køyring av saltstein, oppkøyring av løyper og inspeksjon av vasskraftanlegg. I forvaltningsplanen bør ein og skildre flygingskorridorar for helikopter som i størst mogleg grad skal nyttas i samband med eventuelle løyve til landingsplass(ar), men og i samband med frakt av forsyningar til hytter og inspeksjonar av kraftanlegg og snømålingar.

3.8.13 Lokalt tilhøyr og framtidig forvaltning

Grunneigarane har eit stort ansvar for forvaltning og skjøtsel, og bør involverast aktivt i både planleggings- og forvaltningsfasen uavhengig av kva slags forvaltningsmodell som blir vald. Ei løysing er at grunneigarane vert representert i rådgivande utval, og at dette utvalet vert nytta aktivt og kan danne ein felles arena mellom ulike aktørar for å finne balanserte praktiske løysingar.

Kompensasjonsordningar/andre støtteordningar knytt til skjøtsel og vedlikehald til bønder og grunneigarar kan vere ein veg å gå for å få med seg denne viktige gruppa i forvaltninga av området. Eit utstrakt samarbeid med landbruksstyresmaktene kan og vere positivt, mellom anna for å få ein meir samordna bruk av virkemidlar.

Spørjeundersøkinga for temaet avdekkjer følgjande moment som utgreiar tilrår at vert teke i med i arbeidet vidare med verneplanen:

- Store delar av lokalbefolkninga ønskjer at kommune skal ha betydeleg ansvar for forvaltningsoppgåvene.
- Store delar av lokalbefolkninga meiner det er naudsynt å oppretthalde kulturlandskapet gjennom tradisjonell bruk, og at dei som driver næringsverksemd i området må kunne tilpasse verksemda til moderne drift.

Det første punktet indikerer at kommunane bør vere aktive i planlegging og forvaltning i området, uansett val av forvaltningsmodell og verneform. Oppretting av ein felles arena for samforvaltning kor relevante aktørar er med, og der kommunane spelar ei viktig rolle, kan vere fruktbart. Det andre framlegget til avbøtande tiltak er å velje landskapsvern for områda med betydeleg landbruksverksemd og der kulturlandskapet er avhengig av fortsett drift for å oppretthalde verneverdiane. Aktivt og ope samarbeid med bønder og grunneigarane er då heilt essensielt for å lukkast.

I det vidare arbeidet vil det og vere viktig å ha ei heilskapleg tilnærming, med eit bredt samarbeid mellom ulike sektorar og forvaltningsnivå, både ved utarbeiding av verneforskrift, forvaltningsplan og i den jamlege forvaltninga. Det er mellom anna viktig å sjå ulike statlege mål i samanheng, mellom anna for landbruk, turisme og naturforvaltning. Naturforvaltninga bør samarbeide nært med landbruksforvaltninga, for å tilpasse noverande landbrukspolitikkk med verneformålet. Dei verna områda der kulturlandskap er verneverdi, bør ha høg prioritet når SMIL-midlar og midlar innanfor regionale miljøprogram vert tildelt. Dette kan og bør sjåast i samanheng med økonomiske tilskotsordningar over forvaltningsbudsjettet for verneområde. Økonomiske overføringar over inntektssystemet til kommunar med store verna areal kan og virke konfliktdempande.

Aktiv og brei medverknad er viktig i både i verneplanarbeidet og i den daglege forvaltninga. I samband med dette er det viktig å vere lyttande, samstundes som vernestyresmaktene er tydelege på sine egne mål i kommunikasjonen.



Villrein å sjå? Holåtindane. Foto: Jørn Karlsen



Villrein på Oppljosegga. Foto: Bjørn Dalen



Utsyn mot Søverhø, Sekkebreen og Dyringshø. Foto: Bjørn Dalen



Setre på Mysubytta. Foto: Jørn Karlsen



Synfaring ved Nedre Leirvatnet i Skjåk. Foto: Jørn Karlsen



Sota seter - DNT-hytte eit steinkast unna føreslått nasjonalpark, landskapsvernområde og naturreservat. Foto: Jørn Karlsen



Lomseggen og Fossbergom. Foto: Jørn Karlsen



Synfaring til Smithbua i Lom. Foto: Jørn Karlsen



Bøvertjønnin med Høyrokampen. Foto: Jørn Karlsen



Vassveg i Lom. Foto: Foto: Jørn Karlsen




Høydalsvatnet og Høydalsseter. Foto: Jørn Karlsen




Frå Bakkebergfjellet mot Hestbrepiggane. Foto: Tom Dybwad



På grottetur i Dumdalen. Foto: Tom Ording Dahl



Hestbrepiggane sett frå Blåhø. Foto: Tom Dybwad



Framfor Harbardsbreen øvst i Fortundalen. Foto: Tom Dybwad



Stølen Smole og Tussen (1232 moh) i Fortundalen. Foto: Tom Dybwad



Gamal styva alm ved Hødnevollen. Foto: Tom Dybwad



Synfaring i frodig vegetasjon i Mørkridsdalen i Luster. Foto: Tom Dybwad



Skogsøtegras ved Tjødnaholet i Mørkridsdalen. Foto: Tom Dybwad



Sel på Råsane i Mørkridsdalen. Foto: Tom Dybwad



Stølen Åsete og Åsetevatnet, Osen ved enden av vatnet. Foto: Tom Dybwad



Langs T-merkt sti i Vigdalen. Foto: Tom Dybwad



På toppen av Vangsen (1757) i Jostedalen, med Sekkebreen i bakgrunnen. Foto: John Anton Gladsø



Sprongdalshytta, ei sjølvbetjent DNT-hytte i området. Foto: Tom Dybwad

Del C Framlegg til verneplan

4 Framlegg til verneplan

4.1 Val av verneformer

I St.meld.nr 62 (1991-92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*, er det verneforma "landskapsvernområde" som vert peika ut som mest aktuell i Breheimen-Mørkridsdalen (Innst. S. nr 124, 1992-93).

Allereie før fylkesmennene sendte ut sitt brev med melding om oppstart av verneplanarbeidet 18.11.2005, var det gjennom kontakt med kommunane og grunneigarane klart at nasjonalpark var ei verneform som måtte utgreiast. Gjennom verneplanprosessen med møte, synfaringar og konsekvensutgreiingane har ein gjennom avvegingane mellom verneverdiar og bruk, kome fram til at hovuddelen av området vert føreslege som nasjonalpark. Dei meir bruksintensive områda med stølar og kulturlandskap vert føreslege som landskapsvernområde, medan to mindre område med særleg store botaniske verneverdiar vert føreslåtte som naturreservat. Val av nasjonalpark som hovudverneform med tilhøyrande mindre landskapsvernområde og naturreservat er grunngjeve i høve til naturvernlova i kapittel 1.1.

Dersom høyringa syner at nasjonalpark likevel ikkje høver best, er det mogleg å verne området som landskapsvernområde, då dette er ei mindre streng verneform etter naturvernlova.

4.2 Forslag til avgrensingar

Framlegget til avgrensing av verneområda er noko endra frå utgreiingsområdet - både ut frå verneverdiar og brukarinteresser. Kart over utgreiingsområdet var lagt ved då meldinga om oppstart av verneplanarbeidet vart sendt på høyring frå fylkesmennene 18.11.2005. Utgreiingsområdet vart seinare i prosessen justert noko, og fylkesmennene sende ut brev om dette den 12.07.2007. Desse dokumenta med kart over utgreiingsområdet er tilgjengeleg på nettstaden www.fylkesmannen.no/breheimen. Det samla arealet i verneframlegget er om lag 25 km² mindre enn utgreiingsområdet.

Framlegget til grenser for verneområda går fram av vedlagde kart og vedlagde grenseskildring. Sjå og kapittel 5.

Under peikar vi på viktige avvegingar som er gjort og på dei største endringane i høve til utgreiingsområdet:

- Verneframlegget omfattar eit heilskapleg naturområde frå fjord til fjell og bre, frå djupe dalar til store fjellvidder, frå Austlandet til Vestlandet, med eit av dei mest inntrykkstreke landskapa som finst i Sør-Noreg. Det er uvanleg stor variasjon i naturtypar, og mange av dei inneheld sjeldsynte, trua og sårbare artar. Det er såleis eit uvanleg stort biologisk mangfald over relativt korte avstandar innanfor dei føreslegne verneområda.
- Verneplanen er forsøkt å omfatte det meste av sørlege del av Ottadalen villreinområde.
- Det har vore sentralt å ta vare på dei inngrepfrie områda (INON), som er mellom dei største i Sør-Noreg som er att, saman med dei store landskaps- og opplevingskvalitetane i området.
- Gamle Strynefjellsveg i Skjåk kommune er med i verneplanen slik Skjåk kommune ønskjer. Ut frå inngrepsstatusen/trafikkomfang er det gjort framlegg om landskapsvernområde her, og ikkje nasjonalpark som kommunen primært ønskte.
- Område i Skjåk kommune nærast Strynefjellet sommarskisenter ligg utafør dei føreslåtte vernegrensene. Framlegget til vernegrenser her vil såleis ikkje vere i konflikt med eventuell utvida aktivitet tilnytt nærområda til Stryn sommarskisenter, men grensene vil vere til hinder

for tiltak som strekkjer seg så lang aust som i ideskissa frå Stryn Glacier Mountain (sjå også kapittel 4.9). Eit breområde på om lag 1 km² rett sør for Mårådalsbreen er teke inn etter innspel frå Skjåk kommune. Dette området har ikkje tyngre tekniske inngrep og inngår i eit landskapsområde med nasjonal verdi. Denne justeringa av grensa gir ei litt betre landskapsmessig avgrensing over breområdet.

- Fjellområdet nord for Gamle Strynefjellsveg opp mot fylkesgrensa mot Møre og Romsdal er føreslått som ein del av nasjonalparken. Lengst i nord er området kring tunnelopninga til Oppljostunnelen og ein stikkveg teke ut. Grensa er trekt noko nærare Breiddalsvatnet på eit parti (om lag 60 høgdemeter lågare). Dette gir ei noko betre naturleg avgrensing av fjellpartiet Langavasseggi. Fjellpartiet er heilårsbeite for villrein og inneheld viktige trekkruter og kalvingsområde. Grensa er trekt heilt inn til austre breidd av elva Måråi som er ei meir naturleg grenselinje i området, samstundes som ei slik grense ikkje vil vere til hinder for evt uttak av vatn frå sjølve elva.
- Framlegget til nasjonalpark grensar heilt inn til Honnsrøve naturesservat i Skjåk kommune
- Framlegget til nasjonalpark går utanom det regulerte Rauddalsvatnet, men vil hindre evt. ytterlegare regulering her (bortsett frå nokre høgdemeter; dei føreslåtte grensene ligg om lag 25 høgdemeter over høgste regulerte vasstand). Grensene på nord- og sørsida av Rauddalsvatnet ligg noko nærare vatnet enn grensa for utgreiingsområdet, slik at grensene her følgjer om lag same høgde frå vatnet som i vestenden av vatnet. Meir av dei produktive areala vert då med, med tilhøyrande biologisk mangfald. Ei slik utviding vil og sikre viktige område for friluftsliv (det går ein tursti innafør dei føreslåtte grensene her). Dei opphavlege grensene i utgreiingsområdet ville også ha hindra evt ytterlegare regulering, sidan dei låg nær vestenden av vatnet. Hyttene og nausta langs Rauddalsvatnet vert liggande utanfor den føreslåtte nasjonalparken
- Mysubytta med verdfullt kulturlandskap vert føreslege som landskapsvernområde, medan den verdfulle gamle furuskogen på sørsida av dalføret vert føreslege som naturesservat. Grensa mellom landskapsvernområdet og naturesservatet går ned mot turisthytta Sota setær, som ligg utafør verneplanen. Grensene for nasjonalparken på vestsida av Liavatnet er trekt nærare vatnet (om lag 200 høgdemeter lågare) etter ønskje frå kommunen. Ein får då med den lange lisida på vestsida som heilskapleg element og avgrensing av nasjonalparken vert betre arrondert mot det tilgrensande føreslåtte Mysubytta landskapsvernområde. Bygningane på vestsida av Liavatnet vert utanfor dei føreslåtte grensene. Det gjer også bygningane på austsida av Liavatnet.
- Grensene for nasjonalparken i Skjåk og Lom følgjer i stor grad tregrensa. Eit unnatak er i Tundradalen der det særleg verdfulle elvegjelet og israndavsetningane no er tekne inn i området. Dalmunningen viser også spor etter strandsona av ein dølasjø. Av omsyn til dei nemnde verdiane, er nokre skogressursar kome med innanfor dei framlagte grensene her. Dei utvida grensene er likevel trekte slik at den produktive skogen i størst mogleg grad kjem utanfor. Område med aktiv stølsdrift i Tundradalen kjem utanfor nasjonalparken.
- Heimste Lundadalsetra er utanfor verneframlegget, medan Ytste Lundadalsetra (har ikkje aktiv setring) er innafør.
- Lomseggi som er eit landemerke i Lom, er med i nasjonalparken som eit inngrepsfritt og storslått landskapselement av nasjonal verdi nærme kommunesenteret/nasjonalparklandsbyen Fossbergom. Planane om gondolbane i området vil ikkje kunne sameinast med desse grensene. Ei etablering av gondol vil redusere dei inngrepsfrie områda (INON) her.
- Verdfulle botaniske område i Bøverdalen (Storhø-området og vidare mot Høyrokampen) er med i verneplanen.
- Høyrokampen med særleg verdfull botanikk vert føreslege som naturesservat. Grensene her er justerte samanlikna med utgreiingsområdet, slik at ingen hytter, innmark eller veg kjem innanfor evt. verneområde her. Plan om regulering av 6-8 nye hytter ved Bøvertjønnin vil ikkje kunne gjennomførast med dei føreslåtte grensene.
- Høydalen med stølsdrift og inngrep frå tidlegare kraftutbygging (veg og tunnelinnslag) vert føreslått som landskapsvernområde. Eit mindre område med grotter og jettegryter med høg

verdi ved Vassenden er no teke inn i det føreslåtte landskapsvernområdet. Samstundes er grensene her trekte slik at dei ikkje vil vere til hinder for evt omlegging av vegen nær dette.

- Traseen for ei 24 kV kraftlinje i Lom på strekninga Breidsæterdalen-Sognefjellshytta og areala sør og aust for linja, er tekne ut. Samstundes er grensene trekte slik at ein får med parti av den gamle ferdselsvegen (Gamle Sognefjellsveg).
- Grottene av nasjonal verdi i Dumdalen og Hestbrepiggområdet er med i nasjonalparken.
- Eit mindre areal av Luster austre statsallmenning nordvest for Stølsdalen er teke med for å få meir av den T-merkte stien i området og meir av den gamle ferdselsvegen mellom Ormelid og Høydalen.
- Kring Middalen og Middalsnosi er grensene noko justerte slik at ingen tunnellingar ligg innafor verneframlegget, og slik at utsiktspunktet Middalsnosi er med.
- Verneplanen tek omsyn til utførte kraftutbyggingar i Fortun, og kjem ikkje i konflikt med ein del av Hydro sine nye planar i Fortunvassdraget, m.a. Øyane kraftverk. Den føreslåtte grensa vil hindre eit takrenneprosjekt frå Illvatnet under Fortundalsbreen og Harbardsbreen, eit prosjekt som vil gripe inn i område med store kvartærgeologiske verdiar og reduserer INON-området mykje (ca. 18 km² i sone 3, villmarksprega område, om lag 15% av denne villmarka. Grensa er endra litt slik at ingen av dei tekniske inngrepa frå eksisterande kraftutbygging i Fortundalen er med i verneområdet, m.a. i Middalen og mellom Illvatnet og magasinet i Fivlemyrane.
- Grensa følgjer no grensa mellom teigar og sameige under Tussen, der det er forhandlingar om frivillig barskogvern. Dette for å vere sikker på at verneplanen for Breheimen skal grense til eit evt frivillig vern område (Drægnismorki-Yttrismorki).
- Ei 300kV kraftlinje og areal sør for denne i Luster er teke ut (nord for Bolstadnosi og nord for Kinnfokfjellet).
- Vernegrensa mellom nasjonalpark og landskapsvernområde er forsøkt lagt slik at dei stølane (i Luster) som er mest aktivt i bruk, kjem i landskapsvernområde, medan dei mindre intensivt brukte er i nasjonalpark. Det er store verneverdiar knytte til alle stølane, og dei bør difor ligge i nasjonalpark med unntak av dei som har så intensiv bruk at denne bruken kjem i konflikt med nasjonalparkvern.
- Heile Mørkridsdalen har eit uvanleg stort biologisk mangfald av stor verdi. Det er viktig at denne naturarven vert verna for framtida.
- Mørkridsdalen er med i verneplanen, med verneforma landskapsvernområde for dei mest aktivt brukte stølane, og nasjonalpark for dei mindre intensivt brukte.
- Langt inne Mørkridsdalen (ved Fjellslia aust og vest for dalen er det registrert to botanisk viktige område som er med i nasjonalparken.
- Forslaget om nasjonalpark omfattar ikkje støls- og hytteområdet ved Osen i Mørkridsdalen. Grunnen til dette er at det er ein godkjend helikopterlandingsplass (etter lov om motorferdsel i utmark, godkjend av Luster kommune) der. Slik type motorferdsel er uaktuell innanfor eit verneområdet. Det er heller ikkje ønskjeleg å ha hyttefelt innanfor eit verneområde. Dei nemnde areala er difor trekte ut.
- Også planlagt hytteområde aust for elva (motsatt Osen, Mørkrid Sameige) vert liggjande utanfor vernegrensa.
- Området (Kreken-Mørkrid-Hødnevoll) ned mot dalbotnen i det føreslåtte Mørkridsdalen landskapsvernområde inneheld uvanleg store botaniske verneverdiar. Vernegrensa er trekt slik at ein får med mest mogleg av desse verdiane, dvs. lengst mogleg ned. Samstundes har ein i forskrifta føreslått reglar som tek omsyn til både verneverdiane og grunneigarane sine ønskje om å halde fram den tradisjonelle bruken med forsiktig hogst av vedskog).
- Stølane Persli og Gurosete blir liggjande utanfor vernegrensa (sør for 300 kV kraftlinje).
- Vigdalen har uvanleg store kvartærgeologiske verneverdiar kring Fjellstølen og Breidsete. Denne U-forma dalen er typisk i Breheimen. Samstundes er Vigdalen ein viktig innfallspport til Breheimen. Dette området er difor med i verneframlegget som landskapsvernområde. Utanom bekkeinntak i Vigdalen landskapsvernområde, er det ingen inntak i samband med Jostedalsutbygginga, som ligg innafor vernegrensene til nasjonalparken.

- I Jostedalen er vernegrensa for nasjonalparken og Vigdalen landskapsvernområde føreslått trekte slik at dei mest urørte fjellområda med viktige fjelltoppar og utsiktspunkt ligg innafor framlegget til vernegrenser, medan natur med inngrep, særleg frå kraftutbygginga på austsida av Jostedalen ligg utanfor.
- Framlegget til nasjonalpark grensar i nord til Jostedalsbreen nasjonalpark, noko som er i tråd med oppdraget frå Miljøverndepartementet. Dette gjer at evt veg over Handspiki ikkje kan byggjast.

Justeringane av grensene i Luster, Skjåk og Lom er gjort i samråd med referansegruppene.

4.3 Namn

Namn på verneområda er ein del av høyringa. Fylkesmennene gjer framlegg om følgjande namn:

Breheimen nasjonalpark: Arbeidstittelen på utgreiingsområdet i verneplanarbeidet har vore ”Breheimen-Mørkridsdalen”, då det er omtala slik i samband med nasjonalparkmeldinga. No vert det føreslege eit eige Mørkridsdalen landskapsvernområde. ”Breheimen” er eit namn som er å føretrekkje då det er enkelt (ikkje samansett av fleire namn), og dekkjande for området. I den lokale spørjeundersøkinga som NIBR gjennomførde vart det spurd om namnet på utgreiingsområdet, ”Breheimen - Mørkridsdalen”, var eit greitt namn, eller om det burde ha eit anna namn. Dei fleste syntes namnet var greitt. Dei som ikkje var ikkje var samde i eit slikt namneval vart bedde om å foreslå eit anna namn, og dei fleste foreslo ”Breheimen”. Fleira peika på at eit samansett namn var tungt, og at det ikkje var naturleg å nemne eitt av fleire dalføre. Lom kommune har i samband med oppstartsmeldinga påpeika at om det vert eit samansett namn, ønskjer dei at ”Lomseggen” skal inngå i namnet.

Mørkridsdalen landskapsvernområde: Nemninga ”Mørkridsdalen” dekkjer området godt, og det er lokal semje om dette namnet, og at det skal stavast med d (dvs ikkje Mørkrisdalen). Sjå og kommentarane til namnevalet for Breheimen nasjonalpark.

Vigdalen landskapsvernområde: Nemninga ”Vigdalen” dekkjer området godt, og det er lokal semje om dette namnet.

Strynefjellet landskapsvernområde: Referansegruppa i Skjåk har føreslege dette namnet og grunngjeve det med at ”Strynefjellet” tradisjonelt har vore nytta for å skildre området.

Mysubytta landskapsvernområde: Seterlandskapet Mysubytta er ein sentral del av verneformålet i det føreslåtte landskapsvernområdet, og det er lokal semje om namnet.

Røykjeskålvatnet naturreservat: Røykjeskålvatnet ligg sentralt i det føreslåtte naturreservatet, og det er lokal semje om namnet.

Høydalen landskapsvernområde: Seterlandskapet med Høydalssetrene er ein sentral del av verneformålet i det føreslåtte landskapsvernområdet, og det er lokal semje om namnet.

Høyrokampen naturreservat: Høyrokampen ligg sentralt i det føreslåtte naturreservatet og mykje av dei botaniske verdiane ligg her. Det er lokal semje om namnet.

Alternative namn til dei som er nemnde her, har ikkje vore fremja av referansegruppene eller kontaktutvalet. Undervegs i prosessen har det kome fleire innspel om namn.

Det er og kome innspel om at det bør utarbeidast eit omfattande stadnamnprosjekt.

4.4 Framlegg til forskrifter

I konsekvensutgreinga vart det lagt til grunn eit 0-alternativ, justert forskriftsmal for nasjonalparkar, justert forskriftsmal for landskapsvernområde og standard forskriftsmal for naturreservat, jf. kapittel 3. Fylkesmennene meiner at vårt framlegg til forskrifter ligg innanfor det som er konsekvensutgreidd.

Fylkesmennene har lagt vekt på å gjøre endringar som følgjer opp avbøtande tiltak som er føreslått i konsekvensutgreingane og innspel frå mellom anna referansegruppene og kontaktutvalet ved tilpasse naturverdiane og brukarinteressene så langt dette har late seg gjere innafør rammene som ligg i naturvernlova. I framlegget til forskrifter er det lagt vekt på å lage stadstilpassa reglar med verneformål som sikrar verneverdiane, samstundes som ulempe for brukarane vert minst mogleg.

Verneformåla avspeglar at verneplanen for Breheimen – Mørkridsdalen er eit (kvartær)geologisk uvanleg interessant verdfullt område, med avsetningar både frå dei store istidene, og frå den vetle istida. Området sin verdi for villreinstamma i Ottadalen villreinområde kjem og fram, saman med det uvanleg store naturmangfaldet i området grunna stor variasjon i høgde frå lågland til høgfjell og i nedbør frå vest til aust. Området sin verdi for friluftsliv er og stor. Det er og teke med i verneformålet at innslag av kulturlandskap er med på å prege området. For nærare utdjuping, sjå kap. 5.

Det har vore ei utfordring at det er litt ulike tradisjonar i Oppland og Sogn og Fjordane, som t.d. tilhøvet til snarefangst, som er tillate i Oppland, men forbode i Sogn og Fjordane. Eit anna døme er behovet for bygging av buer i samband med beiting: i Oppland har det stort sett skjedd i regi av beitelag, medan i Sogn og Fjordane har grunneigarane eit slikt behov i tilknytning til stølane. Det er også ulik tradisjon på uttransport av elg og hjort, truleg m.a. pga ulik topografi (brattare terreng i Luster).

Alle verneforskriftene har forbod mot lågtflyging mindre enn 300 m over bakken. Dette er gjort av omsyn til villrein, anna sårbart fugle- og dyreliv og friluftsliv, og for å få like reglar og ein heilskap i forvaltning av verneverdiane i området. Det er samstundes opna for at det kan gjevas løyve til flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr.

Framlegg til forskrifter med tilhøyrande merknader er presentert i kapittel 5. For vidare rettleiing for korleis verneforskriftene vil bli praktiserte, viser vi til skissa til forvaltningsplan, som er lagt ved verneplanen som eit eige dokument.

Breheimen nasjonalpark

FORSKRIFT FOR BREHEIMEN NASJONALPARK, SKJÅK, LOM OG LUSTER KOMMUNAR, OPPLAND OG SOGN OG FJORDANE FYLKER.

Fastsett ved kgl. res.med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 3, jf § 4 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Nasjonalparken gjeld følgjande gnr/bnr:

Skjåk kommune: 25/1, 25/3, 25/4, 25/5, 25/6, 25/15, 26/3, 26/4, 26/5, 26/7, 27/1, 26/12, 26/13, 26/16, 26/22, 27/2, 27/7, 27/8, 27/15, 28/1, 28/2, 28/9, 49/10, 61/2, 61/27, 246/1.

Lom kommune: 54/1, 54/2, 54/3, 54/5, 54/11, 54/12, 55/1, 56/1, 57/1, 57/2, 57/3, 57/4, 57/5, 57/6, 57/7, 57/8, 58/1, 58/2, 58/3, 58/4, 59/1, 60/1, 61/1, 61/2, 61/3, 62/1, 62/2, 62/3, 62/4, 62/5, 63/1, 63/3, 64/1, 65/1, 65/2, 65/3, 65/4, 66/1, 66/2, 66/4, 66/5, 67/1, 68/1, 68/3, 68/5, 68/6, 68/12, 68/34, 69/1, 69/2, 69/3, 70/1, 70/12, 70/14, 70/27, 70/29, 70/30, 70/31, 70/44, 70/45, 70/46, 71/1, 71/2, 72/1, 73/1, 73/2, 73/3, 73/4, 73/5, 73/6, 73/7, 73/8, 74/1, 74/2, 74/4, 74/6, 74/7, 74/9, 75/1, 75/2, 75/3, 75/5, 107/1, 108/1, 109/1, 119/1, 120/1, 121/1, 122/1, 122/3, 122/4, 122/5, 122/6, 122/7, 122/8, 122/11, 122/12, 122/13, 122/14, 122/15, 122/16, 124/1, 124/2, 124/3, 124/4, 124/5, 125/1, 125/2, 125/3, 125/4, 126/1, 126/2, 126/3, 127/1, 127/2, 127/3, 128/1, 128/2, 129/1, 130/1, 131/1, 132/1, 133/1, 155/1.

Luster kommune: 2/1, 2/2, 3/1, 3/2, 3/3, 3/7, 3/9, 3/10, 3/12, 3/14, 4/1, 4/2, 4/3, 4/4, 4/5, 4/6, 4/7, 5/1, 5/2, 6/1, 6/2, 6/3, 8/1, 8/2, 8/3, 8/5, 14/1, 14/2, 14/3, 14/5, 18/1, 19/1, 20/1, 20/2, 20/3, 20/4, 20/5, 20/6, 20/7, 20/8, 20/9, 20/10, 20/11, 20/12, 20/13, 20/14, 20/15, 20/16, 20/17, 20/18, 20/19, 20/20, 20/23, 20/24, 20/25, 20/26, 20/27, 20/28, 20/29, 20/30, 20/32, 20/33, 20/34, 20/35, 20/36, 20/37, 20/38, 20/39, 20/40, 20/41, 20/42, 20/43, 20/44, 20/45, 20/46, 20/48, 20/49, 20/50, 20/51, 20/52, 21/1, 21/3, 21/4, 21/5, 21/6, 21/7, 21/8, 21/9, 21/10, 22/1, 22/2, 22/3, 22/4, 23/1, 24/1, 24/2, 24/3, 24/4, 25/1, 25/2, 25/3, 25/4, 25/5, 25/6, 25/7, 25/8, 25/9, 25/10, 25/11, 25/12, 25/13, 25/14, 25/15, 26/1, 26/2, 26/3, 26/4, 26/5, 26/6, 26/9, 27/1, 27/2, 27/5, 27/7, 27/8, 27/11, 27/13, 28/1, 28/4, 28/6, 28/7, 28/8, 28/9, 28/10, 28/13, 29/1, 30/1, 30/2, 30/3, 30/4, 31/1, 31/3, 31/4, 31/5, 32/1, 32/2, 33/1, 34/1, 34/2, 35/1, 35/2, 35/3, 36/1, 36/2, 36/3, 36/4, 36/5, 36/6, 36/8, 36/9, 36/10, 36/11, 36/12, 36/14, 36/16, 36/17, 39/1, 40/1, 40/2, 41/1, 41/2, 41/3, 41/4, 41/5, 41/6, 41/7, 41/8, 42/1, 42/2, 42/3, 42/4, 42/5, 42/6, 42/8, 42/9, 42/10, 42/12, 42/13, 42/17, 43/1, 43/2, 43/3, 43/5, 43/6, 43/8, 43/9, 43/11, 43/12, 43/13, 43/14, 43/15, 43/16, 43/17, 43/18, 43/19, 43/20, 43/21, 43/22, 44/1, 44/4, 44/5, 44/6, 44/7, 44/8, 44/9, 44/10, 44/12, 44/13, 44/14, 44/15, 44/16, 44/18, 44/19, 44/20, 44/21, 44/22, 44/23, 53/1, 53/2, 53/3, 53/4, 53/5, 187/1, 187/2, 187/3, 187/4, 187/5, 187/8, 190/1, 190/2, 190/3, 190/4, 190/5, 190/6, 190/7, 190/8, 190/9, 190/10, 190/11, 190/12, 190/13, 190/14, 190/15, 192/1, 192/2, 192/3, 192/5, 192/6, 192/7, 192/8, 195/1, 195/2, 195/4, 195/5, 195/6, 196/1, 197/1, 197/2, 197/3, 197/4, 197/5, 198/1, 198/2, 198/3, 198/4, 198/5, 198/7, 199/1, 199/2, 199/3, 199/4, 199/5, 199/6, 200/1, 200/2, 200/3, 200/4, 200/5, 200/6, 201/1, 201/2, 201/3, 202/1, 202/2, 202/3, 202/4, 202/5, 202/6, 202/8, 202/9, 202/10, 202/11, 202/12, 202/13, 204/1, 204/2, 204/3, 204/4, 204/5, 204/6, 204/7, 204/8, 204/9, 205/1, 205/2, 205/3, 205/4, 205/5.

Nasjonalparken dekkjer eit totalareal på ca. 1707 km².

Grensene for nasjonalparken går fram av vedlagde kart i målestokk, datert Miljøverndepartementet.....20..... Dei nøyaktige grensene for nasjonalparken skal merkast av i marka og knekkpunkta skal koordinatfestast.

Kartet og verneforskrifta skal oppbevarast i Skjåk og Lom kommunar, hjå Fylkesmannen i Oppland, i Luster kommune, hjå Fylkesmannen i og Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 FORMÅL

Formålet med oppretting av Breheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på leveområde til villreinstammen i Ottadalen villreinområde
- ta vare på vassdragsnaturen i området

- ta vare på ein variasjonsrikdom i geologi med særprega geologiske førekomstar frå istida og den vetle istida, klima, vegetasjon og landskap
- verne om kulturminne

Innslag av kulturlandskap er med på å prege området.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1 Vern mot inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, opplag av båtar, gjerde og anlegg, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, gravning, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrelgging, rissing og måling, festing av boltar, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmmande.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- vedlikehald av bygningar og andre anlegg som ikkje fører til bruksendring. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding.
- vedlikehald av eksisterande stiar, trasear for skiløyper, skilt, bruer, vardar og liknande, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- vedlikehald av eksisterande vatningsanlegg i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- oppsetting av saltsteinar og liknande i jordbruksnæring.
- plukking av mindre steinar.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- ombygging og mindre utviding av bygningar i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- bygging av bruer og legging av klopper.
- oppsetting av skilt, merking av nye stiar og skiløyper i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- ombygging og oppsetting av nye gjerde, sanketrøer og liknande.
- oppføring av bygningar og anlegg som er nødvendige for utøving av reindrift.
- bruksendring av eksisterande bygningar.
- riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.
- oppføring av nødvendige bygningar til beitebruk og tilsyn i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan
- oppsetting av kassar for utstyr og proviant ved fiskevatn i Skjåk allmenning i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- opplag av båtar i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

Ombygging og utviding skal skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

2. Plantelivet

2.1 Vern av plantelivet

Vegetasjon, også daude busker og tre, skal vernast mot skade og øydelegging av alle slag. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.

2.2 Reglane i 2.1. er ikkje til hinder for:

- a) beiting.
- b) skånsam bruk av trevirke til bålbreining.
- c) sanking av bær og matsopp.
- d) plukking av vanlege planter til eigen bruk.
- e) bruk av kvist til snarefangst i samsvar med gjeldande lovverk.

2.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) uttak av ved til hytter og setrer i nasjonalparken i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- b) rydding av skog og kratt kring hytter i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- c) rydding og vedlikehald av eksisterande setervollar i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

3. Dyrelivet

3.1 Vern av dyrelivet

Dyrelivet, medrekna hi, reir, hekke-, yngle- og gyteplassar, er verna mot skade og unødvendig forstyrning. Utsetting av dyr på land og i vatn er forbode.

3.2 Regelen i pkt 3.1 er ikkje til hinder for:

Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.

3.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) utsetting av fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare.
- b) kalking av vatn og elvar som er nødvendig for å hindre at ein art dør ut. Det skal gjennom forvaltningsplanen fastsetjast eit referanseområde som ikkje kan kalkast.
- c) iverksetting av tiltak for å få villreinen tilbake i søre del av Ottadalen villreinområde, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan .

4. Kulturminne

4.1 Vern av kulturminne

Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast.

4.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

5. Ferdsl

5.1 Generelt om ferdsl

All ferdsl skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

5.2 Organisert ferdsl

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert ferdsl og ferdslsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplan.

5.3 Sykling, organisert køyring med hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøvar for hund

Sykling, organisert køyring med hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøvar for hund er berre tillate på vegar, trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltningsplanen. Bruk av hest og liknande til kløvjing og gjeting er tillate.

5.4 Regulering av ferdsel

Innanfor nærare avgrensa delar av nasjonalparken kan Direktoratet for naturforvaltning ved særskilt forskrift regulere eller forby ferdsel som kan skade naturmiljøet.

5.5 Omlegging av stiar

Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvaltningsstyresmakta leggje om eller krevje fjerna merking av stiar og løyper.

5.6 Telting

Telting utover ei veke på same stad krev særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Dette gjeld ikkje vanlege vandretelt, jf. forvaltningsplan.

5.7 Hundar

Hundar må ikkje sleppast lause i tida 1. mars – 20. august i område fastsette i forvaltningsplan .

5.8 Generelle unntak for ferdsel

Reglane i punkt 5 gjeld ikkje nødvendig ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

6. Motorferdsel

6.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel til lands, på vatn og i lufta under 300 meter frå bakken er forbode.

6.2 Regelen i pkt 6.1 er ikkje til hinder for:

- a) motorferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskøyring.
- b) nødvendig bruk av beltekøyretøy på vinterføre i samband med utøving av tamreindrift. Leigekøyrar for reineigar eller reindrifansvarleg må medbringe skriftleg dokumentasjon/avtale med oppdragsgivar for at køyringa skal vere lovleg.
- c) motorferdsel for uttransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring finn stad i tråd med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) øvingskøyring til formål nemnde i pkt. 6.2 a).
- b) bruk av beltekøyretøy på vinterføre for utkøyring av saltstein o.l. i jordbruksføremål, jf retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- c) bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr.
- d) bruk av beltekøyretøy på vinterføre i samband med vedhogst etter pkt. 2.3.
- e) bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av varer og utstyr til hytter og setrer, og for transport av båt og garnkassar.
- f) bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på hytter, klopper o.l.
- g) bruk av lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget eller luftfartøy for uttransport av felt elg og hjort i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- h) bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy i samband med kalking og fiskekultivering etter pkt. 3.3.
- i) bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy i samband med snømåling, drift, vedlikehald og oppgradering/fornyng av eksisterande kraftanlegg og telekommunikasjonsanlegg.
- j) motorferdsel i samband med molding og vedlikehald av eksisterande vatningsanlegg i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- k) oppkøyring av skiløyper i ytre delar av nasjonalparken i Grotliområdet i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

- l) bruk av beltekøyretøy på vinterføre for kvisting av skiløyper i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- m) landing med helikopter i samband med media og filmopptak på Spørteggreen. Dette gjeld tiltak/aktivitet som bidreg til formidling av informasjon om nasjonalparken.

7. Ureining

7.1 Forbod mot ureining

Ureining og forsøpling, og utandørs lagring av materialar, gjerdeutstyr o.l., er forbode. All bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode.

7.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) bruk av sand og liknande til snøsmelting.
- b) bruk av plantevernmiddele for stubbebehandling ved rydding av eksisterande setervollar.

7.3 Støy

Unødvendig støy er forbode. Bruk av motordrive modellfly o.l. er forbode. Dette er ikkje til hinder for bruk av motorisert isbor i samband med fiskekultivering.

§ 4 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon frå reglane i denne forskrifta når formålet med vernet krev det, for vitskapelege undersøkingar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

§ 5 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon osv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 6 SKJØTSEL

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å fremje formålet med vernet.

§ 7 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 8 RÅDGIVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgivande utval for forvaltninga av nasjonalparken.

§ 9 IVERKSETTING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Strynefjellet landskapsvernområde

FORSKRIFT FOR STRYNEFJELLET LANDSKAPSVERNOMRÅDE I SKJÅK KOMMUNE I OPPLAND FYLKE

Fastsett ved kongeleg resolusjon avmed heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5 jf §6 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr/bnr:

Skjåk kommune: 246/1, 249/4, 249/5, 249/6, 249/7, 249/8, 249/9, 249/10, 249/11, 249/12, 249/13, 249/14, 249/15, 249/16, 249/17, 249/18, 249/19, 249/20, 249/21, 249/22.

Landskapsvernområdet dekkjer eit totalareal på ca. 11,8 km².

Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk, datertMiljøverndepartementet,..... Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal merkast i marka og knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Skjåk kommune, hjå Fylkesmannen i Oppland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 FORMÅL

Formålet med Strynefjellet landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta naturlandskap som del av eit samanhengande høgfjellsområde
- ta vare på biologisk mangfald i området, med særleg vekt på leveområde og trekkområde for villreinstammen i Ottadalen villreinområde
- ta vare på kulturminne
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

1.1 Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineralar eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) vedlikehald av bygningar, andre anlegg og innretningar. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding.
- b) vedlikehald av eksisterande stiar, trasear for skiløyper, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med forvaltningsplan.
- c) kvisting av eksisterande skiløyper i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- d) vedlikehald av eksisterande vegar i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- e) plukking av mindre steinar.
- f) parkering av motorkøyretøy i samsvar med retningslinjer fastsett i forvaltningsplan.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) ombygging og utviding av bygningar.
- b) gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- c) bygging av bruer og legging av kløpper.
- d) oppsetting av skilt og merking av nye stiar i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- e) riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.
- f) utbetring av Gamle Strynefjellsveg i samråd med kulturminnestyresmaktane og i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- g) opplag av båtar i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

2. Plantelivet

2.1 Vern av plantelivet

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Innføring av nye planteartar er forbode. For dyrka mark gjeld forbodet mot innføring av nye planteartar berre planteartar som gjennom spreiding kan redusere verneområdet sin verdi.

2.2 Reglane i pkt. 2.1 er ikkje til hinder for:

- a) beiting.
- b) skånsam bruk av trevirke til bålrensing.
- c) plukking av vanlege planter til eigen bruk.
- d) sanking av bær og matsopp.
- e) bruk av kvist til snarefangst.

3. Dyrelivet

Jakt, fangst og fiske er tillate i samsvar med gjeldande lovverk.

3.1 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) utsetting av fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare.
- b) kalking av vatn eller elvar som er naudsynt for å hindre at ein art dør ut.

4. Kulturminne

4.1 Vern av kulturminne

Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast.

4.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

5. Ferdsl

5.1 Generelt om ferdsl

All ferdsl skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

5.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplan.

5.3 Sykling, organisert bruk av hundespenn, organisert bruk av hest og bruksprøver for hund

Sykling, organisert køyring med hundespenn, organisert bruk av hest og bruksprøver for hund er berre tillate på vegar, trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltningsplanen. Bruk av hest og liknande til kløvjing og gjeting er tillate.

5.4 Regulering av ferdsel

Innanfor nærare avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved særskilt forskrift regulere eller forby ferdsel som kan skade naturmiljøet.

5.5 Omlegging av stiar

Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvaltningsstyresmakta legge om eller krevje fjerna merking av stiar og løyper.

5.6 Teltning

Teltning utover ei veke på same stad krev særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf forvaltningsplan. Dette gjeld ikkje vanlege vandretelt.

5.7 Hundar

Hundar må ikkje sleppast lause i tida 1. mars – 20. august.

5.8 Generelle unntak for ferdsel

Reglane i punkt 5 gjeld ikkje naudsynt ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

6. Motorferdsel

6.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel til lands og til vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy. Det er forbod mot lågtflyging under 300 meter over bakken.

6.2 Reglane i punkt 6.1 er ikkje til hinder for:

- a) motorferdsel ved militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskøyring.
- b) motorferdsel på Gamle Strynefjellsveg, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- c) snøbrøyting av Gamle Strynefjellsveg etter 10. juni, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- d) motorferdsel for uttransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Køyretøy som vert nytta skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer i tråd med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) øvingskøyring til formål nemnt i pkt. 6.2 a).
- b) bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av varer og utstyr til hytter, samt for transport av båt og garnkasser.
- c) motorferdsel i samband med snømålingar.
- d) oppkøyring av skiløyper i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- e) motorferdsel på stikkveg ved Vassvenda og stikkveg på austsida av Langvatnet i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- f) flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr.

- g) bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy i samband med kalking og fiskekultivering etter pkt 3.2.
- h) nødvendig motorferdsel i samband med vedlikehald og eventuell utbetring av Gamle Strynefjellsveg, etter pkt 1.2 eller 1.3.
- i) nødvendig motorferdsel for drifta av Strynefjellet sommarskiser, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

7. Ureining

7.1 Forbod mot ureining

Ureining og forsøpling, og utandørs lagring av materialar, gjerdeutstyr o.l., er forbode. All bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode.

7.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

Bruk av sand, kalk og liknande til snøsmelting.

7.3 Støy

Unødvendig støy skal unngåast. Dette er ikkje til hinder for bruk av motorisert isbor i samband med fiskekultivering.

§ 4 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon frå reglane i denne forskrifta når formålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

§ 5 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon osv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 6 SKJØTSEL

Forvaltningsstyresmakta eller den som forvaltningsstyresmakta bestemmer kan setje i verk skjøtselstiltak for å fremje formålet med vernet.

§ 7 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 8 RÅDGIVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgivande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet i lag med dei andre verneområda i Breheimen.

§ 9 IVERKSETTING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Mysubytta landskapsvernområde

FORSKRIFT FOR MYSUBYTТА LANDSKAPSVERNOMRÅDE I SKJÅK KOMMUNE I OPPLAND FYLKE

Fastsett ved kongeleg resolusjon avmed heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5 jf § 6 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr/bnr:
Skjåk kommune: 102/1, 246/1.

Landskapsvernområdet dekkjer eit totalareal på ca. 5,58 km².

Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk, datertMiljøverndepartementet,..... Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal merkast i marka og knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Skjåk kommune, hjå Fylkesmannen i Oppland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 FORMÅL

Formålet med Mysubytta landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på eit stort samanhengande naturområde med rikt dyre- og planteliv som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomstlar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

1.1 Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineralar eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) vedlikehald av bygningar, anlegg og innretningar. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding.
- b) vedlikehald av eksisterande stiar, trasear for skiløyper, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

- c) merking av skiløyper i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- d) vedlikehald av eksisterande vegar i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- e) drift og vedlikehald av jordbruksareal for eksisterande setrer på Mysubytta og Røykjeskålsli. Retningslinjer for drift vert fastsette i forvaltningsplan.
- f) anlegg av sanketrøer og nødvendig gjerdning for setrene på Mysubytta og Røykjeskålsli, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- g) oppsetting av saltstein og liknande i jordbruksnæring.
- h) plukking av mindre steinar.
- i) parkering av motorkøyretøy i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplanen.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) ombygging og utviding av bygningar.
- b) gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- c) oppføring av bygningar, innretningar og anlegg som er nødvendige til jordbruksformål for setrene på Mysubytta og Røykjeskålsli.
- d) bygging av bruer og legging av klopper.
- e) oppsetting av skilt og merking av nye stiar.
- f) riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.
- g) riving av seteranlegg.
- h) oppdyrking/beitekulturering av nye areal i tilknytning til eksisterande setrer.
- i) oppattaking av jordbruksdrift på nedlagde setervollar.
- j) omlegging og opprusting av vegar for jordbruksformål i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- k) legging av jordkabel for framføring av straum i samband med seterdrift.

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

2. Plantelivet

2.1 Vern av plantelivet

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Innføring av nye planteartar er forbode. For dyrka mark gjeld forbodet mot innføring av nye planteartar berre planteartar som gjennom spreing kan redusere verneområdet sin verdi.

2.2 Regelen i 2.1 er ikkje til hinder for:

- a) beiting.
- b) skånsam bruk av trevirke til bålbrekking.
- c) plukking av vanlege planter til eigen bruk.
- d) sanking av bær og matsopp.
- e) bruk av kvist til snarefangst.

2.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) rydding av skog og kratt kring hytter i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- b) rydding av nye stiar samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

2.4 Hogst av ved

Hogst av ved til hytter og setrer i landskapsvernområdet er tillate i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan. Særmerkte, dekorative og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast.

2.5 Skogsdrift

Aust for Mysubytta kan skogsdrift skje i medhald av plan som er godkjent av forvaltningsstyresmakta. Ein plan skal normalt bygge på følgjande retningslinjer:

- lukka hogstformer skal nyttast
- område som vesentleg pregar skogbiletet skal takast vare på
- bekkedalar, urskogslopper, koller og tiurleiker skal takast vare på
- areal med fuktskog skal ikkje hoggast
- etablering av ny skog skal helst skje ved naturleg forynging
- ved behov kan suppleringsplanting av stadeigne treslag nyttast
- felling av særmerkte og dekorative tre, felling av furu med brannlyrer eller gaddar og daude tre som er med på å prege landskapet er forbode.

3. Dyrelivet

Jakt, fangst og fiske er tillate i samsvar med gjeldande lovverk.

3.1 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) utsetting av fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare.
- b) kalking av vatn eller elvar som er nødvendig for å hindre at ein art dør ut.

4. Kulturminne

4.1 Vern av kulturminne

Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast.

4.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

5. Ferdsl

5.1 Generelt om ferdsl

All ferdsl skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

5.2 Organisert ferdsl

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Organisert ferdsl og ferdslsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplan.

5.3 Sykling, organisert bruk av hundspann, organisert bruk av hest og bruksprøver for hund

Sykling, organisert køyring med hundspann, organisert bruk av hest og bruksprøver for hund er berre tillate på vegar, trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltningsplanen. Bruk av hest og liknande til kløvjing og gjeting er tillate.

5.4 Regulering av ferdsl

Innanfor nærare avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved særskilt forskrift regulere eller forby ferdsl som kan skade naturmiljøet.

5.5 Omlegging av stiar

Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvaltningsstyresmakta legge om eller krevje fjerna merking av stiar og løyper.

5.6 Teltng

Teltng utover ei veke på same stad krev særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplan. Dette gjeld ikkje vanlege vandretelt.

5.7 Generelle unntak for ferdsl

Reglane i punkt 5 gjeld ikkje naudsynt ferdsl ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

6. Motorferdsl

6.1 Forbod mot motorferdsl

Motorferdsl til lands og til vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy. Det er forbod mot lågtflyging under 300 meter over bakken.

6.2 Reglane i punkt 6.1 er ikkje til hinder for:

- a) motorferdsel ved militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskøyning.
- b) motorferdsel på innmark i samband med drift av jordbruksareal.
- c) bruk av lett beltekjøretøy som ikkje set varige spor i terrenget for uttransport av felt elg og hjort.
- d) motorferdsel i samsvar med plan for skogsdrift som er godkjend etter pkt 2.5.
- e) motorferdsel på eksisterande bilveg inn til Mysubytta,
- f) motorferdsel for uttransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Kjøretøy som vert nytta skal være skånsam mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) øvingskøyning til formål nemnt i pkt. 6.2 a).
- b) bruk av beltekjøretøy på vinterføre i samband med husdyrhald.
- c) motorferdsel i samband med vedhogst til eigen bruk etter pkt. 2.4.
- d) bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av varer og utstyr til hytter og setrer, samt for transport av båt.
- e) bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar.
- f) bruk av beltekjøretøy på vinterføre til kvisting og oppkøyning av eksisterande skiløytyper i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- g) bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr.
- h) bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy i samband med kalking og fiskekultivering etter pkt. 3.1.
- i) motorferdsel i samband med legging av jordkabel, jf. pkt. 1.3 k).

7. Ureining

7.1 Forbod mot ureining

Ureining og forsøpling, og utandørs lagring av materialar, gjerdeutstyr o.l., er forbode. All bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode.

7.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) bruk av sand og liknande til snøsmelting
- b) bruk av plantevernmiddele for stubbebehandling ved rydding av eksisterande setervollar.

7.3 Støy

Unødvendig støy skal unngåast. Dette er ikkje til hinder for bruk av motorisert isbor i samband med fiskekultivering.

§ 4 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon frå reglane i denne forskrifta når formålet med vernet krev det, for vitskapelege undersøkingar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

§ 5 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon osv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 6 SKJØTSEL

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer kan setje i verk skjøtselstiltak for å fremje formålet med vernet.

§ 7 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 8 RÅDGIVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgivande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet i lag med dei andre verneområda i Breheimen.

§ 9 IVERKSETTING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Røykjeskålsvatnet naturreservat

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR BREHEIMEN. FREDING AV RØYKJESKÅLSVATNET NATURRESERVAT I SKJÅK KOMMUNE I OPPLAND FYLKE

Fastsett ved kongeleg resolusjon avmed heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8 jf, § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Naturreservatet gjeld følgjande gnr./bnr.:
Skjåk kommune: 246/1.

Naturreservatet dekker et totalareal på 7483 dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart i målestokkdatert
Miljøverndepartementet Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast i marka og knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Skjåk kommune, hjå Fylkesmannen Oppland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med Røykjeskålsvatnet naturreservat er å ta vare på eit til dels urørt naturområde med det biologiske mangfaldet i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar. Området har ein særskilt verdi fordi det er relativt stort og godt arrondert, deler av området har urskognær furuskog, samt at området har førekomstar av sjeldsynte og trua artar innan fleire artsgrupper.

§ 3 Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

- 1.** Vegetasjon, mellom anna daude busker og tre, er freda mot skade og øydelegging.
Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller delar av desse frå reservatet. Planting eller såing er forbode.
- 2.** Dyrelivet, mellom anna reirplassar og hiområde, er freda mot skade, øydelegging og unødige forstyring.
Utsetting av dyr er forbode.
- 3.** Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller midlertidige innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l, opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar eller kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførselar, plassering av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske middel.
Forsøpling er forbode.
Opplistinga er ikkje uttømmende.
- 4.** Motorferdsel til lands og på vatn, mellom anna start og landing med luftfartøy, er forbode.
- 5.** Bruk av naturreservatet til telteirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.
- 6.** Bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding er forbode.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemte av forvaltningsstyresmakta. Dette unntaket gjeld ikkje øvingskøyning.

Reglane i § 3, pkt 1-4, er ikkje til hinder for:

2. Naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyning finn stad.
3. Sanking av bær og matsopp.
4. Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
5. Beiting.
6. Vedlikehald av bygningar, anlegg og innretningar som er i bruk på fredingstidspunktet.
7. Bruk av turrkvist frå bakken eller medboren ved til bålbrekking, i samsvar med gjeldande lovverk.

Regelen i § 3 pkt. 6 er ikkje til hinder for:

8. Bruk av hest for:
 - a) uttransport av felt storvilt
 - b) i samband med jordbruksverksemd
 - c) for transport av varer og utstyr til hytter i naturreservatet.

§ 5 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med:
 - øvingsverksemd knytt til formål nemnde i § 4 pkt. 1
 - uttransport av felt elg og hjort med køyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, jf. § 4 pkt. 4
 - beiting, jf. § 4 pkt. 5
 - bruk av beltekøyretøy på vinterføre for transport av ved til hytter i området, jf. § 5 pkt. 5
 - vedlikehald av bygningar og anlegg, jf. § 4 pkt. 6
 - bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av varer, materialar og utstyr til hytter i området
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdsselsveggar
3. Oppkøyning av eksisterande skiløype i området.
4. Avgrensa bruk av naturreservatet i samband med arrangement nemnde i § 3 pkt. 5
5. Plukkhogst for uttak av ved til hytter som ligg innanfor naturreservatet, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan
6. Rydding av kratt og skog kring hytter i naturreservatet.
7. Opplag av båtar
8. Riding på gamal ferdsselsveg frå Sota til Mysubytta
9. Gjenoppføring av anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade

§ 6 Regulering av beiting

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til formålet med vernet ved forskrift forby eller regulere beite i heile eller deler av naturreservatet.

§ 7 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, samt for vitskapelege undersøkingar, arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 8 Skjøtsel/forvaltningsplan

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredinga. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9 Forvaltningsmynde/styresmakt

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 10 Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Høydalen landskapsvernområde

FORSKRIFT FOR HØYDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I LOM KOMMUNE I OPPLAND FYLKE

Fastsett ved kongeleg resolusjon avmed heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5 jf. §6 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr/bnr:
Lom kommune: 155/1.

Landskapsvernområdet dekkjer eit totalareal på ca. 11,1 km².

Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk, datertMiljøverndepartementet,..... Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal merkast i marka og knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Lom kommune, hjå Fylkesmannen i Oppland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 FORMÅL

Formålet med Høydalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på biologisk mangfald som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomststar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

1.1 Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineralar eller fossil, drenering og anna form for tørrelgging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) vedlikehald av bygningar, anlegg og innretningar. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding.

- b) vedlikehold av eksisterande stiar, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med forvaltningsplan.
- c) vedlikehold av eksisterande veg til Nordre Høydalen seter i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- d) drift og vedlikehold av jordbruksareal ved Søre Høydalen seter og Nordre Høydalen seter. Retningslinjer for drift vert fastsette i forvaltningsplan.
- e) anlegg av sanketrøer og nødvendig gjerding for Søre Høydalen seter og Nordre Høydalen seter.
- f) drift og vedlikehold av eksisterande energi- og kraftanlegg og naudsynt istandsetting ved akutt utfall i Bukkabotnen.
- g) oppsetting av saltstein og liknande i jordbruksnæring.
- h) plukking av mindre steinar.
- i) parkering av motorkøyretøy i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) ombygging og utviding av bygningar.
- b) gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- c) oppføring av bygningar, innretningar og anlegg som er nødvendige til jordbruksformål for setrene i Søre Høydalen og Nordre Høydalen.
- d) oppføring av bygningar og anlegg som er naudsynte for utøving av tamreindrift.
- e) oppattaking av jordbruksdrift på nedlagde setervollar.
- f) riving av seteranlegg.
- g) oppdyrking/beitekulturering av nye areal i tilknytning til eksisterande setrer.
- h) omlegging og opprusting av vegar for landbruksformål.
- i) bygging av bruer og legging av klopper.
- j) oppsetting av skilt og merking av nye stiar.
- k) oppgradering/fornyng av energi- og kraftanlegg som ikkje fell inn under § 3 pkt. 1.2 f).
- l) riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.
- m) tilrettelegging av plass for enkel parkering ved setrene.
- n) opplag av båtar i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassast landskapet.

2. Plantelivet

2.1 Vern av plantelivet

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Innføring av nye planteartar er forbode. For dyrka mark gjeld forbodet mot innføring av nye planteartar berre planteartar som gjennom spreing kan redusere verneområdet sin verdi.

2.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) beiting.
- b) skånsam bruk av trevirke til bålrensing.
- c) plukking av vanlege planter til eigen bruk.
- d) sanking av bær og matsopp.
- e) bruk av kvist til snarefangst.

2.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) rydding av skog og kratt kring hytter i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- b) rydding av nye stiar i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

2.4 Hogst av ved

Hogst av ved til hytter og setrer i landskapsvernområdet er tillate i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan. Særmerkte, dekorative og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast.

3. Dyrelivet

Jakt, fangst og fiske er tillate i samsvar med gjeldande lovverk

3.1 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) utsetting av fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare.
- b) kalking av vatn eller elvar som er naudsynt for å hindre at ein art dør ut.

4. Kulturminne

4.1 Vern av kulturminne

Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast.

4.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

5. Ferdsl

5.1 Generelt om ferdsl

All ferdsl skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

5.2 Organisert ferdsl

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert ferdsl og ferdslsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplan.

5.3 Sykling, organisert bruk av hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøver for hund

Sykling, organisert køyring med hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøver for hund er berre tillate på vegar, trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltningsplanen. Bruk av hest og liknande til kløvjing og gjeting er tillate.

5.4 Regulering av ferdsl

Innanfor nærare avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved særskilt forskrift regulere eller forby ferdsl som kan skade naturmiljøet.

5.5 Omlegging av stiar

Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvaltningsstyresmakta legge om eller krevje fjerna merking av stiar og løyper.

5.6 Telting

Telting utover ei veke på same stad krev særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplan. Dette gjeld ikkje vanlege vandretelt.

5.7 Generelle unntak for ferdsl

Reglane i punkt 5 gjeld ikkje naudsynt ferdsl ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

6. Motorferdsl

6.1 Forbod mot motorferdsl

Motorferdsl til lands og til vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy. Det er forbod mot lågtflyging under 300 meter over bakken.

6.2 Reglane i punkt 6.1 er ikkje til hinder for:

- a) motorferdsl ved militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskøyning.
- b) motorferdsl på innmark i samband med drift av jordbruksareal.

- c) bruk av lett beltekjøretøy som ikkje set varige spor i terrenget for uttransport av felt elg og hjort.
- d) naudsynt bruk av beltekjøretøy på vinterføre i samband med tamreindrift. Leigekøyrar for reineigar eller reindriftsansvarleg må ha med skriftleg dokumentasjon/avtale med oppdragsgivar for at køyringa skal vere lovleg.
- e) motorferdsel på eksisterande bilveg inn til Nordre Høydalen seter, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- f) motorferdsel i samband med akutt utfall på kraftanlegg. Det skal i ettertid sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
- g) motorferdsel for uttransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Køyretøy som vert nytta skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) øvingskøyring til formål nemnt i pkt 6.2 a).
- b) bruk av beltekjøretøy på vinterføre i samband med husdyrhald.
- c) motorferdsel i samband med vedhogst til eigen bruk etter pkt. 2.4.
- d) bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av varer og utstyr til hytter og setrer, samt for transport av båt.
- e) bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til byggearbeid og vedlikehald på bygningar, anlegg og innretningar.
- f) motorferdsel i samband med drift, vedlikehald og oppgradering/fornyng av eksisterande kraftanlegg.
- g) bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr.
- h) bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy i samband med kalking og fiskekultivering etter pkt. 3.1.

7. Ureining

7.1 Forbod mot ureining

Ureining og forsøpling, og utandørs lagring av materialar, gjerdeutstyr o.l., er forbode. All bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode.

7.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) bruk av sand og liknande til snøsmelting.
- b) bruk av plantevernemiddel for stubbebehandling ved rydding av eksisterande setervoller.

7.3 Støy

Unødvendig støy skal unngåast. Dette gjeld ikkje bruk av motorisert isbor ved fiskekultivering.

§ 4 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon frå reglane i denne forskrifta når formålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

§ 5 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon osv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 6 SKJØTSEL

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer kan setje i verk skjøtselstiltak for å fremje formålet med vernet.

§ 7 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 8 RÅDGIVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgivande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet i lag med dei andre verneområda i Breheimen.

§ 9 IVERKSETTING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Høyrokampen naturreservat

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR BREHEIMEN. FREDING AV HØYROKAMPEN NATURRESERVAT I LOM KOMMUNE I OPPLAND FYLKE

Fastsett ved kongeleg resolusjon avmed heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8 jf, § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Naturreservatet gjeld følgjande gnr./bnr.:
Lom kommune: 155/1.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 9924 dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart i målestokkdatert
Miljøverndepartementet Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast i marka og knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Lom kommune, hjå Fylkesmannen i Oppland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med Høyrokampen naturreservat er å ta vare på eit spesielt naturområde med det biologiske mangfaldet i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar. Området har ein særskilt verdi som ein klassisk botanisk lokalitet med unike førekomstar av sjeldsynte og trua karplantar, lav, mosar og sopp, og er særskilt viktig som vitenskapleg og pedagogisk referanseområde. Området har også stor variasjon i naturtypar, mellom anna sørvendt berg og rasmark, naturbeitemark, kalkrike område i fjellet og kalkskog.

§ 3 Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

- 1.** Vegetasjon, mellom anna daude busker og tre, er freda mot skade og øydelegging.
Det er forbod mot å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller deler av desse frå reservatet. Planting eller såing er forbode.
- 2.** Dyrelivet, mellom anna reirplassar og hiområde, er freda mot skade, øydelegging og unødige forstyrring.
Utsetting av dyr er forbode.
- 3.** Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller midlertidige innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l, opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkabler, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningsstilførselar, plassering av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmende.
- 4.** Motorferdsel til lands og på vatn, mellom anna start og landing med luftfartøy, er forbode.
- 5.** Bruk av naturreservatet til telteleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.
- 6.** Bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding er forbode.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtels- og forvaltningsoppgåver som er bestemte av forvaltningsstyresmakta. Dette unntaket gjeld ikkje øvingskøyning.
2. Naudsynt bruk av beltekøyretøy på vinterføre i samband med utøving av tamreindrift. Leigekøyrar forreineigar eller reindrifansvarleg må ha med skriftleg dokumentasjon/avtale med oppdragsgivar for at køyringa skal vere lovleg.

Reglane i § 3, nummer 1-4, er ikkje til hinder for:

3. Motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde dyr. Køyning kan først finne stad etter at det sjuke/skadde dyret er lokalisert. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring finn stad.
4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
6. Beiting.
7. Vedlikehald av anlegg og innretningar som er i bruk på fredingstidspunktet.
8. Skånsam bruk av trevirke eller medboren ved til bålbrekking, i samsvar med gjeldande lovverk.

Regelen i § 3 pkt. 6 er ikkje til hinder for:

9. Bruk av hest for uttransport av felt storvilt og i samband med jordbruksverksemd.

§ 5 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med:
 - øvingsverksemd knytt til formål nemnde i § 4 pkt. 1
 - uttransport av felt elg og hjort med køyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, jf. § 4 pkt. 5
 - beiting, jf. § 4 pkt. 6
 - vedlikehald av bygningar og anlegg, jf. § 4 pkt. 7
 - rassikring, jf § 5 pkt. 5
 - bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av varer, materialar og utstyr til hytter i området
 - legging av jordkabel, jf § 5 pkt. 7
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdseveggar i området
3. avgrensa bruk av naturreservatet i samband med arrangement nemnde i § 3 pkt. 5
4. Plukkhogst for uttak av ved, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan
5. Vedlikehald av eksisterande rassikringsvollar og utvida rassikring i same område
6. Gjenoppføring av anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade
7. Legging av jordkabel for framføring av straum til hytter ved naturreservatet

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, samt for vitskapelege undersøkingar, arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Skjøtsel/forvaltningsplan

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredinga. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyresmakt

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 9 Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Mørkridsdalen landskapsvernområde

FORSKRIFT FOR MØRKRIDSDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I LUSTER KOMMUNE I SOGN OG FJORDANE FYLKE

Fastsett ved kongeleg resolusjon avmed heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5 jf §6 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr/bnr i Luster kommune:

20/1, 20/2, 20/3, 20/4, 20/5, 20/6, 20/7, 20/8, 20/9, 20/10, 20/11, 20/12, 20/13, 20/14, 20/15, 20/16, 20/17, 20/18, 20/19, 20/20, 20/23, 20/24, 20/25, 20/26, 20/27, 20/28, 20/29, 20/30, 20/32, 20/33, 20/34, 20/35, 20/36, 20/37, 20/38, 20/39, 20/40, 20/41, 20/42, 20/43, 20/44 20/45 20/46, 20/48, 20/49, 20/50, 20/51, 20/52, 21/1, 21/3, 21/4, 21/5, 21/6, 21/7, 21/8, 21/9, 21/10, 22/1, 22/2, 22/3, 22/4, 23/1, 24/1, 24/2, 24/3, 24/4, 25/1, 25/2, 25/3, 25/4, 25/5, 25/6, 25/7, 25/8, 25/9, 25/10, 25/11, 25/12, 25/13, 25/14, 25/15, 26/1, 26/2, 26/3, 26/4, 26/5, 26/6, 26/9

Landskapsvernområdet dekkjer eit totalareal på ca. 14,3 km².

Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk, datertMiljøverndepartementet,.....20......Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Luster kommune, hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet

§ 2 FORMÅL

Formålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, med vassdragsnaturen, geologien og det biologiske mangfaldet som pregar landskapet i tilknytning til Breheimen nasjonalpark.

Det breforma landskapet med u-dal, breen sine avsetningar og andre kvartærgeologiske førekomstar, Mørkridsdalselvi, stølar med tilhøyrande stølsvollar, kulturminne, naturbeitemarker, edellauvskogen med særmerkte, store og/eller gamle dekorative levande og daude tre, førekomstar av gamal furuskog og rasmarker er viktige innslag som pregar landskapet.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

1.1 Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineralar eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) vedlikehald av bygningar og andre anlegg. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding.
- b) vedlikehald av eksisterande stiar, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- c) vedlikehald av eksisterande kløvjavegar i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- d) drift og vedlikehald av jordbruksareal i stølsområda. Retningslinjer for drift vert fastsette i forvaltningsplan.
- e) oppsetting av sanketrøer og nødvendig gjerding i tilknytning til stølsområda.
- f) oppsetting av saltsteinar og liknande i jordbruksnæring.
- g) plukking av mindre steinar.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) ombygging og utviding av bygningar.
- b) gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- c) oppføring av bygningar, innretningar og anlegg som er nødvendige til jordbruksformål på stølsvollar der det er bygningar frå før.
- d) tilrettelegging for vinterveg for transport av ved aust for Hødnavollen.
- e) utbetring av kløvjavegane til Osen og inn Mørkridsdalen i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan
- f) riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.
- g) bygging av bruer og legging av klopper.
- h) oppsetting av skilt og merking av nye stiar.
- i) uttak av sand/skjellsand til eigen bruk i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- j) oppsetting av kassar for utstyr og proviant ved fiskevatn der det eksisterer kassar frå før, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- k) parkering av maskiner nødvendige til jordbruksformål for slått og rydding av stølsvollar og liknande.

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

2. Plantelivet

2.1 Vern av plantelivet

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Innføring av nye planteartar er forbode. For dyrka mark gjeld forbodet mot innføring av nye planteartar berre planteartar som gjennom spreiding kan redusere verneområdet sin verdi.

2.2 Regelen i 2.1 er ikkje til hinder for:

- a) beiting.
- b) skånsam bruk av trevirke til bålbreining.
- c) plukking av bær og matsopp.
- d) plukking av vanlege planter til eigen bruk.
- e) hogst og fjerning av gran.

2.3. Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) rydding av beite i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- b) lauving i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

2.4 Hogst av ved

Særmerkte, store og/eller gamle dekorative levande og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast. Hogst av ved til eigen bruk og til hytter og stolar i landskapsvernområdet er tillate i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

Hogst skal helst skje som gjennomhogst, men hogstflater inntil 1 daa er tillate.

3. Dyrelivet

Jakt, fangst og fiske er tillate i samsvar med gjeldande lovverk.

3.1 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) utsetting av fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare.
- b) kalking av vatn eller elvar som er naudsynt for å reetablere eller hindre at ein art dør ut.

4. Kulturminne

4.1 Vern av kulturminne

Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast.

4.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

5. Ferdsl

5.1 Generelt om ferdsl

All ferdsl skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

5.2 Organisert ferdsl

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Organisert ferdsl og ferdslsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplan.

5.3 Sykling, organisert bruk av hundspann, organisert bruk av hest og bruksprøvar for hund

Sykling, organisert køyring med hundspann og organisert bruk av hest og bruksprøvar for hund er berre tillate på vegar, trasear i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltningsplanen. Bruk av hest og liknande til kløvjing og gjeting er tillate.

5.4 Regulering av ferdsl

Innanfor nærare avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved særskilt forskrift regulere eller forby ferdsl som kan skade naturmiljøet.

5.5 Omlegging av stiar

Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvaltningsstyresmakta legge om eller krevje fjerna merking av stiar og løyper.

5.6 Telting

Telting utover ei veke på same stad krev særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Dette gjeld ikkje vanlege vandretelt, jf. forvaltningsplan.

5.7 Generelle unntak for ferdsl

Reglane i punkt 5 gjeld ikkje naudsynt ferdsl ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

6. Motorferdsl

6.1 Forbod mot motorferdsl

Motorferdsl til lands og til vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy. Det er forbod mot lågtflyging under 300 meter over bakken.

6.2 Reglane i punkt 6.1 er ikkje til hinder for:

- a) motorferdsel ved militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskøyning.
- b) bruk av helikopter eller snøskuter i samband med akutt utfall på kraftlinjer og kraftanlegg. Det skal i ettertid sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
- c) motorferdsel for uttransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Køyretøy som vert nytta skal være skånsam mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyning skjer i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) øvingskøyning til formål nemnde i pkt 6.2 a).
- b) utkøyning av saltstein o.l. på vinterføre i jordbruksføremål i tråd med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan
- c) bruk av beltekjoretøy på vinterføre til stolar i samband med jordbruk og skogbruk.
- d) motorferdsel i samband med vedhogst til eigen bruk etter pkt. 2.4.
- e) bruk av beltekjoretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av varer og utstyr til hytter og stølshus
- f) bruk av beltekjoretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar.
- g) bruk av luftfartøy for uttransport av felt elg og hjort.
- h) transport av materialar, utstyr og varer til stolar og hytter når det skjer gjennom leigekøyringsordning i Luster kommune og i medhald av forvaltningsplan.
- i) Bruk av beltekjoretøy på vinterføre eller luftfartøy i samband med kalking og fiskekultivering etter pkt. 3.1

7. Ureining

7.1 Forbod mot ureining

Ureining og forsøpling, og utandørs lagring av materialar, gjerdeutstyr o.l., er forbode. All bruk av kjemiske midlar og kunstgjødsel som kan påverke naturmiljøet er forbode.

7.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) bruk av sand og liknande til snøsmelting.
- b) bruk av plantevernmiddele for stubbebehandling ved rydding av eksisterande stølsvollar.

7.3 Støy

Unødvendig støy skal unngåast.

§ 4 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon frå reglane i denne forskrifta når formålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

§ 5 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon osv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 6 SKJØTSEL

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer kan setje i verk skjøtselstiltak for å fremje formålet med vernet.

§ 7 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 8 RÅDGIVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgivande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet i lag med dei andre verneområda i Breheimen.

§ 9 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vigdalen landskapsvernområde

FORSKRIFT FOR VIGDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I LUSTER KOMMUNE I SOGN OG FJORDANE FYLKE

Fastsett ved kongeleg resolusjon avmed heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5 jf §6 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr/bnr i Luster kommune:

35/1, 35/2, 35/3, 36/1, 36/2, 36/3, 36/4, 36/5, 36/6, 36/8, 36/9, 36/10, 36/11, 36/12, 36/14, 36/16, 36/17, 53/1, 53/2, 53/3, 53/4, 53/5, 187/1, 187/2, 187/3, 187/4, 187/5, 187/8, 190/1, 190/2, 190/3, 190/4, 190/5, 190/6, 190/7, 190/8, 190/9, 190/10, 190/11, 190/12, 190/13, 190/14, 190/15

Landskapsvernområdet dekkjer eit totalareal på ca. 29,4 km².

Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk, datertMiljøverndepartementet,.....20.....Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Luster kommune, hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet

§ 2 FORMÅL

Formålet med Vigdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap med geologien og det biologiske mangfaldet som pregar landskapet i tilknytning til Breheimen nasjonalpark.

Det breforma landskapet med u-dalar og breen sine avsetningar og andre kvartærgeologiske førekomstar er ein viktig del av verneformålet. Stølar og kulturminne er viktige innslag som pregar landskapet.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

1.1 Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineralar eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- vedlikehald av bygningar og andre anlegg. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje utvendig ombygging eller utviding.
- vedlikehald av eksisterande stiar, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med forvaltningsplan.

- c) oppsetjing av sanketrøer og nødvendig gjerding i tilknytning til stølsområde i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- d) drift og vedlikehald av jordbruksareal i stølsområda. Retningslinjer for drift vert fastsette i forvaltningsplan.
- e) oppsetting av saltsteinar og liknande i jordbruksnæring.
- f) drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg og naudsynt istandsetting ved akutt utfall.
- g) oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftlinjer for heving av spenningsnivå og auke av linjetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar i høve til verneformålet.
- h) plukking av mindre steinar.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) ombygging og utviding av bygningar.
- b) gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- c) oppføring av nye bygningar, innretningar og anlegg som er nødvendige til jordbruksformål i stølsområde.
- d) riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.
- e) bygging av bruer og legging av kløpper
- f) oppsetting av skilt og merking av nye stiar.
- g) oppgradering/fornyng av energi- og kraftanlegg som ikkje fell inn under § 3 pkt. 1.2 g)

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

2. Plantelivet

2.1 Vern av plantelivet

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Innføring av nye planteartar er forbode. For dyrka mark gjeld forbodet mot innføring av nye planteartar berre planteartar som gjennom sprenging kan redusere verneområdet sin verdi.

2.2 Regelen i 2.1 er ikkje til hinder for:

- a) beiting.
- b) skånsam bruk av trevirke til bålbrenning.
- c) plukking av bær og matsopp.
- d) plukking av vanlege planter til eigen bruk.
- e) hogst og fjerning av gran.

2.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

Rydding av beite i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

2.4 Hogst av ved

Særmerkte, store og/eller gamle dekorative levande og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast. Hogst av ved til eigen bruk og til hytter og stolar i landskapsvernområdet er tillate i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan. Hogst skal helst skje som gjennomhogst, men hogstflater inntil 1 daa er tillate.

3. Dyrelivet

Jakt, fangst og fiske er tillate i samsvar med gjeldande lovverk.

3.1 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) utsetting av fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare.
- b) kalking av vatn eller elvar som er naudsynt for å reetablere eller hindre at ein art dør ut.
- c) iverksetting av tiltak for å få villreinen tilbake i søre del av Ottadalen villreinområde i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

4. Kulturminne

4.1 Vern av kulturminne

Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast.

4.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

5. Ferdsl

5.1 Generelt om ferdsl

All ferdsl skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

5.2 Organisert ferdsl

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Organisert ferdsl og ferdslsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplan.

5.3 Sykling, organisert bruk av hundspann, organisert bruk av hest og bruksprøvar for hund

Sykling, organisert køyring med hundspann og organisert bruk av hest og bruksprøvar for hund er berre tillate på vegar, trasear i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltningsplanen. Bruk av hest og liknande til kløvjing og gjeting er tillate.

5.4 Regulering av ferdsl

Innanfor nærare avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved særskilt forskrift regulere eller forby ferdsl som kan skade naturmiljøet.

5.5 Omlegging av stiar

Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvaltningsstyresmakta legge om eller krevje fjerna merking av stiar og løyper.

5.6 Telting

Telting utover ei veke på same stad krev særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Dette gjeld ikkje vanlege vandretelt, jf. forvaltningsplan.

5.7 Generelle unntak for ferdsl

Reglane i punkt 5 gjeld ikkje naudsynt ferdsl ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

6. Motorferdsl

6.1 Forbod mot motorferdsl

Motorferdsl til lands og til vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy. Det er forbod mot lågtflyging under 300 meter over bakken.

6.2 Reglane i punkt 6.1 er ikkje til hinder for:

- a) motorferdsl ved militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskøyring.
- b) bruk av helikopter eller snøskuter i samband med akutt utfall på kraftlinjer og kraftanlegg. Det skal i ettertid sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
- c) motorferdsl for uttransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Køyretøy som vert nytta skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køying skjer i tråd med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.

6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) øvingskøyring til formål nemnt i pkt 6.2 a).
- b) utkøyring av saltstein o.l. på vinterføre i jordbruksføremål i tråd med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan
- c) bruk av beltekøyretøy på vinterføre til stølar i samband med jordbruk og skogbruk.
- d) motorferdsl i samband med vedhogst til eigen bruk etter pkt. 2.4.
- e) bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av varer og utstyr til hytter og stølshus.

- f) bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar.
- g) bruk av luftfartøy for uttransport av felt elg og hjort.
- h) motorferdsel i samband med snømåling, drift, vedlikehald og oppgradering/fornyng av eksisterande kraftanlegg
- i) transport av materialar, varer og utstyr til stølar og hytter når det skjer gjennom leigekøyringsordning i Luster kommune og i tråd med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan.
- j) Bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy i samband med kalking og fiskekultivering etter pkt. 3.1

7. Ureining

7.1 Forbod mot ureining

Ureining og forsøpling, og utandørs lagring av materialar, gjerdeutstyr o.l., er forbode. All bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode.

7.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) bruk av sand og liknande til snøsmelting.
- b) bruk av plantevernmiddele for stubbebehandling ved rydding av eksisterande stølsvollar.

7.3 Støy

Unødvendig støy skal unngåast.

§ 4 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon frå reglane i denne forskrifta når formålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

§ 5 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon osv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 6 SKJØTSEL

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer kan setje i verk skjøtselstiltak for å fremje formålet med vernet.

§ 7 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 8 RÅDGIVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgivande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet i lag med dei andre verneområda i Breheimen.

§ 9 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

4.5 Forvaltning av verneområda

4.5.1 Forvaltningsstyresmakt

Forvaltningsmodell for Breheimen vil truleg bli avgjort i samband med vernevedtak i kgl. res. Alle dei tre kommunane har uttalt at dei ønskjer lokal forvaltning av verneområda i Breheimen - Mørkridsdalen.

Fylkesmennene er oppteken av å halde fram den gode dialogen mellom lokalt og regionalt statleg nivå som ein har hatt i verneplanprosessen, og at det også i framtida finst gode møteplassar for dialog og for å finne fram til gode løysingar, samstundes som ein får til ei heilskapleg forvaltning av verneområda i Breheimen - Mørkridsdalen.

I samband med fylkesmennene si endelege tilråding til DN etter høyringa av verneframlegget, vil fylkesmennene også kome med si tilråding til forvaltningsmodell.

Fylkesmennene tilrår uavhengig av forvaltningsmodell at det blir oppretta rådgjevande tilsynsutval. Eit slikt utval vil ikkje ha formell mynde etter verneforskrifta, men skal gi råd til ansvarleg forvaltningsstyresmakt med forvaltninga. Dei skal gje råd i viktige saker som vedkjem forvaltninga av verneområda og drøfte korleis ein kan få ein god balanse mellom bruk og vern. Ein kan be utvalet om uttale i saker, og utvalet kan sjølv ta opp saker med ansvarleg forvaltningsstyresmakt. Her bør ein også ha gjennomgang av økonomien i forvaltninga og prioritere tiltak.

Grunneigarane har eit stort ansvar for forvaltning og skjøtsel av sine eigedommar og bør involverast aktivt i forvaltninga, uavhengig av kva for forvaltningsmodell som blir valt.

4.5.2 Forvaltningsplan og skjøtelsplanar

Det er eit mål at alle nasjonalparkar og andre område som er verna etter naturvernlova skal ha ein forvaltningsplan. Ein forvaltningsplan skal fremje formålet med vernet, og gje nærare retningslinjer for praktisering av verneforskriftene. Planen skal vere ein overordna styringsreiskap til bruk for forvaltningsstyresmaktene for å sikre at nasjonale, politiske føringar for naturvernet i Noreg vert følgt opp i praksis.

Forvaltningsplanen skal samstundes gi oversikt over viktige problemstillingar som vedkjem tilhøvet mellom vern og bruk og skissere tiltak som kan gjennomførast for å fremje ei balansert forvaltning og bruk innanfor dei rammene som verneformålet set. Lokalsamfunnet, grunneigarar, anna næringsliv og kommunar har interesser i samband med bruk og forvaltning av området, og det er difor viktig å involvere dei i arbeidet med forvaltningsplan.

Vedlagt denne saka er ei skisse til forvaltningsplan som utdjupar framlegget til reglar i verneforskriftene for å gi ei betre avklaring mellom bruk og vern.

Forvaltningsplanen byggjer på dei framlagde verneforskriftene. Sidan verneforskriftene først vert vedtekne ved Kgl.res. vil det bli utarbeidd eit framlegg til forvaltningsplan etter eit vedtak om oppretting av verneområda i Breheimen-Mørkridsdalen, som så vil bli sendt på brei høyring slik som framlegget om vern. Etterpå vil det bli utarbeidd ein endeleg forvaltningsplan, som til sist vil bli godkjend av Direktoratet for naturforvaltning.

På bakgrunn av forvaltningsplanen bør det utarbeidast skjøtelsplanar for nokre område der forvaltningsplanen ikkje dekkjer problemstillingane godt nok. Aktuelle område for utarbeiding av skjøtelsplanar er m.a. Mørkridsdalen, Vigdalen, Mysubytta, Høydalen og Høyrokampen.

4.5.3 Naturoppsyn

Hovudutfordringane for naturoppsynet i Breheimen - Mørkridsdalen vil vere:

- å gje informasjon og rettleiing til brukarar og besøkande
- å kontrollere, rapportere og reagere på brot på verneforskriftene og anna lov-/regelverk
- å gjennomføre skjøtsel og tilrettelegging for bruk av nasjonalparken og dei andre verneområda
- å halde oversyn over utviklingstendensar i bruken av områda
- å halde oversyn/oppsyn med status over natur- og kulturverdiane i området, med særleg vekt på sårbare og trua arter
- å føre tilsyn og utføre eventuelt vedlikehald på statleg eigedom, som til dømes informasjons- og oppmerkingsmateriell

Den spesielle utfordringa for oppsynet i Breheimen – Mørkridsdalen er nærleiken til store turistdestinasjonar og kort veg inn i verneområda. Det er stor trafikk i områda kring, og eit aktivt friluftsliv i verneområda med tilgrensande område, og dette vil innebere at oppsynet må vere aktivt med mellom anna informasjon. Av særskilde naturverdiar som må følgjast opp er villrein og rovfuglførekomstane.

Oppsynet i Breheimen – Mørkridsdalen vil bli organisert gjennom Statens naturoppsyn (SNO). Oppsynet bør også skje ved kjøp av tenester frå eksisterande lokale oppsyn i fjellstyre, Skjåk allmenning og i kommunane. SNO vart oppretta med heimel i Lov om naturoppsyn av 21.06.1996, som eit bidrag til å nå nasjonale miljømål. Lov om statlig naturoppsyn heimlar eit heilskapleg naturoppsyn innanfor følgjande særlov; naturvernlova, friluftsløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva, motorferdslelova, kulturminneløva og delar av forureiningslova. SNO sine viktigaste oppgåver er:

- å ivareta nasjonale miljømål
- kontroll i høve til lovar, føresegner og anna regelverk
- førebyggje miljøkriminalitet
- rettleiing og informasjon
- praktiske skjøtelsoppgåver av ulik art
- registrering og dokumentasjon

SNO skal samarbeide med lokalt oppsyn. Lokalt oppsyn finst m.a. i Skjåk allmenning, Lom fjellstyre og Luster kommune. Det er ønskjeleg at SNO også kjøper tenester av dei som er nemnde over.

For meir om oppsynet sine oppgåver, sjå Skisse til forvaltningsplan.

4.5.4 Informasjon

Det bør vere god informasjon til brukarane av verneområda. Det er naudsynt med skilt og informasjonstavler ved dei mest bruka stiane og løypene som går inn i området, innfallsportane.

Viktige stader for informasjon er turisthyttene, større parkeringsplassar, ved veger inn i området, og i sentrum av dei større tettstadene. Oppsetjing av skilt må ha løyve frå grunneigarane.

I alle kommunane er det og innfallsportar til andre verneområda, til Jotunheimen, Reinheimen og Jostedalsbreen nasjonalparkar, og det må skje ei samordning av informasjon om fleire av verneområda. Det er også to nasjonalparksentra i nærleiken, Norsk Fjellmuseum i Lom og Breheimsenteret i Jostedalen.

Både Norsk Fjellmuseum og Breheimsenteret har som autorisert nasjonalparksenter ei viktig rolle med å informere om Breheimen, i tillegg til formidlingsoppgåva dei har om høvesvis Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparkar, og Jostedalsbreen nasjonalpark. Informasjonstilbodet bør i tillegg styrkast ved at det kjem utstilling/eit mindre ”naturhus” (i allfall om sommaren) følgjande stader:

- Fjordstova i Luster (info om både Breheimen og Jotunheimen, samarbeidsavtale med Breheimsenteret og Norsk Fjellmuseum)
- Turistinformasjonen i Skjåk (samarbeid med Norsk Fjellmuseum).

For meir om informasjon, sjå skissa til forvaltningsplan.

4.6 Erstatning

Erstatning som følgje av oppretting av nasjonalpark og landskapsvernområde vert regulert av naturvernlova §§ 20b og 20 c, som lyder:

§ 20b

Økonomisk tap som følgje av vedtak etter §§ 3, 5 og 18 tredje ledd i denne lov kan i samsvar med alminnelige rettsgrunnsetninger kreves erstattet av staten. Med mindre annet blir avtalt, avgjøres spørsmålet ved rettslig skjønn etter begjæring av en av partene innen ett år etter at vedtaket er kunngjort. Departementet kan forlenge fristen. Reglene i domstolsloven §§ 153-158 gjelder så langt de passer”.

§ 20c

Når en eiendom som helt eller delvis omfattes av vedtak etter denne lov ikke lenger kan utnyttes på regningssvarende måte, kan eieren krevve den innløst av staten. Med mindre annet blir avtalt, avgjøres spørsmålet ved rettslig skjønn som fastsetter erstatningen. Begjæring om rettslig skjønn må settes fram innen ett år etter at vedtaket om vern er kunngjort. Tredje og fjerde punktum i § 20 b gjelder tilsvarende.”

”Alminnelige rettsgrunnsetninger” viser til Grunnlova § 105 og rettspraksis. Som det framgår, må normalt grunneigarar og rettshavarar sjølv krevje skjønn for vedkommande tingrett dersom ein meiner å ha krav på erstatning. Fristen for dette er 1 år frå ein fekk melding om vedtaket.

Vi gjer merksam på at det etter gjeldande rettspraksis berre unntaksvis blir gjeve erstatning etter § 20b i naturvernlova. Det blir t.d. ikkje gjeve erstatning for tap som følgje av at ein ikkje kan selje hyttetomter e.l.

Erstatning som følgje av oppretting av naturreservat vert regulert av naturvernlova §§ 20, 20a og 20c, som lyder:

§ 20

Eiere og rettighetshavere i eiendom som blir fredet etter §§ 8,9 og 11 har i samsvar med reglene i annet og tredje ledd krav på erstatning av staten for økonomisk tap som er en følge av vedtaket.

Erstatningen fastsettes i samsvar med reglene i lov 6. april 1984 nr. 17 om vederlag ved oreigning av fast eiendom. Ved anvendelsen av nevnte lov § 10 er det tidspunktet for fredningen som skal legges til grunn.

Blir det ved erstatningens utmåling tatt hensyn til påregneleige fremtidige bruksendringer, skal det ved erstatningsfastsettelsen ses bort fra offentlige tilskudd som i tilfelle gis til bruksomleggingen.

§ 20a

Krav om erstatning som følge av vedtak etter §§ 8, 9 og 11 må settes fram skriftlig for fylkesmannen innen ett år etter at vedtaket ble kunngjort. Departementet kan forlenge denne fristen, og kan også gi oppreisning for oversittelse av fristen. Reglene i domstosloven §§ 153-158 gjelder her så langt de passer. Fremsettelsen av kravet avbryter foreldelse etter lov 18. mai 1979 nr. 18.

§ 20c

Når en eiendom som helt eller delvis omfattes av vedtak etter denne lov ikke lenger kan utnyttes på regningsvarende måte, kan eieren krevve den innløst av staten. Med mindre annet blir avtalt, avgjøres spørsmålet ved rettslig skjønn som fastsetter erstatningen. Begjæring om rettslig skjønn må settes fram innen ett år etter at vedtaket om vern er kunngjort. Tredje og fjerde punktum i § 20 b gjelder tilsvarende.”

Ny lov om naturmangfald

Stortinget vil truleg i 2009 få til handsaming ei ny lov om naturmangfald som vil erstatte gjeldande naturvernlov. Vi vil difor vise til St.prp. nr. 1 (2003 – 2004) for *Miljøverndepartementet* og brev av 20.01.2004 frå Miljøverndepartementet, der det framgår at ei eventuell innføring av ny erstatningsordning som følgje av ny naturmangfaldlov vil gjelde for alle verneområde der fristen for å krevje erstatning ikkje var gått ut 1. januar 2002. Dette vil då også gjelde eventuelle verneområde som inngår i verneplanen for Breheimen – Mørkridsdalen.

4.7 Nærare undersøkingar

Sjølv om mange kulturminne med fangstanlegg og dyregraver i utgreiingsområdet for Breheimen – Mørkridsdalen no er kartlagt og kunnskap om dei no er systematisert gjennom konsekvensutgreiinga for kulturminne og kulturmiljø, er det store manglar. Det bør difor setjast i gang eit større prosjekt med kartlegging av kulturminne og kulturmiljø i verneområdet etter evt. vedtak om vern i kgl.res.

Vidare bør det etter eit evt. vern gjennomførast kartlegging av hekkelokalitetar for rovfugl i Luster kommune. Dette for å kunne ta omsyn til trua og sårbare artar rovfugl i forvaltninga, særleg med omsyn til dispensasjonar for motorferdsel.

Fylkesmannen vurderar det slik at det ikkje er naudsynt med nærare undersøkingar for å kunne fatte eit vernevedtak.

4.8 Framlegg til overvaking

Naturmiljøet, mellom anna grotter, bør overvakast med tanke på slitasje.

Villreinen sin bruk av området må følgjast særleg nøye, og bør overvakast som ein del av overvakinga av Ottadalen villreinområde. Fylkesmennene tilrår at Ottadalen villreinområde vert med i det nasjonale overvaksingsprogrammet for hjortevilt.

Kulturlandskapet i særleg viktige område som Mørkridsdalen og Mysubytta bør overvakast m.o.t. attgroing, slik at forvaltninga i samarbeid med grunneigarane og kommunane kan setje inn tiltak utover dei som alt vert gjennomførte.

Det bør utarbeidast ei samla vurdering av tilstanden til grottene i Dumdalen med forslag til tiltak (informasjon, evt tilrettelegging/styring/regulering av ferdslø o. a.) frå fagekspertise på feltet, kor og reiselivsinteressene vert teke med på råd.

4.9 Innspel og merknader i verneplanprosessen

Under følgjer ei oversikt over viktige innspel i verneplanprosessen som gjeld varige inngrep. Fylkesmennene har ikkje teke stilling til tiltaka der dette ikkje går fram.

Med mindre noko anna går fram av det som vert sagt, gjeld innspela og merknadene område innafør framlegget til vernegrensar.

Skjåk

Setereigarane på Mysubytta har gjeve melding om at dei ønskjer høve til vedlikehald og påbygg av bygningsmassen. I tillegg kan det bli aktuelt med nybygg (melkerom/aggregathus) for sommarhus.

Skjåk almenning har søkt om å føre opp beitebu i Lundadalen som erstatning for tidlegare bu som vart fjerna vinteren 2007/2008. Dette er innanfor den føreslåtte nasjonalparken. Kommunen meiner det er eit udekt behov for beitebu i dette området og at ein slik bygning er i samsvar med bruk av LNF-område i kommuneplanen.

Selskapet Stryn Glacier Mountain AS (SGM) vurderte i 2004 aktuelle stader for å legge ein fjellandsby og skiheisar knytt til eit eigna skiområde. Raudeggbreen og området mot Stryn sommarskisenter vart utpeikt som det mest interessante. Etter fleire kontaktar med Skjåk kommune tok kommunen initiativ til eit møte på fylkesnivå. I mars 2004 vart det halde møte med Fylkesmannen og fylkeskommunen om planane. Konklusjonen var at Skjåk kommune måtte vurdere om det skulle utarbeidast konsekvensutgreiing for prosjektet. SGM oversende Skjåk kommune framlegg til konsekvensutgreiing dagsett 7. mars 2005. Skjåk kommune hadde fleire merknadar til dokumentet som vart oversendt til SGM 23. mars 2005. Etter 2005 har ikkje Skjåk kommune hatt formell kontakt med tiltakshavar. I samband med oppstart av verneplanarbeidet for Breheimen trekte Skjåk kommune/Fylkesmannen utgreiingsgrensa for verneplanarbeidet slik at relativt store delar (dei austre) av ideskissa vart liggande i utgreiingsområdet for vern.

Ved Vassvendingen i det føreslåtte Strynefjellet landskapsvernområde er det skilt og merka sti frå vegen, i samband med kulturminne i området. Skjåk kommune har uttala at det kan vere aktuelt med enda betre tilrettelegging her. Det er eit viktig trekkområde for villrein her.

I Utmarksplanen for Skjåk frå 1999 er det gjort ein analyse for å vurdere behovet for beitebuer. Det vart då avdekt 2 lokalitetar innanfor plangrensa for Breheimen med dårleg dekning: I området Skjellom – Tverrfjellet og mellom Buanose – Kollungselve.

Det er søkt om etablering og drift av kraftverk med ein installert effekt på 1700 kW i Nordre Juva i Skjåk. Det omsøkte kraftverksinntaket ligg innanfor grensa til den føreslåtte nasjonalparken. Fylkesmannen i Oppland har i brev av 02.10.2008 til NVE tilrådd at utbyggingsplanane krev konsesjon etter vassressurslova. Fylkesmannen har vidare uttala at det ikkje må opnast for ei utbygging som inneber inngrep innanfor eit mogleg framtidig verneområde.

Delar av øvre Otta inngår i Samla plan. Det er der angitt ein mogleg vasskraftplan knytt til det regulerte Rauddalsvatnet i Skjåk. Rauddalsvatnet er utanfor foreslått verneområde. Ein eventuell tilleggsregulering her med heving av vassnivå, som var blant alternativa i Samla plan-rapport for Øvre Otta i 1984, vil imidlertid gi ein ny øvre vassstand som ikkje lar seg sameine med grense for den føreslåtte nasjonalparken. Det føreligg likevel ingen søknad om ei slik tilleggsregulering.

Ein privatperson søkte i 2008 om å føre opp eit naust ved Lundadalsvatnet, innanfor den føreslåtte nasjonalparken. Fylkeskommunen og Fylkesmannen rådde frå dette, og kommunen avslo søknaden med heimel i plan- og bygningslova, jf retningslinjene i kommuneplanen.

Tidlegare i verneplanprosessen opna Fylkesmannen for at Glommen og Laagens brukseierforening (GLB) kunne føre opp ei mast/målestasjon sør for Rauddalsmagasinet til overvaking av skredfare og til flomvarsling og optimalisering av vassdragsdrifta. Masta/målestasjonen er sett opp, og ligg litt innanfor grensene til den føreslåtte nasjonalparken. Fylkesmannen uttala også at ein av omsyn til verneverdiane ønskjer å vurdere ei eventuell flytting av masta seinare i samråd med kommunen og tiltakshavar.

Statens vegvesen har opplyst at det kan verte aktuelt å fremje ønskje om å føre opp eit kunstverk langs gamle Strynefjellsveg, i samband med at dette er ein nasjonal turistveg. Utsjånad, plassering og evt tilrettelegging er ikkje avklara av Vegvesenet.

Lom

Ein privat plan om utbygging av gondolbane frå Nissegard til Lomseggen/Eggjapikjen i Lom kommune er under utarbeiding. Det er lagt fram ei idéskisse om dette, der det er skildra ei 1780 m lang gondolbane frå Nissegard i Lom og opp mot Lomseggen til ei høgde av 1298 moh, med serviceanlegg ved endestasjonen. Ei slik bane vil ende innafør framlegget til vernegrensar og vil ikkje kunne gjennomførast med dette verneframlegget. Lom kommune har førebels ikkje teke stilling i saka.

Jotunheimen reiseliv ønskjer å vidareutvikle konseptet "Car Walks" i samband med dei viktige turistvegstrekingane, Rv 15 og Rv 55. Dette er lette spaserturar inn i terrenget der ein kan gå med låge sko og stien er merkt. Det er også etablert eit kommunalt samarbeidsprosjekt mellom Lom og Luster som skal arbeide med å utvikle næringsverksemda knytt til Sognefjellsvegen (Rv 55).

Uppigard Sulheim fekk i 1988 løyve til å setje opp ei lita bu ved Fjellgrove inne på Leikseterfjellet – ca 2 km innafør setra som høyrer til garden. Løyvet vart forlengja i 1990, men bua blei ikkje oppført. Sulheim har fremja ny søknad og kommunen har gjeve nytt byggeløyve (i vedtak av 16.04.07).

Eigarane av Høydalsseter turiststasjon har opplyst at det kan vere aktuelt å erstatte eksisterande hovudbygning med eit nytt og meir moderne bygg. I tillegg kan det vere aktuelt å byggje eit par nye utleiehytter. Det ligg ikkje føre konkrete planar for dette.

Lom tamreinlag ønskjer at det i framtida skal vere mogleg å byggje opp ei gjeterhytte i Leir-Bøverdalen statsallmenning. Det er ikkje føreteke noka vurdering av nærare lokalisering.

Netoseter beitelag har søkt om løyve til å føre opp ei bu for tilsyn av beitedyr ved Geitåa i Netoseterfjellet, innanfor den forselegne nasjonalparken. Fylkesmannen vil vurdere saka etter å ha fått ei landbruksfagleg vurdering frå kommunen.

Eit prosjekt om etablering av eit større skianlegg i Bøverdalen er presentert for Lom kommunestyre. Prosjektideen var å utvikle ein vinterdestinasjon i Bøverdalen med to gondolbaner frå Galdesand og opp i fjellområda rundt dalen. Tidlegare planar har omfatta skiheis til Storhøe inne i den føreslåtte nasjonalparken. Prosjektideen har estimerte kostnader på 1,5 milliardar. Planane er no, slik vi forstår det, justert slik at ei evt. utbygging ikkje kjem i berøring med verneframlegget.

Setereigarane i Høydalen har påpeika at det er trong for grusressursar til vedlikehald av vegen inn til Nordre Høydalen seter i det føreslåtte Høydalen landskapsvernområde. Det er gjort vurdering av ein grusførekomst som det ikkje vert tilrådd å nytte. Setereigarane, kommunen og Fylkesmannen ser det som ønskjeleg at det vert gjort utvida vurderingar av grusressursar som evt kan nyttast. Fylkesmannen vil undersøke om det kan settast av midlar til ei slik utvida vurdering.

Ved Bøvertjønnin ligg det eit hyttefelt der hyttene ligg utanfor føreslåtte vernegrensar. Eit delområde som er under regulering for 6-8 nye hyttetomter vil ikkje kunne bli gjennomført då det ligg innanfor grensene til det føreslåtte naturreservatet.

Bøvertjønnin hytteforeining har spelt inn at dei ønskjer at det skal vere mogleg å kunne føre inn straum til hyttene i framtida og etablering av brønnar. Det ligg ikkje føre konkrete planar om dette, men framlegget til forskrift opnar for det kan gjevast løyve til framføring av straum, men ikkje etablering av brønnar innafør naturreservatet.

Fylkesmannen har motteke eit innspel frå Høydalen om høve for å kunne legge til rette for ein enkel traktorveg, evt mindre tiltak i terrenget, for å kunne frakte ut ved om sommaren. Framlegget til forskrift opnar ikkje for bygging av ny traktorveg. Fylkesmannen vil ta stilling til om det skal vere høve til barmarkskøyering i samband med frakt av ved etter høyringa. Fylkesmannen meiner likevel at ved primært bør fraktast ut om vinteren.

I det føreslåtte Høydalen landskapsvernområde har setereigarane fremja ønskje om å kunne leggje om vegen noko og opparbeide parkeringsplassar ut frå drift/aktivitetar.

I verneplanprosessen opna Fylkesmannen for at det vert bygd to rassikringsvollar ved Bøvertovatnet, innanfor det føreslåtte naturreservatet. Plassering vart avklara i høve til dei botaniske verdiane i området. Det er fremma ønskje om at det bør vere mogleg å vedlikehalde vollane og kunne utføre evt utvida rassikring i området. Dette er det teke omsyn til gjennom forskrifta for framlegget om naturreservat i området.

Luster

Den norske turistforeining (DNT) har lagt fram ønskje om å etablere ei hytte ved Illvatnet mellom Sota og Nørdestedals seter for å dele opp denne ruta som dei vurderer som for lang. Det er imidlertid truleg at hytta kan plasserast utanfor utgreiingsområdet. Fylkesmannen meiner at ei DNT-hytte i dette området, både innafor og utanfor vernegrensa, truleg vil vere problematisk i høve til villreinen sin bruk av området med trekkruter.

DNT ser det som viktig å utvikle innfallsportane, forbetre samband mellom fjellområde, og forkorte særleg lange ruter av omsyn til dei som ikkje er i stand til å gå lange turar og tilrettelegging for rundtur. I innspelet er det også inkludert ønskje om å gjere gamle seterbuer, ferdselsvegar og liknande meir ålment tilgjengelege.

Luster kommune har teke opp at verneplanen ikkje må hindre bygging av ein veg mellom Styggevatnet og Sota, over Handspiki. Vegen vil medføre at det kan gjerast rundturar mellom/frå Jostedalen til Ottadalen og via Sognefjellet tilbake. Om lag 1 km av vegen ligg i Luster kommune, dei resterande ca. 12 km ligg i Skjåk kommune som til no har vore negativ til bygging av ein veg over Handspiki. Ein veg over Handspike vil dele opp eit samanhengjande naturområde (inngrepsfri område kategori. 2 og 3) og redusere villmarksprega område (kat. 1). Ein veg over Handspike vil også vere i klar konflikt med villreinen. Desse momenta talar for at det er lite truleg at vegen vil bli bygt uavhengig av vern etter naturvernlova. Fylkesmennene har på bakgrunn av det som her er sagt ikkje sett grunn til å justere grensene slik at den aktuelle traseen for veg over Handspike vert liggjande utanfor eit verneområde.

Hydro Energi vurderer tiltak for å auke kraftproduksjon i tilknytning til Fortunvassdraget. Eit kraftprosjektet i Øyane (ca. 108 GWh) og eit prosjekt med heving av regelingshøgda for Gravdalsvatnet (ca. 5 GWh) ligg båe utanfor vernegrensene, medan eit prosjekt med takrenner under Fortundalsbreen og Harbardsbreen til Illvatnet (tappemagasin), ca. 162 GWh) vil ha anlegg innafor vernegrensene. Illvatnet pumpekraftverk går inn i utgreiingsområdet. Fylkesmannen meiner at Hydro sine skisser til planar om kraftutbygging øvst i Fortundalen med takrenneprosjekt frå Illvatnet under Fortundalsbreen og Harbardsbreen grip så sterkt inn i sentrale verneverdiar og verneformål (inngrepsfrie naturområde, vassdragsnatur, landskap og kvartærgeologiske førekomstar og botanisk suksesjon) at Fylkesmannen har sett det som viktig at områda får status som verna etter naturvernlova (i nasjonalparken). Alle tidlegare inngrep i samband med kraftutbygging i Fortunvassdraget ligg utanfor vernegrensene.

Gnr 26, bnr 2 Torgarden på Hauge i Skjolden/Hauge sameige har søkt om og fått lov til å byggje ei bu i Klebergbotnen og ved stølen Persli. Dette er utafør framlegget til vernegrenser.

Mørkrid sameige har sendt søknad til kommunen om etablering av eit nytt hytteområde for 5 hytter ved Osen/sørenden av Åsetvatnet. Hyttene er tenkt bygd på østsida av elva, der det i dag ikkje er hytter, berre nokre naust. Eksisterande støl og hytteområde til Bolstad og Heltne sameige ligg på vestsida av elva. Kommunen har vist til at søknaden frå Mørkrid sameige må avklarast gjennom prosessen knytt til vern av Breheimen, og at saken må takast opp att dersom den vedtekne verneplanen

for Breheimen opnar for hyttebygging her. Vernegrensene er lagt utanfor området Mørkrid sameige har søkt om.

Magne Hålien (grunneigar) fekk i 1997 eit byggje løyve frå Luster kommune for bygging av eit tradisjonelt sel på Fast. Fylkesmannen skreiv i eit brev av 10.03.2006 at vi oppfatta selet om ikkje i konflikt med verneplanen og at det kunne byggjast.

Geir Vetti fekk løyve frå Luster kommune i eit brev av 04.05.2007 for restaurering av eit eksisterande sel, og bygging av eit mindre fjøs og ein bygning med utsjånad som tradisjonelt sel for stølsdrift og stølsturisme på gbnr 23/1 på Myrasete i Mørkridsdalen. Fylkesmannen gav klarsignal for tiltaket i eit brev av 22.02.2007 då vi oppfatta byggetiltak for å vere i tråd med verneplanen for Breheimen – Mørkridsdalen.

Olav Rebni fekk løyve i har i eit brev av 23.03.2007 til Luster kommune fått klarsignal frå Fylkesmannen til å restaurere eit sel på Myrasete.

Kristen Sverre Flohaug ønskjer å setje opp eit sel på Dulsete, og har vist i felt nøyaktig kor bygningen skal setjast opp..

Per Hauge vil setje opp ei hytte for utleige på Dulsete.

Frå fleire (grunneigarlag m.fl.) har det kome innspel om at det må vere høve til å setje opp toalett på stølar og stader der det ferdast mange folk, t.d. Dulsete.

Sankelaget i Luster ønskjer å setje opp ei tilsynshytte for beiting i området Øystølsreset – Hamarsdalen.

Frå fleire grunneierlag har det kome innspel om at det i framtida kan bli behov for å setje opp fleire seterhus (m.a. Knivabakksligjerde) og gjeterbuer og gjennomføre vedlikehald av bygningar.

Skjolden grunneigarlag har teke opp at dagens kløvjavveg inn hovuddalføret i Mørkridsdalen må kunne utbetrast ein gong i framtida for å kunne nytte dagens jordbruksutstyr. Fylkesmannen meiner det truleg vil innebere store og uheldige inngrep og vil kunne øydeleggje kløvjavvegen som også er eit kulturminne. Fylkesmannen viser til skisse til tiltak på kløvjavvegen vedlagt forvaltningsplanen, og at kulturminnestyresmaktene også skal trekkjast inn i sakshandsaminga.

Det ligg føre planar om etablering av cruisekai i Skjolden (Luster kommune 2008), utanfor vernegrensene. Konsekvensutgreiarane peikar på at auka trafikk og turistar i området vil indirekte kunne få konsekvensar for området. Selskapet Skjolden Aktiv arbeider med planane, og har ei sentral rolle i arbeidet med å styrke aktivitetstilbodet for cruiseturistar. Fylkesmannen ser i utgangspunktet ikkje at ein cruisekai direkte skal påverke eit verneområde i Breheimen - Mørkridsdalen.

Skjolden Aktiv ser på om det er mogleg å få til helikopterflyging av turistar eller gondolbane i Skjolden-området, fortrinnsvis mot Bolstadnosi. Fylkesmennene ser at dette då vil vere utanfor framlegget il vernegrenser.

Det er også planar om auka bruk av Mørkridsdalen for å leggje grunnlag for seterbaserte opplevingstilbod og etablering av eit "kulturlandskapsenter", truleg i området mellom Dalen og Liane innanfor. Tiltaket må konkretiserast meir.

Luster kommune har teke opp at området Vangsen-Geisdalen-Fagredalen burde få status som eit utviklingsområde for friluftsliv, fjellturisme og treningsområde for langrenn. Forslaget inneber eit ønskje for oppkøyring av løyper i området og høve til å byggje skitrekk eller liknande for å utvikle potensialet for fjellturisme. Innspelet må sjåast i samheng med at frå lokalt i Jostedalen er det kome innspel om å merke stien frå Vanddalen til toppen av Vangsen og mellom Geisdalen og til den T-merkte sti til Arentzu. Vanddalen, Geisdalen og Fagredalen er i stor grad utanfor verneframlegget,

men høgareliggjande område og dei nemnde stiane ligg innanfor. Området inneheld mange kulturminne, m.a. dyregraver som i stor grad ligg innafor framlegget. Fylkesmannen meiner ein må avklare om merking av stiar kjem i konflikt med villreinen.

Luster kommune m.fl. har teke opp at Spørteggbreen har i lengre tid vore nytta som lokalitet for filmprosjekt, som eit av få breområde med snø og is om sommaren (utanom Jostedalsbreen nasjonalpark). Dette krev bruk av helikopter, og Luster kommune meiner eit vern må ikkje hindre denne aktiviteten. Fylkesmannen viser til omtale av verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.

Det er eit stort ønskje lokalt og frå Luster kommune om å etablere eit informasjonssenter i Skjolden, utanfor verneframlegget, i samarbeid med Breheimsenteret i Jostedalen og Norsk Fjellmuseum i Lom. Fylkesmannen meiner dette er positivt for verneplanen.

På møte og synfaringar har det kome fram at grunneigarane meiner det offentlege må overta og ta ansvar for opprusting og vedlikehald av dei private vegane og parkeringsplassane som fører fram til dei viktige innfallsportane i Mørkridsdalen (til Hødnævollen og ved Jervane), m.a. erstatte grunder med elektriske ferister (utanfor verneframlegget).

Luster kommune har laga ein plan (oversikt) over aktuelle småkraftprosjekt. Verneplanen for Breheimen – Mørkridsdalen er så langt Fylkesmannen kjenner til ikkje i konflikt med prosjekt som er aktuelle.

Felles for alle kommunane

Alle kommunane krev at det må etablerast eit næringsfond i kommunen som kompensasjon for vern.

Alle kommunane ønskjer lokal forvaltning av verneområda.

Det har kome ein del innspel som er kommentert i skisse til forvaltningsplan, t.d. merking/remerking/vedlikehald og skjøtsel av kulturlandskap.

5 Einskildområde

I skissa til forvaltningsplan er det gitt utdjupande retningslinjer for dei einskilde reglane i forskriftene. Dette er ordna tematisk – jakt og fiske, jordbruk og skogbruk, bygningar osv.

I kapitla nedanfor inneheld ein gjennomgang av dei einskilde verneområda med vekt på dei avbøtande tiltaka vi har gjort i framlegget etter konsekvensutgreiingane og innspel. Dei avbøtande tiltaka er knytt til grenser, forskrifter, skisse til forvaltningsplan og verneformer, gjennom avvegingar mellom å sikre verneverdiane og ta omsyn til brukarinteressene.

5.1 Breheimen nasjonalpark

5.1.1 Avgrensing

For avgrensing av yttergrensene, sjå vedlagte kart og skildring i kap 4.2 og 4.7. Grensene mot dei andre verneområda er kommentert under kvart verneområde.

Ved avgrensinga er det først og fremst lagt vekt på å fange opp store samanhengande område med lite inngrep og dei verdiane som er nemnd i formålsparagrafen. At grensa går nær infrastruktur i nokre område, legg til rette for å tilby korte turar inn i nasjonalparken for m.a. turistar. Justeringar av grensene samanlikna med utgreiingsområdet er skildra i kapittel 4.2. Der går det fram at grensene nokre stader er trekt attende for å unngå konflikhtar med bruk/tekniske installasjonar som kraftleidningar og bygningar. På grunn av Statkraft og Norsk Hydro sine eksisterande anlegg i høvesvis Jostedalen og Fortundalen, er grensa for nasjonalparken trekt relativt høgt. Norsk Hydro sine nye takrenneprosjekt knytte til Illvatnet pumpekraftverk ligg likevel innanfor, medan både heving av Gravdalsvatnet og planar knytt til Øyane kraftverk ikkje kjem i konflikt med framlegget til nasjonalpark ved at dei ligg utanfor.

Nokre stader er verneframlegget for nasjonalparken utvida i høve til utgreiingsområdet av omsyn til verneverdiar. Slike justeringar er gjort i samråd med referansegruppene.

Fylkesmennene meiner det er store verneverdiar knytte til biologisk mangfald og geologi i området, også i mange stølsområde. Difor bør stølar her som har mindre bruk, dvs. ein bruk som ikkje kjem i konflikt med vern som nasjonalpark, liggje i nasjonalpark. Vi vil ta stilling til eventuelle grenseendringar for stølsområde etter høyringa.

5.1.2 Forskrift

Verneformålet avspeglar at her er mellom dei største inngrepsfrie og villmarksprega områda i Sør-Noreg, med stor variasjon i landskap, naturmiljø og mange naturtypar, ein verdfull villreinstamme, vassdragsnatur og store kvartærgeologiske verdiar. Innslag av kulturlandskap er og med på prege området. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom tradisjonelt og enkelt friluftsliv.

I samsvar med den føreslåtte forskrifta er hogst av ved til hytter og setrer i nasjonalparken tiltak som etter søknad kan få løyve i medhald av retningslinjer fastsette i forvaltningsplan. Forvaltningsstyresmakta vil kunne gi fleirårige løyve. Det er kome innspel om at hogst ved stølane må kunne skje utan søknad. Innspelet vil bli vurdert seinare. I så tilfelle må det trekkjast opp retningslinjer for hogsten i forvaltningsplanen. Forskrifta har eit punkt om at det kan gjennomførast tiltak (t.d. utsetting) for å få villreinen tilbake i søre del (Luster) av Ottadalen villreinområdet.

Vedlikehald av dei gamle vatningsanlegga innafor nasjonalparken, som alle ligg på Opplandssida, er teke særleg omsyn til i verneforskrifta.

Forskrifta opnar for motorferdsle for ein del aktivitetar knytt til bygningar/anlegg og bruk i området. Mellom anna er nødvendig bruk av beltekøyretøy på vinterføre i samband med tamreindrift heimla direkte (treng ikkje løyve).

Spørteggbreen har vore mykje nytta som lokalitet for filmprosjekt etter at Jostedalsbreen nasjonalpark vart oppretta i 1991. Dette krev bruk av helikopter. Sidan ein kunne nytte Spørteggbreen, vart det ikkje teke inn heimel for slik aktivitet i Jostedalsbreen nasjonalpark. Det er ikkje andre brearmar som eignar seg for slike filmprosjekt utanfor den føreslegne nasjonalparken. På bakgrunn av dette er det teke inn eit eige punkt i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark om at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til helikoptertransport tiltak/aktivitet som bidreg til informasjon om nasjonalparken.

Forskrifta har ein heimel om at det kan gjevast løyve til oppføring av nødvendige bygningar til beitebruk og tilsyn. Det er teke inn heimlar for å kunne gi løyve til motorferdsel for snømålingar og vedlikehald m. m. av telekommunikasjonsanlegg.

Vi viser elles til utdjupande kommentarar i skissa til forvaltningsplan.

5.1.3 Merknader og kommentarar

Grunneigarane sitt ønskje om å kunne lande med sjøfly på Åsetevatnet er ikkje med i forskrifta då det er ein godkjend helikopterlandingsplass på Osen, og behovet difor ikkje er dokumentert godt nok.

5.2 Mørkridsdalen landskapsvernområde

5.2.1 Avgrensing

Det er uvanleg store verneverdiar knytte til biologisk mangfald i Mørkridsdalen. Avgrensinga av området har forsøkt å fange opp dei viktigaste verneverdiane i området knytt til biologisk mangfald, og å tilpasse grensene mellom nasjonalpark og landskapsvern slik at dei mest brukte stølane vert liggjande i landskapsvernområde, medan dei med mindre bruk vert liggjande i nasjonalparken (sjå og omtale under kap. 5.1).

Hytteområdet ved stølen Osen og den av Luster kommune godkjende helikopterlandingsplassen her, har vore avgjerande for at Fylkesmannen går inn for å halde dette området utanfor verneområdet på tross av landskapsverdiane i området.

Traktorløype for hogst ved Jervane-Mørkrid ligg utafor vernegrensa. Også hytter som grunneigar gnr/bnr. 25/12 har planlagt ved garden Mørkrid og ved Mørkridsøyna kjem utafor framlegget til vernegrense, sjølv om delar av byggeområdet ved Mørkridsøyna (i framlegg til kommuneplan) kjem innafor.

5.2.2 Forskrift

Verneformålet avspeglar at her er eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, med vassdragsnatur, geologi og eit uvanleg stort og verdfullt biologisk mangfald med edellauvskog som delvis er knytt til eit særleg verdfullt kulturlandskap, og som utgjer ein viktig del av Breheimen.

Utforminga av verneforskrifta har hatt som mål å kome dei viktigaste brukarinteressene i møte, utover det som ligg inne i standard forskrift for landskapsvernområde, samstundes som dei store verneverdiane skal bli ivaretekne. Dei største brukarinteresser er knytte til jordbruk og skogbruk. Det er uvanleg store verneverdiar knytt til biologisk mangfald i området, og kulturlandskapet er særleg verdfullt. Forskrifta søkjer å balansere dette tilhøvet mellom verneverdiane og bruk som er viktig for å oppretthalde verdiane. Eit godt døme er dei store verdiane knytt til skog, der dei store almetrea og andre store tre må få stå (men skjøttast), noko hogst er ønskjeleg kring dei store, styva almetrea (men

ikkje for mykje), og grunneigarane må ha høve til å ta ut skog for vedhogst, som gjeld (yngre) hovudsakleg oreskog.

5.2.3 Merknader og kommentarar

Grunneigarane i Mørkridsdalen har bede om at alle stølane i Mørkridsdalen kjem i landskapsvernområde, særleg viktig er Åsete og Fast. Fylkesmannen har kome til at stølane som er i mest aktiv bruk bør liggje i landskapsvernområde fordi bruken ikkje harmonerer godt med nasjonalparkvern. Vi vil ta stilling om eventuelle grenseendringar (landskapsvern/nasjonalpark) for stølane etter høyringa.

Grunneigarane i Mørkridsdalen ønskjer å byggje opp eit kulturlandskapscenter i form av ein støl med stølshus for å kunne utvikle ei tilleggsnæring i landbruket knytt til formidling av naturverdiar, kulturlandskap og kulturhistorie i Mørkridsdalen og Breheimen gjennom naturguiding, slåttedagar, ysting m.m. der overnatting inngår. Dei ønskjer difor å byggje til saman 8 stølshus (derav 4 til overnattingsgjester) ein stad, truleg i nærleiken av stølen Liane. Prosjektet må konkretiserast nærare før ein kan ta stilling til det.

Kløvjavegane i Mørkridsdalen, ikkje minst den inn hovuddalføret, er avgjerande for å få til framhald av beitinga i dalen og dermed ivaretaking av det verdfulle kulturlandskapet her. Driftevegane utgjer også det T-merkte stinettet. Eit vern i området vil ikkje vere til hinder for vedlikehald av kløvjavegen.

Ordninga med leigekøyning med snøskuter fungerer godt i Luster kommune. Dette er det teke omsyn til i verneforskrifta, samstundes som det er teke omsyn til bruk av snøskuter i jord- og skogbruksnæring. Vi viser til omtale i skisse til forvaltningsplan.

5.3 Vigdalen landskapsvernområde

5.3.1 Avgrensing

Vigdalen har store verneverdiar særleg innan (kvartær-)geologi, landskap, kulturlandskap og for naturopplevingar/friluftsliv. Det er nokre inngrep frå kraftutbygging innanfor det føreslåtte verneområdet, og verneforma må difor bli landskapsvernområde. Ved avgrensinga har ein forsøkt å få med desse viktige verneverdiane og teke omsyn til at Vigdalen er ein særleg viktig innfallspurt til Breheimen. Statkraft har nokre anlegg innanfor området (tersklar i Vigdøla) og bekkeinntak øvst i Smådalane.

5.3.2 Forskrift

Verneformålet avspeglar at det er særleg store kvartærgeologiske verdiar i området, samstundes som det er verdfullt kulturlandskap her, og Vigdalen er ein viktig innfallspurt til Breheimen.

Utforminga av verneforskrifta har hatt som mål å kome dei viktigaste brukarinteressene i møte, utover det som går fram av standard forskrift for landskapsvernområde, samstundes som verneverdiane skal bli tekne vare på. Brukarinteressene gjeld særleg jordbruk og skogbruk, og Statkraft sine anlegg i området.

Forskrifta tek omsyn til at det er inntak og tersklar i samband med kraftutbygging, noko som krev noko motorferdsel.

Forskrifta har eit punkt om at det kan gjennomførast tiltak (t.d. utsetting) for å få villreinen tilbake i søre del (Luster) av Ottadalen villreinområde.

5.3.3 Merknader og kommentarar

Grunneigarane bad på synfaring om at nedre grense for verneområdet ikkje vart trekt lenger ned enn grensa mellom sameige og teigar. Fylkesmannen har følgd opp dette, og dei viktigaste kvartærgeologiske verneverdiane i området, m.a. Breidsete og toppen av Storhaug ligg innafør verneområdet.

Ordninga med leigekøyring med snøskuter fungerer godt i Luster kommune. Dette er det teke omsyn til i verneforskrifta, samstundes som det er teke omsyn til bruk av snøskuter i jord- og skogbruksnæring. Vi viser til omtale i skisse til forvaltningsplan.

5.4 Høydalen landskapsvernområde

5.4.1 Avgrensing

Området inneheld viktige verneverdiar knytt til natur- og kulturlandskap og kulturminne. Avgrensinga er og gjort slik at ein i størst mogleg grad får med det naturlege landskapsrommet som Høydalen utgjer, avgrensa av høgdedraga i nord og vest som grenser inntil framlegget til nasjonalpark og vassdraget i sør som grenser mot det føreslåtte Høyrokampen naturreservat. Grensa er trekt slik at hytta på sørsida av Høydalsvatnet kjem innanfor grensa til det føreslåtte landskapsvernområdet, og ikkje i naturreservatet.

Området er utvida med i underkant av 0,5 km² i aust samanlikna med utgreiingsområdet på grunn av verneverdiar knytte til kvartærgeologi med jettegryter og grotter i ein liten canyon i Vesltrongdalen. Samstundes er grensa trekt slik her at om det skulle bli aktuelt å legge om ein veg i nærleiken grunna problem med ras, så vil ikkje vernegrensene vere i konflikt med det.

5.4.2 Forskrift

Formålet for det føreslåtte Høydalen landskapsvernområde er knytt til det eigenarta og vakre kulturlandskapet, der verdfullt setremiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart. Formålet er og å sikre biologisk mangfald, geologiske førekomstar og landskapsformer og vassdragsnatur. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom tradisjonelt og enkelt friluftsliv

Det er gjort særlege tilpassingar i forskrifta knytt til jordbruk, skogbruk, tamreindrift og at det er ein veg i området, jf. framlegget til forskrift for området og skissa til forvaltningsplan. Det er eit tunellinnslag i området (i samband med regulering av Storevatnet og Øvre Grønevatnet), og forskrifta opnar for drift og vedlikehald av dette anlegget. Det er ingen kraftanlegg som ligg i dagen i området. Forskrifta opnar for at det kan gis løyve til legging av jordkabel for framføring av straum til setre og andre bygningar i området.

Hogst av ved til hytter og setrer i landskapsvernområdet er tillate i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan. Særmerkte, dekorative og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast. Sjå skissa til forvaltningsplan for nærare detaljar.

5.4.3 Merknader og kommentarar

Ut frå innspel i prosessen og tilrådingar i konsekvensutgreingane vil spesielt gi følgjande kommentarar:

Etter innspel og tilrådingar i konsekvensutgreingane er det opna for at det kan gis løyve til: oppattaking av jordbruksdrift på nedlagde setervoller, riving av seteranlegg, oppdyrking/beitekulturivering av nye areal i knytt til eksisterande setrer, omlegging og opprusting av vegar for landbruksformål, tilrettelegging av plass for enkel parkering ved setrene m m .

Forskrifta opnar ikkje for allmenn motorferdsel, t.d. i samband med fiske som vi har motteke innspel om, på anleggsvegen som går frå Nordre Høydalen seter og inn mot Bukkabotnen.

5.5 Mysubytta landskapsvernområde

5.5.1 Avgrensing

Området inneheld viktige verneverdiar, særleg knytt til natur- og kulturlandskap med setermiljø. Avgrensinga er og gjort slik ein i størst mogleg grad får med det naturlege landskapsrommet i området, samstundes som området i sør er avgrensa av det føreslåtte Røykjeskålsvatnet naturreservat. Vegen som går i grenseområda mellom det føreslåtte landskapsvernområdet og naturreservatet ligg i landskapsvernområdet. Området grenser inn til den føreslåtte nasjonalparken i nord og vest. Sota turisthytte og ein del anna bygningsmasse ligg like utanfor området, i aust.

5.5.2 Forskrift

Formålet for det føreslåtte Mysubytta landskapsvernområde er knytt til det eigenarta og vakre natur- og kulturlandskapet, der verdifullt setremiljø, vegetasjon og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart. Formålet er og å sikre eit stort samanhengande naturområde med rikt dyre- og planteliv, geologiske førekomstar og landskapsformer og vassdragsnatur. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom tradisjonelt og enkelt friluftsliv.

Det er gjort særlege tilpassingar i forskrifta knytt til jordbruk, skogbruk, stiar/skiløyper og bruk og vedlikehald av ein veg i området, jf. framlegget til forskrift for området og skissa til forvaltningsplan.

Hogst av ved til hytter og setrer i landskapsvernområdet er tillate i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan. Særmerkte, dekorative og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast. Forskrifta opnar også for noko skogsdrift i delar av landskapsvernområdet. Sjå eigne retningslinjer i skissa til forvaltningsplan for slik hogst.

5.5.3 Merknader og kommentarar

Ut frå innspel i prosessen og tilrådingar i konsekvensutgreingane vil spesielt gi følgjande kommentarar:

I forskrifta er det opna for at det etter søknad kan gis løyve til riving av seteranlegg, oppdyrking/beitekulturivering av nye areal i tilknytning til eksisterande setrer, oppattaking av jordbruksdrift på nedlagde setervoller, omlegging og opprusting av vegar for jordbruksformål.

Det er og opna for at det kan gjevast løyve til legging av jordkabel for framføring av straum til setrene.

Det kan gjevast løyve til oppkøyring av eksisterande skiløyper og vedlikehald av trasear for skiløyper er direkte heimla.

Det er tatt inn ein heimel som opnar for at det kan gis løyve til rydding av skog og kratt kring hytter og rydding av nye stiar.

5.6 Strynefjellet landskapsvernområde

5.6.1 Avgrensing

Det føreslåtte Strynefjellet landskapsvernområde strekkjer seg aust–vest på både sider av Gamle Strynefjellsveg og med den føreslåtte nasjonalparken i sør og nord. Det føreslåtte landskapsvernområdet inneheld verneverdiar knytte til naturlandskapet. Landskapsvernområdet er ein viktig del av heilskapen i eit større samanhengande fjellområde med lite inngrep, det er eit viktig funksjonsområde for villrein (viktig trekkområde), her er kulturminne (m.a. gamle Strynefjellsveg, bogestø, herbyrgjer) og verdfull vassdragsnatur. I sør er området naturleg avgrensa i all hovudsak av vassdraget og i nord følgjer grensa ei rimeleg fast høgde. I vest går grensa langs kommunegrensa mot Stryn og i aust er det avgrensa av nærleiken til eit hyttefelt ved Grotli.

Området inngår ei ein tydeleg heilskap med den føreslåtte nasjonalparken og avgrensingar i stor grad vurdert ut frå dette. For val av verneform her; sjå kommentarane i kap 5.6.3. Inngrepa i området er og lagt til grunn for val av grenser mellom nasjonalparken og landskapsvernområdet, kor det i tillegg til Gamle Strynefjellsveg, også er to stikkvegjar og fire hytter innanfor grensene til det føreslåtte landskapsvernområdet.

Det er ikkje jordbruks- eller skogbruksverksemd i området, bortsett frå sau på beite om sommaren.

5.6.2 Forskrift

Formålet for det føreslåtte Strynefjellet landskapsvernområde er knytt til det eigenarta naturlandskapet som del av eit samanhengande høgfjellsområde. Formålet er og å sikre kulturminne, vassdragsnatur og det biologiske mangfaldet i området med særleg vekt på leveområde og trekkområde for villreinstamma i Ottadalen. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom tradisjonelt og enkelt friluftsliv

Villrein trekk i dag mellom nord- og sørområdet i Ottadalen villreinområde gjennom dette området og nordlige delar av nasjonalparken, noko som gjer det særst viktig.

Det er gjort særlege tilpassingar i forskrifta knytt til Gamle Strynefjellsveg, bygningane i området, og nødvendig motorisert transport til Stryn sommarskiser som ligg vest for området., jf. framlegget til forskrift for området og skissa til forvaltningsplan.

Det er ikkje opna for å sette opp sanketrøer og gjerding i området, da det ikkje slike innretningar der i dag.

5.6.3 Merknader og kommentarar

Ut frå innspel i prosessen og tilrådingar i konsekvensutgreingane vil spesielt gi følgjande kommentarar:

Skjåk kommune har primært ønska nasjonalpark som verneform i dette området. Grunna at ein veg går gjennom området med eit relativt høgt trafikkomfang, er det vald å gjere framlegg om verneforma landskapsvernområde her.

I punktet om ferdsel er det og teke inn ein heimel for å styre bruksprøver for hund. Det kan etter søknad gjevast løyve til å køyre opp skiløype i område.

Etter søknad kan det gis løyve til å nytte kalk til snøsmelting av Gamle Strynefjellsveg.

Snøbrøyting av Gamle Strynefjellsveg kan skje etter 10. juni, av omsyn til kalvingsperioden for villrein. Motorferdsle på stikkveg ved Vassvenda og stikkveg på austsida av Langvatnet kan berre skje etter løyve. Parkering langs gamle Strynefjellsveg kan berre skje på tilviste plassar. Desse punkta inneber at forvaltningstyresmakta kan styre motorisert ferdsle/parkering av omsyn til særleg villrein.

Det er ikkje tillate å sette opp kasser for utstyr og proviant ved fiskevatn i området. Det er nokre kasser der i dag, men vassdraget er så nær veg at det ikkje bør være nødvendig å sette opp slike innretningar. At forskrifta opnar for motorisert ferdsel til transport av kasser, er grunngeve med at det kan vere trong for å køyre i området i samband med frakt av kasser til fiskevatn i nasjonalparken.

Det kan gjevast løyve til motorferdsel i samband med snømålingar grunna at Glommen og Laagens brukseierforening (GLB) er pålagt å utføre dette i nedbørfelt her i samband med kraftutnytting.

Det er viktig at ein i det vidare arbeidet med forvaltningsplanen legg stor vekt på omsynet til villrein i området med omsyn til ein del av tiltaka det kan gjevast løyve til, som evt oppkøyring av skiløype og tilrettelegging.

5.7 Røykjeskålsvatnet naturreservat

5.7.1 Avgrensing

Ved avgrensinga er det særleg lagt vekt på å gi ei god arrondering av eit samanhengande område med urskognær furuskog. Området grenser i nord og vest mot det føreslåtte Mysubytta landskapsvernområde og i sør og vest mot den føreslåtte nasjonalparken. Like aust for området ligg Sota turisthytte og anna bygningsmasse.

5.7.2 Forskrift

Formålet for det føreslåtte Røykjeskålsvatnet naturreservat er knytt til det urørte naturområdet med det biologiske mangfaldet. Området har særskild verdi fordi det er relativt stort og godt arrondert, delar av området har urskognær furuskog, samt at området har førekomstar av sjeldsynte og truga artar i fleire artsgrupper, mellom anna brun kvitkjuke.

Det er gjort særlege tilpassingar i forskrifta knytt til stiar/skiløyper, bruken av dei to hyttene i området og beiting, jf. framlegget til forskrift for området og skissa til forvaltningsplan.

5.7.3 Merknader og kommentarar

Ut frå innspel i prosessen og tilrådingar i konsekvensutgreingane vil spesielt gi følgjande kommentarar:

Det er opna for noko bruk av hest i området, mellom anna riding på gamal ferdsleveg. Kommunen har kome med ønskje om å opne for utsyn mot Røykjeskålsvatnet frå vegen nokre få stader. Forskrifta for det føreslåtte naturreservatet opnar for uttak av ved til dei to hyttene i området etter nærare retningslinjer, så omsynet til utsyn bør såleis kunne ivareta innfor ramma av plukkhogst ved uttak ved.

Det kan gis løyve til oppkøyring av eksisterande skiløype.

Bruk av turrkvist frå bakken eller medboren ved er tillate til bålbreining.

5.8 Høyrokampen naturreservat

5.8.1 Avgrensing

Ved avgrensinga har ein særleg lagt vekt på å få med dei viktige botaniske verdiane i området. I nord er området naturleg avgrensa stort sett av vasskanten mot Høydalsvatnet og følger grensa mot det føreslåtte Høydalen landskapsvernområde. I vest er området avgrensa mot den føreslåtte nasjonalparken. I sør følger grensa delvis riksveg 55 (vegen er utanfor). I sør er og grensa trekt slik at ein får med mest mogleg av dei botaniske verdiane, som førekomstar av den sjeldsynte Aursundløvetanna, men samstundes slik at ein unngår hytter, vegar og innmark. Delar av dette var opphavleg innanfor utgreiingsområdet, men er altså trekt ut no i framlegget.

5.8.2 Forskrift

Formålet for det føreslåtte Høyrokampen naturreservat er ta vare på eit spesielt naturområde med biologisk mangfald. Området har ein særskild verdi som ein klassisk botanisk lokalitet med unike førekomstar av sjeldsynet og trua karplantar, lav, mosar og sopp, og er sær viktig som vitskapleg og pedagogisk referanseområde.

Det er gjort særlege tilpassingar i forskrifta knytt til bruk av lett beltekøyretøy på vinterføre ved tamreindrift, bruken av hyttene som ligg nær naturreservatet og tiltak i samband med dei to rassikringsvollane som ligg innanfor det føreslåtte naturreservatet, jf. framlegget til forskrift for området og skissa til forvaltningsplan.

5.8.3 Merknader og kommentarar

Ut frå innspel i prosessen og tilrådingar i konsekvensutgreingane vil spesielt gi følgjande kommentarar:

Grensa er trekt slik at ein ikkje får hytter, veg og innmark innanfor det føreslåtte verneområdet. Likevel går grensene nær hytter nokre stader (sjå detaljert kartvedlegg). Det er teke omsyn til dette ved at det i forskrifta er opna for at det m.a. kan gis løyve til motorisert ferdsel for frakt av varer og utstyr av til hyttene og at det kan gis løyve til legging av jordkabel for evt framføring av straum. Etter søknad kan det gjevast løyve til plukkhogst av ved, noko vi har motteke innspel på, og som ved gode retningslinjer kan vere positivt m.a. av omsyn til orkidear i området.

Den føreslåtte forskrifta opnar og for at det kan gis løyve til vedlikehald av rassikringsvollane og evt utvida rassikring i same område. Slike løyve må sette klare vilkår for omsynet til dei svært store botaniske verdiane i dette delområdet.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Det vil vere behov for økonomiske midlar til naudsynte informasjons- og tilretteleggingstiltak og for å ta vare på kulturminne, kulturlandskap (som skjøtsel) innafor og i tilknytning til dei føreslåtte verneområda. Behovet må konkretiserast gjennom årlege budsjettinnspel.

Fylkesmennene meiner det er naudsynt med eit godt naturoppsyn i Breheimen. Oppsynet bør styrkast både med etablering av eigne stillingar i SNO og kjøp av teneste frå Skjåk bygdeallmenning, fjellstyra og kommunen (Luster). Det bør etablerast ein oppsynskoordinator knytt til oppsyn i regi av SNO. Fylkesmennene vil kome med meir konkrete tilrådingar i vår endelege tilråding til DN etter høyringa.

Oppfølging av skjøtsel i samarbeid med grunneigarane bør vere ei viktig oppgåve i tillegg til SNO sine andre oppgåver.

Ein må rekne med at utarbeiding, høyring og ferdigstilling av forvaltingsplan for verneområda i Breheimen – Mørkridsdalen vil krevje inntil 2 årsverk. I tillegg bør det settast av midlar til utarbeiding (evt. ved kjøp av teneste) av skjøtelsplanar i Mørkridsdalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde, Mysubytta landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde og Høyrokampen naturreservat, kvar med ca. 1/2 årsverk.

Uansett kven som vert forvaltningsstyresmakt, bør ein rekne med at utøving av forvaltningsmynde av verneområda vil krevje ca. 1 årsverk kvart år (utanom oppsyn og forvaltningsplan).

Fylkesmennene legg til grunn at utgiftar til vern og forvaltning av verneområda, som grensemerking, oppsyn og kostnadar ved eventuelle nye erstatningsreglar, vil skje innafor MD sine gjeldande budsjettrammer.

Alle dei tre kommunane har bede om at det blir oppretta eit næringsfond i kvar kommune i samband med eit evt. vern i Breheimen – Mørkridsdalen. Fylkesmennene ber Miljøverndepartementet følgje opp og ta stilling til dette.

Del D Kjelder, kart og vedlegg

Kjelder

Alvereng, P. 2008: Vern av Breheimen-Mørkridsdalen. Konsekvensutredning. Tema Motorferdsel. Miljøfaglig Utredning rapport 2008-16.

Andersen, O., Jordhøy, P. & Nellemann, C. 2008: Villrein i Breheimen-Mørkridsdalen. Konsekvensutredning av vern. NINA Rapport 348.

Berg, R.Y., Hassel, K., Haugan, R (red.). & B. H. Larsen,. 2006: Rassikring langs Bøvertunvatnet. Notat. 18.09.2006. 9 s.

Berg, R.Y., Hassel, K., Haugan, R. & Larsen, B.H. 2007: Botaniske registreringer og vurderingar i Høyrokampen-området. Miljøfaglig utredning, rapport 2007:10.55s.

Bevanger, K., Hansen, F.; Jordhøy; P."Villreinen i Ottaområdet. NINA Rapport 227 - 2007.

Bøthun, S. W., Clemetsen, M. og Skjerdal, I. 2007. Breheimen – Mørkridsdalen, kartlegging av landskap. Aurland Naturverkstad Rapport 2/2007.

Clemetsen, M. 2007. Kartlegging av landskap i Breheimen – Mørkridsdalen Tilleggsutgreiing Sognefjellet nord. Aurland Naturverkstad Rapport 11/2007.

Direktoratet for naturforvaltning 27.02.2007: Fastsatt utgreiingsprogram. Verneplan for Breheimen-Mørkridsdalen.

Eilertsen, S. M. & Høberg, J. 2008: Konsekvensutredning landbruk og tamrein, Breheimen-Mørkridsdalen. Bioforsk Rapport, vol.3, nr 58. 2008.

Fangel, K. Utredning av vern av Breheimen-Mørkridsdalen. Konsekvenser for hytter og andre bygninger. NINA Rapport 351. 2008

Fjeldstad, H. og Larsen, B. H. 2008. Vern av Breheimen-Mørkridsdalen. Konsekvensutredning på tema Biologisk mangfold/naturmiljø. Miljøfaglig Utredning rapport 2008:19. ISBN 978-82-8138-299-2.

Forvaltning av nasjonalparker. DN-rapport 1996-3

Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Melding om 1) Oppstart av planarbeid etter naturvernlova 2) konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova. Brev av 18.11.2005

Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 13.07.2007. 0-alternativ for Breheimen - Mørkridsdalen.

Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2007. Justering av utredningsområdet med kart. Brev av 12.07.2007.

Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 31.10.2007a. Standard forskrift for naturreservat.

Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 31.10.2007b. Justert forskrift for nasjonalpark.

Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 31.10.2007c. Justert forskrift for landskapsvernområde.

Fylkesmannen i Oppland 29.11.2007. Utredningsalternativene.

Gjære, J. 2008. Konsekvensutgreiing. Verneplan for Breheimen–Mørkridsdalen, Samferdsle. Asplan Viak rapport 513578/Samferdsle. 2008

Grut, T. Sataøen, H., Aall, C.: Kartlegging av reiseliv, friluftsliv, gardsturisme, turguiding og friluftsliv og anna miljøbasert næringsutvikling knytt til Breheimen – Mørkridsdalen”. Vestlandsforskning – VF-rapport 7/05.

Gaarder, G.; 2005. Registrerte forekomster av rødlistede rovfugler innenfor undersøkelsesområdet for vern i Breheimen, Lom, Skjåk og Luster kommuner i Oppland og Sogn og Fjordane fylker. 2005. Miljøfaglig utredning: Notat 24.06.2005. 4 s.

Gaarder, G.; 2007. Supplerende opplysninger om sopp langs Bøvertunsvatnet. Notat 03.09.2007. Miljøfaglig utredning. 2 s.

Gaarder, G., Grimstad, K.J., Holtan, D, Larsen, B.H.; Kartlegging av biologisk mangfold i utredningsområdet for vern i Breheimen – Mørkridsdalen, Miljøfaglig Utredning Rapport 2005-13

Gaarder, G. & Larsen, B. H. 2007. Naturverdier ved Mørkrid i Luster kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2007-68: 1-30. ISBN 978-82-8138-272-5

Holtan, D 2007. Botaniske tilleggsundersøkelser i Breheimen. Undersøkelser i områdene Langvassegge, Krosshøe og Røykjeskålvatnet i Lom og Skjåk kommuner, Oppland fylke.12s.

Innst. S. nr. 124 (1992-93) Innstilling frå kommunal- og miljøvernkomiteen om ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge

Koppen, G. & K.Stokke.: Utredning av vern av Breheimen-Mørkridsdalen. Konsekvenser for lokal tilhørighet og framtidig forvaltning. NIBR. 2008.

Lov om naturvern av 19. juni 1970

Melby, M., W. 2008: Vern av Breheimen-Mørkridsdalen. Konsekvensutredning. Tema: Kraftressurser. Miljøfaglig Utredning rapport 2008-5.

Miljøverndepartementet. 2006: Forskrift om konsekvensutredninger – planlegging etter plan og bygningsloven veileder versjon mai 2006.

Norges Offentlige Utredninger 1986. Ny landsplan for nasjonalparker. NOU 1986:13

Skjerdal, I.B. 2006: Registrering av landbruk i samband med verneplanarbeid for Breheimen – Mørkridsdalen. Aurland Naturverkstad Rapport 3 - 2006.

Skjåk kommune. 2006: Kommuneplan for Skjåk 2006-2016. Godkjent i Skjåk kommunestyre 22.juni 2006.

Skjåk kommune. 1999: Utmarksplan for Skjåk. Kommunedelplan vedtatt i sak 49/99.

Statens vegvesen 2006: Konsekvensanalyser. Håndbok 140.

St.meld. nr. 62 (1991-92) Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge

Storøy, A. E. 2008: Vern av Breheimen – Mørkridsdalen. Konsekvensutredning kulturminner og kulturmiljø. (Utgave:3, 2008-04-19). Asplan Viak

Vatne, H. Stølane i Mørkridsdalen. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Rapport 2-2008.

Øian, H, Andersen, O., Fangel, K. & Vistad, O.I. 2008: Utredning om vern av Breheimen-Mørkridsdalen. Konsekvenser for Friluftsliv. NINA Rapport 350.

Østeraas, T. 2007. Utredning om vern i Breheimen-Mørkridsdalen – Grusforekomster til veier i randområder. Tiliattech. 13 s.

Aa, Asbjørn R & Sønstegaard, E. Breheimen – Mørkridsdalen Geologi og landformer. Høgskulen i Sogn og Fjordane rapport nr. 1/2006.

Aas, Ø. & Tangeland, T. 2008: Utredning om vern av Breheimen-Mørkridsdalen. Konsekvenser for reiseliv. NINA rapport 349.

Vedlegg

Kart over verneframlegg

Breheimen nasjonalpark (og alle dei andre verneområda) - Samlekart

Breheimen nasjonalpark, utsnitt Lomseggen

Strynefjellet landskapsvernområde

Mysubytta landskapsvernområde (på same kart som Røykjeskålsvatnet naturreservat)

Røykjeskålsvatnet naturreservat (på same kart som Mysubytta landskapsvernområde)

Høydalen landskapsvernområde (på same kart som Høyrokampen landskapsvernområde)

Høyrokampen naturreservat (på same kart som Høydalen landskapsvernområde)

Høyrokampen naturreservat, utsnitt kring hytter

Mørkridsdalen landskapsvernområde

Mørkridsdalen landskapsvernområde, utsnitt nedre del

Vigdalen landskapsvernområde

Utgreiingsområde

Kart over utgreiingsområdet for verneplan Breheimen – Mørkridsdalen (saman med kart over verneframlegget)

Tematiske kart

Landskap (3 kart):

- Verdivurdering av dei einskilde landskapsområda
- INON-område
- Inngrepsstatus i dei einskilde landskapsområda

Biologisk mangfald

Kulturninne

Friluftsliv

Verna vassdrag

Berggrunn

Hytter, bygningar og stiar

Tamrein

Grenseskildring


Samandrag av skriftlege innspel til oppstartsmelding om arbeid med verneplan for Breheimen - Mørkridsdalen

Referat:

Alle referat frå møte i referansegrupper, felles kontaktutval og frå synfaringar saman med alle skriftlege innspel (samandrag vedlagt) er ein del av saksdokumenta. Desse dokumenta ligg på internett: www.fylkesmannen.no/breheimen .


Utsnitt Lomseggen med eigdomsgrenser

Framlegg Breheimen nasjonalpark



- Grense nasjonalpark
- Fylkesgrense
- Kommunegrense

0 0.6 km



Mysubytta LVO

Røykeskålvatnet NR

Røykeskålsvatnet naturreservat
Mysubytta landskapsvernområde
Framlegg

Skjåk kommune, Oppland fylke


-  naturreservat
-  landskapsvernområde
-  nasjonalpark

N
Ekvidistanse: 20 meter

0 1 2 km


UTM rutenett i EUREF89, sone 33
Kartproduksjon: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane


Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
November 2008



Utsnitt Høyrokampen naturreservat Høyringsframlegg

November 2008



 Framlegg til grenser for naturreservat


 Fylkesgrense

 Kommunegrense

0 250 500 m



Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
November 2008




Mørkridsdalen landskapsvernområde Framlegg

Luster kommune, Sogn og Fjordane fylke

- landskapsvernområde
- nasjonalpark

N
Ekvidistanse: 20 meter



UTM rutenett i EUREF89, sone 33
Kartproduksjon: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
November 2008



Vigdalen landskapsvernområde
Framlegg

Luster kommune, Sogn og Fjordane fylke


- landskapsvernområde
- nasjonalpark

N
 Ekvidistanse: 20 meter

0 1 2 km

UTM rutenett i EUREF89, sone 33
 Kartproduksjon: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Oppland
 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
 November 2008



**Strynefjellet landskapsvernområde
Framlegg**

Skjåk kommune, Oppland fylke


- landskapsvernområde
- nasjonalpark
- - - fylkesgrense


Ekvidistans: 20 meter
Rutenett: 1 x 1 km

0 1 2 km

UTM rutenett i EUREF89, sone 33
Kartproduksjon: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
November 2008






**Høyrokampen naturreservat
Høydalen landskapsvernområde
Framlegg**


Lom kommune, Oppland fylke

- naturreservat
- landskapsvernområde
- nasjonalpark
- fylkesgrense

Ekvidistanse: 20 meter
Rutenett: 1 x 1 km



UTM rutenett i EUREF89, sone 33
Kartproduksjon: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
November 2008



**Mørkridsdalen LVO, nedre del
Framlegg**


Luster kommune, Sogn og Fjordane fylke


- landscapsvernområde
- nasjonalpark

N
Ekvidistanse: 5 meter

0 250 500 750 m


Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Oktober 2008






Prioriterte naturtyper av verdi for biologisk mangfold

- Svært viktig (A)
- Viktig (B)
- Lokalt viktig (C)



- ### Kulturminne
- Bru
 - Tuft; Butomt; Bygning; Stølslegg; Steinbu; Hustuft
 - Stølsvoll
 - Herbyrge; Heller; Innsmogo; Heller
 - Moselager
 - Dyrkningsflate; Dyrkningspor
 - Kjøttfask
 - Kleberbrudd
 - ▲ Gravrøys
 - ▲ Skålgroper; Skålgrop
 - ▲ Kullflak
 - ▲ Kullgrop; Kokegrop
 - ▲ Kullhorisont
 - Bjønnaglider
 - * Dyregraver; Reinsgrav; Elggrav; Dyregrav
 - * Bogestø; Bågestø; Bågestø ?; Bogastille; Bogestille
 - * Ledegjerde
 - * Reinskve
 - * Kve
 - * Laustunn; Grav; laustunn; Gravfunn; Løsfunn
 - + Steinaldertokallet
 - + Tradisjon
 - + Varderekke
 - + veg
 - Stølar
 - Nasjonale vegar
 - - - Alt. ruter gamle Sognefjellsveg
 - Gamle ferdselsveggar
 - - - Drifteveggar
 - Lokale kulturmiljø
 - Område med fleire vassveggar



Bygningar, stigar og vegar

Vegnett

- Europaveg
- Riksveg
- Fylkesveg
- Kommunal veg
- Privat veg
- Skogsblveg

Stiar og løyper

- Merk st
- Umerkt st
- Merk skiløype
- Preparert skiløype

Overnattingsstader og hytter tilgjengelege for ålmenta


- Hotell
- Betjent turisthytte
- Sjlvbetjent turisthytte
- Ubetjent turisthytte
- Fjellstyrehytte/allmenningsbu
- Gjetarbu


Andre bygningar innanfor utgreiingsområdet:

- Fritidsbygg/hytte
- Seterhus, sel
- Uthus, anneks
- Bu, naust
- Koie
- Anna landbruksbygning

Bygningar utanfor utgreiingsområdet:


- Gard
- Bolighus
- Sæter
- Hytte, koie
- Naust, bu, uthus
- Kirke, kapell
- Skole, forsamlingshus oa
- Hotell ol.
- Turisthytte, serveringssted
- Off. kontor, adm
- Industri, kraftverk






Landskapsverdi

- A1 Høg nasjonal verdi
- A2 Nasjonal verdi
- B1 Høg regional verdi
- B2 Regional verdi
- C Redusert verdi




INON-status (2003)

- >5 km frå inngrep
- 3-5 km frå inngrep
- 1-3 km frå inngrep



Inngrepsstatus
etter NIJOS- metodikk

- I Villmarksprega
- II Uvesentlege naturinngrep
- III Småskala naturinngrep
- IV Større naturinngrep



FRILUFTSOMRÅDE


- Andre friluftsområde
- Marka
- Særlege kvalitetsområde
- Store turområde med tilrettelegging
- Utfartsområde

I tillegg er Nørstedalen/Fortundalen eit viktig friluftslivområde

- Fylkesgrense
- Kommunegrense

0 10 km





STRYNEVASSDRAGET

MARAI

AFAT-GRØVI

GLITRA

LORA

FINNA

OSTRI m/TUNDRA

SKJØLI

MØRKRIDSALS-ELVI


BØVRI

UTLA

SJOA

Verna vassdrag



▭ Nedbørsfelt for verna vassdrag



Berggrunn

- Sandstein
- Konglomerat, sedimentær breksje
- Breksje
- Granitt, granodioritt
- Monzonitt, kvartsmonzonitt
- Mangeritt til gabbro, gneis og amfibolitt
- Gabbro, amfibolitt
- Kvartsdioritt, tonalitt, trondhjemit
- Olivinstein
- Anortositt
- Amfibolitt og glimmerskifer
- Metasandstein, skifer
- Kvartsitt
- Glimmergneis, glimmerskifer, metasandstein, amfibolitt
- Fyllitt, glimmerskifer
- Kalkglimmerskifer, kalksilikatgneis
- Marmor
- Diorittisk til granittisk gneis, migmatitt
- Øyegneis, granitt, foliert granitt
- Båndgneis (amfibolitt, hornblendegneis, glimmergneis), stedvis migmatittisk

Berggrunnskart N250 frå NGU
Grunnkart: Statens kartverk



TAMREIN

Trekklei	Feltslakteanlegg
Drivingslei	Gjeterhytte
Høst/vinterbeite	Merke-/slaktegerde
Oppsamlingsområde	Merkegerde
Sommerbeite	Skille-/oppplastingsgerde
Sommer/høstbeite	Fylkesgrense
Sommer/høst/vinterbeite	Kommunegrense
Sommer/vinterbeite	
Vinterbeite	
Vårbeite	
Vår/sommerbeite	
Vår/sommer/høst/vinterbeite	

0 10 km

Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
November 2008

Vedlegg				
Grensepunkt for verneområde i Breheimen				
Pkt.	Evt felles pkt med andre verneområde (F)	m o h	Omtale av grensepunkt	Kommune innafor grensa
Grensa går i rett linje mellom dei ulike punktnumra, om det Grensa går i rett punkt mellom dei ulike punktnumra, om det ikkje står noko anna på eiga linje mellom to nummerpunkt. (Ved evt avvik mellom grenseskilrding og grenser innteikna på kart, er det kartet som gjeld.)				
Breheimen nasjonalpark. Breheimen nasjonalpark er "delt i to"; eit mindre område nord for Strynefjellet landskapsvernområde, medan hovuddelen av nasjonalparken ligg sør for Strynefjellet landskapsvernområde.				
Breheimen nasjonalpark nord for Strynefjellet landskapsvernområde:				
Skilrdinga av grensa startar i nord på pkt 1 i Skjåk og går med klokka rundt framlegget til den nordre delen av nasjonalparken. F = Felles grensepunkt				
1			Fylkesgrense Oppland/Møre og Romsdal der denne krysser vestenden av Langvatnet (Langvatnet 927)	Skjåk
			Følgjer så sørsida av vasskant (Langvatnet 927) austover til pkt 2.	Skjåk
2			Vasskant, innst i vik (vest for Oppljostunnellen)	Skjåk
3			Bekk (aust for Oppljostunnellen)	Skjåk
4			Vasskant, innst i vik (aust for Oppljostunnellen)	Skjåk
5			Bekkelele	Skjåk
6			Vasskant, odde, på sørsida av vassdraget. Mellom Langvatnet og Nordre Lægervatnet)	Skjåk
			Følgjer så sørsida av vasskant (Nordre og Søndre Lægervatnet) austover til pkt 7.	Skjåk
7			Utløp av bekk (vest for Breiddalsvatnet)	Skjåk
8		ca 940		Skjåk
9		ca 950	Bekkemøte/-dele (sør for Breiddalsvatnet)	Skjåk
10		ca 940	Bekkekne (sør for Breiddalsvatnet)	Skjåk
11		ca 940	(aust for Vassvendegge)	Skjåk
12		ca 960	(aust for Vassvendegge)	Skjåk
13			Bekkemøte (vest for tjern)	Skjåk
14 F			Bekk (mellom småvatn, nordaust for Heillstuguvatnet). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
15 F			Bekkekne (nord for Heillstuguvatnet). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
16 F			Bekk (nordvest for Heillstuguvatnet). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
17 F		ca 1200	Forsenkning i drag (nord for Vassvenda). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
18 F		ca 1200	Bekk (nordost for vatn 1120). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
19 F			Bekkekne (nordvest for vatn 1120). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
20 F		ca 1200	Bekk (nordost for vatn 1117). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
21 F		ca 1200	Bekkelele, Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
22 F			Fylkesgrense Oppland/Sogn og Fjordane (nord for Langvatnet 1087). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
			Grensa følgjer så fylkesgrensa nordover til pkt 1.	Skjåk
Breheimen nasjonalpark sør for Strynefjellet landskapsvernområde:				
Skilrdinga av grensa startar i nord på pkt 24 i Skjåk og går med klokka rundt framlegget til den søndre delen av nasjonalparken.				
24 F			Fylkesgrense mellom Oppland og Sogn og Fjordane, vasskant (søndre side av Langvatnet 1087). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
F			Grensa følgjer så sørsida av vasskant (Langvatnet 1087) austover til pkt 25. Felles grense med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
25 F			Utløp av bekk (søraust i Langvatnet 1087). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
26 F			Vasskant, innst i vik sørsida (første vatn aust for Langvatnet 1087). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
F			Grensa følgjer så sørsida av vassdraget (via vatn 1081 og 1098) nordaustover til pkt 27. Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo	Skjåk
27 F			Bekkeutløp (søraust i vatn 1118 Vassvendtjønnin). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
28 F			Bekkeutløp (nordvest i vatn 1120 Vassvendtjønnin). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
F			Grensa følgjer så vassdraget (via 1120 og 1107 Vassvendtjønnin) i vasskanten på sørsida austover til pkt. 29. Felles pkt med Strynefjellet Ivo	Skjåk
29 F			Vik, på sørsida av vatn vest for stikkveg ved Vassvenda). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
30 F		ca 1120	Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
31 F			Bekkemøte (mellom Vassvenda og Måråe). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
F			Grensa følgjer så bekken austover til pkt. 32. Felles grense med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
32 F			Utløp av bekk til Måråe, vestre breidd. Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
33 F			Vasskant (austre breidd av Måråe). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
F			Grensa følgjer så vasskant på sørsida av vassdraget (Heillstuguvatnet) austover til pkt 34. Felles grense med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
34 F			Bekkeutløp (på sørsida av Heillstuguvatnet). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
F			Grensa følgjer så bekk opp (sørover) til pkt 35. Felles grense med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
35 F			Bekkemøte. Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
36 F			Bekkekne. Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
F			Grensa følgjer så bekk nedover (nordover) til pkt 37. Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
37 F			Bekkeutløp (sørsida av Heillstuguvatnet). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
F			Grensa følgjer så vasskant på sørsida av vassdraget (Heillstuguvatnet) austover til pkt 38. Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo.	Skjåk
38 F			Elvedele, på sørsida (austenden av Heillstuguvatnet der Måråe startar). Felles grensepunkt med Strynefjellet Ivo	Skjåk
			Følgjer så austre breidd av elva Måråe ned til Grovatnet. Videre langs søndre vannkant av dette og Heimdalsvatnet og vassdraget vidare til punkt 39.	Skjåk
39			Utløpsos frå bekk. Felles grensepunkt med eksisterende Honnsrøve naturreservat	Skjåk
			Følgjer så felles grense med Honnsrøve nr - austover og så sørover	Skjåk
40			Grensepunkt mot Honnsrøve naturreservat i elva Glitra	Skjåk

41	ca 900	Bekkekne	Skjåk
42	ca 870	(Ved Nordmannskrokan)	Skjåk
43	ca 900	(Ved Nordmannskrokan)	Skjåk
44	ca 980	(ovanfor Framrusti)	Skjåk
45	ca 980	Bekk. (nord for Raudberget)	Skjåk
46		(vest for Rauberget, på nordsida av austenden av Rauddalsvatnet)	Skjåk
47	ca 940	Bekk (vest for Rauddalsái)	Skjåk
48		Bekk (aust for Nordre Rauddalsái)	Skjåk
49	ca 940	Bekk (vest for Vestre Sandái)	Skjåk
50	ca 940	Bekk	Skjåk
51		Bekkedele (nord for vestenden av Kringlutvatnet)	Skjåk
52		Bekkemøte vest for Kringlutvatnet	Skjåk
53	ca 940	(sørvest for Kringlutvatnet)	Skjåk
54		Bekkemøte (ved Skridugrove på sørsida av Rauddalsvatnet)	Skjåk
55	ca 1000	Bekk	Skjåk
56	ca 960	Bekk (Holåe)	Skjåk
57	ca 940	Bekk	Skjåk
58	ca 940	Bekk	Skjåk
59	ca 940	Bekk	Skjåk
60	ca 1040	(like aust for Rauddalsvatnet)	Skjåk
61	ca 1000	Ytterst på rygg. (nordaut for Rundhaugen)	Skjåk
62	ca 1000	Bekk (nordaut for Rundhaugen)	Skjåk
63	ca 1000	(ovanfor Dyringen)	Skjåk
64	ca 960	Grjotái	Skjåk
		Grensa følger så Grjotái nedover til punkt 65	Skjåk
65		Bekkedele i Grjotái	Skjåk
66	ca 800	(nord for Liavatnet)	Skjåk
67	ca 800	Bekkedele	Skjåk
68	ca 780	Bekk	Skjåk
69	ca 780	Liten rygg (på vestsida av søndre del av Liavatnet)	Skjåk
70 F	ca 800	Bekk (Søndre Sekkegrovi). Felles grensepunkt med Mysubytta Ivo	Skjåk
71 F	ca 1100	Rygg. (Søraustside av Novi). Felles grensepunkt med Mysubytta Ivo	Skjåk
72 F		Bekkekne (Storgrovi). Felles grensepunkt med Mysubytta Ivo	Skjåk
73 F	ca 1100	Bekkekne. (Nordvest for Mysubytta) Felles grensepunkt med Mysubytta Ivo	Skjåk
74 F		Bekkemøte (Nordvest for Mysubytta). Felles grensepunkt med Mysubytta Ivo	Skjåk
75 F		Rygg. (Nordvest for Mysubytta) Felles grensepunkt med Mysubytta Ivo	Skjåk
76 F		Rygg. (sørvest for Mysubytta). Felles grensepunkt med Mysubytta Ivo	Skjåk
77 F	ca 880	Felles grensepunkt med Mysubytta Ivo og Røkjeskålsvatnet nr	Skjåk
78 F		Bekkemøte (Nord for Surtbyttjørnin). Felles grensepunkt med Røkjeskålsvatnet nr	Skjåk
79 F		Bekkemøte (Nord for Surtbyttjørnin). Felles grensepunkt med Røkjeskålsvatnet nr	Skjåk
80 F		Bekk. (Røkjeskålslii). Felles grensepunkt med Røkjeskålsvatnet nr.	Skjåk
81 F		Bekkekne. (Røkjeskålslii). Felles grensepunkt med Røkjeskålsvatnet nr.	Skjåk
82 F		Bekkekne. (Røkjeskålslii). Felles grensepunkt med Røkjeskålsvatnet nr.	Skjåk
83 F		Bekk (Tverrae, søraust for Røkjeskålsvatnet). Felles grensepunkt med Røkjeskålsvatnet nr	Skjåk
84 F	ca 900	Bekk (Veslsota. Sør for Sota seter). Felles grensepunkt med Røkjeskålsvatnet nr	Skjåk
85	ca 880	Bekk (ved Puttberget)	Skjåk
86	ca 880	Nedanfor bratt helling	Skjåk
87	ca 800	(rett sørvest for Randsverk)	Skjåk
88	ca 800	Bekk	Skjåk
89	ca 800	(nordvest for Randsverktjørni)	Skjåk
90	ca 780	Bekk	Skjåk
91	ca 780	(nedanfor Brennsæterbergi)	Skjåk
92	ca 780	(sør for Kvilingsgrovi)	Skjåk
93		Bekkekne	Skjåk
94	1029	Trig. Pkt 1029 (Kleivberget)	Skjåk
95	1009	Høgdepkt 1009. (Ved Jakobsholet)	Skjåk
96		Rygg (vest for Veslfjellgrovi)	Skjåk
97	ca 900	Elv (Kollungselvi)	Skjåk
98	ca 1000	(aust for Sandhauggrovi)	Skjåk
99	ca 1000	Bekk (Skauta)	Skjåk
100		Bekkekne	Skjåk
101		Bekkekne (Tundraskridu)	Skjåk
102		Bekkekne (NV for Brumillomsætre)	Skjåk
103		Bekk (SV for Brumillomsætre)	Skjåk
104		Rygg (SØ for Brumillomsætre)	Skjåk
105		(NØ for Brumillomsætre)	Skjåk
106		Rygg	Skjåk
107		Liten rygg	Skjåk
108		(NV-side av elv, ved bru over Tundra)	Skjåk
109		(SØ-side av elva Tundra)	Skjåk
110	ca 600	Rygg	Skjåk
111		Veg (15 m vest for midtlinje)	Skjåk
		Grensa følger vegen sørover og sørvestover til pkt 112. 15 m fra midtlinje, vest for vegen.	Skjåk
112			Skjåk
113		(på vestsida av lite grustak)	Skjåk
114		Veg. 15 m fra midtlinje vest for vegen.	Skjåk

		Grensa følger veien sørvestover til pkt 115. 15 m frå midtlinje, vest for vegen.	Skjåk
115		Vei. 15 m frå midtlinje, vest for vegen	Skjåk
116	ca 795	Rygg	Skjåk
117	ca 800		Skjåk
118		Veg. 15 m frå midtlinje, vest for vegen	Skjåk
		Grensa følger så vegen nordover, 15 m frå midtlinje vest for vegen, til pkt 119.	Skjåk
119		Bekk (ved veg)	Skjåk
		Grensa følgjer så bekken ned til pkt. 120	Skjåk
120		Bekk møtar elv. Djupålen.	Skjåk
		Grensa følgjer så elva (Tundra) sørvestover i djupålen til pkt 121.	Skjåk
121		Elv, djupål (vest for bekkeutløp)	Skjåk
122		Bekkeos	Skjåk
		Grensa følger så bekken nordaustover (oppover) til pkt. 123	Skjåk
123		Bekk	Skjåk
124	ca 1100	Bekkekne (Skotái)	Skjåk
125		Bekkekne (Illvegsgrovi)	Skjåk
126	ca 960	Liten rygg (ved Brennranden)	Skjåk
127		Bekkemøte (SV for Skjellom)	Skjåk
128		Elv (Søre Kvitingi)	Skjåk
129		Grensepunkt Skjåk allmenings grense (VNV for Dugurdshaugen)	Skjåk
		Grensa følger så Skjåk allmenning si grense (via Flekkøyhøi og Rustan) til pkt 130	Skjåk
130		Bekkekne (NV for heimste Lunddalssetri)	Skjåk
131		Bekk (SV for heimste Lunddalssetri)	Skjåk
132		Grensa følger så bekken nedover søraustover til pkt 124	Skjåk
133		Elv (Skjøli), djupål.	Skjåk
		Grensa følger så djupålen til pkt 134.	Skjåk
134		Elv, djupål	Skjåk
135		Elv (Esjgrovi), på grensepunkt Skjåk allmenning	Skjåk
		Grensa følgjer så Skjåk allmenning si grense til pkt. 136	Skjåk
136		Grensepkt. Kommunegrense Skjåk/Lom og mellom Lomseggens sameige/Skjåk allmenning	Skjåk
		Grensa følger så Lomseggens sameige grense ØSØ til pkt. 137	Lom
137		Knekkpunkt på grense mellom Lomseggen sameige og Gnr Bnr 73/5	Lom
138		Grensepkt 71/72, 71/2 og 70/1 (aust for Eggjapiken)	Lom
139		Grensepkt 70/1, 70/44, og 70/46 (aust for Eggjapiken)	Lom
140		Rygg (aust for Eggjapiken)	Lom
141		(aust for Eggjapiken)	Lom
142		Rygg (aust for Eggjapiken)	Lom
143		Grensepkt mellom Lomseggen sameige og 65/2 og 65/4	Lom
		Grensa følger så Lomseggens sameige grense til pkt 144	Lom
144		Eiendomsgrrense mellom Lomseggen sameige, 133/1 og 54/1	Lom
145	887	Høgde (Bærlkampen)	Lom
146		Elv (Sætergrovi)	Lom
147		Elvemøte (i Sula)	Lom
148		Knekkpunkt på eigedomsgrrense mellom Lomseggen sameige og 132/1	Lom
		Grensa følgjer så Lomseggen sameige si grense sørvestover til pkt 149.	Lom
149		Knekkpunkt på eigedomsgrrense mellom statsallmenning (155/1) og 119/1	Lom
150		Rygg (sørsida av Jenteskardsknappen)	Lom
151	ca 1000	Elv (Stula, nordaust for Netosætri)	Lom
152		Elvesving (Geitåe, sørvest for Netosætri)	Lom
		Grensa følgjer så elva ned til pkt. 153 (vest for Netosætri)	Lom
153		Elvesving (Geitåe, vest for Netosætri)	Lom
154		Kolle (nordaust for Raudberget)	Lom
155	ca 980	Bekke-/elvemøte (ved Hovdestulen)	Lom
156	ca 1097	Kolle (Prestsæterlii)	Lom
157		Rygg (NV for Vekkesætre)	Lom
158		Bekkekne (Borgagrove)	Lom
159 F		Bekkekne (vest for Ulvot). Felles grensepkt med Høydalen Ivo	Lom
160 F		Liten kolle. Felles grensepkt med Høydalen Ivo (NV for Vassenden)	Lom
161 F	1497	Høgdepkt. (Blåhø) Felles grensepkt med Høydalen Ivo	Lom
162 F	1443	Kolle. Felles grensepkt med Høydalen Ivo	Lom
163 F	1329	Høgdepkt (Vardhøknubben) Felles grensepkt med Høydalen Ivo	Lom
164 F		Kolle. Felles grensepkt med Høydalen Ivo	Lom
165 F		Utløpsos, vatn 1150. Felles grensepkt med Høydalen Ivo	Lom
166 F	1391	Høgde. Felles grensepkt med Høydalen Ivo	Lom
167 F	1412	Kolle. Felles grensepkt med Høydalen Ivo (ved Geitryggen)	Lom
168 F		Kolle. Felles grensepkt med Høydalen Ivo	Lom
169 F		Kolle. Felles grensepkt med Høydalen Ivo (vest for Bukkabotnen)	Lom
170 F		Utløpsos (vestenden av Tverrbytnet). Felles grensepkt med Høydalen Ivo	Lom
		Grensa følgjer så nordsida av vassdraget til pkt. 171	Lom
171 F		Utløpsos (vestenden av Høydalsvatnet). Felles grensepkt med Høydalen Ivo	Lom
F		Grensa følgjer så vasskant på sørsida av Høydalsvatnet til pkt 171. Felles grense med Høydalen Ivo	Lom
172 F		Utløpsos (frå bekk ned i Høydalsvatnet). Felles grensepunkt med Høyrokampen nr.	Lom
F		Grensa følgjer så bekk sørøver (oppover) til pkt. 173. Felles grense med Høyrokampen nr.	Lom
173 F		Bekkemøte (på Høyfjellet) Felles grensepkt på Høyfjellet	Lom
174 F		Utløpsos (frå lite vatn). Felles grensepkt med Høyrokampen nr.	Lom
175 F		Kolle. (NØ for Bøvertønhøe). Felles grensepkt med Høyrokampen nr.	Lom

176	F		Bekk. Felles grensepkt med Høyrokampen nr.	Lom
177			Rygg	Lom
178			Elv (Dumma) møter veg. 15 m frå midtlinja på vegen på vestsida.	Lom
			Grensa følgjer så vegen (rv 55) sørover til pkt. 179. 15 m frå midtlinja, på vestsida (Breidsæterdalen)	Lom
179			Veg. 15 m frå midtlinje, vest for vegen	Lom
180			Bekkekne	Lom
181			Bekk (Breidsæterdalen, søaust for Dumhø)	Lom
182		ca 1255	Høgde (Nufshaugen)	Lom
183			Bekkekne (Breidsæterdalen, aust for Krosshø)	Lom
184			Rygg	Lom
185			Bekk (nordvest for Krossbu)	Lom
186			Rygg (vest for Krossbu)	Lom
187		ca 1495	Høgde (nord for Fantestein)	Lom
188		1425	Trigpkt (sør for Sovarhaugen)	Lom
189		ca 1533	Høgde (Sovarhaugen)	Lom
190		ca 1453	Høgde	Lom
191			Bekkekne (vest for Einslegtjønne)	Lom
192		ca 1451	Høgde (austsida av Storevatnet)	Lom
193		ca 1430	Høgde (austsida av Storevatnet)	Lom
194		ca 1332	Høgde (nordasutsida av Storevatnet)	Lom
195		1403	Trigpkt (Slampeløyfte)	Lom
196			Bekkekne (nordvetsida av Storevatnet)	Lom
197		ca 1476	Kolle (vestsida av Storevatnet)	Lom
198		1281	lite toppkt vest for Storevatnet	Luster
199		1172	lite toppkt aust for vatn 1095	Luster
200		ca 1020	der bekk ned i Skålavatnet kryssar grense for statsallmening	Luster
201		ca 1380	Grenspkt statsallmenning på Skredderhammaren	Luster
202		ca 1360	Grenspkt statsallmenning på ryggen sørover frå Øvstafui	Luster
203		ca 1240	Grensepkt. Statsallmenning på Åseteholten	Luster
204		ca 1380	Grensepkt. Statsallmenning nord for Vette Tverrdalen	Luster
205		ca 1400	grenspkt statsallmenning ytst på stupet av Tverrdalsnosi	Luster
206		1647	Trig.pkt og grensemerke statsallmenning	Luster
207		1354	Høgdepkt sørvest for nedre Grønevattnet	Luster
208		1595	Høgdepkt nord for Liabreen	Luster
209		ca 1440	Lite høgdepkt nordvest for høgdepkt 1458 vest for øvre Grøndalsvatnet	Luster
210		1448	Høgdepunkt mellom Øvre Grøndalsvatnet og Namnlausvatnet	Luster
211		ca 1520	lita høgde vest for lite vatn vest for fylkesgrensa vest på Marrahøi	Luster
212		1697	Høgdepkt (Merrahøi)	Lom
213		1727	Høgdepkt (Merrahøi)	Lom
214		ca 1520	Rygg. (sørsida av Svartdalsløve)	Lom
215		1671	Høgdepkt (Svartdalsløve)	Lom
216		ca1600	Rygg - kommunegrense Lom/Skjåk	Lom/Skjåk
217		ca 1400	Fylkesgrense mellom Oppland og Sogn og Fjordane (nord for lite tjern)	Lom
			Grensa følgjer så fylkesgrensa sørover til pkt 218	Lom
218		1431	Høgdepkt nordvest for Breiddalsvatnet, på fylkesgrensa	Luster
219		ca. 1320	Lite toppkt nordvest for vatn 1312	Luster
220		ca. 1390	Utløp av lite vatn ved Bualøyfti	Luster
221		ca 1250	grensepkt statsallmenning aust for Middalsløyfti	Luster
222		1694	Toppkt Middalsnosi, grensepkt statsallmenning	Luster
223		1513	Høgdepkt aust for Illvatnet	Luster
224		ca 1580	Lite høgdepkt aust for Illvatnet	Luster
225		ca 1400	Utløp frå vatn nord for Illvatnet	Luster
226		1876	Toppkt på Tundradalskyrkja	Luster
227		1500	Toppkt lenger sør på Tundradalskyrkja	Luster
228		1348	Toppkt sør for Illvatnet	Luster
229		ca 1120	lite toppkt aust for Nørdstedøla	Luster
230		ca 1340	grenspkt statsallmenning aust for Gravdalsvatnet	Luster
231		ca 1300	nordenden av lite vatn nordvest for Gravdalsvatnet	Luster
232		ca 1280	utløpet av vatn i Gravdalen vest for Gravdalsvatnet	Luster
233		1434	Høgdepkt sørsørvest for Gravdalsvatnet	Luster
234		940	sørenden av lite vatn vest for Nørdstedøla	Luster
235		658	Høgdepkt ved Åsete	Luster
236		ca 860	Høgdepkt nord for Klepp	Luster
237		ca. 475	lite høgdepunkt rett sør for bekkemøte i bekk nr. 2 sør for indre Smole	Luster
238		ca 625	lita flate under Bjørkanosi	Luster
239		ca 600	Bekkemøte i sørsida under Bjørkanosi	Luster
240		(ca 720)	Nedste store stein i elva Smole nordaust for stølen Nysethaugen	Luster
241		ca. 650	rygg sør for sving på Lambagrovi	Luster
242		ca 640	på/ved stor stein (av 2 store steinar) i grensa for framlegg frivillig vern Drægnismorki, nordvest for stølen Ospesete (Grensa følgjer herifrå grensa mellom sameige-teiggrenser som er identisk med grenser frivillig vern)	Luster
			Grensa følgjer herifrå til neste pkt. 243 grensa mellom sameige-teiggrenser som er identisk med grenser mogleg frivillig vern Yttrismorki	
243		ca.920	pkt 50 m frå 300 kV kraftlinje i grensa mellom sameige - teiggrenser (identisk med grensa for frivillig vern Drægnismorki)	Luster
			Grensa følgjer herifrå kraftlinja til neste pkt. 244 (avstand 50 m (pkt 243) - 60 m (pkt 244))	Luster
244	F	ca. 900	øvtst i lita kløft nord for stup ca.60 m nord for kraftlinje. Grenspkt Mørkridsdalen Ivo	Luster
245	F	ca 785	bekkemøte på flate nedafor stien til Myrasete	Luster
246	F	ca 860	nordenden av myr vest for Stilla	Luster

247	F	ca 900	stor stein (i gruppe på tre steinar) søraust for Råsane	Luster
248	F	878	trig.pkt nord for Råsane	Luster
249	F	ca 820	der Nobbelvi delar seg	Luster
250	F	ca 700	lite høgdepkt aust for Mørkridsdalselvi	Luster
251	F	ca 780	liten rygg mellom Vedagrovi og søre Fjellsigrovi	Luster
252	F	ca 680	nordenden av lite vatn vest for Liane	Luster
253	F	ca 740	nordenden av lite vatn nord for Knivabakkli	Luster
254	F	ca 650	vestre stein av 3 store steinar ved Koken	Luster
255	F	ca 855	høgste pkt på liten rygg på Mørkridsnosi	Luster
256	F	ca 850	grenspkt 24/2, 25/4 og 25/6	Luster
257	F	ca 875	ytst mot stupet aust for lite gjel vest på Mørkridsnosi	Luster
258	F	ca 860	lite høgdepkt aust for Hundkast, grensepkt Mørkridsdalen lvo	Luster
259		ca1000	knekkpkt i grense ca. 400 m rett aust for neste grenspkt.mot vest, dvs fortsettinga av rett linje mellom pkt 258 og 259	Luster
260		ca840	ytst på nes på austsida av Åsetvatnet	Luster
261		ca. 838	utløpet av på vestsida av Åsetvatnet, rett vest for (i rett linje frå) forrige grensepkt i aust	Luster
262		1038	Høgdepkt 1038 vest for Åsetvatnet	Luster
263		1075	Høgdepkt 1075 vest for Osen	Luster
264		ca 1040	Høgdepkt aust for Ofsarvatnet	Luster
265		1003	Utløpet av bekk på austsida av Ofsarvatnet	Luster
266		1003	Utløpet av bekk på vestsida av Ofsarvatnet	Luster
267		ca 1080	Lite toppkt på Midtfjellet	Luster
268		ca 980	lite høgdepkt nord på Raudfjellet	Luster
269		ca 910	bekkemøte nord for Hornane	Luster
270		1123	toppkt nord for Smørvevatnet, grenspkt med Vigdalen lvo (samme pkt som....	Luster
271	F	1488	Toppkt og trigpkt. Hamarsdalsnosi	Luster
272	F	ca 1280	toppkt N for vatn 1205	Luster
273	F	ca 1400	Ytst på rygg NV for vatna 1225 i Smådalane	Luster
274	F	1571	Trigpkt. Nord for Fantelibotnen	Luster
275	F	ca 1680	toppkt sør for Grånosi (1698), knekkpkt i gamal soknegrense	Luster
276	F	ca 1240	utløpet av vatn i Fremste Gravdal, vest for Grånosi	Luster
277		ca 1500	Flate under 1480 koten der ryggen mot Vangsen blir bratt	Luster
278		1317	Toppkt på Geitanosi	Luster
279		1400	Utløpet av lite vatn vest for vatn 1410	Luster
280		1448	Trigpkt Myrhyma, litt vest for sjølve toppen	Luster
281		1540	Toppkt. Aust for Geisdalen	Luster
282		1600	Toppkt nord for 1498 vatn	Luster
283		1439	Topppkt, knekkpkt statsallmenningsgrense	Luster
284		1540	Truleg toppkt. Grensepkt statsallmenning	Luster
285		1200	Flate på rygg (Geisdalshalsane) vest for vatn 1062	Luster
286		1220	Toppkt N på Geisdalshalsane	Luster
287		1100	Toppkt Bufornosi	Luster
288		ca 1120	Toppkt Middagshyrna	Luster
289		1460	Grensepkt statsallmenning	Luster
290		1320	Grensepkt statsallmenning nord for Holmavatnet	Luster
291		1400	Grensepkt statsallmenning sør for Silrevotni	Luster
292		1011	Trig.pkt Kråkekubben	Luster
293		1320	Nordre ende av lite vatn på Sildaberget	Luster
294		1340	utløp av vatn nord for Hamrane, ned i Båtedalen	Luster
295		1380	toppkt på høgde sør for Båtedalsvatnet	Luster
296		1500	toppkt på lita høgde Båtedalsnosi	Luster
297		1516	Toppkt på Sjurstølnosi, grenspkt statsallmenning	Luster
298		1440	Utløp av vatn vest for Sprongdalsløyfti, (vetle Sprongdøla)	Luster
299		ca 1220	austenden av vatn i Sprongdalen	Luster
300		1572	Toppkt sørvest på Sprongdalseggi	Luster
301		ca 1340	lite toppkt mellom 2 små vatn vest fro fylkesgrensa, nord for Styggevasshytta	Luster
302		ca 1260	nordenden av lite vatn sørsøraust for Austdalsnosi	Luster
303		1514	Høgdepkt på rygg mellom Austdalsvatnet og Kupvatnet, nordvest for Austdalsnosi	Luster
304		1272	Utløp av vatn i Kupløyftet	Luster
305		1728	Toppkt på Kupaen	Luster
306		1271	nordre ende av vatn 1271 vest for Blankebergjønni	Luster
307		1714	Toppkt sør for Sikilbreen. Grensepkt statsallmenning og Jostedalsbreen nasjonalpark	Luster
308		1749	Høgde/grensepkt Oppland og Sogn og Fjordane (også grensepkt med Jostedalsbreen nasjonalpark)	Skjåk/Luster
			Grensa følgjer så fylkesgrensa mellom Oppland og Sogn og Fjordane nordover til pkt. 309	Skjåk
309		1898	Trigpkt Kvitenova	Skjåk
310		1747	Høgdepkt sør for Mårådalsbreen	Skjåk
311			Brekke (Mårådalsbreen nordaust)	Skjåk
312			Forsening (Mårådalsbreen nordaust)	Skjåk
313			(Mårådalsbreen nordaust)	Skjåk
314			(Mårådalsbreen nordaust)	Skjåk
315			(Mårådalsbreen nordaust)	Skjåk
316			Bekkekne (nord for Mårådalsbreen)	Skjåk
317		ca 1200	Grense Oppland og Møre og Romsdal	Skjåk
318			Grensa følgjer så fylkesgrensa mellom Oppland og Møre og Romsdal nordover til pkt. 24	Skjåk
24			Fylkesgrense mellom Oppland og Møre og Romsdal, vasskant (søndre side av Langvatnet 1087).	Skjåk
			Slutt	

Strynefjellet landskapsvernområde:			
Skildringa av grensa startar i nord på pkt 22 i Skjåk (skjå skildringa av grensen for nasjonalparken) og går med klokka rundt framlegget til Strynefjellet landskapsvernområde			
1 F		Fylkesgrense Oppland/Møre og Romsdal (nord for Langvatnet 1087). Felles grensepunkt med Breheimen np.	Skjåk
2 F	ca 1200	Bekkelede. Felles grensepunkt med Breheimen np.	Skjåk
3 F	ca 1200	Bekk (nordøst for vatn 1117). Felles grensepunkt med Breheimen np.	Skjåk
4 F		Bekkekne (nordvest for vatn 1120). Felles grensepunkt med Breheimen np.	Skjåk
5 F	ca 1200	Bekk (nordøst for vatn 1120). Felles grensepunkt med Breheimen np.	Skjåk
6 F	ca 1200	Forsenkning i drag (nord for Vassvenda). Felles grensepunkt med Breheimen np.	Skjåk
7 F		Bekk (nordvest for Heillstuguvatnet). Felles grensepunkt med Breheimen np.	Skjåk
8 F		Bekkekne (nord for Heillstuguvatnet). Felles grensepunkt med Breheimen np.	Skjåk
9 F		Bekk (mellom småvatn, nordøst for Heillstuguvatnet). Felles grensepunkt med Breheimen np.	Skjåk
10 F		Elvedele, på sørsida (austenden av Heillstuguvatnet der Måråe startar). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
F		Grensa følgjer så vasskant på sørsida av Heillstuguvatnet vestover til pkt 11. Felles grense med Breheimen np	Skjåk
11 F		Bekkeutløp (sørsida av Heillstuguvatnet). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
12 F		Bekk. Felles grensepunkt med Breheimen np.	Skjåk
13 F		Bekkemøte. Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
F		Grensa følgjer så vasskant på sørsida av Heillstuguvatnet vestover til pkt 14. Felles grense med Breheimen np	Skjåk
14 F		Bekkeutløp (på sørsida av Heillstuguvatnet). Felles grensepunkt med Breheimen np.	Skjåk
F		Grensa følgjer så vasskant på sørsida av vassdraget (Heillstuguvatnet) vestover til pkt 15. Felles grense med Breheimen np	Skjåk
15 F		Vasskant (austre breidd av Måråe). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
16 F		Utløp av bekk til Måråe, vestre breidd. Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
F		Grensa følgjer så bekken vestover til pkt. 17. Felles grense med Breheimen np.	Skjåk
17 F		Bekkemøte (mellom Vassvenda og Måråe). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
18 F	ca 1120	Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
19 F		Vik, på sørsida av vatn vest for stikkveg ved Vassvenda). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
F		Grensa følgjer så vassdraget (via 1120 og 1107 Vassvendtjønnin) i vasskanten på sørsida vestover til pkt. 20. Felles med Breheimen np	Skjåk
20 F		Bekkeutløp (nordvest i vatn 1120 Vassvendtjønnin). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
21 F		Bekkeutløp (søraust i vatn 1118 Vassvendtjønnin). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
F		Grensa følgjer så sørsida av vassdraget (via vatn 1081 og 1098) sørvestover til pkt 22. Felles grense med Breheimen np	Skjåk
22 F		Vasskant, innst i vik sørsida (første vatn aust for Langvatnet 1087). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
23 F		Utløp av bekk (søraust i Langvatnet 1087). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
F		Grensa følgjer så sørsida av vasskant (Langvatnet 1087) vestover til pkt 24. Felles grense med Breheimen np	Skjåk
24 F		Fylkesgrense mellom Oppland og Møre og Romsdal, vasskant (søndre side av Langvatnet 1087). Felles grense med Breheimen np	Skjåk
F		Grensa følgjer så fylkesgrensa mellom Oppland og Møre og Romsdal nordover til punkt 1	Skjåk
1 F		Fylkesgrense Oppland/Møre og Romsdal (nord for Langvatnet 1087). Felles grensepunkt med Breheimen np.	Skjåk
Mysubytta landskapsvernområde			
Skildringa av grensa startar i nordvest på pkt 1 og går med klokka rundt framlegget til Mysubytta landskapsvernområde			
1 F	ca 1100	Bekkekne. (Nordvest for Mysubytta) Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
2 F		Bekkekne (Storgrovi). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
3 F		Rygg. (Søraustside av Novi). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
4 F	ca 800	Bekk (Søndre Sekkegrovi). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
		Grensa følgjer så Søndre Sekkegrovi nedover til punkt 5	Skjåk
5		Utløpsos av Søndre Sekkegrovi.	Skjåk
6		Innst i vik. Austre breidd av elve Stilla.	Skjåk
7	739,5	Lita høgde.	Skjåk
8		Bekkemøte. (sig)	Skjåk
		Grensa følgjer så bekken sørover, til den krysser vegen mellom Sota seter og Mysubytta ved pkt 9.	Skjåk
9 F		Veg kryssar bekk. Grensepunkt er 15 m frå vegen si midtlinje på austsida av vegen. Felles grensepunkt med Røykjekålsvatnet nr	Skjåk
F		Grensa følgjer så vegen vestover til pkt 10. 15 m frå midtlinja på sørsida av vegen. Felles grense med Røykjekålsvatnet nr	Skjåk
10 F		Veg. 15 m frå midtlinja på sørsida av vegen. Felles grensepunkt med Røykjekålsvatnet nr.	Skjåk
11 F		Utløpsos. (frå lite vatn søraust for Mysubytta). Felles grensepunkt med Røykjekålsvatnet nr.	Skjåk
12 F		Lita høgde. (søraust for Mysubytta). Felles grensepunkt med Røykjekålsvatnet nr	Skjåk
13 F	ca 880	Felles grensepunkt med Breheimen np og Røykjekålsvatnet nr. (heilt aust i Surtyttaldalen)	Skjåk
14 F		Rygg. (sørvest for Mysubytta). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
15 F		Rygg. (Nordvest for Mysubytta) Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
16 F		Bekkemøte (Nordvest for Mysubytta). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
1 F	ca 1100	Bekkekne. (Nordvest for Mysubytta) Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
Røykjekålsvatnet naturreservat			
Skildringa av grensa startar i nordvest på pkt 1 og går med klokka rundt framlegget til Røykjekålsvatnet naturreservat			
1 F	ca 880	Felles grensepunkt med Breheimen np og Mysubytta Ivo. (heilt aust i Surtyttaldalen)	Skjåk
2 F		Lita høgde. (søraust for Mysubytta). Felles grensepunkt med Mysubytta Ivo	Skjåk
3 F		Utløpsos. (frå lite vatn søraust for Mysubytta). Felles grensepunkt med Mysubytta Ivo.	Skjåk
4 F		Veg. 15 m frå midtlinja på sørsida av vegen. Felles grensepunkt med Mysubytta Ivo.	Skjåk
F		Grensa følgjer så vegen austover til pkt 5. 15 m frå midtlinja på sørsida av vegen. Felles grense med Mysubytta Ivo	Skjåk
5 F		Veg kryssar bekk. Grensepunkt er 15 m frå vegen si midtlinje på austsida av vegen. Felles grensepunkt med Mysubytta Ivo	Skjåk
		Grensa følgjer så bekk (Veslsota) opp til pkt 6.	Skjåk
6 F	ca 900	Bekk (Veslsota. Sør for Sota seter). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
7 F		Bekk (Tverråe, søraust for Røykjekålsvatnet). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
8 F		Bekkekne. (Røykjekålslii). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
9 F		Bekkekne. (Røykjekålslii). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
10 F		Bekk. (Røykjekålslii). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
11 F		Bekkemøte (Nord for Surtyttjørnin). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
12 F		Bekkemøte (Nord for Surtyttjørnin). Felles grensepunkt med Breheimen np	Skjåk
1 F	ca 880	Felles grensepunkt med Mysubytta Ivo og Breheimen np	Skjåk

Høydalen landskapsvernområde				
Skiltringa av grensa startar i vest på pkt 1 og går med klokka rundt framlegget til Høydalen landskapsvernområde				
1	F		Kolle. Felles grensepkt med Breheimen np (vest for Bukkabotnen)	Lom
2	F		Kolle. Felles grensepkt med Breheimen np	Lom
3	F	1412	Kolle. Felles grensepkt med Breheimen np (ved Geitryggen)	Lom
4	F	1391	Høgde. Felles grensepkt med Breheimen np	Lom
5	F		Utløpsos, vatn 1150. Felles grensepkt med Breheimen np	Lom
6	F		Kolle. Felles grensepkt med Breheimen np	Lom
7	F	1329	Høgdepkt (Vardhøknubben) Felles grensepkt med Breheimen np	Lom
8	F	1443	Kolle. Felles grensepkt med Breheimen np	Lom
9	F	1497	Høgdepkt. (Blåhø) Felles grensepkt med Breheimen np	Lom
10	F		Liten kolle. Felles grensepkt med Breheimen np (NV for Vassenden)	Lom
11	F		Bekkeke (vest for Ulvot). Felles grensepkt med Breheimen np	Lom
12			Rygg (sør for Ulvot)	Lom
13			Vasskant, innerst i vik (austenda av Høydalsvatnet)	Lom
			Grensa følgjer så vasskanten sørover til pkt 14	Lom
14			Vasskant ved elveutløp på nordside (Bøvri). 15 m frå vegen si midtlinje (Vestside av bru)	Lom
15	F		Vasskant ved elveutløp på sørsida (Bøvri). 15 m frå vegen si midtlinje (Vestside av bru). Felles grensepkt med Høyrokampen nr	Lom
	F		Grensa følgjer så vasskanten vestover og så sørover (på sørsida av Høydalsvatnet) til pkt 16. Felles grense med Høyrokampen nr.	Lom
16	F		Vasskant, lita vik (sørsida av Høydalsvatnet). Felles grensepkt med Høyrokampen nr	Lom
17	F	ca 920	(sør for hytte på sørsida av Høydalsvatnet) Felles grensepkt med Høyrokampen nr	Lom
18	F		Vasskant, innst i vik (på sørsida av Høydalsvatnet) Felles grensepkt med Høyrokampen nr	Lom
	F		Grensa følgjer så vasskant vestover på sørsida av Høydalsvatnet til pkt 19. Felles grense med Høyrokampen nr	Lom
19	F		Utløpsos (vestenden av Høydalsvatnet). Felles grensepkt med Breheimen np	Lom
	F		Grensa følgjer så nordsida av vassdraget (Høya-Tverrbytnet vestover til pkt. 20. Felles grense med Breheimen np	Lom
20	F		Utløpsos (vestenden av Tverrbytnet). Felles grensepkt med Breheimen np	Lom
1	F		Kolle. Felles grensepkt med Breheimen np (vest for Bukkabotnen)	Lom
Høyrokampen naturreservat				
Skiltringa av grensa startar i nordvest på pkt 1 og går med klokka rundt framlegget til Høyrokampen naturreservat				
1	F		Utløpsos (fra bekk ned i Høydalsvatnet SV). Felles grensepunkt med Breheimen np	Lom
	F		Grensa følgjer så vasskant austover på sørsida av Høydalsvatnet til pkt 2. Felles grense med Høydalen Ivo	Lom
2	F		Vasskant, innst i vik (på sørsida av Høydalsvatnet) Felles grensepkt med Høydalen Ivo	Lom
3	F	ca 920	(sør for hytte på sørsida av Høydalsvatnet) Felles grensepkt med Høydalen Ivo	Lom
4	F		Vasskant, lita vik (sørsida av Høydalsvatnet). Felles grensepkt med Høydalen Ivo	Lom
	F		Grensa følgjer så vasskanten nordaustover (på sørsida av Høydalsvatnet) til pkt 5. Felles grense med Høydalen Ivo.	Lom
5	F		Vasskant ved elveutløp på sørsida (Bøvri). 15 m frå vegen si midtlinje (Vestside av bru). Felles grensepkt med Høydalen Ivo	Lom
			Grensa følgjer så Burmavegen sørover, 15 m frå vegen si midtlinje på vestsida av vegen, til pkt 6	Lom
6			Veg krysser elv, på vestsida av elva. 15 m frå vegen si midtlinje. (aust for Bøvertjønnin)	Lom
			Grensa følgjer så vassdraget sørvestover på nordvestsida til pkt 7	Lom
7			Vasskant, lita vik (Bøvertjønnin)	Lom
8		ca 940		Lom
9		ca 950-9	(sjå detaljkart for grensa i området her - dette gjeld heile Bøvertjønnin-området)	Lom
10		ca 950	Liten rygg.	Lom
11		ca 940	Liten rygg.	Lom
12			Vasskant, lita vik (Bøvertjønnin)	Lom
			Grensa følgjer så vasskanten (av Bøvertjønnin) på nordsida, vestover til pkt 13	Lom
13			Vasskant, vik (Bøvertjønnin)	Lom
14		ca 950	Liten rygg.	Lom
15		ca 970		Lom
16		ca 970		Lom
17		ca 960		Lom
18		ca 960		Lom
19		ca 960		Lom
20		ca 940		Lom
21				Lom
22			Vasskant, nordaust på odde (på norvestsida av Bøvertjønnin)	Lom
			Grensa følgjer så vasskanten sørvestover på nordvestsida til pkt 23	Lom
23			Vasskant (på nordvestsida av Bøvertjønnin)	Lom
24		ca 960		Lom
25		ca 970	Rygg	Lom
26		ca 960	Rygg	Lom
27		ca 970	Rygg	Lom
28		ca 1000	Rygg (vest, ovanfor Kvålssætre)	Lom
29			(vest for Kvålssætre)	Lom
30		ca 950	Rygg (vest for Kvålssætre)	Lom
31		ca 970	(ovanfor austre ende av Bøvertjonvatnet, på oversida av rv 55)	Lom
32			Rygg (ovanfor Bøvertjonvatnet, på oversida av rv 55)	Lom
33			Rygg (ovanfor Bøvertjonvatnet, på oversida av rv 55)	Lom
34			Veg. (riksveg 55) 15 m frå midtlinja på nordsida av vegen (ved vegskjering på nordsida av Bøvertjonvatnet)	Lom
			Grensa følgjer så vegen (rv 55) vestover, 15m frå midtlinja på nordsida av vegen til pkt 35 (parallelt med Bøvertjonvatnet)	Lom
35			Bekk krysser veg, 15 m frå midtlinja av vegen på oversida av vegen (vest for Snipen)	Lom
			Grensa følgjer så bekk oppover (nordvestover) til pkt 36	Lom

36		Bekkemøte (nord for Opphaugsætre, vest for Bøvortvatnet)	Lom
37		Bekkemøte (vest for Opphaugsætre)	Lom
38	F	Bekkekne (sør for nordre Bakkebergsætre). Felles grensepkt med Breheimen np	Lom
39	F	Kolle (nordøst for Bøvortnhøe). Felles grensepkt med Breheimen np	Lom
40	F	Utløpsos (frå lite vatn). Felles grensepkt med Breheimen np	Lom
41	F	Bekkemøte (på Høyfjellet)	Lom
	F	Grensa følger så bekk nordover (sørover) til pkt. 1. Felles grense med Breheimen np.	Lom
1	F	Utløpsos (frå bekk ned i Høydalsvatnet SV). Felles grensepunkt med Breheimen np og Høydalen Ivo	Lom
Vigdalen landskapsvernområde			
1	1123	Toppkt. nord for Smørvevatnet	Luster
2	1411	Toppkt Kattøyro	Luster
3	ca. 1280	lite toppkt sør for toppen på Kattøyro	Luster
4	868	Toppen av Storhaug	Luster
5	ca 710	Eigedomsgrenspkt mellom teigar og Sameige, nede ved elva	Luster
6	ca 1320	høgste pkt liten rygg sør på Buskrednosi	Luster
7	ca 1230	høgste pkt på flate vest på Buskrednosi	Luster
8	ca 1100	høgste pkt på flate vest på Vetlehyrna vest for Buskrednosi	Luster
9	ca 1240	utløpet av vatn i Fremste Gravdal, vest for Grånosi	Luster
10	ca 1680	toppkt sør for Grånosi (1698), knekkpkt i gamal soknegrense	Luster
11	1571	Trigpkt. Nord for Fantelibotnen	Luster
12	ca 1400	Yst på rygg NV for vatna 1225 i Smådalane	Luster
13	ca 1280	topkt N for vatn 1205	Luster
14	1488	Toppkt og trigpkt Hamarsdalsnosi	Luster
		Grensa går i rett linje til pkt. 1	Luster
			Luster
Mørkridsdalen landskapsvernområde			
1	ca. 900	øvt i lita kløft nord for stup ca.60 m nord for kraftlinje. Grenspkt Mørkridsdalen Ivo	Luster
2	ca. 625	lit toppkt.sørvest for Ilaget, like nord for stien	Luster
3	523	Høgdepkt øk.kart	Luster
4	ca. 200	grensemerke i stein mellom 20/12 og 20/3, sørfor Brattegrovi	Luster
5	ca. 130	grensestein mellom 20/3, 20/8 og 20/1	Luster
6	ca. 170	knekkpkt i grense mellom 20/52 og 20/9,14	Luster
7	ca. 120	markslaggrense mellom høgbonitet jorddekt fastmark, lauvskog og ur aust for Hødnevoll	Luster
8	ca 100 m	nordlgste pkt på stor stein nordvest for brua ved Hødnevoll	Luster
9	ca. 155	på kanten av stup ned mot liten dal over Mørkridsøyane	Luster
10	ca. 150	øvt (lita flate) på hammar (knaus) vest for Mørkridsøyane	Luster
11	ca 160	lite toppkt nord for høgdepkt 163 nord for Vargeholet	Luster
12	163	høgdpkt nord for Vargeholet	Luster
13	ca. 155	yst på lite stup vest for Vargeholet, nord for gardstundet til 25/10	Luster
14	ca 150	grensemøte mellom 25/2, 25/4, 25/6	Luster
15	ca 130	yst stup/knaus vest for sving i gardsveg til Mørkridsgardane	Luster
16	ca 155	grensemerke i stein på knaus, mellom 25/5 og 25/6	Luster
17	ca. 135	yst på hellande flate ut mot Krekaelvi	Luster
18	ca 115	lita knekk på vestre elvbreidd i Krekaelvi	Luster
19	ca 150	yst på knaus nordøst for Kreken	Luster
20	ca 120	grensestein mellom 20/2 og 20/12 nord for kraftlinje	Luster
21	ca. 215	grensestein mellom 20/2 og 20/12 nord for kraftlinje	Luster
22	ca 760	100 m rett nord for stolpe for 300 kV kraflinje, på flate	Luster
23	ca 835	lite høgdepunkt nordvest for Svarthol-II	Luster
24	ca 775	yst på stupet mot (vest for) Åsetelvi	Luster
25	ca 795	yst på stupet nord for Åsetelvi, vest for T-merkt sti ved Hundkast	Luster
26	ca 860	lite høgdepkt aust for Hundkast	Luster
27	ca 875	yst mot stupet aust for lite gjel vest på Mørkridsnosi	Luster
28	ca 850	grenspkt 24/2, 25/4 og 25/6	Luster
29	ca 855	høgste pkt på liten rygg på Mørkridsnosi	Luster
30	ca 650	vestre stein av 3 store steinar ved Koken	Luster
31	ca 740	nordende av lite vatn nord for Knivabakkli	Luster
32	ca 680	nordende av lite vatn vest for Liane	Luster
33	ca 780	liten rygg mellom Vedagrovi og søre Fjellsigrovi	Luster
34	ca 700	lite høgdepkt aust for Mørkridsdalselvi	Luster
35	ca 820	der Nobbjelvi delar seg	Luster
36	878	trig.pkt nord for Råsane	Luster
37	ca 900	stor stein (i gruppe på tre steinar) søraust for Råsane	Luster
38	ca 860	nordenden av myr vest for Stilla	Luster
39	ca 785	bekkekk møte på flate nedafor stien til Myrasete	Luster
		tilbake til pkt. 1 i rett linje	Luster

Vedlegg

Verneplan for Breheimen – Mørkridsdalen: Innspel til oppstartsmeldinga

Her er eit tematisk samandrag av innspela som fylkesmennene mottok til meldinga om oppstart av planarbeidet. Oppstartsmeldinga, datert 18.11.2005, og alle innspela er tilgjengeleg på nettstaden www.fylkesmannen.no/breheimen.

Den 12.07.2007 vart ugreiingsområdet justert nokre stader. Brevet om dette frå fylkesmennene er og tilgjengeleg på denne nettstaden. Innspela til justeringane er samla nedst her.

Verneframlegg generelt

Bergvesenet har ingen merknader

Norsk institutt for vannforskning (NIVA) har ingen merknader.

Riksantikvaren har ingen merknader, men ber om at regional kulturminnestyresmakt blir trekt med i verneplanprosessen.

Møre og Fjordane Heimeverndistrikt 11 viser til at planane ikkje får betydning for dei.

Breheimsenteret trur verdiane i Breheimen blir mykje meir synlege gjennom vernestatus.

Skjolden grunneigarlag, Luster grunneigarlag, Fortun grunneigarlag, Mørkrid sameige, Bolstad og Heltne sameige, Skjolden bygdalag, Luster bondelag, Skjolden sankelag, Luster sankelag, Fortun sankelag, Luster sau og geitavlslag har ikkje bede om vern og er i utgangspunktet negative. Det er vesentleg at vernet ikkje avgrensar tradisjonell bruk. Når vern ikkje er til å unngå, ønskjer dei eit positivt samarbeid i prosessen, men det føreset eit næringsfond med årlege utbetalingar.

Grunneigar *Per-Arvid Hauge* meiner at bruk er det beste vern, og verneplanen må ta det med seg.

Statens vegvesen ser ingen motsetning med vern av Gamle Strynefjellsveg som er nasjonal turistveg og verneplan. Heller ingen problem i høve til vegen over Sognefjellet.

Fylkeslandbruksstyret har ingen merknader, men påpeiker at landbruksinteressene må bli ivaretekne best mogleg, både tradisjonelt landbruk og evt. nye næringar.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er godt nøgd med at verneplanarbeidet kjem i gang, området har store naturkvalitetar. Særleg viktig er Mørkridsdalen.

Sogn og Fjordane Turlag støttar eit verneområde i Breheimen – Mørkridsdalen.

Noregs Bondelag og *Sogn og Fjordane Bondelag* meiner dei politiske føringane i Soria Moria erklæringa må følgjast opp innan nasjonalparker som ressurs lokalt, attgroing av kulturlandskapet, lokale og folkevalde organ får auka mynde, forvaltningsplan vert utarbeidd så fort som råd, og etablering av næringsfond.

Noregs Naturvernforbund er positive til verneplanen. At Stortinget har avvist planar om fleire store inngrep i området med unntak av reguleringar og overføringar i Jostedalen, er eit godt utgangspunkt for vern i området. Her er store verneverdiar med stor naturgeografisk variasjon. Dei peikar på store verneverdiar i kulturlandskapa i Sota-Mysubytta og i Mørkridsdalen.

Mysubyttvegen v/Mork ønskjer ikkje vern.

Verneformer

Skjåk kommune og Skjåk allmenning tilrår at ein ved vern i utgangspunktet går inn for eit stort landskapsvernområde.

Lom kommune ønskjer at følgjande verneformer vert utgreia (i tillegg til ikkje vern):

I høgfjellområda: nasjonalpark eller landskapsvern, Høydalen: landskapsvern og i Høyrokampen: naturreservat, nasjonalpark eller landskapsvern.

Lom fjellstyre ønskjer at følgjande verneformer utgreiast:

i høgfjellsområda: NP ell LVO, i Høydalen: landskapsvern og i Hørokampen: naturreservat, nasjonalpark og landskapsvern.

Breheimsenteret trur verdiane i Breheimen blir mykje meir synlege gjennom vernestatus.

Per-Arvid Hauge meiner når ein først skal endre status for Mørkridsdalen, bør det bli nasjonalpark. Grunneigar *Per-Arvid Hauge* meiner at bruk er det beste vern, og verneplanen må ta det med seg.

Sogn og Fjordane Turlag støttar eit verneområde i Breheimen – Mørkridsdalen. *Sogn og Fjordane Turlag* meiner verneforma må vere nasjonalpark. Det er gledeleg at Gamle Strynefjellsvegen ligg innafor grensene.

Sogn og Fjordane Bondelag meiner mildaste verneform, landskapsvern, må nyttast på privat grunn og at klare konfliktområde vert lagt utanfor verneområdet.

Bråtå beitelag er i utgangspunktet mot vern, men ved vern ønskjer dei landskapsvern om verneform grunna bruken av området.

Lomseggen sameige meiner landskapsvern vil vere minst konfliktfylt av verneformene.

Skjolden grunneigarlag, Luster grunneigarlag, Fortun grunneigarlag, Mørkrid sameige, Bolstad og Heltne sameige, Skjolden bygdalag, Luster bondelag, Skjolden sankelag, Luster sankelag, Fortun sankelag, Luster sau og geitavlslag forlangar at den privateigde delen av Mørkridsdalen blir landskapsvernområde.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane meiner det særleg viktig at Mørkridsdalen med sin vegetasjon blir nasjonalpark og ikkje landskapsvernområde.

NHO Reiseliv, Region Vest-Norge og Turtagrø Hotell meiner det er viktig at området vert nasjonalpark.

Noregs Naturvernforbund ønskjer at mest mogleg av den inngrepsfrie delen vert verna som nasjonalpark, i kulturpåverka område er landskapsvern naturleg verneform.

DNT tykkjer det er viktig at Breheimen vert sikra som nasjonalpark som eit viktig opplevingsområde for folk og som leveområde for planter og dyr . Dei ønskjer nasjonalpark som hovudverneform med landskapsvern i randsonene.

Grenser

Luster kommune meiner at på Osen er det oppretta byggefelt for hytter, det er betydelege næringsinteresser her i form av beitedyr, kommunen og grunneigarane har i fellesskap fått oppretta helikopterlandingsplass. Ved å innlemma Osen i verneområdet vil det utan tvil oppstå store konflikhtar, kommunen går derfor inn for at dette området ikkje må vernast og kommunen kan heller ikkje godta at

det blir lagt restriksjonar på bruken av helikopterlandingsplassen på Osen.

Lom kommune tykkjer avgrensinga av planområdet er fornuftig ut frå naturvernfarelege vurderingar, men i høve til mogleikar for framtidig næringsutvikling ønskjer dei at eit område kring Storhø takast ut.

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag meiner stølen Åsete må haldast utanfor verneområde.

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag meiner grensa bør gå over stølane ved Mørkridselvi. Osen må haldast utanfor, jf bruken av helikopterlandingsplassen på Osen. Sjøfly har også blitt nytta på Åsetevatnet

Mørkrid Sameige og Skjolden grunneigarlag vil ha grensa slik at stølen Åsete kan nyttast som i dag, og slik at stølane i dalen ikkje vert innafor verneområde.

Fortun grunneigarlag meiner grensa må følgje grense for statsallmenning i Nørdestedalen, dvs. deira område, og vidare følgje høgdedraga mot Skurvenosi og Bolstadnosi.

Sogn og Fjordane Turlag meiner stølane i stor grad må kome innafor vernegrensene, og reglane må tilpassast dette.

Ragne Mansfield påpeiker dei store verneverdiane i Fortundalen og i Mørkridsdalen. Grensa bør helt ned til bergfoten m.a. ved Indre Smole og Åseteelvi.

Seterinteressar i Høydalen ønskjer at Høydalen vert teke ut av utgreiingsområdet.

Nyvassvegen v/Bjørnar Brustuen ønskjer at grensene bår nord for Storhø i Lom slik at Bakkebergsfjella ikkje vert med.

Studiering i Bøverdalen v/Kvålshagen ønskjer at grensa går høgare opp i Bøverdalen for å ha mogleikar til næringsutvikling.

Lomseggen sameige er i tvil om grensa bør gå så langt aust som i utgreiingsområdet.

Bøverdalen idrettslag ønskjer grenser slik at planer om alpinanlegg kan gjennomførast

Lom fjellstyre uttalar at avgrensinga er fornuftig ut frå naturvernfarelege vurderingar men dei ønskjer at delar u sør og aust (Storhø m.m.) vert teke ut i høve til framtidig næringsutvikling.

Bøvertjønnin hytteforeining ønskjer at hyttefeltet ved Bøvertjønnin med tilliggjande område vert teke ut av utgreiingsområdet.

Skiparken AS v/Berg ønskjer at austre grense av området ikkje leggast lengre aust enn toppen av Lomseggen 2068 moh, slik at Storhø kan vere med i planane for alpinutbygging.

Opplysningsvesenets fond ønskjer at ein vernegrense går utanom den produktive skogen som tilhøyrar Lom prestegard.

Statnett peiker på at utgreiingsframlegget femner om 300 kV kraflinje som dei driftar, og ser helst grensa lagt utanom.

Statkraft ønskjer primært at grensene vert trekt utanom deira installasjonar, då det til vanleg er ei belastning i forhold til tilsyn, vedlikehald og driftsoppgåver. Viser spesielt til installasjonar i Vigdalen og austsida av Jostedalen.

NVE meiner avgrensinga bør vere så i størst mogleg grad vert eksisterande og allereie planlagde kraftanlegg inkl. reguleringsmagasin liggjande utanfor verneområde.

Namn

Luster kommune, Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag meiner at namnet på det nye verneområdet skal vera Breheimen – Mørkridsdalen.

Skjåk kommune har ikkje spesielle ønskjer om namn, men seiar at Breheimen er eit kort og greitt namn for dei som ønskjer det.

Lom kommune ønskjer helst at namnet skal vere Breheimen. Om det skal veljast eit samansatt namn ønskjer dei det skal vere Lomseggen-Breheimen-Mørkridsdalen.

Skjåk allmenning tykkjer Breheimen er eit konstruert namn av nyare dato.

Lom fjellstyre ønskjer at namnet skal vere Breheimen, subsidiært Lomseggen-Breheimen-Mørkridsdalen.

Luster sogelag og Per-Arvid Hauge meiner det heiter Mørkridsdalen og ikkje Mørkrisdalen, tilsvarande Mørkrid, Mørkridsnosi.

Mørkrid Sameige og Skjolden grunneigarlag og Fjellstyret i Luster Austre statsallmenning vil at namnet på eit evt. verneområde skal vere Mørkridsdalen – Breheimen.

Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdalag, Vigdal grendalag meiner at namnet skal vere Breheimen.

Verneforskrifter

Luster kommune meiner at Spørteggbreen har i lengre tid vorte nytta som filmlokalitet for ulike filmprosjekt. Dette er eit av få områder kor ein finn snø og is om sommaren, men det krev helikoptertransport for å kunne nytte dette som filmlokalitet. Det nye verneområdet bør ikkje hindre denne aktiviteten. *Luster kommune*: Rovviltproblemet har utvikla seg til å bli eit av dei store trugsmåla for sauehaldet i kommunen. Vernereglane må ikkje leggja hindringar i vegen for utøving av ei tenleg og effektiv rovviltforvaltning.

Lom kommune ønskjer at forskriftene opnar for drift og vedlikehald av vassvegane i området.

Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdalag, Vigdal grendalag meiner at rovdyrforvaltninga må vere som før, med høve til å felle rovdyr

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag meiner vernereglane ikkje må vere til hinder for oppsetting av gjerde i tilknytning til stølane, m.a. for å styre beitinga. Vedhogst og plukkhogst til hytter og stølshus må ikkje bandleggjast. Transport av ved til sel og hytter må ikkje underleggjast søknads-

og rapporteringsplikt. Det må vere opning for bygging av veg frå Jervane opp mot Osen. Vegen frå Hødnevollen inn mot Storatjødni må kunne reparerast og utbetrast for bruk i turisme. Oppføring av jakthytter for jakt og for transport av jegerar og proviant til hyttene og uttransport av jaktutbytte (helikopter og snøskuter), saman med nyttetransport med helikopter og snøskuter for næringsverksemd. Det finst ikkje uvetting bruk av motorkøyretøy i dag, dvs. vil ha same reglar for slik transport som ein har i dag. Vern må ikkje vere til hinder for

- Vedlikehald, ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar.
- Oppføring av nye bygningar til landbruksaktivitet/næringsverksemd
- Gjenopptaking av jordbruksdrift eller seterdrift på nedlagte setervoller.
- Oppdyrking/beitekulturivering av nye areal.
- Omlegging og opprusting av vegar for landbruksformål.
- Riving av stølshus/anlegg.
- Gjerding i utmark og bygging av sankekve
- Opparbeiding av enkle traktorvegar for utkjøring av ved og tømmer.
- Utbygging av samband/telefon i området.

Dei krev vidare at grunneigar alltid blir førespurd før skjøtselstiltak blir sett i verk, m.a. opparbeiding og merking av nye turvegar.

Mørkrid Sameige og Skjolden grunneigarlag meiner at eksisterande bruer og klopper må kunne vedlikehaldast og nye bruer kunne byggjast. Det same gjeld vedlikehald av sel, nye tilsynsbuer.

Sogn og Fjordane Turlag meiner stølane i stor grad må kome innafør vernegrensene, og reglane må tilpassast dette.

Bøvertjønnin hytteforeining ønskjer at Høyrokampen-området fortsett vert tilgjengeleg som tur-/bruksterreng med høve til varsam kvisting av stiar og uttak av ved til eige bruk på hyttene etter påvisning.

Mørkrid Sameige og Skjolden grunneigarlag meiner det må vere tillate med ridedyr.

NVE meiner kraftanlegg som blir liggjande innafør verneområde må ha forskrifter som opnar for vidare tilsyn, drift, vedlikehald og opprusting.

DNT syner til at stillhet viktig og at det grensa for lågtflyging bør hevast til 1000 m over bakken. Dei tykkjer det er viktig at verneregiane hindrar nye tekniske inngrep, som særskild Handspikvegen som vil vere i sterk konflikt med verneplanarbeidet. Det bør fortsett vere strenge restriksjonar for motorferdsel. *DNT* ønskjer at forskriftene skal opne for kvisting/stikking av skiløyper. Dei ønskjer ikkje at det skal vere tillate med preparering av skiløyper.

Statnett peiker på at utgreiingsframlegget femner om 300 kV kraftlinje som dei driftar. Dette må dei uhindra kunne gjere vidare om linja vert med i eit verneområde (vegetasjon, tilsyn, motorisert transport).

Statkraft viser til deira installasjonar innanfor eit evt. verneområde, og at dei må ha tilgang for tilsyn, vedlikehald og driftsoppgåver (m.a. motorferdsel).

Verneplanprosessen

Luster kommune bed om at det blir lagt særleg vekt på å greie ut lokal forvaltning i kombinasjon med næringsfond knytt til verneområdet. Alle involverte kommunar har røynsle med store verneområde får før og er godt eigna for ei utvida prøveordning med langt større lokalt ansvar enn det som har vore vanleg. Alle konsekvensutgreiingar og framlegg til forvaltningsplan må vere ferdige før framlegg til grenser og forskrifter for verneområdet blir sendt på høyring. *Luster kommune* har elles ikkje merknader til at verneplanarbeidet vert utsett i påvente av endeleg avgjerd i høve Reinheimen, jf innspel frå Lom og Skjåk kommunar.

Skjåk kommune ønsker at vidare handsaming av verneframlegget vert stil i ro til det føreligg ei endeleg avgjerd om Reinheimen nasjonalpark. Dei viser til at slike prosessar krev store ressursar i kommunen. Kommunen er kritisk til prosessen frå 1986 til i dag når det gjeld aktuelle verneformer og størrelsen å området, og visar i samband med dette til dei store areala i Skjåk som er med i utgreiingsområdet. Kommunen ønsker at m.a ordførar, representant frå Skjåk allmenning, representant frå Lundadalen heimraster og Stig Aaboen er med i referansegruppa, kor ordførar bør vere leiar og Bjørn Dalen vere sekretær. Kontaktutvalet bør ha representantar frå kvar kommune, mellom anna ordførarane, rettshavarar, statsalmenning v/leiar i fjellstyra og bygdealmenning v/leiar i allmenningsstyret og/eller allmenningsstyrar. Sekretariatet bør leggest til ein av kommunane og veksle mellom dei. Kontaktutvalet må få midlar til møte, utarbeiding av evt utgreiingar og til å drive prosessen framover. Skjåk kommune ønsker ordførar i Skjåk og allmenningsstyrar i Skjåk allmenning som representant til kontaktutvalet. Kommunen påpeikar at det er viktig at fylkesmennene er samkjørt i framdrifta o.a. i prosessen. Dei ønsker at grunneigarar/rettshavarar og kontaktutvalet får midlar til å drive arbeidet. Kommunen ønsker at verneframlegget for Breheimen ikkje kjem på høyring før evalueringsrapporten for forsøk med ulike forvaltningsordningar for verneområde vert lagt fram i 2008.

Lom kommune meiner at vidare handsaming av verneplanarbeidet bør ligge i ro til det er fatta ein avgjerd i høve til Reinheimen nasjonalpark. Kommunen visar til at store delar av kommunen er verna etter naturvernlova, og ønsker at det skal takast høgde for mogleikar for næringsutvikling. Kommunen foreslår følgjande samansetnad av ei arbeids-/referansegruppe i Lom: Lom kommune, Lomseggen sameige, Lom bonde- og småbrukarlag, Lom bondelag, Lom tamreinlag, Jotunheimen reiseliv AS, Naturvernforbundet i Lom og Skjåk og setereigarane i Høydalen. Kontaktutvalet bør bestå av tre frå kvar kommune - ordførar samt deltaking frå medlem i referansegruppa som representerer brukarinteressene.

Innspel frå *grunneigarar (Per Arvid Hauge)* og *lokalt i Skjolden* at det er viktig med ein god prosess som kan føre til ein "vinn-vinn" situasjon.

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag meiner det må bli løyvt midlar til landbruket i vernesona umiddelbart for elles kan denne ressursen for å oppretthalde kulturlandskapet i Mørkridsdalen gå tapt innan eit vernevedtak.

Innovasjon Norge peikar på at vernereglane må leggje til rette for at det kan utviklast eit naturbasert reiseliv i området. Det same gjeld m.o.t. informasjon, tilrettelegging (stiar m.m.) og toalett.

Sogn og Fjordane Turlag meiner ein ikkje må setje i gang same meningslause prosess med fylkesdelplan som blei gjort for Naustdal-Gjengedal. Dei meiner dei og DNT Oslo og omegn med sine mange hytter bør sitje i referansegruppa, og i kontaktutval.

Skjåk allmenning er kritisk til prosessen i samband med NOU 1986 og nasjonalparkmeldinga frå 1992, men vil bidra på ein konstruktiv måte i det vidare arbeidet. Dei er redd for uana konsekvensar på lang sikt for almenninga. Dei viser til dei store areala dei har i området, og at dei har nasjonal tyding innan reiseliv, friluftsliv, jakt, fiske og vasskraftressursar. Skjåk almenning forvaltar og administrerer eigedom, bruksrettar, skog og anna utmark, kor vilt, fisk, friluftsliv, hytter og fritidsaktivitetar er av særleg stor tyding. Bruksretten omfattar rett til beite, seter, trevirke og ved, fiske og småviltjakt. Skjåk almenning visar vil at store delar av arealet er verna/vernast gjennom Reinheimen og Honnsrøve. Dei støttar ei oppretting av kontaktutval og arbeidsgrupper, kor dei ønsker å vere med. Almenninga ønsker at det vert eit lokalt oppretta kontaktutval, med medlem frå kvar kommune, m.a. ordførarane. Dei kommunane, rettshavarane o.a. det gjeld bør få dekka utgifter til arbeidet i prosessen med m.a. møte og synfaringar. Skjåk allmenning ønsker at prosessen vert fryst, til vedtaket om vern i Reinheimen er på plass. I samband med dette reserverar dei seg mot av verneplan med forskrifter sendast på høyring

før det er klart om lokal forvaltning av Reinheimen fortsetter ut over 2008/09. Dei tykkjer det er viktig at det er parallell framdrift i verneplanarbeidet i dei to fylka.

Lom fjellstyre foreslår følgjande samansetnad av arbeidsgruppe/referansegruppe: Lom kommune (med sakshandsamar i kommunen som sekretær), Lomseggens sameige, Lom fjelltyre, Lom bonde- og småbrukarlag, Lom bondelag, Lom tamreinlag, Jotunheimen reiseliv AS, Naturvernforbundet i Lom og Skjåk, Setereigarane i Høydalen. Kontaktutvalet bør bestå av tre representantar frå kvar kommune; ordførar og to frå referansegruppa.

Lomseggen sameige ønskjer å være representert i arbeidsgruppa i Lom.

Setrene på Mysubytta v/Mork og Ørjasæter ønskjer at verneplanprosessen vert lagt på is til forvaltningsmynde i Reinheimen vert avklara. Det same synet har *Mysubyttvegen v/Mork* gjeve.

Noregs fjellstyresamband ønskjer at dei fjellstyra det gjeld vert representert i referansegruppene og i kontaktutvalet.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er godt nøgd med at verneplanarbeidet kjem i gang, området har store naturkvalitetar. Særleg viktig er Mørkridsdalen.

Naturvernforbundet i Oppland påpeikar at det er viktig med god framdrift i verneplanarbeidet.

Skjolden grunneigarlag, Luster grunneigarlag, Fortun grunneigarlag, Mørkrid sameige, Bolstad og Heltnes sameige, Skjolden bygdalag, Luster bondelag, Skjolden sankelag, Luster sankelag, Fortun sankelag, Luster sau og geitavlslag meiner at når vern ikkje er til å unngå, ønskjer dei eit positivt samarbeid i prosessen, men det føreset eit næringsfond med årlege utbetalingar.

Forum for natur og friluftsliv i Oppland viser til vernearbeidet har vore på vent sidan 1992, og er positive til at utgreiingsarbeidet no er i gang. Dei påpeikar at planar i utgreiingsområdet må stansast medan verneplanprosessen går føre seg.

DNT ønskjer at det vert arbeida med forvaltningsplan parallelt i prosessen. Dei er positive til at det vert oppretta referansegrupper og kontaktutval, og *DNT* ønskjer å være representert begge stader.

Riksantikvaren har ingen merknader, men ber om at regional kulturminnestyresmakt blir trekt med i verneplanprosessen.

Noregs naturvernforbund ønskjer ein god framdrift i verneplanarbeidet.

Konsekvensutgreiing

Skjåk kommune ønskjer at "konsekvensar ved bortfall av viktig potensiale for samfunns- og næringsutvikling - potensiale for næringsutvikling sett i lys av vernet" vert eit tema for konsekvensutgreiingane.

Skjåk allmenning ønskjer at bortfall av areal for samfunns- og næringsutvikling lokalt og regionalt som vegar og aktivitetsanlegg vert konsekvensutgreia. Ut over dette stilar dei seg bak utkastet til forslag til utgreiingsprogram. Dei oppteke av konsekvensane for villrein m.a. i høve til turisme.

Lomeggen sameige tykkjer at konsekvensutgreiingane KU må tillegkast stor vekt, og at det takast omsyn til lokal kunnskap i arbeidet.

Mjøsen skog og Oppland bondelag ønskjer at effektar av ulike forvaltningsmodellar vert eit tema i konsekvensutgreiingane.

Miljø

Landskap

Naturvernforbundet i Oppland viser til dei store natur- og opplevingskvalitetane i området, og at det er viktig å ta vare på inngrepsfrie naturområde. Dei påpeikar at området er trua av fleire utbyggingsprosjekt. Naturvernforbundet ønskjer utgreiing av skjøtsel av kulturlandskap og bevaring av biologisk mangfald.

Statens landbruksforvaltning påpeikar at det er viktig at kulturskapte og kulturpåverka verdiar kjem fram o arbeidet, og ønskjer kartlegging av landskapsverdiar i samband med dette.

Noregs Naturvernforbund viser til at Breheimen har rike naturkvalitetar og som gir store opplevingsverdiar, og dei peikar m.a. på store verneverdiar i kulturlandskapa i Sota-Mysubytta og i Mørkridsdalen.

Naturmiljø

Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdelag, Vigdal grendalag meiner at rovdyrforvaltninga må vere som før, med høve til å felle rovdyr

Geologi

Norsk grotteforbund viser til at det er få grotter i Sør-Noreg og at grottene i Dumdalen må få eit særskild vern. Dei ønskjer ei fullstendig kartlegging av grotter og førekomstar av karst i Dumdalen. Vernereglane må omfatte grotter og førekomstar av karst, og gi mogleikar for å avgrense ferdsel/sette i verk tiltak etter eit vern. I samband med dette viser grotteforbundet til vernereglane i Saltfjellet nasjonalpark.

Villrein

Luster kommune meiner at som lekk i etableringa av eit evt. verneområde må vernestyresmaktene syte for at det på nytt vert etablert ei villreinstamme i fjellområdet mellom Jostedalen og Nørstedalen.

Villreinutvalet i Ottadalsområdet meiner at vernearbeidet i Breheimen må slutførast før bl.a. rute mellom Trulsbu og Illvatnet vert marknadsført, da dette høyrer til det nasjonale villreinområdet. Området kan og vere viktig for evt utveksling av villrein mellom Vest-Jotunheimen og Ottadalsområdet. Dei ber DNT vente med ruter og installasjonar til verneplanarbeidet er fullført.

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Helne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag meiner det bør takast opp til vurdering å reetablere ei villreinstamme i Mørkridsdalen.

- Kostnaden med denne reetableringa må miljøvernmyndigheitene stå for, fordi det blant anna er fangstanlegg for villrein som er ein del verneverdiane.
- Så seint som i 1977 var det ei villreinstamme i fjella i Mørkridsdalen/Fortunsdalen.
- Denne reinstammen vil til ein viss grad også vera med å bevare kulturlandskapet
- Det vil vera lettare å lokke turistar til bygda viss det er muleg å få sjå villrein inne i verneområdet, for mange vil dette vera ein stor attraksjon.
- Det kan på sikt bli ei betydeleg inntektskjelde.
- Ved å kunna tilby både hjortejakt, villreinjakt og småviltjakt i same dal vil det bli eit særdeles attraktivt jaktterreng.
- Store rovdyr kan bli tiltrekte av ei slik reinstamme, det er derfor viktig at myndigheitene ikkje legg hindringar i vegen for uttak av desse rovdyra.

Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdelag, Vigdal grendalag meiner at det må takast initiativ for å reetablere villreinen i Luster sin del av Breheimen.

Fjellstyret i Luster Austre statsallmenning meiner det må stillast midlar til disposisjon til å bygge opp att villreinstamma i området, anten gjennom øyremerkte midlar, fond til kommune med klausul om bruken.

Kulturminne og kulturhistorie

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag meiner verneestyresmakter må bidra med midlar til at gamle køyreveggar, kløvjavveggar og stølsveggar blir utbetra og vedlikehaldne, også for utvikling av turisme. Også ein veg langs elva frå Flohaugen til Mobrui er aktuell som gang/sykkelveg (utanfor utgreiingsområdet)

Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdalag, Vigdal grendalag meiner at kulturlandskapet er ein viktig del av vernet.

Riksantikvaren har ingen merknadar, men ber om at regional kulturminnestyresmakter vert trekt med i verneplanprosessen.

Naturressursar

Landbruk

Luster kommune meiner at dei stølane som kjem innanfor verneområdet skal få permanente ordningar slik at t.d. vedhogst, transport, vedlikehald kan halda fram som før. Kommunen vil delta aktivt i skjøtselen av verneområdet.

Luster kommune: Rovviltproblemet har utvikla seg til å bli eit av dei store trugsmåla for sauehaldet i kommunen. Vernereglane må ikkje leggja hindringar i vegen for utøving av ei tenleg og effektiv rovviltforvaltning.

Luster skogeigarlag meiner det er viktig å kunne byggje skogsveggar for å kunne ta ut skogressursane i området.

Magne Hålien har byggjeløyve frå Luster kommune på eit sel på Fast. Fylkesmannen har gjeve attendemelding til Luster kommune om at eit slikt tradisjonelt sel med kommunalt byggjeløyve kan byggjast, og at han også kan rekne med byggjeløyve etter eit vernevedtak.

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag meiner på stølane må det opnast for restaurering av sel, nybygg av sel og løer, nybygg til turistretta verksemd og skånsam kraftutbygging. Dei meiner og stølsområda treng beitedyr for ikkje å gro att, noko som gjer det aktuelt å gjerde inn desse områda for å auke beitepresset og prioritere særleg viktige område. Rydding av stølsvollar må vere tillate. Drifteveggar må kunne vedlikehaldast på dagens standard.

Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdalag, Vigdal grendalag meiner at gran må kunne fjernast.

Per-Arvid Hauge ønskjer kunne starte støling på Dulsete, og då må det vere høve til plukkhogst. Vidare at driftevegen inn Mørkridsdalen er eit kulturminne som må kunne vedlikehaldast, også storsamfunnet har eit ansvar.

Hauge Sameige og Per-Arvid Hauge meiner også den gamle driftevegen om Krekaelvi og Jiljabrui må kunne vedlikehaldast, og det må gjerast tiltak på driftevegen.

NHO Reiseliv, Region Vest-Norge og Turtagrø Hotell peikar på at attgroing er eit aukande problem for reiselivet.

Fortun grunneigarlag vil ha grensene i Fortundalen lagt over stølane slik at ein ikkje hindrar nybygg og helikoptertransport i samband med landbruksnæring, og for skogdrift.

Seterinteressar i Høydalen meiner at verneplanen på sikt kan bli til stor skade.

Høydalsseter v/Reidun Trønnes påpeikar at det er viktig med midlar for å halde kulturlandskapet i hevd.

Studiering i Bøverdalen v/Kvålshagen framhever at beiteretten må oppretthaldast. Dei trur oppsetting av gjetarbu vert vanskeleg ved vern i området. Vidare påpeikar dei at det kan bli problem om ein i framtida ønskjer å utvide vassvegar i området.

Setrene på Mysubytta v/Mork og Ørjasæter viser til at det er trong for å kunne halde seterhusa i stand, sette opp mjølkerom, ta ut ved, holde vegen i hevd (m.a. knuse grus).

Fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane har ingen merknader, men påpeikar at landbruksinteressene må bli ivaretekne best mogleg, både tradisjonelt landbruk og evt. nye næringer.

Noregs Naturvernforbund peikar på store verneverdiar i kulturlandskapa i Sota-Mysubytta og i Mørkridsdalen. Her er det velegna, i tråd med framlegget til ny naturmangfaldlov, at staten gjev støtte til stølsdrift i samsvar med vernereglane, slik at nasjonalparkar vert i større grad ein aktiv reidom for land og folk.

Noregs fjellstyresamband viser til at bruksrettne i statsallmenningane er viktige for lokalsamfunn; kor tradisjonell bruk som setring og beite er av stor tyding.

Noregs Bondelag viser til at kulturlandskapet forfell. Satsing på berekraftig bruk er viktig.

Statens landbruksforvaltning viser til at det må takast omsyn til landbruksinteressene så det er mogleg å halde fram med landbruksdrift og bruk av ressursane i området, og kva som må til for å ta vare på dei kulturpåverka verdiane. Dei viser til at i landskapsvernområde kan stølsdrift stort sett halde fram som tidlegare, noko ein bør prøve å få til også i stølar i nasjonalpark. Stølsdrift må ha rom for modernisering.

Tamreindrift

Reindriftsforvaltninga oppmodar Fylkesmannen i oppland til å fortsette dialogen med Lom tamreinlag i prosessen for å sikre reindriften sine interesser.

Kraftressursar

Luster kommune ser næringsmessig potensiale i vidare utbygging av vasskraft og er i gang med utarbeiding av eigen kommunedelplan for småkraftverk. Småkraftutbygging vil vera med på å styrka grunnlaget for busetjing. Ved fastsetjing av vernegrensene må det takast omsyn til dette.

Knut og Siv Merete Marås melder at dei arbeider med å byggje eit minikraftverk nedst i Krekafossen (i Mørkridsvassdraget). Gjennom synfaring er det avklart at prosjektet vil ligge under grensa for eit verneområde.

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster

Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag meiner at vernevedtak ikkje må vere til hinder for småkraftutbygging der det kan vere aktuelt.

Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdelag, Vigdal grendalag meiner at ein må ta omsyn til planar om småkraftutbygging.

Hydro Energi ønskjer å byggje Illvatnet pumpekraftverk med takrenner under Fortundalsbreen og Harbardsbreen (i konflikt med eit verneområde), heving av Gravdalsvatnet (ikkje i direkte konflikt) og Øyane kraftverk (ikkje i konflikt, utanfor verneområde)

NVE påpeikar at det er at energianlegg og eksisterande og planlagde kraftleidningar vert drøfta i utgreiingane, jf planar i om trasear i sentral- og regionalnettet. Det uttrykker og at det er viktig at anlegg må kunne driftast/opprustast.

GLB viser til at dei har reguleringsmagasin i randsona av utgreiingsområdet; Rauddalsvatnet og Breidalsvatnet, at dei har målestasjon ved Liavatnet og skredstasjon søraust for dammen ved utløpet av Rauddalsvatnet. Dei ønskjer at vern ikkje blir til hinder for tilgangen på målestasjonane (sjå og temaet motorferdsel).

Samfunn

Reiseliv

Luster kommune meiner at i samband med kraftutbygginga i Jostedalen vart det bygd anleggsveggar opp i Vanndalen/Geisdalen og Fagredalen. Dette fjellområdet har dermed lett tilkomst og er veldig godt egna til næringsutvikling, særleg mot turisme. Det kan til dømes utviklast eit skiløypenett til langt ut på sommaren eller anna type aktivitetsturisme som krev visse tilretteleggingar og inngrep. Dette vil på sikt kunne styrke lokalsamfunnet og verte eit fint referanseområde for framtidig forskning. Ved å trekke grensa til verneområdet opp til grensa til Jostedal statsallmenning, vil område frå Vangsen til Vetlestølsdalen kunne nyttast til lokal næringsutvikling.

Grunneigarar (Per Arvid Hauge) ønskjer å få til naturbasert reiseliv i tilknytning til Mørkridsdalen

Simon og Monica Page peiker på at dei har stølshus i Liane og Fjellsløi, som dei vil nytte i kombinasjon med turisme, noko som kan gi behov for forbetringar. Dei ønskjer å drive guida turar (fjellføring) med overnatting på hytter og i telt, og bruke lama og hestar til dette. Lama er også aktuelle som beitedyr, dei kan også beskytte mot rovdyr. Toalett er aktuelt i Liane og Fjellsløi. Vedhogst og rydding av stølsvollar. Oppsetting av beitegjerde er aktuelt.

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag peikar på at høve til utvikling av naturbasert reiseliv i området må kunne skje, også oppføring av bygningar som hytter til utleige, stølsturisme, fjellføring og guiding, innlandsfiske m.m.. Dei ønskjer og å ha høve til å byggja og leggja til rette for ein overnattingsstad inne i Mørkridsdalen, men t.d. mellom Dulsete og fossen ved Liane. Eit slik senter kan og nyttast til å selje opplevingar innan fiske, hjorte- og småviltjakt, naturguiding og fotturar, selje (lokalprodusert) mat/servering. Eit slikt senter blir oppfatta som ein vinn-vinn situasjon for både bygdafolk og miljøvernet.

Mørkrid Sameige og Skjolden grunneigarlag meiner innfallsportane (P-plass og veg) ved Jervane (Mørkrid) og Hødnevollen må oppgraderast, og dei private vegane må få økonomisk kompensasjon. Helkopterlandingsplass ved Osen må framleis kunne drivast som før.

Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdelag, Vigdal grendalag meiner at Geisdalen/ Fagredalen/Vanndalen og Vetlestølsdalen må leggjast utanfor fordi områda kan nyttast til næringsutvikling innan aktivitetsturisme.

Per-Arvid Hauge meiner det må leggjast til rette for naturbasert reiseliv med guida turar.

Sogn og Fjordane Turlag meiner det må vere mogleg å drive småskala reiseliv i tilknytning til stølar i drift på ein måte som ikkje går utover stølsmiljøet.

Innovasjon Noreg har eit generelt ønskje om ein auke i reiselivet tilknytt fjellområda og med økoprofil internasjonalt. Dei viser til at det er tekniske behov ved satsing på overnatting/servering av mat, og ber om at regelverket gjør dette mogleg. Det er trong for sikring, toalett, klopper o. l. der ein ønskjer mange på vandreruter. Det bør kunne gjevast løyve til hogst ved fiske- og utsiktsplassar. Dei påpeikar og at det er viktig at organiserte turar er sikre for deltakarane, i tråd med internasjonalt reisedirektiv.

Reiselivsbedriftens landsforening avd Oppland og Hedmark viser til talet på reiselivsbedrifter i planområdet er få, men at der mange i randsona. Det er viktig at desse kartleggast i høve til dagens og planlagd bruk. Dei viser til at det er forventningar i reiselivsnæringa om mogleikar for næringsutvikling knytt til verneområd, og det er difor viktig at dei tidleg vert med i planarbeidet.

Høydalsseter v/Reidun Trønnes har lause planar om å satse meir på turisme på Høydalsseter i Lom. Bygging av eit par hytter for utleige og erstatte eksisterande hovudbygning kan bli aktuelt. Dei er ikkje negativ til landskapsvern i utgangspunktet. Dei ønskjer at eit vern ikkje hindrar merking/vedlikehald av stiar. Dei opplyser at det kan ha noko trong for bruk av snøskuter og at det kan verte aktuelt med guida turar i framtida.

Noregs naturvernforbund er kritisk til planar om alpinanlegg i Bøverdalen, da det er eit landskap som har harmonisk samspel mellom høgfjellsnatur og tradisjonelle kulturlandskap. Noregs Naturvernforbund meiner reiselivet må finne andre inntektskjelder enn planar om utbygging for vintersport i Bøverdalen og Maradalen (Strynefjellet. Ein bør utvikle attraksjonane som ligg i naturen og lokal kultur med kvalitet og eigenart, heller enn å sleppe til utanbygds kapital med store investeringar i anlegg.

Noregs Bondelag meiner det må vere rom for verdiskaping i nasjonalparkane i tråd med Soria Moria erklæringa med nasjonalparkane som ressurs lokalt. Sogn og Fjordane Bondelag støttar dette og vil følgje opp dette for å finne fram til nyskapande og dekkande formuleringar i dette skjeringspunktet mellom nasjonale verneinteresser og interesser for lokal næringsutvikling.

NHO Reiseliv, Region Vest-Norge og Turtagrø Hotell meiner det må leggjast til rette med godt tilgjengelege turstiar der det kan drivast naturvenleg turisme og guiding.

Friluftsliv

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag meiner det må kunne drivast kultivering og utsett av fisk i ulike vatn i området. Dei peikar og på planar om rafting, elvebrett, juving og fosseklattring i/på Mørkridselva (mest utanfor verneområde)

Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdalag, Vigdal grendalag meiner at fiskekultivering må kunne skje som før. Dei meiner også at jakt- og fiskerettar må vere som før, og at sykling, riding og merking av nye stiar må kunne gjerast i verneområdet.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane meiner Breheimen – Mørkridsdalen er av svært stor verdi for alle friluftslivinteresserte, og her er mykje urørt villmark. Viktig at området framleis kan nyttast til eit enkelt og naturvenleg friluftsliv, i samarbeid med grunneigarar og andre.

Naturvernforbundet i Oppland ønsker nærare vurdering av tilrettelegging for enkelt friluftsliv.

Bråtå beitelag opplyser at dei jamnleg ryddar sti langs vatna i Rauddalen.

Grunneigarlaga Runningane Sula-Driva, Nedre Bøverdalen og Skim reknar med og ønskjer at jakt kan halde fram som før.

Bøverdalen idrettslag reknar med at vern ikkje gir problem for løyper o l.

DNT held fram at friluftsliv er nøkkelaktivitet for å skape forståing for naturvernarbeidet og dei poengterar at sikring av mogleik for utøving av friluftsliv er ein av hovudgrunningane for oppretting av nasjonalparkar generelt. *DNT* tykkjer difor dette må kome til uttrykk - både i vernereglar og i praktisk forvaltning. Dei meiner at turgåing etter *DNT* sitt mønster er i samsvar med verneformålet. Tiltak som *DNT* gjer er retta mot ålmenta og bør difor få ei anna vurdering av vernestyresmaktene enn eit privat tiltak. *DNT* tilrår agt følgjande moment vert vurdert ved utvikling av rute- og hyttenettet: utvikle innfallsporter (informasjon, kollektivtransport, parkering), betre sambandet mellom fjellområde, korte ned ruter som er svært lange (barn, funksjonshemma, eldre), mogleikar for rundturar og gjere gamle seterbuar, ferdselsveggar o l tilgjengeleg for ålmenta. Dei ønskjer ein spesifikk anna tekst i formålsparagrafen i landskapsvernområde i høve til friluftsliv og om vedlikehald av stiar. *DNT* ønskjer å legge til rette for rundturar og dele opp den relativt lange etappen mellom turisthyttene Sota sæter og Nørstedalssæter. Det kan og vere aktuelt med ny hytte i området.

Hytter og bygningar og andre anlegg

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag meiner det må kunne oppførast toalett der det er naturleg at det ferdast mykje folk, t.d. Osen, Dulsete, Råsane. Oppsynet må syte for drift. Det same gjeld boss.

Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdalag, Vigdal grendalag meiner at det må vere høve til vedlikehald, påbygg og nybygg i tilknytning til eksisterande hytter. Bruer må kunne tilpassast framtidig bruk. Stølar må kunne nyttast, også tilpassa nye produksjonsmåtar og dermed moderne produksjonslokale.

Statskog viser til at dei er grunneigar for 25% av utgreiingsområdet. Dei ønskjer at det vert utført botaniske undersøkingar ved Bøvertjønnin i Lom sommaren 2006 for å få avklåra høve for evt ytterlegare hyttetomter.

Per Hauge vil setje opp do ei hytte for utleige og ein do på Dulsete

Hauge Sameige ønskjer å byggje kvilebu i Klebergbotnen.

Per-Arvid Hauge ønskjer å kunne setje opp kvilebu ved Bjørkhaug og Haugsmarki (ligg i randsona)

Kristen Sverre Flohaug vil setje opp eit nytt stølshus på Dulsete.

Per-Arvid Hauge og Kristen Sverre Flohaug ønskjer å arrangere slåttedagar på Dulsete.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane ser området truga av hytteutbygging fleire stader, og trugsmål om alpinanlegg i Bøverdalen som eit trugsmål.

Samferdsle

Luster kommune, Luster Arbeidarparti, Sperle/Myklemyr grendalag, Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdalag, Vigdal grendalag går inn for at vegen over Handspiki skal kunne byggjast.

Luster kommune meiner at Handspiki er eit vegprosjekt det har vore arbeidd med frå kommunen si side i lengre tid, og som kommunen ikkje på nokon måte har gjeve opp vona om å få realisert. Eit vedtak om vern må difor ta høgde for at vegprosjektet kan lata seg gjennomføra når tilhøva elles ligg til rette for det.

Noregs Naturvernforbund og *Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane* meiner planar om veg over Handspiki må leggjast vekk til verneplanarbeidet er ferdig. *Naturvernforbundet* meiner at evt veg over Handspiki vil dele det aktuelle verneområdet på ei katastrofal måte.

Sogn og Fjordane Turlag går sterkt imot Handspikvegen, som er i sterk konflikt med verneområdet, og øydeleggje for å binde saman nasjonalpark i Breheimen med Jostedalsbreen nasjonalpark.

Villreinutvalet i Ottadalsområdet meiner at vernearbeidet i Breheimen må slutførast før bl.a. rute mellom Trulsbu og Illvatnet vert marknadsført, då dette høyrer til det nasjonale villreinområdet. Området kan og vere viktig for evt utveksling av villrein mellom Vest-Jotunheimen og Ottadalsområdet. Dei ber DNT vente med ruter og installasjonar til verneplanarbeidet er fullført.

Mysubyttevegen v/Mork opplyser til at det er trong for masser til vedlikehald av vegen inn til Mysubytta.

Statens vegvesen ser ingen motsetning med vern av Gamle Strynefjellsveg som er nasjonal turistveg og verneplan. Heller ingen problem i høve til vegen over Sognefjellet.

Motorferdsel

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag meiner helikopterlandingsplass på Osen må liggje utanfor verneområde, og det må gjevast landingsløyve for sjøflyt på Åsetevatne og andre vatn. Mørkrid Sameige og Skjolden grunneigarlag meiner lov om motorferdsel må gjelde, ikkje eigne reglar i eit verneområde.

Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdalag, Vigdal grendalag meiner at på Spørteggbreen må det kunne skje helikoptertransport i samband med filmprosjekt, slik det har vore til no.

Per-Arvid Hauge meiner at motorferdsel må kunne halde fram som før (jf lov om motorferdsel).

Bråtå beitelag opplyser at det er naudsynt å bruke motorbåt over Raudalsvatnet ved tilsyn av beitedyr, og at det er trong for bruk av skuter til frakt av ved, saltstein og båtar til vatna vest for Raudalsvatnet.

Nyvassvegen v/Bjørnar Brustuen ønskjer at det skal vere mogleg å nytte helikopter, snøskuter, barmarkskjøretøy og gravemaskin ved vedlikehald av vatningsanlegg.

GLB opplyser at dei er pålagd å vedlikehalde klopper over Raudalsåe og Austre og Vestre Sandåe. Materiale vert frakta med snøskuter. GLB ønskjer at det skal vere mogleg med slik transport av materiale til klopper og for tilgang til målestasjonane deira.

DNT ønskjer ei restriktiv haldning til motorferdsel og at det vert ført statistikk for all kjøring

Forsvaret

Møre og Fjordane Heimeverndistrikt 11 opplyser at planane ikkje får betydning for dei.

Informasjon og innfallsportar

Lom kommune påpeikar at Norsk fjellmuseum er naturleg innfallsport til området. Andre innfallsportar må og få sine informasjonsopplegg.

Luster kommune meiner at både Skjolden/Fortun og Jostedalen vil vera viktige innfallsportar til det nye verneområdet og er dessutan sterkt berørde av andre, tidlegare oppretta, verneområdet. Skjolden er innfallsporten til Mørkridsdalen som utgjer den viktigaste delen av det planlagde verneområdet for det som gjeld kulturlandskap, og som var sjølv opphavet for vedtak om vern. Det vil derfor vera naturleg at eit informasjonssenter blir lagt til Skjolden. Området ligg elles sentralt i høve til Jotunheimen Nasjonalpark, Utladalen Landskapsvernområde og verdsarvminnet Urnes Stavkyrkje. Dessutan går RV 55 gjennom bygda med stor gjennomgangstrafikk. Eit anna argument er reiselivssatsinga som alt skjer i området i regi av Skjolden Aktiv og Skjolden Brygge. Breheimsenteret i Jostedalen har alt funksjon som informasjonssenter for Jostedalsbreen Nasjonalpark og det er naturleg at senteret også vert tillagt informasjonsoppgåver for det nye verneområdet.

Luster kommune går inn for ein samarbeidsmodell mellom Breheimsenteret i Jostedalen og Fjordstova i Skjolden om informasjonssenter. Modellen har tilslutning både frå Breheimsenteret Jostedal og Skjolden Bygdelaag.

Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdelaag, Vigdal grendelaag meiner at Breheimsenteret må vere informasjonssenter for verneområde i Breheimen.

Breheimsenteret ønskjer å stå for informasjon om (eit) verneområde i Breheimen

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdelaag, Luster Bondelaag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag vil ha eit informasjonssenter for verneområde i Breheimen lagt til Skjolden, Fjordstova peikar seg ut, og dei argumenterer for eit slikt senter lagt til Skjolden. Grunneigarane må langt på veg kunne avgjere kor mange og kvar infotavler og skilt skal plasserast. Informasjon må utarbeidast i samråd med grunneigar.

Fjellstyret i Luster Austre statsallmenning meiner det må byggast opp eit informasjonssenter på vestsida, Skjolden er den naturlege staden.

Per-Arvid Hauge meiner det må lagast 2 ferister på vegen inn til Hødnevollen slik at grindene kan fjernast. Dei er for tungvinte for turistane som skal inn Mørkridsdalen

NHO Reiseliv, Region Vest-Norge og Turtagrø Hotell meiner det må lagast god informasjon om og kring verneområde.

Oppsyn

Luster Kommune krev at oppsynstenesta i Luster blir styrka tilsvarande med ei 100% stilling.

Noregs fjellstyresamband meiner at vert naudsynt med meir naturoppsyn ved eit vern, og at dette leggast til eksisterande oppsynsordningar.

Økonomi – Erstatning, næringsfond m.m.

Lom kommune held fram at oppretting av nye verneområde må fylgjast opp med ressursar. Kommunen ønskjer at det vert oppretta eit nærings-/utviklingsfond frå staten i samband med vernet til næringsutvikling og utvikling av idear. Dei poengterar og at det er viktig med meir ressursar til forvaltning, informasjon og skjøtsel. Kommune føreset at Norsk Fjellmuseum får tilstrekkeleg ressursar til å ivareta informasjonsoppgåvene både for etablerte og nye verneområde.

Skjåk kommune ønskjer at staten gir ressursar for utvikling av lokalsamfunna i kommunar med mykje vern. Dei meiner og at det generelt bør tilførast meir ressursar til utvikling/forvaltning av naturvernområde i Noreg.

Luster kommune uttalar at det tradisjonelle landbruket er i tilbakegang og det må kompenseras med inntekter frå andre kantar som tilleggsnæringsar o.l. for at levestandard og busetjing i distrikta skal oppretthaldast. Luster kommune har store utmarksområde og utmarksbasert næringsutvikling vil bli viktig i så måte. Verneføremål og vernereglar må utformast på ein slik måte at eit vern ikkje vil bli brems for naturleg næringsaktivitet i dei verna områda og i tilgrensande område. Til drahjelp for dei som ønskjer å utvikla idear om næringsutvikling i berørte område, vil kommunen krevja ei årleg overføring på 5 mill kroner til å oppretthalde kulturlandskap og til næringsutvikling i tilknytning til verneområdet.

Skjåk almenning ønskjer at det vert betre erstatningsordningar, evt at staten på ein aktiv og positiv måte bidreg til næringsutvikling i område som vert hardt ramma av arealvern.

Lom fjellstyre ønskjer at det vert oppretta nærings-/utviklingsfond i samband med vernet. Fjellstyret påpeikar at det er viktig med nok ressursar til forvaltning, informasjon og skjøtsel.

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag og *Luster Krf* meiner eit vern med restriksjonar må kompenseras gjennom eit fond til næringsutvikling i aktuelle bygder og til ekstra ressursar til landbruket, gjennom å få tilført årlege midlar av staten, som vert forvalta av kommunen. Også *Per-Arvid Hauge* går inn for dette, ein rimeleg sum vil vere 15 mill.kr. fordelt med 5 mill på kvar av kommunane som ein årleg sum.

Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdalag, Vigdal grendalag og *Per-Arvid Hauge* meiner at ei næringsfond må opprettast som kompensasjon.

Luster skogeigarlag meiner det må opprettast eit næringsfond som kompensasjon for tapte inntekter i skogen. Fondet må kunne nyttast til omstilling i primærnæringsane.

Sogn og Fjordane turlag går inn får eit næringsfond frå staten med årleg innbetaling (erstatning), og det må gjevast eit driftstilskot til drift og vedlikehald av gard og kulturlandskap.

Noregs Bondelag og *Sogn og Fjordane Bondelag* støttar etableringa av eit næringsfond i kommunane.

Skjolden grunneigarlag, Luster grunneigarlag, Fortun grunneigarlag, Mørkrid sameige, Bolstad og Heltne sameige, Skjolden bygdalag, Luster bondelag, Skjolden sankelag, Luster sankelag, Fortun sankelag, Luster sau og geitavlslag ønskjer eit næringsfond med årlege utbetalingar ved vern.

Nyvassvegen v/Bjørnar Brustuen ønskjer at det vert gjeve økonomisk kompensasjon.

Mjøsen Skog og Oppland bondelag meiner at dei økonomiske konsekvensane for kommunane bør utgreiast, og det same gjeld kva slags verknader og ringverknader ei skikkelig drift av verneområde vil gi.

Grunneigarlaga Runningane Sula-Driva, Nedre Bøverdalen og Skim ønskjer at grunneigarane må få full erstatning om skog vert freda eller driftstilhøva vert vanskelegare.

Lomseggen sameige ønskjer eit betre erstatningsordning.

Setrene på Mysubytta v/Mork og Ørjasæter ønskjer erstatning ved eit vern.

Noregs naturvernforbund ønskjer at det vert gjeve støtte til drift i Sota-Mysubytta og Mørkridsdalen i samsvar med vernereglane, jf. tilråding til ny naturmangfaldlov. Dei meiner utviklinga av attraksjonane som ligg i natur og lokal kultur er ein sikrare veg til inntekter enn utbyggingar. Nasjonalpark bør i større grad bli ein aktiv rikdom for land og folk. Naturvernforbundet trur alternative inntekter for naturvennleg innsats i verna områder kan vere til god hjelp for å redusere konfliktane mellom vern og naturskadelege bruksmåtar.

DNT påpeikar at det er viktig med ressursar til oppsyn, tilrettelegging for friluftsliv og skjøtsel i landbruket, da det er viktig for å skape nye arbeidsplassar lokalt og skape større forståing for vern.

Noregs Bondelag og Sogn og Fjordane Bondelag meiner dei politiske føringane i Soria Moria erklæringa må følgjast opp innan nasjonalparkar som ressurs lokalt, med m.a. etablering av næringsfond.

Forvaltningsmynde

Luster kommune uttalar at gjennom mange år har Luster hatt som uttrykt mål at verneområda i kommunen skal forvaltast lokalt. Kommunen har alt overteke forvaltningsansvaret for fleire av verneområda og ser det som naturleg heilt frå starten av også å ta ansvaret for det nye området. Oppsyn må samordnast med allereie etablerte ordningar i kommunen.

Ved eit vern ønskjer *Skjåk kommune* at det vert lokal forvaltning.

Ved eit vern ønskjer *Lom kommune* at det vert lokal forvaltning.

Ved eit vern ønskjer *Skjåk almenning* at det vert lokal forvaltning.

Jostedal fjellstyre, Jostedal grunneigarlag, Jostedal bygdela, Vigdal grendelag meiner at det må opprettast ei stilling med oppsyn i kommunen.

Luster Krf går inn for lokal forvaltning til den enkelte kommune.

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag meiner det må kome ei oppsynstilling knytt til verneområda i indre del av Luster. Det må opprettast eit tilsynsutval med representantar frå alle grunneigarlag, elles som for Jotunheimen NP og Utladalen LVO.

Mørkrid Sameige og Skjolden grunneigarlag og Per-Arvid Hauge meiner det må bli lokal forvaltning.

Noregs Bondelag og Sogn og Fjordane Bondelag meiner lokale folkevalde organ må auka mynde i forvaltninga, i dialog med lokalsamfunn..

Fjellstyret i Luster Austre statsallmenning meiner det må plasserast ein SNO-person i Skjolden i Luster. Dersom det er praktisk mogleg ber ein om at forvaltninga av Luster sin del av verneområdet vert lagt til Luster, alternativt rådgivande utval med visse fullmakter.

Per-Arvid Hauge at det bør opprettast minst 6 heile årsverk i Luster, Lom og Skjåk kommune med minst 2 årsverk kvar, og 2 av årsverka bør vere 50%-stillingar med lokalt arbeidsteam som blir kombinert med andre stilingar i kommunen som guidar, informasjon (lokalkunnskap).

Noregs fjellstyresamband ønskjer lokal forvaltning for at vern skal få aksept. Dei går ut frå at dette vert vurdert om evalueringa av prøveprosjekta tilseier det.

DNT meiner det er viktig med ei overordna forvaltning som sørgjer for lik praksis uavhengig av kommune-/fylkesgrenser. *DNT* ønskjer regional forvaltningsstyresmakt lokal involvering (skjøtsel, tilrettelegging, oppsyn m.m).

Noregs Bondelag og *Sogn og Fjordane Bondelag* meiner dei politiske føringane i Soria Moria-erklæringa må følgjast opp innan nasjonalparkar med at m.a. lokale og folkevalde organ får auka mynde.

Forvaltningsplan

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag meiner forvaltningsplan og skjøtelsplan må påbegynnast så snart det er mogleg i høve til saksgangen. Dei har ei rekke konkrete innspel til forvaltningsplanen.

Noregs Bondelag og *Sogn og Fjordane Bondelag* meiner forvaltningsplan må utarbeidast så raskt som mogleg, helst parallelt med verneplanprosessen.

Noregs fjellstyresamband påpeikar at ein god forvaltningsplan er eit nyttig verktøy, og ønskjer at ein slik plan skal gi handlingsrom ved evt lokal forvaltning. Dei ønskjer at det vert laga eit utkast til forvaltningsplan som sendast med på høyringa.

Anna

Skjåk kommune og *Skjåk almenning* opplyser at det planleggast eit prosjekt der verneproblematikken står sentralt, og kor ein vil sjå på ein modell der vernet som bygdeutviklar. Dei ønskjer statlege midlar til gjennomføring av dette.

Skjolden Grunneigarlag, Luster Grunneigarlag, Fortun Grunneigarlag, Mørkrid Sameige, Hauge Sameige, Bolstad & Heltne Sameige, Skjolden Bygdalag, Luster Bondelag, Skjolden Sankelag, Luster Sankelag, Fortun Sankelag, Luster Sau og Geitavlslag ønskjer eit samarbeid med Fylkesmannen for å få til kjøtsel i Mørkridselva for å få meir produksjon av laks og sjøaure. Gondolbane til Bolstadnosi kan vere aktuelt. *Per-Arvid Hauge* tek også opp at forvaltninga av laks og sjøaure må betrast, slik at det og kan kome til gode for reiselivet.

Per-Arvid Hauge meiner det må setjast i gan eit grundig og omfattande stadnamnprosjekt der ein registrere lokale stadnamn, noko som er viktig å få til lokalnæringsutvikling og framtidig bruk/pleie av naturlandskapet.

Noregs fjellstyresamband tilrår at effektane for lokalsamfunn av vern vert evaluert etter om lag 10 år.

Innspel til fylkesmennesenes brev av 12.07.2007 om justeringar av utgreiingsområdet

DNT støttar utvidingane i Lom og Luster. Når det gjeld bekkeinntaka i Jostedalen og inngrepa i samband med utbyggingane i Fortundalen og Middalen er dei samde i at desse ikkje bør ver med i ein nasjonalpark. Samstundes er dette område som vil vere godt synleg frå ein kommande nasjonalpark og vil såleis ha påverknad på opplevinga av heilskap når det gjeld landskap. *DNT* ønskjer difor at desse område framleis vert med i utgreiinga og at ein prøver å unngå vidare inngrep og liknande i desse områda, og at landskapsvern vert vurdert her. Når det gjeld Bolstadnosi, er *DNT* samd i at ei 300 kV kraftlinje ikkje kan vere med i ein nasjonalpark, men at områda sør for denne bør vernast mot inngrep. *DNT* påpeikar at det er viktig med turisthytter med personell og gode høve for rundturar. Dei visar til at ruta mellom Sota seter og Nørdestedalsseter via Illvatnet er lang, og ønskjer at det skal vere mogleg å bygge ei ny *DNT*-hytte på denne strekninga for å lette og auke bruken.

Statens vegvesen region øst opplysar at endringane ikkje vedkjem deira verksemd.

Statkraft ser positivt på at grensene for det opphavlege utgreiingsområdet for vern har blitt flytt oppstraums dei fleste av bekkeinntaka i Jostedalsutbygginga. At ein har vald å behalde bekkeinntaka og den regulerte elvestrekninga i Vigdalen med tersklar samt bekkeinntaket i Sprongdalen, innanfor verneområdet er ei løysing *Statkraft* ut frå drift- og vedlikehaldsmessige forhold primært ikkje ynskjer. Dersom grensene vert som no foreslått, vil dispensasjonar direkte heimla i forskriftene vere svært viktig for dagleg drift og vedlikehald, tyngre vedlikehalde - og opprusningsoppgåver samt snømålingar i reguleringsområdet. Det er og viktig at grensene vert trekt med ein tilstrekkeleg buffer til *Statkrafts* installasjonar og regulerte vatn. Kartet slik det no føreligg er ikkje tilstrekkeleg detaljert til å seie noko om dette.

Breidsete Sameige ønskjer grensa trekt lenger inn i Vigdalen slik at stølen Breisetete vert liggjande utanfor eit verneområde i Vigdalen.

Bergvesenet har ingen merknadar til justeringane.

